



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	946 670 081
Organisasjonsform:	Sparebank
Foretaksnavn:	SPAREBANK 1 SOGN OG FJORDANE
Forretningsadresse:	Naustdalsvegen 4 6800 FØRDE

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2024 - 31.12.2024
-------------------------	-------------------------

Konsern

Mørselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Ja

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	IFRS
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet:	IFRS

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Ingeborg Aase Fransson
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	27.03.2025

Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 13.08.2025



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
RESULTATREKNESKAP			
Renteinntekter og liknande inntekter			
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av utlån til og krav på kredittinstitusjonar og fi		189 354 000	204 799 000
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av utlån til og krav på kundar		2 397 943 000	1 972 167 000
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av renteberande verdipapir		453 732 000	313 516 000
Andre renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden		206 285 000	167 787 000
Sum renteinntekter og liknande inntekter	20	3 247 314 000	2 658 269 000
Rentekostnader og liknande kostnader			
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på gjeld til kredittinstitusjonar og finansierings		44 608 000	38 416 000
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på innskot frå og gjeld til kundar		1 220 197 000	896 366 000
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på utskrivne verdipapir		422 109 000	270 463 000
Andre rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden		247 099 000	157 991 000
Øvrige rentekostnader			38 200 000
Sum rentekostnader og liknande kostnader	20	1 934 013 000	1 401 436 000
Netto renteinntekter	20	1 313 301 000	1 256 833 000
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	21	169 290 000	167 462 000
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	21	39 250 000	33 547 000
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument			
Inntekter av aksjar, partar og andre egenkapitalinstrument	22	42 904 000	51 874 000
Inntekter av eigarinteresser i tilknytte selskap og felleskontrollerte verksemdar	22	63 270 000	
Inntekter av eigarinteresser i konsernselskap	22	143 000 000	129 000 000
Sum utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument	22	249 174 000	180 874 000
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument			
Netto verdiendring og vinst/tap på utlån og krav		-10 338 000	13 684 000



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
Netto verdiendring og vinst/tap på renteberande verdipapir		15 721 000	16 176 000
Netto verdiendring og vinst/tap på aksjar og andre eigenkapitalinstrument		138 089 000	-9 828 000
Netto verdiendring og vinst/tap på finansielle plikter (med unnatak av finansielle derivat)		-474 000	-82 488 000
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle derivat		12 798 000	41 391 000
Sum netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	22	155 796 000	-21 065 000
Andre driftsinntekter	23	12 024 000	12 944 000
Lønn og andre personalkostnader	24,25, 26	323 733 000	274 390 000
Andre driftskostnader	24	349 041 000	218 998 000
Av-/nedskrivningar, verdiendringer og vinst/tap på ikkje-finansielle eigedelar			
Avskrivningar		27 920 000	28 914 000
Vinst/tap		-3 116 000	3 308 000
Sum av-/nedskrivningar, verdiendringer og vinst/tap på ikkje-finansielle eigedelar	33,34, 35	-31 036 000	-25 606 000
Kredittap på utlån, garantiar m.v. og renteberande verdipapir			
Kredittap på utlån målt til verkeleg verdi over resultat		9 170 000	-5 960 000
Kredittap på garantiar og ubenyttta rammekreditter som ikkje målast til verkeleg verdi over resultat		29 137 000	-532 000
Sum kredittap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	15	38 307 000	-6 492 000
Resultat før skatt frå vidareført verksemd		1 118 218 000	1 050 999 000
Skatt på resultat frå vidareført verksemd	27	199 537 000	219 212 000
Resultat etter skatt frå vidareført verksemd		918 681 000	831 787 000
Resultat før andre inntekter og kostnader		918 681 000	831 787 000
Andre inntekter og kostnader			
Sum andre inntekter og kostnader		0	0



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
Totalresultat for rekneskapsåret		918 681 000	831 787 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
BALANSE - EIGEDLAR			
Kontantar og kontantekvivalentar		12 332 000	18 479 000
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak			
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak til amortisert kost		4 035 498 000	3 139 807 000
Sum netto utlån og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak	3,17,1 8	4 035 498 000	3 139 807 000
Utlån og krav på kundar			
Utlån og krav på kundar til verkeleg verdi		4 526 964 000	3 392 899 000
Utlån og krav på kundar til amortisert kost		33 854 383 000	35 495 220 000
Sum utlån og krav på kundar	3,7- 16,28	38 381 347 000	38 888 119 000
Renteberande verdipapir			
Renteberande verdipapir til verkeleg verdi		8 283 455 000	7 194 070 000
Sum renteberande verdipapir	3,29	8 283 455 000	7 194 070 000
Finansielle derivat			
Finansielle derivat	3,30	916 177 000	740 861 000
Aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument			
Aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument	3,31	482 557 000	734 151 000
Eigarinteresser i tilknytte selskap og felleskontrollerte verksemdar			
Eigarinteresser i tilknytte selskap og felleskontrollerte verksemdar	32	880 467 000	250 000
Eigarinteresser i konsernselskap			
Eigarinteresser i konsernselskap	32	2 371 158 000	2 212 210 000
Immaterielle eigedelar			
Immaterielle eigedelar	33	5 091 000	7 510 000
Varige driftsmiddel			



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
Eigarnytta eigeedom		26 667 000	27 474 000
Andre varige driftsmiddel		334 684 000	60 309 000
Sum varige driftsmiddel	34-35	361 351 000	87 783 000
Andre egedelar			
Egedelar ved utsett skatt	27	30 522 000	26 222 000
Andre egedelar	36	284 233 000	123 835 000
Sum andre egedelar		314 755 000	150 057 000
Anleggsmiddel og avhendingsgrupper holdt for salg			
SUM EIGEDELAR		56 044 188 000	53 173 297 000
BALANSE - GJELD OG EIGENKAPITAL			
GJELD			
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak			
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak til amortisert kost		614 218 000	731 174 000
Sum innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak	3,17,2 8	614 218 000	731 174 000
Innskot og andre innlån kundar			
Innskot og andre innlån frå kundar til verkeleg verdi		4 538 366 000	3 469 118 000
Innskot og andre innlån frå kundar til amortisert kost		34 217 454 000	32 358 180 000
Sum innskot og andre innlån frå kundar	3,28,3 7	38 755 820 000	35 827 298 000
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir			
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir til verkeleg verdi		3 827 593 000	3 287 850 000
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir til amortisert kost		3 017 994 000	4 230 945 000
Sum gjeld teken opp ved utskriving av verdipapir	3,28,3 8	6 845 587 000	7 518 795 000
Finansielle derivat			
Finansielle derivat	3,30	826 716 000	668 725 000
Anna gjeld			
Anna gjeld	39	162 104 000	223 019 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
Avsetjinger			
Pensjonsplikter	25	50 127 000	46 445 000
Pliktar ved periodeskatt		202 715 000	215 523 000
Avsetjinger på garantiar og unytta rammekredittar	39	48 493 000	19 356 000
Andre avsetjinger		322 268 000	44 372 000
Sum avsetjinger		623 603 000	325 696 000
Ansvarleg lånekapital			
Ansvarleg lånekapital til amortisert kost	40	803 478 000	705 399 000
Sum ansvarleg lånekapital		803 478 000	705 399 000
Fondsobligasjonskapital			
Sum fondsobligasjonskapital		0	0
Sum gjeld		48 631 526 000	46 000 106 000
EIGENKAPITAL			
Innskoten egenkapital			
Aksjekapital/eigarpartskapital		2 210 319 000	2 210 319 000
Behaldning av egne aksjar/eigenkapitalbevis		-13 391 000	-3 401 000
Overkursfond		15 608 000	15 608 000
Kompensasjonsfond		668 793 000	535 730 000
Fondsobligasjonskapital		500 000 000	450 000 000
Sum innskoten egenkapital	48	3 381 329 000	3 208 256 000
Opptent egenkapital			
Fond for vurderingsskilnader		145 902 000	135 790 000
Fond for urealiserte vinster		161 763 000	339 862 000
Gåvefond		19 000 000	
Utjammingsfond		3 296 178 000	2 982 203 000
Annan egenkapital		408 490 000	507 080 000
Sum opptent egenkapital	48	4 031 333 000	3 964 935 000
Sum egenkapital		7 412 662 000	7 173 191 000
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		56 044 188 000	53 173 297 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
---------------------	-------------	-------------	-------------



Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
RESULTATREKNESKAP			
Renteinntekter og liknande inntekter			
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av utlån til og krav på kredittinstitusjonar og fi		31 812 000	26 836 000
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av utlån til og krav på kundar		3 890 700 000	3 262 667 000
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av renteberande verdipapir		454 165 000	334 279 000
Andre renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden		203 140 000	165 076 000
Sum renteinntekter og liknande inntekter	20	4 579 817 000	3 788 858 000
Rentekostnader og liknande kostnader			
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på gjeld til kredittinstitusjonar og finansierings		27 462 000	23 661 000
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på innskot frå og gjeld til kundar		1 218 818 000	895 841 000
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på utskrivne verdipapir		1 499 457 000	1 204 139 000
Andre rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden		213 591 000	157 207 000
Øvrige rentekostnader		34 295 000	41 972 000
Sum rentekostnader og liknande kostnader	20	2 993 623 000	2 322 820 000
Netto renteinntekter	20	1 586 194 000	1 466 038 000
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	21	171 498 000	169 693 000
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	21	39 250 000	33 547 000
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument			
Inntekter av aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument	22	42 904 000	51 874 000
Inntekter av eigarinteresser i tilknytte selskap og felleskontrollerte verksemdar		71 676 000	
Sum utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		114 580 000	51 874 000
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument			
Netto verdiendring og vinst/tap på utlån og krav		-28 895 000	13 653 000
Netto verdiendring og vinst/tap på renteberande verdipapir		17 320 000	15 381 000



Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
Netto verdiendring og vinst/tap på aksjar og andre egenkapitalinstrument		138 089 000	-9 828 000
Netto verdiendring og vinst/tap på finansielle plikter (med unntak av finansielle derivat)		203 755 000	-71 080 000
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle derivat		-186 074 000	33 669 000
Sum netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	22	144 195 000	-18 205 000
Andre driftsinntekter	23	32 758 000	31 123 000
Lønn og andre personalkostnader	24,25, 26	344 626 000	294 118 000
Andre driftskostnader	24	372 691 000	228 814 000
Av-/nedskrivningar, verdiendringer og vinst/tap på ikkje-finansielle egedelar			
Avskrivningar		23 698 000	26 041 000
Vinst/tap		-3 133 000	3 321 000
Sum av-/nedskrivningar, verdiendringer og vinst/tap på ikkje-finansielle egedelar	33,34, 35	-26 831 000	-22 720 000
Kredittap på utlån, garantiar m.v. og renteberande verdipapir			
Kredittap på utlån målt til verkeleg verdi over resultat		-9 451 000	13 432 000
Kredittap på garantiar og ubenyttta rammekreditter som ikkje målast til verkeleg verdi over resultat		28 900 000	-317 000
Sum kredittap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	15	19 449 000	13 115 000
Resultat før skatt frå vidareført verksemd		1 246 378 000	1 108 209 000
Skatt på resultat frå vidareført verksemd	27	254 504 000	261 139 000
Resultat etter skatt frå vidareført verksemd		991 874 000	847 070 000
Resultat før andre inntekter og kostnader		991 874 000	847 070 000
Andre inntekter og kostnader			
Sum andre inntekter og kostnader		0	0
Totalresultat for rekneskapsåret		991 874 000	847 070 000



Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
---------------------	-------------	-------------	-------------



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
BALANSE - EIGEDELAR			
Kontantar og kontantekvivalentar		12 332 000	18 479 000
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak			
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak til amortisert kost		411 253 000	533 637 000
Sum netto utlån og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	3,17,2 8	411 253 000	533 637 000
Utlån og krav på kundar			
Utlån og krav på kundar til verkeleg verdi		6 915 043 000	3 392 900 000
Utlån og krav på kundar til amortisert kost		57 496 958 000	60 577 340 000
Sum utlån og krav på kundar	3,7- 16,28	64 412 001 000	63 970 240 000
Renteberande verdipapir			
Renteberande verdipapir til verkeleg verdi		10 000 979 000	7 627 149 000
Sum renteberande verdipapir	3,29	10 000 979 000	7 627 149 000
Finansielle derivat			
Finansielle derivat	3,30	417 409 000	413 252 000
Aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument			
Aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument	3,31	482 558 000	734 150 000
Eigarinteresser i tilknytte selskap og felleskontrollerte verksemdar			
Eigarinteresser i tilknytte selskap og felleskontrollerte verksemdar	32	888 873 000	250 000
Immaterielle egedelar			
Immaterielle egedelar	33	6 867 000	9 328 000
Varige driftsmiddel			
Eigar nytta eigedom		90 711 000	55 540 000
Andre varige driftsmiddel		39 987 000	45 529 000




Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
Sum varige driftsmiddel	34,35	130 698 000	101 069 000
Andre egedelar			
Egedelar ved utsett skatt	27	24 481 000	15 988 000
Andre egedelar	36	289 215 000	131 960 000
Sum andre egedelar		313 696 000	147 948 000
SUM EIGEDELAR		77 076 666 000	73 555 502 000
BALANSE - GJELD OG EIGENKAPITAL			
GJELD			
Innlån fra kredittinstitusjonar og finansieringsforetak			
Innlån fra kredittinstitusjonar og finansieringsforetak til amortisert kost		502 336 000	502 370 000
Sum innlån fra kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	3,17,2 8	502 336 000	502 370 000
Innskott og andre innlån kundar			
Innskott og andre innlån fra kundar til verkeleg verdi		4 538 366 000	3 469 118 000
Innskott og andre innlån fra kundar til amortisert kost		34 058 452 000	32 326 589 000
Sum innskott og andre innlån fra kundar	3,28,3 7	38 596 818 000	35 795 707 000
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir			
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir til verkeleg verdi		8 419 652 000	8 074 601 000
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir til amortisert kost		19 773 729 000	19 965 307 000
Sum gjeld teken opp ved utskriving av verdipapir	3,28,3 8	28 193 381 000	28 039 908 000
Finansielle derivat			
Finansielle derivat	3,30	789 023 000	614 364 000
Anna gjeld			
Anna gjeld	39	177 576 000	229 921 000
Avsetjingar			
Pensjonsplikter	25	53 064 000	48 941 000
Pliktar ved periodeskatt	27	261 875 000	256 071 000



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
Avsetjinger på garantiar og unytta rammekredittar		48 716 000	19 815 000
Andre avsetjinger		22 175 000	27 447 000
Sum avsetjinger	39	385 830 000	352 274 000
Ansvarleg lånekapital			
Ansvarleg lånekapital til amortisert kost	40	803 479 000	705 399 000
Sum ansvarleg lånekapital	40	803 479 000	705 399 000
Fondsobligasjonskapital			
Sum fondsobligasjonskapital		0	0
Sum gjeld		69 448 443 000	66 239 943 000
EIGENKAPITAL			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital/eigarpartskapital		2 210 319 000	2 210 319 000
Behaldning av egne aksjar/eigenkapitalbevis		-13 391 000	-3 401 000
Overkursfond		15 608 000	15 608 000
Kompensasjonsfond		668 793 000	535 730 000
Fondsobligasjonskapital		500 000 000	450 000 000
Sum innskoten eigenkapital	48	3 381 329 000	3 208 256 000
Opptent eigenkapital			
Fond for vurderingsskilnader		160 495 000	135 790 000
Fond for urealiserte vinster		161 763 000	339 862 000
Gåvefond		19 000 000	
Utjammingsfond		3 296 178 000	2 982 203 000
Annan eigenkapital		609 458 000	649 448 000
Sum opptent eigenkapital	48	4 246 894 000	4 107 303 000
Sum eigenkapital		7 628 223 000	7 315 559 000
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		77 076 666 000	73 555 502 000





Innhald


Om SpareBank 1 Sogn og Fjordane	Utvalde nøkkeltal	3
	Hovudtal, konsern	5
	Adm. dir. har ordet	6
	Fakta om banken	8
	Ei kort oppsummering av året	9
	Finansielle måltal	11
Strategi	Strategi 2025	12
	Berekraft	13
Forretningsområde og samfunnsansvar	Privatmarknaden	22
	Bedriftsmarknaden	25
	Økonomisk kriminalitet	29
	Anvarleg innkjøp	31
	Ansvarleg marknadsføring	31
	Digital sikkerheit og personvern	31
	Våre dyktige tilsette	32
	Samfunnsnytt 2024	41
Styring og selskapsleiing	Styret	46
	Organisasjonskart og leiargruppa	48
	Eigarstyring og selskapsleiing	50
	Oversikt tillitsvalde i SpareBank 1 Sogn og Fjordane	58
Årsmelding	Årsmelding frå styret 2024	59
Rekneskap og notar	Resultatrekneskap	71
	Balanse	72
	Kontantstraumoppstilling	73
	Eigenkapitaloppstilling	74
	Notar	77
	Erklæring frå styret og administrerande direktør	147
	Revisjonsmelding	148
	Kvartalsvis resultatutvikling, konsern	153
	Hovudtal, morbank	154
Resultatrekneskap i prosent av GFK	155	
Berekraftsvedlegg	Berekraftsvedlegg	157
	Taksonomirelatert informasjon	159
	Energi- og klimarisiko TCFD	161
	Aktksomheitsvurderingar openheitslova	169
	Energi- og klimarekneskap GRI-indeks	175
GRI-indeks	187	
Kontaktinformasjon	Opplysningar om selskapet	191




FOTO: SpareBank 1 Sogn og Fjordane, Gøril Sætre, Vidar Helle, Photoevent, Ingeborg Sol Fure, Vegard Fimland og Lindsey Bundschuh.
GRAFISK UTFORMING: SpareBank 1 Sogn og Fjordane · E. Natvik Prenteverk AS

Utvalde nøkkeltal



EK-avkastning etter skatt





Rein kjernekapital



Grøne utlån pr. 31.12.2024



pr. 31.12.2023



Besøk på ssf.no i 2024



Trafikk kundesenteret i 2024








Kundesenteret privatmarknad






| OM SPAREBANK 1 SOGN OG FJORDANE

Klimagassutslepp				
	Eiga drift	Utlånsportefølje bedriftsmarknad	Bustadlånsportefølje privatmarknad	Totale utslepp
Direkte utslepp (Scope 1)	5,6 tCO ₂ e	—	—	5,6 tCO ₂ e
Indirekte utslepp frå innkjøpt energi (Scope 2)	23,2 tCO ₂ e	—	—	23,2 tCO ₂ e
Indirekte utslepp frå verdikjeda (Scope 3)	540 tCO ₂ e	258 174 tCO ₂ e	4 100 tCO ₂ e	262 814 tCO ₂ e
Totale klimagassutslepp	568,8 tCO₂e	258 174 tCO₂e	4 100 tCO₂e	262 843 tCO₂e



Marknadsandelar for utlån til privatmarknaden og bedriftsmarknaden i Sogn og Fjordane





Hovudtal, konsern

TAL I MILL. KR.

RESULTATREKNESKAP	2022	2023	2024
Netto renteinntekter	1 148	1 466	1 586
Utbytte og verdiendring på finansielle instrument	0	34	259
Andre driftsinntekter	166	167	165
Driftskostnader	499	546	744
Resultat før nedskrivning (inkl. verdipapir)	815	1 121	1 266
Resultat før nedskrivning (ekskl. verdipapir)	815	1 088	1 007
Nedskrivning på utlån og garantiar	36	13	19
Resultat før skatt	779	1 108	1 246
Skatt	177	261	255
Resultat etter skatt	602	847	992
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0
Totalresultat	602	847	992

BALANSE

Eigedelar

Brutto utlån til og krav på kundar	61 498	64 286	64 693
Brutto utlån og krav på kundar inkl. utlån overført Spb. 1 Boligkreditt AS	61 498	64 286	67 153
Nedskrivning på utlån	- 314	- 316	- 281
Verdipapirplasseringar (aksjar, rentefond, sertifikat og obligasjonar)	8 225	8 361	11 372
Gjeld og egenkapital			
Innskot frå og gjeld til kundar	34 846	35 796	38 597
Verdipapirgjeld og gjeld til kredittinstitusjonar	27 673	28 542	28 696
Eigenkapital	6 645	7 316	7 628
Forvaltningskapital	70 824	73 556	77 077
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	68 515	72 573	75 524

NØKKELTAL

Lønsemå

Rentenetto i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,67 %	2,02 %	2,10 %
Andre driftsinntekter (eks. res. fin. instrument) i % av gj. sn. forv. kap.	0,24 %	0,23 %	0,22 %
Driftskostnader i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,73 %	0,75 %	0,99 %
Resultat før nedskrivning i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,19 %	1,55 %	1,68 %
Resultat før skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,14 %	1,53 %	1,65 %
Resultat etter skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,88 %	1,17 %	1,31 %
Totalresultat i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,88 %	1,17 %	1,31 %
Driftskostnader i % av driftsinnt. ekskl. res. frå fin. instrument	37,99 %	33,41 %	42,49 %
Driftskostnader i % av driftsinnt. inkl. res. frå fin. instrument	37,98 %	32,73 %	37,02 %
Nedskrivning i % av brutto utlån (resultatført)	0,06 %	0,02 %	0,03 %
Eigenkapitalavkastning før skatt 1)	13,21 %	16,57 %	17,48 %
Eigenkapitalavkastning etter skatt 1)	10,21 %	12,56 %	13,80 %
Eigenkapitalavkastning totalresultat 1)	10,21 %	12,56 %	13,80 %
Totalresultat konsern pr. eigenkapitalbevis (vekta) i kr	26,98	37,79	43,43
Utbytte pr. eigenkapitalbevis i kr	12,00	25,00	20,00

1) EK-avkastninga er rekna av gjennomsnittleg eigenkapital ekskl. hybridkapital. Utrekninga er endra f.o.m. 2024 og tala for 2023 er korrigert.

Soliditet og likviditet

Kapitaldekningsprosent	20,15 %	21,03 %	20,63 %
Kjernekapitalprosent	18,39 %	19,04 %	18,47 %
Rein kjernekapitalprosent	17,36 %	17,75 %	17,12 %
Uvekta kjernekapitalandel (Leverage ratio)	8,65 %	8,84 %	8,38 %
LCR (Likviditetsindikator)	165 %	165 %	169 %
NSFR konsern	122 %	122 %	124 %
MREL totalt			41 %
MREL etterstilt			31 %

Balansutvikling

Vekst i forvaltningskapital (12 mnd.)	7,62 %	3,86 %	4,79 %
Vekst i brutto utlån til kundar (12 mnd.)	6,67 %	4,53 %	0,63 %
Vekst i brutto utlån til kundar (12 mnd.) inkl. utlån overført Spb. 1 Boligkreditt AS	6,67 %	4,53 %	4,46 %
Vekst i innskot frå kundar (12 mnd.)	7,10 %	2,72 %	7,83 %
Innskot i % av brutto utlån	56,66 %	55,68 %	59,66 %

Tilsette

Årsverk pr. 31.12.	283	286	302
--------------------	-----	-----	-----

Adm. direktør har ordet



På plass i SpareBank 1-alliansen – med blikket fram

Måndag 4. november var vi formelt og teknisk på plass som SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Vi hadde to viktige mål for 2024. Det eine var å gjennomføre ei vellukka konvertering til SpareBank 1-alliansen gjennom prosjekt «Einestående». Det andre var minst like viktig: At konverteringsprosjektet ikkje skulle få negative konsekvensar for kjerneverksemda vår. Vi skulle levere på finansielle mål og vekstambisjonar. Vi skulle oppretthalde eit sterkt kundeperspektiv, og samstundes sikre høg kvalitet og etterleving i heile verksemda gjennom året.

Eg er stolt av å slå fast at vi leverte på dette.

Sterkt resultat i 2024

SpareBank 1 Sogn og Fjordane leverer i 2024 sitt beste resultat nokon gong. Dette på tross av betydelege ekstraordinære kostnader, ikkje minst knytt til konverteringsprosessen.

Våre privat- og bedriftskundar har vist god omstillings-evne dei siste åra. Næringslivet driv godt, og banken opplever lite misleghald og betalingsproblem. Dette har gitt låge tapskostnader i 2024. Utlåna våre auka med nær 3 milliardar i 2024, noko som betyr at vi nok eit år vaks meir enn marknadsveksten.

Med ei god og lønnsam kjerneverksemd, god vekst og eit ekstraordinært finansresultat oppnår banken rekordresultat for året. Vi har eit resultat før skatt på 1,25 milliardar kroner og eit resultat etter skatt på rett under 1 milliard kroner. Med det har vi ei eigenkapitalavkastning på 13,8 %, noko vi er svært tilfreds med. Dei siste fire åra har vi hatt ein gjennomsnittleg eigenkapitalavkastning på 12,3 %. Dette gir grunnlag for utbytte til eigarane våre og kapasitet til vidare vekst og utvikling.

Ekstraordinær innsats i eit ekstraordinært år

Våre tilsette har vist ei solid oppslutning om det strategiske vegvalet banken tok i april 2023 om å bli ein del av SpareBank 1. Eg er imponert over den ekstraordinære innsatsen tilsette har lagt ned gjennom 2024. Dette har vore eit vellukka lagarbeid. Vi har i mange år jobba målretta for eit godt og utviklande arbeidsmiljø. Målingar hausten 2024 viser at trivselen blant våre tilsette var på det høgste vi har målt. Vi er svært nøgd med dette, spesielt i eit år med omfattande endringar som har kravd mykje frå mange.

I tillegg har eit svært godt samarbeid med Samspår, SpareBank 1 Utvikling, dei mange produktselskapa i alliansen, samt viktige leverandørar, vore heilt avgjerande dette året.



Vi ser fram til å vere ein aktiv medspelar som skal utvikle 1-alliansen vidare i samarbeid med dei 11 andre 1-bankane.

Nasjonale og internasjonale straumar påverkar oss

Den geopolitiske spenninga har nok eit år vist ei utvikling i negativ retning. Krig og konflikter i Europa og Midt-Østen skapar humanitære lidningar og usikkerheit, på økonomisk og politisk nivå globalt. Med presidentskifte i USA er usikkerheita knytt til handelskrig og internasjonalt samarbeid ytterlegare auka, og ringverknadane av alt dette kan bli store.

Fokuset på berekraft er stort, både i styret og i administrasjonen. Regulatoriske krav frå EU påverkar oss, og vi riggar oss godt for å møte desse offensivt. SpareBank 1 Sogn og Fjordane har som finansinstitusjon og samfunnsaktør ei viktig rolle i det grønne skiftet. Innanlands og i vår eigen sektor har diskusjonane om sparebankane si rolle, særpreg og framtid gått høgt denne hausten og vinteren. Sparebankutvalet sin rapport har skapt engasjement rundt eigenkapitalbeviset si stilling, kundeutbyte og sparebankane sitt særpreg og posisjon framover.

Om det er globale eller nasjonale utfordringar, så skal vi utvikle banken til det beste for kundane våre og for samfunnet vi lever i. SpareBank 1 Sogn og Fjordane er i praksis 100 % eigd av samfunnet vi spring ut i frå, og vi er opptatt av å leggje til rette for at det skal vere grunnlag for ein kraftfull sparebank med hovudkontor i Sogn og Fjordane og med virke og verdiskaping for samfunnet vi lever i – også i framtida.

Sparebankane har ei unik rolle i norsk samfunnsliv. For vår del har vi i 2024 delt ut 125 millionar kroner av overskotet til gode prosjekt i regionen innan kultur, idrett, næringsliv og helse. Vi er i tillegg sponsor for 50 lokale lag og organisasjonar. Å bevare det unike med sparebankmodellen, der overskotet går tilbake til samfunnet, er viktig.

Tett på kundane

Banken opplevde ein noko auka investeringsvilje i næringslivet i 2024. Det er framleis låg etterspørsel etter nye bustadar og dette påverkar aktiviteten i byggenæringa. Ei svak krone har vore positivt for eksportbedrifter og reiselivsnæringa. Varehandel har også i 2024 hatt omsetningsvekst, medan primærnæringa, som før, har ein stabiliserande effekt – sjølv om det har vore utfordringar innan fiskeri med reduserte kvotar og kostnadsauke.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har ein sterk marknadsposisjon i kjerneområde vårt, med 6 av 10 aksjeselskap i regionen som kundar, og nær 50 prosent marknadsandel på privatmarknaden. Samtidig veks vi nasjonalt, og meir enn 8 av 10 nye privatkundar kjem utanfor Sogn og Fjordane. Nær og trygg kundebehandling er viktig. Vi hadde fokus på ein mest mogleg saumlaus overgang for kundane i konverteringsåret 2024, og fokuset på den aller beste kundeopplevinga held fram i 2025.

Visjon som før – men alltid framover

Vi har i 2024 lagt eit nytt og forsterka grunnlag for å utvikle banken vidare. Visjonen om å vere ei drivkraft for Sogn og Fjordane står fast. Vi skal framleis vere bank nr. 1 for folk og bedrifter i Sogn og Fjordane, og vi skal framleis ha ein nasjonal vekststrategi på privatmarknaden. Saman med våre eigarstiftingar skal vi vere ein sterk samfunnsaktør, som tar ei aktiv rolle i utviklinga i vår del av Vestland.

Eg vil takke våre eigarar, tilsette, kundar og leverandørar for eit godt samarbeid i 2024. Banken og våre tilsette ser fram til å vidareutvikle banken og regionen i 2025 – no i SpareBank 1-drakt.

Trond Teigene
adm. direktør

Fakta om SpareBank 1 Sogn og Fjordane

Marknadsområde, forvaltningskapital, årsverk

SpareBank 1 Sogn og Fjordane er den største banken i regionen Sogn og Fjordane i Norge med ein forvaltningskapital på 77,1 mrd. kr og sysselset 302 årsverk. Banken har 12 salskontor i Sogn og Fjordane. I tillegg har banken kontor i Bergen.

Privatmarknaden

Banken er den dominerande aktøren på privatmarknaden i Sogn og Fjordane. Det er lånt ut 50,9 mrd. kr til personar i Sogn og Fjordane og i resten av landet. Som ledd i at banken har blitt medeigar i SpareBank 1-alliansen, er ein del av bustadlåna overført til SpareBank 1 Boligkreditt AS, slik at vi har 48,5 mrd. kr i utlån til privatmarknaden i eigen balanse. Dette utgjør nær 75 % av dei totale utlåna til banken. Samla innskot frå personkundane er på 22,8 mrd. kr og utgjør nær 59 % av samla innskot. Banken har regionale kontor med tilbod innan finansiering, plassering, eigedoms-mekling og forsikring. Ein stadig større del av veksten, dei siste åra, har kome utanfor det geografiske kjerneområdet til banken. Banken sel Fremtind Forsikring AS sine forsikringsprodukt og formidlar leasing og salspantlån frå SpareBank 1 Finans Midt-Norge AS. Vidare formidlar vi verdipapirfond via Norne Securities AS, men dette blir endra til SpareBank 1 Forvaltning AS tidleg i 2025. Banken har i drift 8 minibankar/kontantautomatar og kundane våre har teikna 87.373 nettbankavtaler.

Bedriftsmarknaden

Banken har ytt lån på 16,2 mrd. kr til verksemdar, i hovudsak i Sogn og Fjordane. Dette utgjør 25 % av dei totale utlåna til banken. Innskot frå næringslivet utgjør 13,1 mrd. kr.

Offentleg/finansiell sektor

Mange kommunar i regionen har SpareBank 1 Sogn og Fjordane som hovudbank. Samla innskot frå offentleg sektor er på 1,6 mrd. kr. I tillegg har banken 1,0 mrd. kr i innskot frå finansielle verksemdar.

Banken som drivkraft for Sogn og Fjordane

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har som visjon å vere ei drivkraft for regionen Sogn og Fjordane. Gjennom god rådgjeving, tilføring av kapital til sunne prosjekt for næringslivet, og folk flest, skal banken oppfylle visjonen.

Banken har eit breitt kulturelt engasjement og ser verdien av kulturelle bidrag i vid forstand, for at lokalsamfunna skal utvikle seg. Banken er sponsor for dei fleste større kulturarrangementa i Sogn og Fjordane. Av overskotet for 2024, er det foreslått utdelt 408 mill. kr til utbytte og gåver. Ein del av dette skal understøtte det frivillige lagsarbeidet. Stikkord for bidraga frå banken er mangfald, trivsel og nyskaping.

Dei siste åra har banken hatt stor fokus på å integrere arbeid med berekraft i bankdrifta. Berekrafts-rapporteringa er ytterlegare utvida i årsrapporten for 2024. Banken har ein offensiv tilnærming til det grøne skiftet. Dette går klart fram av årsrapporten for 2024.

Finansiell kalender

Venta offentleggjing av kvartalsrekneskapstal for 2025 er 07.05.25 (1. kvartal), 13.08.25 (2. kvartal) og 05.11.25 (3. kvartal).

Rapportane vil bli lagt ut på våre heimesider www.ssf.no og vil også ligge føre på engelsk.

Konsern

Forutan morbanken driv konsernet si verksemd gjennom 3 dotterselskap: Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS, Eiendomsmegler 1 Sogn og Fjordane AS og Bankeigedom Sogn og Fjordane AS. Vidare har banken eigarpostar i fleire felleskontrollerte verksemdar i 1-alliansen. Dvs. SpareBank 1 SamSpar AS, Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA og Samarbeidende Sparebanker AS. I tillegg har banken eigarpostar i fleire av produktselskapa til SpareBank 1-alliansen.



2024

Ei kort oppsummering


Her er noko av det vi har vore med på siste året:

Januar, februar og mars

Vi presenterte resultatet for 2023. Det var på 1108 millionar kroner før skatt.

Dei to eigarstiftingane våre, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga Fjaler, kunne i februar melde om rekordstor søknadspågang frå frivilligheita. På søknadskurs deltok 300 personar, og 500 søknadar før 1. mars la grunnlaget for eit stort gåveår. I løpet av 2024 gjekk 125 millionar kroner av banken sitt overskot ut til gode formål i samfunnet.

Årets første Furorestipend vart delt ut til skiskytter Johan Olav Smørdal Botn frå Stårheim. Gjennom året vart det delt ut ni stipend på 50 000 kroner til unge og lovande innan idrett, kultur og open klasse.



April, mai og juni


Sparebankstiftinga Fjaler eig om lag fem prosent av banken og på våren hadde dei sine faste utdelingar frå bankoverskotet. Totalt 12,5 millionar kroner vart delt ut til gode formål i Fjaler og Holmedal-området.

I mai gjekk banken inn som medeigar i SpareBank 1 SamSpar AS og Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA. Dette var første delen av overgangen til SpareBank 1 som blei fullført seinare på hausten.

Vegard Strand, Silje Skaar Sunde og Ole-Hermann Rognsøy blei valt inn i banken sitt styre.


Hovudkontoret vårt er under oppussing og i juni flytta alle tilsette i Førde inn i mellombelse lokale på Alti-senteret og Nynorskhuset. Planen er å flytte «heim» etter sommaren 2025.

«Straumsmarte idrettsanlegg» vart lansert av Vestland Idrettskrets. Dette prosjektet går ut på at idrettslag i Sogn og Fjordane som eig eigne idrettsanlegg kan søke om pengar til å få meir berekraftige anlegg – som igjen gir lågare straumrekningar. Idrettskretsen fekk 5 millionar kroner frå banken sitt overskot til dette.





| OM SPAREBANK 1 SOGN OG FJORDANE



Juli, august, september

Sølundfest, Palmekystfestivalen, Skjærgårdstreffet, Førdefestivalen, Årdalsmarknaden og Malakoff. Det er nokre av arrangementa og festivalane vi var med og støtta gjennom sommaren.

«Eg gjekk ein tur på stien» er namnet på DNT Sogn og Fjordane sitt prosjekt som såg dagens lys i september. 20 millionar kroner har Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane løyvd frå bankoverskotet til dette. Prosjektet skal gi turglade i heile Sogn og Fjordane betre turstiar.

Ein viktig del av samfunnsansvaret vårt er å motkjempe svindel. Gjennom hausten var vi saman med politiet rundt om i Sogn og Fjordane med foredraget «Digital nettsvindel».



Oktober, november og desember

1000 store og små i Stryn, Dale og Florø fekk besøk av handballstjernene Gro og Anja Hammerseng-Edin. Der fekk dei servert eit inspirerende foredrag, og i tillegg fekk mange av dei unge og lovande handballspelarane i dei ulike klubbane trene med handballprofilane.

26. april 2023 vart det kjend at banken hadde kjøpt seg inn i SpareBank 1-alliansen. 18 månadar seinare, 4. november 2024, var vi offisielt SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Ein stor merkedag i bankhistoria vår.

Det aller meste er som før for kundane etter overgangen, men noko som er nytt er nett- og mobilbanken vår. SpareBank 1 sin mobilbank blei i november kåra til Norges beste av Cicero.

16 førjulskinoar for over 2000 små og store kundar. Disneyfilmen Vaiana 2 var ein stor suksess.





Finansielle måltal 2024

	MÅLTAL	STATUS 2024
EK-avkastning	> 11 %	13,8 %
Kostnadsprosent	< 40 %	37,0 %
Rein kjernekapitaldekning	> 17 %	17,1 %
Utbyttegrad	≥ 50 %	51,7 %

EK-AVKASTNING

Banken har som mål å oppnå økonomiske resultat som gir god og stabil avkastning på banken sin egenkapital. Resultatet etter skatt skal gi ei egenkapitalavkastning på over 11 %.

KOSTNADSPROSENT

Banken er opptatt av kostnadseffektivitet. Kostnader målt i prosent av samla inntekter skal vere under 40 %.

REIN KJERNEKAPITALDEKNING

SpareBank 1 Sogn og Fjordane skal vere solid. I det legg vi at banken skal ha tilfredsstillande buffer til regulatoriske krav til kapitaldekning. Bufferane skal vere tilpassa banken sin aktivitet, risikoprofil og vekstplanar. Målet for rein kjerne kapitaldekning er på 17,0 % og blir revurdert dersom kapitalkrava endrar seg. Kjernekapitaldekninga og total kapitaldekning skal alltid tilfredsstillere regulatoriske krav.

UTBYTTEGRAD

Årsoverskotet blir fordelt mellom eigarandelskapitalen og grunnfondskapitalen i samsvar med eigarbrøken. Utbytte og gåvetildeling blir tilpassa forventa resultatutvikling, eksterne rammevilkår og behovet for kjernekapital. Dei næraste åra ser det ut til at banken har god kapasitet til utdeling av utbytte og har som mål å betale ut minst 50 % av resultatet kvart år.

Finansielle måltal 2025

EK-avkastning	> 11 %
Kostnadsprosent	< 40 %
Rein kjernekapitaldekning	> 16,5 %
Utbyttegrad	≥ 50 %

EIGENKAPITALAVKASTNING

SpareBank 1 Sogn og Fjordane skal over tid ha ei EK-avkastning etter skatt på minimum 11 %. SpareBank 1 Sogn og Fjordane skal i tillegg til målet på 11 % EK-avkastning også vere blant dei tre bese standardbankane i Norge på EK-avkastning.

KOSTNADSEFFEKTIVITET

Kostnadsprosenten eksklusive verdipapirinntekter skal vere under 40 %.

REIN KJERNEKAPITALDEKNING

Minimum 16,5 % inkludert delårsresultatet.

UTBYTTEGRAD

Utbytte skal tilpassast banken sitt kapitalbehov og vekstutsikter. Banken har som målsetting å betale ut minimum 50 % av resultatet i utbytte og gåver.

Strategi 2025

Visjonen til SpareBank 1 Sogn og Fjordane er å vere ei drivkraft for Sogn og Fjordane.

Vi er den leiande banken i kjerneområdet og har ein sterk marknadsposisjon. Samtidig har banken lenge hatt ein vekststrategi på privatmarknaden utanfor regionen, og denne strategien ligg fast.

Banken sitt viktigaste samfunnsansvar er å levere tilfredsstillande inntening, slik at vi kan vere ein finansiell muskel for lokalt næringsliv. Overskotet skal tilbake til regionen vår gjennom små og store løft innan næringsliv, utdanning, kultur, forskning, idrett og helse.

Den 26. april 2023 gjekk vi ut med nyheita om at vi skulle kjøpe oss inn i SpareBank 1-alliansen. Med det sette banken den strategiske retninga si for dei neste åra. I 2024 hadde vi fokus på å sikre drifta og vekst-takten til banken gjennom konverteringsperioden, og å komme oss inn i alliansen på ein solid måte.

Den 4. november 2024 vart vi ein del av SpareBank 1-alliansen. Strategien for 2025 handlar om å klare å ta ut gevinsten av å vere i allianse, samt å sikre den beste kundeopplevinga for kundane våre gjennom året. Kundane våre har fått ny nettbank, ny mobilbank og nye kort, men dei skal vite at vi er dei same, i ny drakt.

Jamlege målingar, som EPSI, viser ein høg og stabil kundetilfredsheit og kundelojalitet, i og utanfor Sogn og Fjordane. Banker er opptatt av ei berekraftig utvikling både lokalt og globalt. Vi har òg eit stadig fokus på det regulatoriske, for å sikre at vi har orden i eige hus.

Vi arbeider aktivt for å oppretthalde høg trivsel i organisasjonen, og for å utvikle prestasjonsorienterte og kompetente medarbeidarar. Dette blir ekstra viktig i eit år der våre tilsette skal bli kjent med nye system på alliansenivå.



Berekraft i SpareBank 1 Sogn og Fjordane

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har som overordna mål å bidra til eit berekraftig nullutsleppssamfunn innan 2050. Vi er ein bank som har røtene våre djupt forankra i Sogn og Fjordane, og samfunnsoppdraget vårt går ut på å sikre økonomisk aktivitet og levedyktigheit i regionen, samstundes som vi jobbar for å redusere både våre egne og kundane sine utslepp. I tråd med berekraftsstrategien vår for 2022–2024 har vi sett mål om å støtte Norge sitt nasjonale utsleppsmål om ein reduksjon på minst 55 prosent innan 2030. Strategien vår skal spegle verdiane våre som ein lokal sparebank som står saman med kundane i denne omstillinga.

Vegen mot netto null krev at vi kjenner både dei positive og negative fotavtrykka banken set i samfunnet. Det betyr at vi må forstå korleis verksemda vår påverkar miljøet og korleis endringane i det globale klimaet vil påverke både banken og lokalsamfunnet. Dette ligg til grunn for klimaovergangsplanen, som er verktøyet vårt for å redusere klimabelastninga frå dei mest utsleppsintensive sektorane i porteføljen vår. Gjennom denne planen ønsker vi å bidra til grøn konkurransekraft i regionen vår, slik at vi kan oppfylle forpliktingane og vere ein stabil aktør som tilbyr framtidretta produkt og tenester for kundar, investorar og samarbeidspartnarar.

Berekraft er ein integrert del av banken sin strategi. Vi skal vere ein tydeleg pådrivar for berekraftig omstilling i Sogn og Fjordane, og vi har forplikta oss til å jobbe systematisk med å kanalisere kapital mot berekraftige prosjekt, som støttar overgangen til eit lågutsleppssamfunn.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane sine hovudambisjonar på berekraftsområdet:

- Integrering av berekraft i alle deler av bankdrifta, slik at berekraftsmål og klimarisiko vert ein del av den daglege verksemda. Dette inneber også ei systematisk tilnærming til ESG i kredittvurderingar og kundesamtalar.
- Støtte kundane i omstillingsprosessen ved å tilby skreddarsydde og grønare finansieringsløyningar. Grøne bustadlån, klimalån og grønne næringslån er blant tiltaka vi tilbyr, for å hjelpe kundane med å redusere klimaavtrykket sitt.
- Utvikling av banken sin berekraftskompetanse, slik at alle rådgjevarar har nødvendig kunnskap til å gi gode råd. Vi skal vere ein ressurs for næringslivet i regionen, og heve kompetansen om berekraft blant kundane våre.

Styring og leiing av arbeidet med berekraft

Berekraftsarbeidet er forankra i ei dedikert berekraftsavdeling. Berekraftsavdelinga, som består av tre tilsette, har det daglege ansvaret for å leie og gjennomføre berekraftsarbeidet. Styret i SpareBank 1 Sogn og Fjordane har det øvste ansvaret for banken sitt arbeid med berekraft, og delegerer operasjonelt ansvar til konsernleiinga.

Berekraftsgruppa, med representantar frå ulike avdelingar, har møter kvar tredje veke og fungerer som ei rådgjevande gruppe. Saman med berekraftsansvarleg utarbeider dei berekraftsstrategien og sørger for oppfølging av denne. Konsernleiinga får halvårleg rapport på status for berekraftsarbeidet. Dette skal sikre at berekraft er ein del av banken sine strategiske mål.

Ansvarleg samfunnsaktør

SpareBank 1 Sogn og Fjordane sitt viktigaste samfunnsansvar er å levere ei tilfredsstillande inntening. Dette for å kunne bidra til vekst og utvikling i Sogn og Fjordane. Overskotet til banken kjem Sogn og Fjordane til gode. Banken skal tilføre kapital til sunne prosjekt for næringslivet og folk flest, slik at vi kan vere ei drivkraft for Sogn og Fjordane. God lokalkunnskap og nærleik til kundane skal også kome det lokale næringslivet til gode. Delar av overskotet blir nytta til gåver, for å skape aktivitet i lokalsamfunna våre.

Gode kredittmodellar er eit av dei viktigaste verkøya våre for ansvarleg kredittgjeving. Modellane bereknar kundane sine evner og vilje til å betene låna. Vi skal tilby riktig kredittgrense til riktig kunde. Rådgjevarane våre skal vere opne når dei kommuniserer om produkt, vilkår, renter og gebyr.

Gjennom utlånsverksemda kan vi vere med å bidra til ei berekraftig utvikling. Vi skal vere ein ansvarleg samfunnsaktør som skal hjelpe kundane til å ta berekraftige val. Eit tiltak for å oppnå dette, er å tilby produkt med omsyn til berekraft til gunstigare vilkår.

Banken har som ledd i berekraftsstrategien utarbeidd eit grønt rammeverk for utferding av grøne obligasjonar. Rammeverket er felles for SpareBank 1 Sogn og Fjordane og Bustadkreditt Sogn og Fjordane. I tråd med banken sin berekraftsstrategi, er satsing på finansiering av grøne eigedelar viktig. Kvart år lagar banken ein rapport som viser korleis volumet av grøne eigedelar utviklar seg. Les meir om det grøne rammeverket vårt på ssf.no/berekraft.

Slik rapporterer vi på berekraft

For å rettleie berekraftsarbeidet vårt har vi signert følgjande norske og globale initiativ som støttar Parisavtalen og globale berekraftsmål, og/eller rapporterer i tråd med deira retningslinjer:

- UN Global Compact (utmeldt desember 2024*)
- UNEP Finance Initiative (utmeldt desember 2024*)
- GRI
- Kvinner i Finans Charter

* Banken melde seg ut av UNGP og UNEPFI i 2024 grunna endra fokus for årsrapporteringa. Banken riggar seg i 2024 og 2025 mot rapportering etter ESRS og CSRD.

Følgjande initiativ er òg rettleiande for rapporteringa og arbeidet vårt for å redusere utslepp:

- Science Based Targets Initiative (Banken sin Klimaovergangsplan er basert på SBTi sin metodikk)
- Task Force on Climate-Related Financial Disclosures (Banken publiserer for tredje året ein TCFD-rapport for klimarisiko)

Som Miljøfyrtårn-sertifisert organisasjon rapporterer vi egne utslepp i vedlegget «Energi- og klimarekneskap 2024», og kalkulerer finansierte klimagassutslepp med metoden til Partnership for Carbon Accounting Financials (PCAF) og Finans Norge sin rettleiar for berekning av finansierte utslepp:



Banken må rapportere i samsvar med EU sitt direktiv om berekraftsrapportering (CSRD) frå rapporteringsåret 2025. For å førebu oss til dette vil vi referere til europeiske standardar for rapportering av berekraft (ESRS) i årsrapporten. At vi refererer til ein ESRS-standard i eit kapittel betyr ikkje at det svarar ut alle rapporteringskrava i standarden.

Banken er òg pliktig til å følgje ei rekke lovverk, der følgjande er særleg vesentleg for arbeidet med berekraft:

Rekneskapslova §3-3 a-c, Openheitslova, Klimalova, Lov om berekraftig finans (offentleggjeringsforordninga og EU-taksonomien), Likestillings- og diskrimineringslova.

Dobbel vesentlegheitsanalyse og interessentdialog

Berekrftsarbeidet i SpareBank 1 Sogn og Fjordane skal reflektere kva kundar, tilsette og eigarar forventar av banken innan dei tre berekrftsdimensjonane miljø og klima (E), sosiale forhold (S) og verksemdsstyring (G).

SpareBank 1 Sogn og Fjordane gjennomførte i 2022 den første vesentlegheitsanalysen for å identifisere kva berekrftstema som var viktige for interessentane våre. Analysen blei oppdatert i 2023 og 2024 for å etterleve krava til dobbel vesentlegheitsanalyse i EU sitt nye berekrftsdirektiv (CSRD). Banken er forplakta til å rapportere i samsvar med berekrftsdirektivet CSRD sine rapporteringsstandardar (ESRS) for rekneskapsåret 2025.

For å førebu implementeringa av CSRD har banken, etter prinsippet om dobbel vesentlegheit, vurdert korleis eigne aktivitetar påverkar menneske og miljø, i tillegg til ytre forhold som utgjør finansiell vesentlegheit i form av risikoar eller moglegheiter for banken sin verdiskaping. Analysen følger ESRS-retningslinjene og inkluderer interne og eksterne interessentar, verdikjedeanalyse og tematiske risikoar og moglegheiter på kort, mellomlang og lang sikt.


Resultata frå den doble vesentlegheitsanalysen tydeleggjer kva berekrftsområde banken har størst påverknads-kraft på. Gjennom brei involvering av interne og eksterne interessentar har banken gjennomført ein grundig analyse som viser vesentlege tema som det skal rapporterast på. Banken har, på bakgrunn av analysen, identifisert fem vesentlege tema som alle underbygger rolla som ansvarleg samfunnsaktør, og som dannar grunnlaget for det vidare berekrftsarbeidet til banken.

Interessentdialog

Vi i SpareBank 1 Sogn og Fjordane er overtydde om at dialog og samarbeid med ulike interessentar er essensielt for at banken skal nå ambisjonane, behalde tillit og ha eit godt omdøme i samfunnet. For å lukkast med å imøtekomme interessene til eit breitt spekter av interessentar, er vi avhengig av kontinuerleg interessentdialog.

Interessentdialog og interessentkartlegging er eit viktig ledd i arbeidet med å sikre ei heilskapleg og langsiktig tilnærming til korleis banken skal skape verdi for kundar, tilsette, eigarar og lokalsamfunn. For å sikre ein god interessentdialog blei det gjennomført spørjeundersøkingar blant kundar og tilsette, interne workshops og dialog med våre største eigarar, leverandørar og andre samarbeidspartnarar.

Dialogen har fungert som eit verktøy for å validere dei vesentlege tema som har blitt identifisert, og sikra at resultata frå den doble vesentlegheitsanalysen reflekterer både påverknads- og finansielle perspektiv. Tabellen nedanfor viser grupper vi har definert som våre interessentar. Oversikta er ikkje uttømmmande.



Identifisering og prioritering av vesentlege tema

Gjennom interessentdialogen identifiserte banken sentrale berekraftstema som dei ulike interessentgruppene meinte var vesentlege for banken. For å sjå nærare på kva tema som er vesentlege blei det gjennomført ein vekting basert på banken sin påverknad, samt risikoar og moglegheiter knytt til berekraftstema i samsvar med metodikken i ESRS.

Fleire identifiserte tema blei vurdert å ha både positiv og negativ påverknad, avhengig av tilnærminga som låg til grunn. Påverknaden blei vurdert ut frå sannsynet for at banken vil ha faktisk eller potensiell påverknad innan det aktuelle området, i tillegg til å vekte skala (alvorsgrad) og omfang. Finansiell vesentlegheit blei vurdert på bakgrunn av finansiell effekt for banken.

Våre vesentlege tema

Banken har identifisert fem vesentlege tema. Dei komande underkapitla i dette kapittelet vil synleggjere kvifor dette er vesentlege tema for banken, kva påverknad, risiko og moglegheiter dei representerer og korleis banken handterer tema.

Vesentlege tema 2024		
E	ESRS E1 Klimaendringar	Klimatilpassing
		Avgrensing av klimaendringar
		Energi/finansierte utslepp
S	ESRS S1 Eigen arbeidsstyrke	Arbeidsforhold
		Likebehandling og moglegheiter for alle
		Andre arbeidsrelaterte rettar
	ESRS S3 Påverknad på lokalsamfunn	Lokalsamfunna sine økonomiske, sosiale og kulturelle rettar
ESRS S4 Forbrukarar og sluttbrukarar	Informasjonsrelaterte påverknader for forbrukarar og/eller sluttbrukarar	
	Personleg sikkerheit for forbrukarar og/eller sluttbrukarar	
G	ESRS G1 Forretningsetikk	Bedriftskultur
		Beskyttelse av varslarar
		Anti-Korrupsjon og bestikkingar/AHV

Vesentleg tema: Klimaendringar

Klimaendringar er ei av vår tid sine største utfordringar. Som ein regional sparebank spelar SpareBank 1 Sogn og Fjordane ei viktig rolle i omstillinga mot netto-null utslepp i 2050. Djupt forankra i banken er samfunnsoppdraget om å sikre økonomisk aktivitet og levedyktigheit i Sogn og Fjordane. Saman med næringslivet i regionen har banken eit ansvar for å redusere utslepp av klimagassar og eksponering for klimarisiko.

Kvifor klimaendringar er eit vesentleg tema

Klimaendringar er identifisert som eit vesentleg tema for SpareBank 1 Sogn og Fjordane, fordi banken sine aktivitetar er tett knytt til klimagassutslepp, som påverkar klimaet direkte og indirekte. ESRS E1-standard krev at vi rapporterer om klimagassutslepp, klimatilpassingstiltak og energibruk for å fremje openheit og samanlikningsgrunnlag i klimarelaterte data. Banken har identifisert både positive og negative påverknader gjennom eiga drift og finansieringsaktivitetar. Positiv påverknad inkluderer finansiering av t.d. energieffektiviseringstiltak, grønne lån og klimatilpassing av våre egne bygg. Samtidig medfører utlån til bransjar med høge karbonutslepp ein negativ påverknad, som t.d. landbruk. Frå eit finansielt perspektiv representerer dette både risikoar, som t.d. stranda eigedelar, og moglegheiter, som auka etterspurnad etter grønare finansiering.

Styrande dokument for klimaområdet

Banken sin strategi viser til måloppnåing og gjennomføring av tiltak i berekraftsstrategien. Berekraftsstrategien viser til mål og tiltak for berekraftsarbeidet innanfor fleire fagområde i banken, og viser til måloppnåing i tråd med banken sin klimaovergangsplan. Banken sin klimaovergangsplan definerer korleis banken skal redusere utsleppa i tråd med netto-null-målet. Banken sin kredittstrategi, og policy for samfunnsansvar og berekraft på bedrifts-marknaden, legg føringar for finansieringa av næringslivet, og kva for bransjar som banken stiller ekstra forventningar og krav til.

Klimarelaterte risikoar og moglegheiter

SpareBank 1 Sogn og Fjordane møter klimarisiko både i form av fysisk risiko og overgangsrisiko, men ser òg moglegheiter i grøn omstilling. Fysisk risiko omfattar klimahendingar som t.d. flaum, skred og ekstremvær, som kan føre til finansielle tap og redusert verdi av eigedomar og infrastruktur. Banken kartlegg risikoen for eigedomar og kundar systematisk, noko som gir grunnlag for målretta tiltak.

Overgangsrisiko er særleg knytt til strengare reguleringar, karbonprising og krav om energieffektivitet. Dette kan påverke kostnadsnivået i sektorar som t.d. landbruk, eigedom og bygg og anlegg. Samstundes representerer dette ei moglegheit for banken til å bidra til grøn omstilling gjennom finansiering av berekraftige tiltak og investeringar.

På den positive sida bringer klimarisiko med seg fleire moglegheiter. Banken kan spele ei aktiv rolle i omstillinga ved å tilby grønne produkt, som grønne lån og energifinansiering, og bidra til lågare klimagassutslepp i regionen. Vidare er det eit aukande behov for rådgjeving knytt til klimatilpassing og berekraftige løysingar, noko som styrkar banken sitt tilbod og relasjonar til kundane.

For ei meir detaljert vurdering av klimarelaterte risikoar og moglegheiter viser vi til banken sin TCFD-rapport, som er inkludert som eit berekraftsvedlegg til årsrapporten.

Kva har vi fått til i 2024?

Banken har jobba systematisk med å kartlegge og redusere eigne og finansierte utslepp gjennom fleire tiltak i 2024. Nokre av tiltaka vi har utført er:

- Utvida rapporteringa av indirekte utslepp (scope 3) ved å inkludere fleire kategoriar.
- Starta renovering av banken sitt hovudkontor i Førde, som skal oppnå BREEAM In-Use-sertifisering og energi-merke B, som skal bidra til auka energieffektivitet.
- Utskifting av fossildrivne køyretøy i banken sin eigen bilpark.
- Tatt i bruk ny ESG-modell som gir innsikt i bedriftskundane sin klimarisiko.
- Utarbeidd banken sin første klimaovergangsplan med utsleppsbaner, for dei mest utsleppsintensive bransjane i utlånsporteføljen.
- Auka volum av grønne produkt til berekraftige investeringar i næringslivet.

Miljøfyrtårn

Vi er sertifisert som miljøfyrtårn. Banken skal stille krav til leverandørar og samarbeidspartnarar om å ha eit bevisst forhold til berekraft. For å kunne krevje det av andre, må vi ha kontroll i eige hus. Vi er stolte av at alle kontora våre er Miljøfyrtårn-sertifiserte. Vi ønskjer å sikre kontinuerleg redusert miljøbelastning frå eiga verksemd. For å kunne følgje opp dette har vi årleg rapportering av klimarekneskap. Det er basert på GHG-protokollen (Greenhouse Gas Protocol), som er den mest brukte rapporteringsstandaren til utrekning av ei verksemd sitt utslepp av klimagassar.




Miljøfyrtårn[®]

Klimarekneskap 2024

Klimagassutsleppa i 2024 hadde følgende fordeling			
	tCO ₂ e	Fordeling ekskl. utlån	Fordeling inkl. utlån
Scope 1	5,6	1,0 %	0,002 %
Scope 2	23,2	4,1 %	0,009 %
Scope 3 (kategori 1-14)	540	94,9 %	0,21 %
Scope 3 (kategori 15 utlån)	262 274		99,78 %

Utslepp i tCO₂e ekskl. utlånsporteføljen:

Utslepp i tCO₂e ekskl. utlånsporteføljen



Kommentarar til klimarekneskapet

Banken hadde i 2024 eit totalt klimagassutslepp på 262 843 tonn CO₂-ekvivalentar. Det tilsvarer ein auke frå 2023. Hovudårsaka til at utsleppa har gått opp er auke i scope 3 kategori 15 på grunn av endring i grunnlag og metodikk frå 2023. For berekning av finansierte utslepp i utlånsporteføljen nyttar vi estimerte verdiar frå Eiendomsverdi på privatbustadar, Finans Norge sin metodikk for landbruk og PCAF-utsleppsfaktorar for øvrige bransjar. Meir om metode for berekning av finansierte utslepp kan ein lese i TCFD-rapporten i berekraftsvedlegget. Det har vore ein reduksjon av scope 1 og scope 2 utslepp i 2024. Dette skuldast at vi har hatt ein reduksjon i forbruk av fossile drivstoff for eigne bilar (scope 1), og så har energiforbruket blitt redusert som følger av at hovudkontoret til banken ikkje har vore nytta sidan før sommaren 2024, på grunn av ein større renovasjon og ombygging. Ser ein på scope 3 ekskl. utlån har denne hatt ei stor auke i 2023 og 2024, noko som i all hovudsak skuldast at banken har utvida klimarekneskapen med fleire kategoriar enn tidlegare. Dette gjeld spesielt tenestereiser (flyreiser og hotellovernattingar), anleggsmidlar og tilsette sin pendling til og frå arbeid. I 2024 er flyreiser og hotellovernattingar nesten dobla, i hovudsak på grunn av at overgang til SpareBank 1-alliansen, førte til større reise- og møteaktivitet.



Vesentleg tema: Eigen arbeidsstyrke

SpareBank 1 Sogn og Fjordane er ei kompetansebedrift som strevar etter kompetanse som bidreg til utvikling og verdiskaping for kundar og lokalsamfunn. For å lukkast med å drive fram banken som ein berekraftig organisasjon anerkjenner banken eigne tilsette som ein av dei viktigaste innsatsfaktorane.

Banken ønsker å vere ein attraktiv arbeidsplass i Sogn og Fjordane, der eigne tilsette er viktige for å ivareta og styrke banken sin posisjon og omdøme i marknaden. Våre tilsette er i kontakt med kundar kvar einaste dag, anten fysisk, digitalt eller over telefon, for å skape verdi for kundane. Tilsette og organisasjonskultur internt kan utgjere eit konkurransefortrinn.

Arbeidsrelaterte risikoar og moglegheiter

Banken er ein attraktiv arbeidsplass. Eigne tilsette i kombinasjon med kompetansen dei tilfører utgjere ein høg finansiell verdi for banken. Gjennom strategisk og langsiktig arbeid har banken moglegheit til å påverke tilsette positivt ved å skape engasjement, tillit og tryggleik på arbeidsplassen.

Gjennom vesentlegheitsanalysen kom det tydeleg fram at eigen arbeidsstyrke er eit vesentleg tema for banken, særleg tema knytt til arbeidsforhold. Ved å investere i eigne tilsette vil banken ha positiv påverknad på motivasjon, lojalitet og trivsel internt.

Tilsetjingsforhold, løn, arbeidstid og balanse mellom arbeid og fritid er tema som banken har høg påverknad på. Risiko for høg arbeidsbelastning og stress kan utgjere negativ påverknad på arbeidsstyrken og potensielt føre til utfordringar med rekruttering. Gode arbeidsforhold og likebehandling på arbeidsplassen er vesentlege faktorar, for å sikre stabil arbeidskraft og styrke banken sin konkurranseevne knytt til rekruttering av nye tilsette og omdøme som arbeidsgjevar.

Handtering av eigne tilsette

Det øvste ansvaret for banken sine tilsette er plassert hos HR-avdelinga. Banken gjennomfører ei rekkje tiltak for eigen arbeidsstyrke. Arbeidet blir nærare beskrive i kapittelet «Våre dyktige tilsette».

Vesentleg tema: Berørte lokalsamfunn

SpareBank 1 Sogn og Fjordane sitt ønske om å vere ei drivkraft for Sogn og Fjordane regionen er sentralt for korleis banken arbeider ut mot lokalsamfunnet. Som lokal støttespelar for regionale initiativ i Sogn og Fjordane har banken ein vesentleg påverknad på lokalsamfunnet gjennom finansiering, gåver og sponsorat.

Banken er bevisst på at det ligg føre ein gjensidig avhengigheit mellom banken og lokalsamfunnet. Sogn og Fjordane er banken sitt marknadsområde og utviklinga i regionen er tett knytt saman med banken sin utvikling. Banken har ein vesentleg påverknad på lokalsamfunnet ved å bidra til positive ringverknader i nærområda.

Risikoar og moglegheiter

SpareBank 1 Sogn og Fjordane skal gjennom finansiering og gåvemedlar sikre at Sogn og Fjordane er ein attraktiv region å bu og arbeide i. Banken bidreg til positiv økonomisk og sosial utvikling gjennom finansiering av sunne prosjekt og støtte til lokale initiativ innan utdanning, kultur og helse. Utlån til privat- og bedriftskundar bidreg til å sikre levande lokalsamfunn gjennom finansiering av bustadar, arbeidsplassar, næringsbygg og andre aktivitetar, særleg i distriktsområde. Gjennom gåver og sponsormidlar til idrettslag, frivillige organisasjonar og lokale tiltak, styrker banken den sosiale og kulturelle utviklinga i regionen.

Banken sitt samfunnsansvar og lokalkunnskap skal sikre at både finansiering og overskot bidreg til berekraftig utvikling i regionen. Banken sine finansielle moglegheiter ligg i å styrke tilliten til banken som ein aktør for lokal utvikling. Samstundes kan enkelte utlån og tildelingar føre med seg effektar som ikkje er planlagde eller ønska og som kan ha negativ påverknad på natur, miljø og grunnleggjande ressursar i lokalsamfunna.

Eigen påverknad på lokalsamfunna

Banken har tru på at samfunnsansvaret vårt er med på å styrke regionen Sogn og Fjordane, og at vi gjennom finansiering, støtte og gåvemedlar bidrar til å realisere fleire prosjekt til glede for lokalsamfunna våre. Banken har dei siste åra delt ut midlar til prosjekt som utviklar lokalsamfunn i banken sitt kjerneområde. Ei nærmare beskriving av tiltak og prosjekt som banken støttar er presentert i kapittel for Ansvarleg samfunnsaktør, Samfunnsnytt 2024 og Samfunnsansvar i styret si årsmelding.

Vesentleg tema: Forbrukarar og sluttbrukarar

Informasjonsrelaterte påverknader og personleg sikkerheit utgjer vesentlege tema for SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Banken har ein marknadsandel tilsvarande 1 av 2 privatkundar og over 1 av 3 næringskundar, i kjerneområdet Sogn og Fjordane. Finansiering av næringslivet i regionen er eit av banken sine viktigaste samfunnsoppdrag og dette er viktig for å danne grunnlag for befolkningsvekst i regionen.

Vi som bank er avhengige av tillit frå forbrukarar og sluttbrukarar for å oppretthalde ein konkurransedyktig posisjon i marknaden. Banken handterer eit stort omfang finansielle og personlege opplysningar. Handtering av personopplysningar og sensitiv informasjon skal ikkje kome uvedkomande i hende, noko som stiller strenge krav til personvern og sikkerheit knytt til behandling og lagring av data.

Risikoar og moglegheiter

Banken har informasjon om økonomiske forhold som for kundar og sluttbrukarar opplevast som sensitive og krev behandling innanfor eit sikkerheitsnivå, som beskyttar data frå å kome på avvege. Interessentdialogen viser at kundane er opptekne av at vi tar digital sikkerheit og personvern på alvor. Det er knytt høge forventningar til banken sin forvaltning av opplysningar. Kundane sitt personvern blir behandla etter gjeldande lover og reglar.

På bakgrunn av eit auka trusselnivå i samfunnet knytt til informasjonssikkerheit og personvern har banken ei systematisk tilnærming til å sikre plattformer slik at kundane unngår å bli svindla, eller at kundeinformasjon blir misbrukt. Etterleving av personvern er ein del av banken sitt arbeid med etterleving. Banken har moglegheit til å påverke informasjonsflyt og personleg sikkerheit positivt for eigne kundar ved å levere på forventningar til kvalitet og sikring av data. Dette bidreg til å sikre tillit og tryggleik blant banken sine interessentgrupper.

Utan tilstrekkeleg handtering av informasjonsrelaterte påverknader og personleg sikkerheit for kundar kan banken oppleve regulatoriske sanksjonar. Hendingar som bryt med personvern kan i ytste konsekvens vere verksemdskritisk dersom tap av tillit og omdøme får finansielle følgjer for banken.

Tiltak

Banken er underlagt lover og reglar som sikrar vern av personopplysningar og finansiell informasjon. Informasjon om banken si handtering av informasjonssikkerheit er presentert i kapittel om Digital sikkerheit og personvern.

Vesentleg tema: Forretningsetikk

Eit av SpareBank 1 Sogn og Fjordane sine viktigaste oppdrag er å sikre at interessentgrupper har tillit til at banken til ein kvar tid følger lover og reglar, samt innehar ein høg etisk standard. Forretningsetikk er definert som eit vesentleg tema for banken, medrekna bedriftskultur, trygging av varslarar, anti-korrupsjon, bestikkingar og AHV.

Banken har saman med finansbransjen ei særleg rolle i å førebygge og nedkjempe økonomisk kriminalitet. Banken sine digitale plattformer og sentral infrastruktur kan bli nytta som reiskap for økonomisk kriminalitet. Vårt oppdrag som bank er å sørge for at privat- og bedriftskundar ikkje blir utnytta til ulovlege forhold gjennom våre produkt og tenester.

Risikoar og moglegheiter

Som tilbydar av banktenester og digitale plattformer vil det eksistere ein risiko for at banken sin infrastruktur blir nytta til økonomisk kriminalitet. Den doble vesentlegheitsanalysen har identifisert tema anti-korrupsjon og bestikkingar og antikvitvask som områda der banken har størst vesentleg påverknad på omverda. Banken arbeider aktivt for å førebygge, avdekke og rapportere økonomiske transaksjonar knytt til straffbare aktiviteter. Bedriftskulturen i banken vil påverke samarbeid og avgjerdsprosessar internt. Banken har ei sterk påverknadskraft på eigne tilsette og arbeider for at tilsette skal ha tilstrekkeleg opplæring og kompetanse om forretningsetikk.

Banknæringa er sterkt regulert av Finanstilsynet. Manglande etterleving av regulatoriske krav vil ha stor finansiell vesentlegheit for banken, med moglegheit for finansielle tap, sanksjonar og omdømerisiko, som vil føre med seg kostnader og potensielt bortfall av moglegheiter for vidare forretningsutvikling.

Tiltak

SpareBank 1 Sogn og Fjordane skal vere ein truverdig finansiell aktør og har høg prioritet på målretta arbeid for å stoppe økonomisk kriminalitet. Banken er underlagt lover og reglar som sikrar vern av personopplysningar og finansiell informasjon. Informasjon om banken si handtering av informasjonssikkerheit er presentert i kapittel om Økonomisk kriminalitet.

Initiativ vi støttar

SpareBank 1 Sogn og Fjordane skal ha ei drivande rolle lokalt for å bidra globalt. Vi har signert både lokale og internasjonale initiativ som er relevante for vår bransje og for berekraftsarbeidet. Det er viktig for oss at vi forpliktar oss til eksterne mål, for å drive arbeidet framover og for å bidra til å nå felles mål, som er sett over landegrensar.



Klimapartnere Vestland

Banken er medlem i Klimapartnere Vestland. Dei skal skape ein arena for offentleg og privat nettverksbygging, og vere ei plattform for utøving av samfunnsansvaret i regionen. Som den største banken i Sogn og Fjordane har vi eit ansvar for å drive fram det grønne skiftet lokalt. Vi er stolte av å vere med i dette samarbeidet.



Women in finance

I 2022 signerte vi Kvinner i Finans Charter. Kvinner i Finans Charter skal bidra til å auke tal kvinner i leiande posisjonar i finansnæringa i Norge. Likestilling og mangfald er ein viktig del av utviklinga mot eit meir berekraftig samfunn.

In support of

WOMEN'S EMPOWERMENT PRINCIPLES

Established by UN Women and the
UN Global Compact Office

The Women's Empowerment Principles

Banken har også slutta seg til The Women's Empowerment Principles (WEP), som består av sju rettleiande prinsipp, som skal gi retningslinjer for handlingar som fremjar og styrker kvinner sine rettar på arbeidsplassen og i samfunnet. WEP blei utforma etter eit samarbeid mellom FN Global Compact og FN Women.



Partnership for Carbon Accounting Financials

I desember 2023 vart banken tilslutta PCAF, som er eit internasjonalt samarbeid for utrekning av finansierte utslepp. Dette initiativet gjer oss i stand til å kartlegge klimafotavtrykket på ein standardisert måte, og styrker innsatsen for å redusere utsleppa knytt til utlån og investeringar. Gjennom deltakinga i PCAF forpliktar vi oss til større openheit og målretta arbeid, for ei berekraftig framtid.

Privatmarknaden

I løpet av 2024 stabiliserte rentenivået seg, og den relative høge renta bidrog til å kjøle ned norsk økonomi. Inflasjonen gjekk sakte, men sikkert ned mot målet til Norges Bank, og signal om rentekutt i 2025 skapte meir optimisme kring personleg økonomi mot slutten av året. Låg arbeidsløyse, eit godt lønnsoppgjør og lågare prisvekst førte til at mange nordmenn opplevde betre balanse mellom inntekt og utgifter. Samtidig er det framleis mange som lever med ein stram og krevjande økonomi.

Gjennom 2024 har vi møtt mange kundar som ønsker økonomisk rådgjeving. Nokre søker råd for å kjøpe sin første bustad eller bytte bustad, medan andre har draumar om hytte eller ønskjer å selje seg ned, for å sikre seg mot framtidige økonomiske svingingar. Våre dyktige rådgjevarar gjev verdifulle råd som utgjer ein forskjell for kunden sin privatøkonomi.

Betalingsmisleghaldet er framleis stabilt lågt, og dei fleste av våre personkundar har god kontroll på økonomien. Vi ser at kundane våre har tilpassa seg krevjande år godt, og handtert både høgare renter og auka prisar. Kredittriskoen i privatmarknaden blir vurdert som låg.

Vi er stolte av våre dyktige tilsette, som saman med enkle digitale løysingar, og eit sterkt samfunnsansvar, skapar gode kundeopplevingar, når kunden treng det. SpareBank 1 Sogn og Fjordane er her for å gi kundane våre gode økonomiske råd – både i nedgangstider og når økonomien går godt. Dette samspelet ser vi igjen i våre resultatet med ein utlånsvekst på 4,5 % og ein innskotsvekst på 5,3 %.

Ei stor endring for kundane våre var overgangen til ny mobil- og nettbank i november, då vi offisielt blei SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Overgangen var godt planlagt, og kundane fekk god informasjon, om kva dei måtte gjere for å ta i bruk dei nye løysingane. Mange tok kontakt med oss i tida etter, både per telefon og på kontora våre. Med stor innsats frå dedikerte tilsette har vi følgt opp kundane godt, sjølv om den høge pågangen førte til noko lengre ventetid enn normalt.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane er den leiande leverandøren av spare- og plasseringsprodukt i Sogn og Fjordane. 2024 vart som 2023 eit svært godt år for fondskundane våre. Trass i mykje geopolitisk uro med store og aukande spenningar, spesielt i Europa og Midt-Austen, samt presidentvalet i USA, leverte dei globale marknadane, med USA i føringa, svært god avkastning. Trua på at rentetoppen er nådd og håp om rentenedgang både globalt og i Norge, gjorde at fondskundane våre fekk ein gjennomsnittleg avkastning på vel 25 %. Størsteparten av fondssparinga finn stad i globale fond, og ei framleis svak krone gav ekstra avkastning på desse investeringane i 2024.

Trass i ein meir pressa privatøkonomi vart nysalet rekordhøgt i 2024, men vi merkar at ein del av kundane våre må redusere månadlege sparing, og enkelte avsluttar spareavtalar.

Total kapital plassert i fond via SSF gjekk opp med ca. 34 % i 2024, til ca. 7,3 mrd. kr. Ein kombinasjon av god avkastning og netto nyteikning er grunnen til at vi avslutta året med rekordhøg forvaltningskapital i verdipapirfond. Vårt inntrykk er også at kundane er blitt meir erfarne, og er klar over at fondsmarknaden svingar og til tider mykje. Dei aller fleste held på den opphavelige spareplanen og sit gjennom både oppgang og nedgangsperiodar. Vår strategi med innfasing av kapital via spareavtalar i aksjefond ligg fast i 2025, og er kanskje viktigare no enn nokon gong tidlegare.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane sitt dotterselskap Eiendomsmegler 1 Sogn og Fjordane har lagt bak seg eit år med låg aktivitet den første delen av året, medan omsettinga av bustadar auka i den andre delen av året. Eiendomsmegler 1 Sogn og Fjordane har, med sine dyktige og kompetente tilsette, behalde sin posisjon som den leiande marknadsaktøren i Sogn og Fjordane. Grunna overgangen til Eiendomsmegler 1 Sogn og Fjordane leverer selskapet eit negativt resultat for 2024.





SLIK JOBBAR VI MED BEREKRAFT PÅ PRIVATMARKNADEN

Ansvarlege utlån er ein viktig del av banken sitt samfunnsoppdrag. Det inneber blant anna å vere ein ansvarleg aktør, med gode kredittmodellar. SpareBank 1 Sogn og Fjordane ønskjer å fremje berekraftige val hos kundane ved å tilby produkt med miljøfokus til gunstigare vilkår. Slik kan vi legge til rette for at kundane tar meir berekraftige val. I berekraftarbeidet har vi også sett oss mål som vi jobbar med innan for privatmarknaden.

NOKON AV MÅLA VI HAR JOBBA MED I 2024

- Auke kompetanse på berekraft blant kundar og banken sine rådgjevarar, med fokus på energieffektivisering
- Vi skal i løpet av 2024 ha 5 mrd. kr i grønne bustadlån
- Vi skal auke andelen energimerka bustadar i utlånsporteføljen

GRØNE PRODUKT

SpareBank 1 Sogn og Fjordane tilbyr ei rekke produkt med miljøfokus for privatkundar.

Via SpareBank 1 Finans Midt-Norge tilbyr vi elbillån med gunstige vilkår for kundar som vel elbil framfor fossildrivne bilar. Vi tilbyr også grønne bustadlån som gir fordelaktige vilkår til kundar som kjøper energieffektive bustader med energimerke A eller B, eller som oppgraderer bustaden sin til desse energiklassa.

Miljølån er eit anna alternativ der vi tilbyr lågare rente for kundar som gjennomfører energisparande tiltak i bustaden sin. Dette kan til dømes inkludere utskifting av vindauge, installasjon av varmepumpe, innføring av vassboren varme, etterisolering eller montering av solcelleanlegg.

Gjennom SpareBank 1 Forvaltning tilbyr vi også eit breitt utval berekraftige verdipapirfond. I tillegg har vi i fleire år arbeidd med å redusere miljøavtrykket vårt på andre område. I 2022 tok vi i bruk bankkort laga av 82 % biomateriale, og i 2024 har ein endå større del av kundane våre tatt i bruk desse korta. Dette har ført til reduserte utslepp i produksjonen av korta.

GRØNE BUSTADLÅN


Som ein del av strategien vår har vi sett oss eit mål om netto-null utslepp innan 2050. For å bidra til dette har vi i privatmarknaden hatt eit mål om å ha 5 milliardar kroner i grønne bustadlån innan utgangen av 2024. Målet er å auke delen grønne bustader i porteføljen vår. Energieffektive bustader fører ikkje berre til lågare energiforbruk og lågare utslepp, men gir også kundane meir robuste bustader med mindre behov for framtidige oppgraderingar. I tillegg vil desse bustadane vere meir attraktive ved sal.

I 2024 har vi kartlagt energimerkinga for bustadane i utlånsporteføljen vår. I tillegg har vi kartlagt bustadeigedomar si eksponering for fysisk klimarisiko, som skred, flaum, havnivåstiging og overvatn. Vi har òg estimert totale klimagassutslepp og karbonintensitet både per kvadratmeter og per utlånt million kroner i bustadporteføljen. Det er meir informasjon om dette i TCFD-rapporten i berekraftsvedlegget til årsrapporten.

Energimerke (offisielle gyldige + utgåtte og estimerte)	Antall objekt	Av portefølje
A	313	1,51 %
B	3266	15,74 %
C	2529	12,19 %
D	4058	19,56 %
E	4068	19,61 %
F	2695	12,99 %
G	3736	18,01 %
Utan merke	68	0,33 %

Produkt med miljøfokus	Volum pr. 31.12.2024
Grønt bustadlån	3.713 mill. kr
Miljølån	7 mill. kr
Totalt	3.720 mill. kr
Mål innan 2024	5.000 mill. kr
Måloppnåing	74 prosent

Fordeling energimerker (offisielle gyldig + utgått og esteimerte)




NETTO NULL INNAN 2050

I 2024 har rekna ut utsleppa frå utlånsporteføljen på privatmarknaden, som gir oss ei betre oversikt over korleis vi som bank kan bidra til å redusere utsleppa. I målinga av utslepp tar vi utgangspunkt i energimerke til bustadane, eller estimert energimerke, for å kunne berekne kor mykje energi bustadane brukar. Du kan lese meir om korleis utsleppa er rekna ut i TCFD-rapporten i berekraftsvedlegget til årsrapporten. Tabellen under viser finansiert utslepp og utsleppsintensitet i utlånsporteføljen pr. 31.12.24.

	Bustadeigedomar
Klimagassutslepp LB (tCO ₂ e)	7 434
Finansierte utslepp LB (tCO ₂ e)	4 100
Utsleppsintensitet (kgCO ₂ e/kvm)	2,42
Utsleppsintensitet (tCO ₂ e/MNOK utlån)	0,15

Utsleppsana for bustadeigedom fram mot 2050 er presentert under:



Forklaring til nedgang i utsleppsintensitet er i all hovudsak knytt til endringar i utsleppsintensiteten til straumen i norsk energimiks. I 2023 var utsleppsintensiteten pr. kWh 19 gram CO₂-ekvivalentar. I 2024 var den 15 gram.

MED FOKUS PÅ BEREKRAFT I ALLE LEDD

I 2024 har vi, som tidligare år, hatt fokus på å løfte kompetansen om berekraft i organisasjonen. Alle rådgjevarane har gjennomført kurs i klimarisiko, og fått innsikt i kva denne risikoen kan bety både for kundar og for banken. Vi har kartlagt utsleppa i utlånsporteføljen vår slik at vi har eit betre bilde av korleis vi kan nå målet om netto null innan 2050. I 2025 kjem vi til å fortsette arbeidet. Vi skal auke datakvaliteten i utlånsportefølja ved innhenting av fleire energimerker. Vi skal auke kunnskapsgrunnlaget til rådgjevarane våre og kundane våre, med opplæring på energieffektivisering og betre informasjon rundt energieffektivisering på banken si heimeside og i mobil- og nettbank.

Bedriftsmarknaden

Stabilt rentenivå og lågare inflasjonen samanlikna med året før gav ein stabiliserande effekt for næringslivet i Sogn og Fjordane i 2024. Næringslivet i regionen er robust, og bedrifter med redusert aktivitet har lukkast med å tilpasse seg. Stor reduksjon i sal av nye bustadar og hytter råka byggenæringa, og vi såg også redusert etterspørsel etter andre kapitalvarer som bilar og båtar. Prosjekt som var påbegynt eller planlagt før renteoppgang sikra betre aktivitet i 2024 enn frykta. Vi har ikkje sett same auke i konkursar i byggenæringa som andre stader i landet, men det er eit behov for nye oppdrag i 2025.

Stort innslag av primærnæringar er ein stabiliserande faktor for regionen og vi registrerer god investeringsvilje i deler av desse næringane. Industrien i Sogn og Fjordane hadde god aktivitet gjennom året, men leverandørar til byggenæringa vart ramma av svak etterspørsel. Generell prisvekst og svakare krone gav høgare pris på innsatsfaktorar for store deler av industrien og utfordra lønsemda. Den svake krona gav positiv effekt for mange reiselivsbedrifter og førte til stor auke i besøk frå utlandet, der vekst i cruisetrafikken bidrog mykje. Bransjen merka også auka etterspørsel etter high-end og aktivitetsbaserte produkt. Banken har auka utlån til eigedomsbransjen i 2024. Bransjen er utsett ved renteauke, men mange har nytta rentesikring som har gitt god effekt dei siste åra.

At aktiviteten var betre enn frykta og bedriftene lukkast med å tilpasse seg eit endra makrobilde, viser igjen i banken sine utlån til bedriftene, som auka med 4,2 % i 2024, mot 2,3 % i 2023. Banken hadde stor vekst i innskot frå bedriftskundane med ein auke på heile 11,7 % i same periode, mot ein auke på 0,1 % i 2023. I 2024 var det også historisk høg etterspørsel etter spareprodukt som gav stor volumauke for rente- og aksjefond.

Banken har bransjeansvarlege i 12 ulike bransjar som sikrar god kunnskap for å handtere kredittrisikoen med eit uroleg makrobilde. Bransjekunnskapen er også avgjerande for at rådgjevarane er ein relevant samarbeidspart, som kjenner både truslar og potensiale i dei ulike bransjane, slik at ein ilag kan finne gode og balanserte løysingar. Urolege tider og økonomisk usikkerheit, gjer at kundane verdset kortreiste avgjersler og stabilitet i rådgjevarkorpset.

Banken har i lang tid lagt vekt på å levere eit komplett produkttilbod til kundane våre. Inngang i SpareBank 1-alliansen sikra endå større produktbreidde for kundane våre, noko som er positivt motteke.

I 2024 styrka vi kapasiteten på bedriftssenteret i banken, for å sikre god tilgjengelegheit og effektiv handsaming av kundane i godt samspel med dei kundeansvarlege i banken. Ein stor del av kapasitetsauken er relatert til å førebygge og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering.





KORLEIS VI JOBBAR MED BEREKRAFT I BEDRIFTSMARKNADEN

SpareBank 1 Sogn og Fjordane skal gjennom si verksemd bidra til at lønnsame prosjekt og investeringar får finansiering, og gjennom dette bidra til økonomisk vekst i Sogn og Fjordane og i landet elles. Vi tilbyr grøne bedriftslån til verksemd, og bidreg til grøen omstilling i regionen.

NOKON AV MÅLA VI HAR JOBBA MED I 2024

- Vi skal ha kompetanse til å rådgje bedriftskundar i berekraftsarbeidet
- ESG skal vere ein del av kundesamtalen og banken si kunderådgjeving
- Vi skal løfte næringslivet i regionen sin kompetanse på berekraft

GRØNE PRODUKT

Gjennom inntreden i SpareBank 1-alliansen har vi styrka tilbodet vårt av berekraftige produkt. Vi har eit breitt utval av produkt som stimulerer til berekraftige investeringar, og dette er forankra i berekraftsstrategien vår. Vi ønskjer å bidra til ei positiv omstilling i regionen og tilbyr no tre ulike finansieringsprodukt med miljøfokus for næringslivskundar:

Grønt bedriftslån

Vi tilbyr grøne bedriftslån til bedrifter som ønskjer å gjere berekraftige investeringar, eller som treng finansiering for å omstille verksemda til det grøne skiftet.

Status for volum av grøne bedriftslån pr. 31.12.24:

	MÅL FOR VOLUM INNAN 31.12.24	STATUS VOLUM PR. 31.12.24	MÅLOPPNÅING
Grøne bedriftslån	300 mill. kr	104 mill. kr	35 prosent

Til trass for at vi ikkje nådde det opphavelge målet, har vi sett ein vesentleg auke i 2024 frå totalt 43,4 mill. kr i grøne bedriftslån pr. 31.23.23. Vi vil halde på målet om 300 mill. kr i grøne bedriftslån vidare i neste strategiperiode.

Grønt landbrukslån

Grønt landbrukslån er for landbrukskundar som treng finansiering for å omstille garden for framtida. Dette inkluderer tiltak som t.d. energieffektivisering, utskifting av maskiner, biogassanlegg eller liknande.

Grøn objektfinansiering

Gjennom SpareBank 1-alliansen tilbyr vi no grøen objektfinansiering. Dette produktet gir gunstigare finansiering for bedrifter som ønskjer å velge meir miljøvennlige løysingar. Vi tilbyr finansiering av t.d. elektrisk utstyr og køyretøy, samt leasingavtalar på solcellepanel.

I tillegg tilbyr banken framleis fond med fokus på berekraft, slik at kundane kan investere i ei grøenare framtid.

BEREKRAFT I KREDITTPROSESSEN

Berekraft står sentralt i kredittprosessen for bedriftskundar. Ved inntreden i SpareBank 1-alliansen har vi gått frå å bruke vår eigen ESG- og klimarisikomodul til ein felles ESG-modell. Denne modellen byggjer på dei same prinsippa, der vi vurderer kundar med over 3 millionar kroner i engasjement. Overgangen til den nye modellen er nyleg innført, og vi har derfor ikkje hatt høve til å bruke denne i stor skala enno.

Under den tidlegare modellen opplevde vi likevel auka volum og kvalitet i klimarisikovurderingane våre, noko som styrkar grunnlaget for arbeidet vårt med berekraft. Dette gir oss verdifull innsikt i korleis vi kan støtte kundane våre på berekraftsreisa.

I 2024 har vi også vidareført arbeidet med å styrke kompetansen til rådgjevarane våre. Alle kunderådgjevarane på bedriftsmarknaden har gjennomført oppdaterte kurs i klimarisiko og andre berekraftstema, som påverkar næringslivet. Dette bidreg til at berekraft er ein naturleg del av kundesamtalane, og vi jobbar tett saman med kundane våre for å tilpasse oss dei endringane som kjem.

Vi har dessutan arrangert fleire frukostseminar og samlingar for næringslivet, med berekraft som tema. Her har vi informert om dei nye rapporteringskrava, som trer i kraft, og kva steg bedriftene kan ta for å møte desse.



BEREKNA KLIMARISIKO PR. 31.12.2024

Tabellen under gir eit oversyn over fordelinga av klimarisiko av totale utlån i porteføljen vår, henta frå TCFD-rapporten for 2024 (Berekräftsvedlegg):

Berekna klimarisiko	Utlån pr. 31.12.24	ESG-score i % av utlån pr. 31.12.24	ESG-score i % av utlån pr. 31.12.23	Endring frå 2023 til 2024
Svært låg risiko	3 073	16,83 %	11,70 %	5,13 %
Låg risiko	9 876	54,08 %	46,40 %	7,68 %
Moderat risiko	1 847	10,12 %	11,40 %	- 1,28 %
Høg risiko	65	0,36 %	0,10 %	0,26 %
Svært høg risiko	10	0,05 %	0,00 %	0,05 %
Ikkje klassifisert	3 391	18,57 %	30,40 %	- 11,83 %
Totalt	18 262	100 %	100 %	

NETTO NULL I 2050

I 2024 tok SpareBank 1 Sogn og Fjordane eit viktig steg i arbeidet mot netto null-utslepp ved å utarbeide vår første klimaovergangsplan, utarbeida etter krava i ESRs. Denne planen er styrevedtatt og legg grunnlaget for korleis vi som bank skal sørge for at vi når målet om netto null innan 2050. For bedriftsmarknaden inneber dette eit styrka fokus på dei utvalde bransjane som er mest relevante for utsleppa i utlånsporteføljen vår: landbruk, havbruk, fiskeri, bygg og anlegg, sjøtransport og næringseigedom.

Les klimaovergangsplanen i banken sitt berekräftsbibliotek på ssf.no/berekräft.

Klimagassutslepp frå utlånsporteføljen

Klimagassutsleppa frå utlånsporteføljen utgjer rundt 99 prosent av banken sine totale utslepp, noko som gjer dette til eit av dei mest vesentlege tema for oss. Det er heilt avgjerande at vi reduserer desse utsleppa for å minimere klimafotavtrykket. Banken har sett ambisiøse mål om årlege kutt på 2,5 prosent fram til 2030, i tråd med vitskapsbaserte klimamål.

Fokus på prioriterte bransjar

Bransjane landbruk, havbruk, fiskeri- og fiskeindustri og transport står for kring 87 prosent av scope 1- og 2-utsleppa i utlånsporteføljen til bedriftsmarknaden. Det er derfor desse bransjane vi prioriterer i klimaovergangsplanen. Tiltaka rettar seg mellom anna mot å:

- Gi kundane auka støtte til investeringar i grøn teknologi og berekräftige løysingar
- Prioritere produkt- og tenesteutvikling som fremjar grøn omstilling
- Heve kompetansen hos BM-rådgivarane for å sikre gode ESG-vurderingar i dialogen med kundane
- Samle inn pålitelege data frå kundane, for å forbetre berekningane av finansierte utslepp og utvikle meir effektive tiltak

Framgang i 2024


I løpet av året har banken fortsett arbeidet med å forbetre datakvaliteten i berekningane av finansierte klimagassutslepp. Medlemsskapen i PCAF (Partnership for Carbon Accounting Financials), som banken vart ein del av i desember 2023, har gitt oss tilgang til informasjon om utsleppsfaktorar som forbetrar samanlikningsgrunnlaget for berekningar av finansierte klimagassutslepp.

Utslepp frå bedriftsmarknaden

Tabellen under gir eit oversyn over utsleppa frå bransjane i bedriftsmarknaden, basert på berekningane våre for 2024:

Finansierte utslepp (tal i tCO ₂ e)	Utlån i mill. kr	Scope 1+2	Vekta data-kvalitet	Utsleppsintensitet (tCO ₂ e pr. mill. kr utlån)	Scope 3
Fiskeri/fiskeindustri	2.014	78.988	4,13	39,2	36.992
Havbruk	623	36.568	4,03	58,7	16.607
Hotell og reiseliv	515	808	4,12	1,6	4.405
Industri og bergverk	2.095	15.755	4,04	7,5	33.663
Kulstur, underhaldning og fritidsaktivitetar	128	534	4,20	4,2	1.023
Tenesteyting	133	41	4,05	0,3	234
Transport	656	12.737	4,12	19,4	7.098
Varehandel	475	2.367	4,17	5,0	12.895
Energi/Kraft	555	6.851	4,35	12,3	2.614
Eigedomsutvikling	6.142	1.946	4,49	0,3	22.851
Bygg og anlegg	475	2.400	4,18	5,1	28.176
Bil	172	806	4,09	4,7	4.391
Anna	613	964	4,21	1,6	3.057
Landbruk	1.782	95.192	3,00	53,4	146.043
Næringseigedom		2.217	3,00		2.415
Totalt bedriftsmarknad	16.378	258.174		15,8	322.465

Les meir om vårt arbeid med berekraft mot bedriftsmarknaden i banken sitt klimarekneskap og TCFD-rapport i berekraftsvedlegget.



Økonomisk kriminalitet

Viktigaste styrande dokument

Strategi kvitvasking og terrorfinansiering, Risikovurdering kvitvasking og terrorfinansiering og Strategi for økonomisk kriminalitet

Heng saman med FN sine berekraftmål



Ansvarlege i banken

Divisjon for Teknologi ved avdeling for økonomisk kriminalitet

KVIFOR ER DETTE VESENTLEG FOR OSS

Økonomisk kriminalitet, som bedrageri, korrupsjon, arbeidslivskriminalitet, kvitvasking og skatteunndraging er eit alvorleg samfunnsproblem og ein trussel mot velferdssamfunnet samstundes som det undergrev eit berekraftig næringsliv med fri konkurranse på like vilkår. Nedkjemping av økonomisk kriminalitet, som kvitvasking av pengar tent på kriminell verksemd er eit viktig arbeid. Det er ein del av samfunnsoppdraget vårt, å sørge for at næringa ikkje blir utnytta til ulovlege forhold gjennom tenestene og produkta våre.

KVA TRENDAR SER VI, OG KORLEIS HANDTERER VI DETTE?

Økonomisk kriminalitet er ofte samansett. Kvitvasking eller bedrageri er berre deler av den kriminelle verksemda. Dei kriminelle er ofte profesjonelle aktørarar med ein kombinasjon av legal og illegal verksemd og utnyttar teknologi, struktur og nettverk for å skjule den illegale delen. Banken har ingen toleranse for å verte nytta til kvitvasking eller terrorfinansiering og prioriterer arbeidet mot økonomisk kriminalitet høgt. Ved å kjenne til kva risiko som er knytt til verksemda, kundane og produkta våre, søker vi å redusere risikoen gjennom målretta risikoreduserande tiltak.

GJENNOMFØRTE TILTAK I 2024

Gjennom 2024 har vi fokusert på å auke kompetansen innan fagområdet gjennom tilpassa opplæring til både tilsette og styremedlemmer. Banken har utvikla eksisterande system og teke i bruk ny teknologi for å betre kunne avdekke mistenkelege forhold. Det er arbeid aktivt med å gjere arbeidet med antikvitvasking meir effektivt og risikobasert. Styret har fått månadleg statusoppdatering på utvikling av risiko innan kvitvasking, terrorfinansiering, sanksjonar og svindel og spesifikt bedt om oppfølging på enkeltområder gjennom året.

PLANAR I 2025

Banken vil halde fram med å bygge kompetanse innan økonomisk kriminalitet i organisasjonen og blant kundane våre. Vi vil søke tettare dialog med Økokrim, politiet og andre bankar for å gi dårlegare føresetnader for dei kriminelle. Skal samfunnet lukkast i arbeidet med å redusere den økonomiske kriminaliteten, er samarbeid mellom rapporteringspliktige og det offentlege ein nøkkelfaktor. Banken vil arbeide for å utnytte teknologi i større grad, for å effektivisere arbeidet kring økonomisk kriminalitet og vil prioritere ressursar til dette.





RISIKO RELATERT TIL KVITVASKING, TERRORFINANSIERING OG SANKSJONER

Bank og finans er næringar med høg risiko for å verte nytta til kvitvasking. Styret i SSF har vedtatt moderat risikotoleranse med omsyn til risiko for kvitvasking og terrorfinansiering men med mål om lågast mogleg risiko. Alle kundetiltak og aktivitetar for å redusere risiko i banken er risikobaserte, slik at ressursane blir brukt så effektivt som mogleg. Ein føresetnad for den risikobaserte tilnærminga er at det blir gjort ei konkret verksemdsinnretta risikovurdering der banken skal identifisere og vurdere eigen risiko for kvitvasking og terrorfinansiering. Dersom restrisikoen ikkje er i tråd med SSF sin styrevedtekne risikotoleranse, vert det sett i verk ytterlegare risikoreduserande tiltak.

KOMMUNIKASJON OG OPPLÆRING

Alle tilsette og styremedlemmer i banken får informasjon og er pålagde å gjennomføre opplæring innanfor anti-kvitvask, terrorfinansiering og sanksjonsregelverket. Opplæringa er tilpassa den einskilde si rolle, men skal som minimum sørge for at dei er kjende med banken si risikoeksponering, banken sine plikter etter kvitvaskingsregelverket og i stand til å kjenne att forhold som kan indikere kvitvasking og terrorfinansiering.

Banken søker også aktivt å formidle kunnskap til kundane og lokalsamfunnet gjennom artiklar, pressemeldingar og deltaking på foredrag, for å førebygge kriminelle handlingar. Gjennom 2024 har banken hatt eit særleg fokus på å informere om svindelmetodar, for å unngå at kundar vert utsette for bedrageri.

FAKTISKE TILFELLE OG TILTAK

	2024	2023
Totale tilfelle		
Tilfelle knytt til interne bedrageri	0	0
Tilfelle knytt til eksternt bedrageri	791	1 055

KOMMENTAR

Banken har i 2024 registrert 791 hendingar med eksternt bedrageri. Det er ein auke i svindelforsøk, men dei fleste forsøka vert stoppa av system, eller av kundane sjølv. Banken har styrka innsatsen på området vidare og tilsett ein ny person i 2024. Det er ingen bekrefte tilfelle knytt til korrupsjon, eller internt bedrageri i 2024.

Ansvarleg innkjøp

Vi i SpareBank 1 Sogn og Fjordane stiller etikk- og miljøkrav til leverandørane våre. Ved å stille krav bidrar vi til at leverandørane våre følgjer internasjonale arbeidslivskonvensjonar og reduserer sine klimavtrykk.

Vi arbeider for at leverandørane våre skal følgje nasjonale lover og reglar, samt internasjonale FN- og ILO-konvensjonar, prinsipp om klimanøytralitet og miljøkrav gjennom avtaleverk og ISO-sertifisering. Banken har kring 280 leverandørar og forretningspartnarar.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane gjennomfører, i samsvar med plikter i openheitslova, aktsemdsvurderingar av leverandørar og andre forretningssamband for å sikre at dei tek omsyn til grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve, og følgjer opp leverandørar med identifisert risiko. Les meir om dette arbeidet i banken si utgreiing for aktsemdsvurderingar i berekraftsvedlegget.

Ansvarleg marknadsføring

Gjennom marknadsføringsarbeidet skal banken sikre at produkta og tenestene vert kommunisert og marknadsført på ein måte som støttar FN sine berekraftsmål, styrkar konkurransekrafta og reduserer ESG-risiko. Dette inneber å handle ansvarleg i måten vi kommuniserer med kundane våre gjennom rådgjevarar og i ulike digitale kanalar.

Banken har utarbeidd ein eigen marknadsføringspolicy med fokus på berekraft. Vi er opptekne av å unngå grønvasking, og sikrar at all marknadsføring er ærleg og transparent, slik at kundane våre kan stole på at produkta og tenestene våre faktisk bidrar til berekraftige løysingar. Marknadsføringspolicyen er tilgjengeleg i berekraftsbiblioteket på ssf.no/berekraft.

Digital sikkerheit og personvern

Som bank behandlar vi personopplysningar og finansiell informasjon om kundane våre, og informasjonssikkerheit er derfor vesentleg for oss. SpareBank 1 Sogn og Fjordane skal sikre at alle typar informasjon skal vernast mot ikkje-autoriserte oppslag, endringar, øydelegging, offentleggjering eller tap. Banken opprettheld høg kompetanse innan informasjonssikkerheit, for å sikre at løysingane våre er trygge og robuste.

Banken er underlagt reglar om teieplikt og informasjonssikkerheit, mellom anna gjennom IKT-forskrifta, personopplysningslova, personvernforordninga (GDPR) og bankkonsesjonen. Banken har i tillegg egne styrande dokument for informasjonss-

sikkerheit og personvern. Vi driv aktivt med bevisstgjeriing, når det gjeld sikkerheit blant egne tilsette, og gjennomførte mellom anna eit obligatorisk e-læringskurs om digital sikkerheit og personvern for alle tilsette i 2024.

Det var ingen rapporterte personvern-avvik eller sikringsbrudd som medførte bøter eller sanksjoner for konsernet i 2024. SpareBank 1 Sogn og Fjordane meldte 7 brudd på personvernsikkerheten til Datatilsynet, og SpareBank 1 Utvikling meldte 1 brudd på vegne av banken i 2024. SpareBank 1 Sogn og Fjordane meldte 8 brudd på IKT-forskriften til Finanstilsynet, medan SpareBank 1 Utvikling meldte 1 brudd på vegne av banken i 2024.

Våre dyktige tilsette

Viktigaste styrande dokument

Årsrapport, strategi,
godtgjersleordning,
personalhandbok.

Ansvarlege i banken

HR-avdelinga
ved HR-direktør
Eirik Rostad Ness

ARBEIDSFORHOLD

Banken ønskjer å vere ein attraktiv arbeidsplass, der både dei tilsette og organisasjonskulturen er definert som viktige konkurransefortrinn. Vi arbeider aktivt for å vidareutvikle organisasjonskulturen mellom anna gjennom eit godt samspel med tillitsvalde, eit felles utvikla avtaleverk, trivselstiltak og kompetanseheving. Våre tilsette er den viktigaste ressursen vi har for å ivareta og styrke posisjonen i marknaden. Dette krev at vi må overvake konkurransesituasjonen i arbeidsmarknaden kontinuerleg. I tillegg må vi overhalde reglar innan relevant lovgjeving, tariffavtalar og banken si godtgjersleordning knytt til tilsetjingsvilkår. Etterleving av godtgjersleordninga blir rapportert til styret og vurdert kvart år av banken sin internrevisor. Alle tilsetjingar som ikkje fell inn under bedriftsavtala sin definisjon av leiande tilsette, blir handsama i banken sitt tilsetjingsutval der også tillitsvalde er representert. I dei årlege lønsoppgjera blir det gjennomført drøftingar med tillitsvalde i banken om den økonomiske ramma for, og innretninga på, det lokale oppgjeret.

Med heimel i ulike lover er banken pålagt å gjennomføre eignavurderingar av nærare bestemte tillitsvalde og tilsette. Finanstilsynet har i rundskriv nr. 3/2023 gjort nærare greie for reglane og praktiseringa av desse. Banken må syte for å etterleve reglane om eignavurderingar i samsvar med nemnde rundskriv, og eventuelt seinare reviderte versjonar av rundskrivet. Eignavurdering skal gjennomførast ved endringar i styre, endring i funksjonen som dagleg leiar, andre faktiske leiarar og nøkkelfunksjonar. Leiar av HR-avdelinga har ansvar for å sjå til at dei lovfesta krava til ei kvar tid er oppfylte. Dette omfattar mellom anna å sjå til at valnemnda til generalforsamlinga eignavurderer kandidatane dei føreslår, og at det ved endring i organisasjonen vert gjennomført naudsynnte eignavurderingar.

I den faste verksemdsstyringa, som blir rapportert til styret, inngår også rapportering på sentrale måltal og tiltak innanfor HR-området. I tillegg er det utvikla styringsdokument som Etske retningslinjer, Godtgjersleordning, Styret si fråsegn om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette, og Rutine for eignavurdering. I etske retningslinjer kjem det klart fram at banken har nulltoleranse for mobbing og alle former for trakassering. Banken sine leiarar har eit særleg ansvar for å passe på at dei sjølve og deira underordna etterlever dei etske retningslinjene, med nødvendig omsyn til ujamn balanse mellom dei involverte, til dømes i form av ulik alder, status og posisjon.

Vi legg til rette for, og følgjer opp, at tilsette har god kjennskap til, og at dei følgjer banken sine etske retningslinjer og retningslinjer mot økonomisk kriminalitet. Dette vert følgt opp gjennom program for opplæring av nye tilsette og som tema i personalmøte. Det er ikkje rapportert om intern økonomisk kriminalitet i 2024.





ORGANISASJONSUTVIKLING OG KOMPETANSE

SpareBank 1 Sogn og Fjordane tilpassar organisasjonen i takt med utviklinga i næringa, regelverk og kunde-åtfærd. Gjennom grundige prosessar arbeider banken heile tida med organisasjonsutvikling og endringar som er tilpassa krav og behov. Ein kompetent og motivert organisasjon blir i strategien framheva som eitt av banken sine konkurransefortrinn. Organisasjonen skal vere prega av ein kultur basert på læring, utvikling, samarbeid og open kommunikasjon.

Banken har dei siste åra hatt mange utfordrande oppgåver, og slik har det vore i 2024 også. Banken tok i 2023 avgjerd om å investere i og bli medeigar i SpareBank 1-alliansen, og har i 2024 gjennomført ein god overgang, for både kundar og tilsette, og blitt SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Banken har tilpassa organisasjonen i forbindelse med inntreden i alliansen, og dette arbeidet fortset i 2025. Mange tilsette har fått nye roller og ansvarsoppgåver, og har blitt ein del av nye nettverk i alliansen.

Banken har brukt mykje ressursar på interne kurs og opplæringsaktivitetar. Hovudmålet med alle kompetansetiltak er å legge til rette for at tilsette i banken skal kunne oppnå rett kompetanse, for å nå banken sine forretningsmessige mål, og støtte opp under bransjekrav og banken sitt omdømme. Fagleg utvikling og karriereplanlegging er viktig for å rekruttere og halde på dyktige medarbeidarar og nøkkelpersonell i verksemda. Kompetansemåla er forankra i banken sin overordna strategi og i ei rekke fagspesifikke strategiar i banken. Banken gjennomfører kompetansekartleggingar for å avdekke kompetansegap. Dette er også eit viktig område i dei årlege risikovurderingane til HR-avdelinga. Den einskilde medarbeidar har sjølv ansvar for eiga fagleg og personleg utvikling. Leiarar på alle nivå har ansvar for at tilsette får naudsynt opplæring.

Sidan 2023 har banken hatt eit minstenivå for felles praksis for medarbeidarutvikling i banken. I starten av året utarbeider kvar avdeling eit målbilete, der den overordna strategien blir brote ned i konkrete mål og handlingsplanar for avdelinga. For å sikre forankring av strategien hos den enkelte medarbeidar og for å gjennomføre ei målretta kompetanseutvikling,

blir strategien vidare konkretisert i mål og utviklingsområde for den enkelte tilsett, og desse blir følgt opp i utviklingssamtaler gjennom året. Alle tilsette har regelmessige medarbeidersamtalar, og stillingsinstruksar blir oppdatert kvart år.

Eit viktig hjelpemiddel i banken si opplæring er e-læringsverktøyet Motimate. Frå hausten 2024 har banken også tatt i bruk SpareBank 1 sitt e-læringsverktøy Utsikt. I 2024 har alle tilsette gjennomført til saman fem timar obligatorisk opplæring i Motimate og Utsikt om anti-kvitvask, IT-sikkerheit, personvern, konkurranserett og årleg stadfesting av banken sine etiske retningslinjer. I tillegg kjem tid brukt på autorisasjonar og årlege kunnskapsoppdateringar på desse. I 2024 har tilsette også fått mykje kompetansopåfyll i forbindelse med inntreden i SpareBank 1-alliansen. Motimate blir også brukt i onboardingprosessen for å gi alle nyttilsette same grunnopplæring. I tillegg til Motimate får alle tilsette kunnskapsopåfyll på sine fagområde, og det er etablert fagspesifikke kompetansegrupper som fortløpande gir innspel til kompetansearbeidet i banken. Banken tilbyr støtte til kurs og utdanning. Utdanninga må vere i samsvar med banken sine behov, og ein del av den enkelte sin utviklingsplan. Gjennom kurs, trening, kartlegging og testing sikrar og dokumenterer banken tilsette sin kompetanse.

Som medlem i Finansnæringens Autorisasjonsordninger (FinAut) har banken forplikta seg til at rådgjevarane skal vere autoriserte og følge finansnæringa sin bransjenorm «God Skikk». Autorisasjonsordningane skal fremje og sikre naudsynte haldningar, ferdigheiter og kunnskap hos rådgjevar innan fagområda sparing og plassering, kreditt, skade- og personforsikring, skadeforsikring næringsliv og personforsikring næringsliv. I 2024 har banken også knytt seg til FinAut si godkjenning for Informasjonsgivere. Finansnæringa si bransjenorm, «God Skikk», set krav til autoriserte sin praksis på ti ulike område. Rådgjevarane må årleg ta oppdateringskurs, og i 2024 har mellom anna økonomi og psykisk helse, framtidfullmakt, naturskade, forsikringsvindel, god skikk og etikk vore viktige tema i oppdateringane.

FAGOMRÅDE	ANTAL AUTORISERTE RÅDGJEVARAR PER 31.12.2024
Sparing og investering (AFR)	87
Kreditt (KRD)	68
Personforsikring (PF)	66
Skadeforsikring (SF)	59
Skadeforsikring næringsliv	4
Personforsikring næringsliv	4
Informasjonsgiver	1



Banken har ein livsfasepolitikk som tar omsyn til at tilsette er i ulike livsfase og -situasjonar. Ein del av dette er seniorpolitikken som bygger på ei grunnhaldning om at seniorar er ein ressurs med verdifull kompetanse som banken har behov for. For å stimulere til at flest mogleg står lengst mogleg i jobb, blir det ved fylte 60 år gjennomført ein samtale med mål om å gjere framtida meir føreseieleg for begge partar.

Skal banken lukkast i omstillingsarbeidet må også leiarane i banken utvikle seg. Banken gjennomførte eit omfattande leiarutviklingsprogram for mellomleiarar og leiertalent i banken i 2019-2020. Banken såg gode og direkte effektar av leiarsatsinga i organisasjonen, og følgjer opp programmet med nye tiltak. Leiarforum har vore ein fast møteplass for leiarar i banken, og har gitt rom for idéutveksling, kompetanseutvikling og informasjonsdeling. I 2024 gjennomførte banken eit leiarutviklingsprogram med fokus på endringsleiing for å sikre ein god overgang til å bli SpareBank 1 Sogn og Fjordane.

Banken har lagt til rette for ein hybrid arbeidskvardag med bruk av heimekontor, og det er inngått skriftlege avtaler med tilsette som nyttar seg av ordninga. Hovudarbeidsplassen skal framleis vere kontoret, og derfor er det sett ned eit prosjekt som ser på korleis kontorutforming kan bidra til å skape eit kontor som bidreg til ein inspirerende arbeidskvardag og tillitsbygging, og som gjer kontoret til den føretrekte arbeidsplassen. Ein større bruk av heimekontor utfordrar bedriftskulturen i banken, og banken har derfor jobba med digitale og fysiske kulturbyggjande tiltak i organisasjonen. Det har blitt jobba aktivt og målbevisst med å arrangere digitale samlingar som skaper god samhandling, inspirasjon og gode opplevingar for dei tilsette i banken. I 2024 vart det også arrangert ei vellukka samling for alle tilsette for å markere gjennomført inntreden i SpareBank 1.

Banken evaluerer arbeidet med organisasjonsutvikling og kompetanse gjennom kompetansekartlegging, internkontroll, etterlevingsarbeid, internrevisjon, registrering av hendingar i hendingsdatabasen, handsaming av kundeklagar, statusrapportar frå FinAut, benchmarking og Finans Norge si årlege kompetanseundersøking.

ARBEIDSMILJØ

SpareBank 1 Sogn og Fjordane gjennomfører årleg medarbeidarundersøkingar som kartlegg trivselen til dei tilsette. I løpet av året vart det gjennomført to undersøkingar; ei større medarbeidarundersøking og ei kortare pulsmåling. Undersøkingane måler medarbeidartilfredsheit og -engasjement, og gir tilsette rom for å gi tilbakemeldingar om korleis dei opplever arbeidssituasjonen knytt til informasjonsflyt, kommunikasjon og oppfølging. Undersøkingane viser at banken har eit godt arbeidsmiljø, samanlikna med næringa og arbeidslivet generelt. Både medarbeidartilfredsheit og -engasjement er styrka gjennom 2024. Forbettrings- og forsterkingsområde blir følgde opp, både på konsernivå og i den enkelte avdeling, for å styrke arbeidsmiljøet og sikre gode resultat i framtida.

Banken har sidan 2003 vore IA-bedrift (avtale om inkluderande arbeidsliv). Gjennom avtalen har banken forpliktet seg til å arbeide for å halde sjukefråværet lågt, og å legge til rette for at tilsette som får redusert funksjonsevne kan halde fram i arbeidet.

Banken har tariffavtale med Finansforbundet i SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Samarbeidet mellom leiinga og tilsette sine representantar er godt. Det er etablert felles samarbeids- og arbeidsmiljøutval, der Finansforbundet og vernetenesta er representert. Det har vore høg fokus på arbeidsmiljøet i banken i 2024. Arbeidsmiljøutvalet i banken har hatt 4 møter i 2024 og handsama 5 saker om arbeidsmiljøet. Det blir jamleg gjennomført grunnleggjande arbeidsmiljøopplæring for leiarar og verneombod, siste gjennomføring var våren 2023.

Det gjennomsnittlege sjukefråværet var på 4,64 % i 2024, ein auke frå 3,84 % i 2023. Både eigenmeldt fråvær og kortidsfråvær er stabilt. Det er langtidsfråværet som har auka, og banken har fokus på god oppfølging av sjukmelde og tilbyr tilrettelegging, slik at dei som er sjukmelde kan komme raskast mogleg tilbake i jobb. Banken har endra berekningsmåte for sjukefråvær frå og med årsrapporten for 2024. Tala for 2023 er også endra slik at dei kan samanliknast. I tråd med NAV og SSB sine retningslinjer for rapportering av sjukefråvær skal ikkje ferie lenger redusere moglege dagsverk i rapporten. Sjukefråvær blir rekna i prosent av moglege dagsverk, så endringa inneber at sjukefråværsprosenten er lågare enn tidlegare rapportert (4,21 % i 2023).

Det er ikkje registrert avviksmeldingar på skadar som skuldast ulukker eller arbeidsbelastning i 2024.



REKRUTTERING OG TURNOVER

I 2024 rekrutterte vi 43 kvinner og 38 menn i interne og eksterne rekrutteringsprosesser, til både faste og midlertidige stillingar. Turnover har blitt redusert til 4,97 % i 2024 frå 6,83 % i 2023. 29 faste tilsette har endra stilling internt, enten til ny arbeidsstad eller ny rolle. Av dei 46 som har fått faste stillingar i 2024 var 61 % kvinner og 39 % menn.

TAL NYTILSETTE OG TURNOVER	2023	2024
Aldersfordeling nyttilsette (fast stilling)		
Under 30 år	8	24
30 år – 50 år	18	20
Over 50 år	2	2
Kvinnelege nyttilsette	15	28
Mannlege nyttilsette	13	18
Tilsette fordelt på region	Vi er ein region	
Turnover totalt	6,83 %	5,03 %
Turnover kvinner	5,28 %	3,58 %
Turnover menn	8,70 %	6,90 %
Turnover per region	Vi er ein region	

Turnover for kvinner er rekna av tal fast tilsette kvinner og turnover for menn er rekna av samla tal fast tilsette menn i banken.

LØNN, LIKESTILLING OG MANGFALD

Banken har som visjon å vere ei drivkraft i Sogn og Fjordane. Det er viktig at banken har kompetanse i eige hus for å handtere risikoar som banken møter. Lønspolitikken til banken skal stimulere og motivere noverande og framtidige tilsette. Løna skal vere konkurransedyktig i forhold til samanliknbare bedrifter i marknaden og i regionen. I tillegg blir det lagt vekt på den enkelte sine kvalifikasjonar og ansvarsområde. Banken skal føre ein lønspolitikk som stimulerer til utvikling og lagånd.

Banken arbeider aktivt for at tilsette skal ha lik løn for arbeid av lik verdi. Det er utarbeidd kartleggingsverktøy som gjer det enklare å utjamne lønsskilnader i banken, og likelønsvurderingar er ein obligatorisk del av dei årlege lønsoppgjera.

Tabellane under viser gjennomsnittsløn ved 100 % stilling, fordelt på ulike stillingsnivå og kjønn. Nivå 1 – Adm. dir. er ikkje med i berekning av gjennomsnittsløn totalt i banken.

GJENNOMSNITTLØN

Organisasjonsnivå	2023	2024	Auke siste år	Auke siste år utan eingongstildeling EK-bevis
Nivå 1 – Adm. dir.	3.351.792	3.734.752	11,43 %	10,08 %
Nivå 2 – Leiargruppa	1.451.410	1.618.022	11,48 %	8,38 %
Nivå 3 – Andre leiarar med personalansvar	955.105	1.096.921	14,85 %	10,14 %
Nivå 4 – Fagsjef	792.426	923.171	16,50 %	10,82 %
Nivå 5 – Rådgjevar/konsulent	672.570	759.009	12,85 %	6,16 %
Midlertidig tilsett	460.961	459.946	– 0,22 %	– 0,22 %
Totalt i banken	718.879	803.968	11,84 %	6,00 %



GJENNOMSNITTLØN

Kjønn	2023	2024	Auke siste år	Auke siste år utan eingongstildeling EK-bevis
Kvinner	681.670	765.403	12,28 %	6,01 %
Menn	786.306	873.764	11,12 %	5,92 %
Totalt i banken	718.879	803.968	11,84 %	6,00 %

Det vart gjennomført ei eingongstildeling av EK-bevis til fast tilsette 10. desember 2024. Ramma for tildeling av EK-bevis var 100 EK-bevis per tilsett pluss eit kontantvederlag på kr. 15.000. Samla verdi per tilsett var på om lag kr. 45.000. Når vi ser vekk frå denne eingongstildelinga er auken i gjennomsnittsløn totalt i banken 6 %.

Tabellen under viser kvinner si løn i % av menn si løn ved 100 % stilling, fordelt på ulike stillingsnivå.


LIKELØNN

Organisasjonsnivå	2023	2024
Nivå 2 - Leiargruppa	82 %	82 %
Nivå 3 - Andre leiarar med personalansvar	98 %	97 %
Nivå 4 - Fagsjef	84 %	88 %
Nivå 5 - Rådgjevar/konsulent	94 %	92 %
Midlertidig tilsett	108 %	95 %
Totalt i banken	89 %	90 %

Gjennomsnittsløna for både kvinner og menn har gått opp frå 2023 til 2024, og auken er større for kvinner. Kvinner si løn i % av menn si løn har auka til 90 % i 2024 frå 89 % i 2023. Banken har jobba bevisst med likeløn ved både rekruttering og i lønsoppgjjer, og har gjort tiltak for å utjamne lønsskilnader som ikkje kan forklarast med anna enn kjønn. Lønsskilnader mellom kvinner og menn har tidlegare i stor grad skuldast eit fleirtal av menn i leiande stillingar, og banken jobbar målretta med tiltak for å auke andelen kvinnelege leiarar. Andre skilnader skuldast historiske samanhengar. Banken har ikkje fått melding om, eller avdekkja tilfelle av lønsdiskriminering. Banken vil fortsette å arbeide aktivt for å redusere lønsskilnader.

I berekinga av lønsskilnad og gjennomsnittsløn har vi tatt med grunnløn per 31.12. og ulike tillegg som overtid og naturalytingar for rekneskapsåret. I naturalytingar inngår EK-bevis, fast bilgodtgjersle, fri bil, personalforsikring, skattepliktig rentefordel og skattepliktige gåver. Stillingsnivåa er basert på eksisterande stillingskategoriar i banken og ei vurdering av kva stillingar som inngår i dei ulike nivåa. Vi har også vurdert likt arbeid og arbeid av lik verdi i utforminga av stillingsnivå.

Banken er oppteken av å legge forholda til rette for kvinner i leiande stillingar. I styret er fire av åtte medlemmer kvinner. I leiargruppa er det tre kvinner og seks menn, inkludert administrerande direktør. Av dei tilsette er 56 % kvinner og 44 % menn, ei fordeling som er uendra frå 2023. Andelen kvinner med personalansvar har auka til 39 % i 2024 frå 38 % i 2023.






FORRETNINGSOMRÅDE OG SAMFUNNSANSVAR

Det er eit langsiktig mål å ha relativ lik fordeling av kjønn på alle stillingsnivå og forretningsområde, og banken har som mål at andelen kvinner i leiande stillingar ligg mellom 40 og 60 %. Banken nådde målet både i 2021 og 2022, men i 2023 blei andelen kvinner med personalansvar redusert til 38 %. I 2024 er det ein liten auke til 39 %. Dette er eit område som krev kontinuerleg fokus, og banken vil framover sjå på tiltak for å auke andelen kvinnelege leiarar. Andelen kvinner med fagansvar er 57 % og uendra frå 2023.

Kjønnsbalanse for leiarar i %



UTVIKLING I KJØNNBALANSEN

Andel kvinner	2023	2024
Nivå 1 – Adm. dir.	0 %	0 %
Nivå 2 – Leiargruppa	38 %	38 %
Nivå 3 – Andre leiarar med personalansvar	40 %	42 %
Nivå 4 – Fagsjef	57 %	57 %
Nivå 5 – Rådgjevar/konsulent	58 %	60 %
Midlertidig tilsett	60 %	41 %
Totalt i banken	56 %	56 %

I 2024 har Reiel Haugland hatt permisjon frå stillinga som Teknologidirektør for å vere prosjektleiar for inntreden i SpareBank 1-alliansen, og i denne perioden er Jill Aasen Hole fungerande teknologidirektør. Begge er inkludert i stillingsnivå 2 – Leiargruppa.

Likestillingselskapet «SHE» har i samarbeid med rådgjevs- og revisjonsselskapet EY lansert ein nasjonal indeks som måler kor gode norske selskap er på kjønnsbalanse. SpareBank 1 Sogn og Fjordane fekk 83 poeng av 100 moglege i 2024. Banken er tilknytt Kvinner i Finans Charter, og har forplikta seg til å setje interne mål for kjønnsbalanse på leiarnivå, og til å ha ein person på leiarnivå som har dedikert ansvar for oppfølging av arbeidet med mangfald og likestilling i banken. Tala viser at finansføretak, som har slutta seg til denne organisasjonen, i snitt er betre på kjønnsbalanse enn andre bedrifter i næringa.

Av banken sine 323 tilsette arbeider 32 tilsette deltid. Av desse er 19 kvinner og 13 menn. Deltidsarbeidet består stort sett av tilsette i 80 og 90 %-stillingar, med unntak av studentar som jobbar deltid på Studentsenter, Kundesenter og Bedriftssenter. Det er ikkje dokumentert ufrivillig deltidarbeid i banken.

DELTIDSTILSETTE

Kjønn	2023		2024	
	Prosentandel	Tal	Prosentandel	Tal
Kvinner	68 %	15	59 %	19
Menn	32 %	7	41 %	13
Totalt i banken		22		32

I 2024 hadde banken 22 tilsette i midlertidige stillingar. Av desse er det 9 kvinner og 13 menn.



MIDLERTIDIG TILSETTE

Kjønn	2023		2024	
	Prosentandel	Tal	Prosentandel	Tal
Kvinner	60 %	9	41 %	9
Menn	40 %	6	59 %	13
Totalt i banken		15		22

Alle tilsette har rett på foreldrepermisjon. 17 tilsette har tatt ut foreldrepermisjon i banken i 2024. Av disse er 11 kvinner og 6 menn. 6 av kvinnene (55 %) har returnert til arbeid etter permisjon og er framleis i arbeid, medan 5 framleis er i permisjon. 5 av mennene (83 %) har returnert til arbeid etter permisjon og er framleis i arbeid. Kvinnene har tatt ut 692 permisjonsdagar, medan menn har tatt ut 333 dagar. Konklusjonen er at menn i banken tar ut fedrekvoten.

FORELDREPERMISJON

Kjønn	2023			2024		
	Antal	Dagsverk	Veker	Antal	Dagsverk	Veker
Kvinner	15	1.647	329	11	692	138
Menn	7	548	110	6	333	67
Totalt i banken	22	2.195	439	17	1.025	205

VÅRT ARBEID FOR LIKESTILLING, MANGFALD OG INKLUDERING, OG MOT DISKRIMINERING

Banken har som mål å vere ein av dei mest attraktive arbeidsplassane i Sogn og Fjordane. I det legg vi også eit likestillings- og mangfoldsperspektiv. Banken har ei målsetting om å rekruttere tilsette som speglar det samfunnet vi er ein del av. I strategien, rekrutteringspolitikken og godtgjersleordninga har vi konkrete målsettingar om likebehandling. Vi legg til grunn forskning som dokumenterer at mangfald i mange samanhengar har positive effektar på arbeidsmiljø, utvikling og verdiskaping. Både i kvardagen og i rekrutteringa har vi fokus på å ivareta og utvikle mangfald i banken. Vi trur at det å dyrke forskjellar er viktig for å utvikle banken vidare.

MANGFALD

Prosentvis aldersfordeling tilsette	2023	2024
Under 30 år	12 %	18 %
30 år – 50 år	51 %	50 %
Over 50 år	38 %	33 %
Prosentvis aldersfordeling styrende organ (styret)	2023	2024
Under 30 år	0 %	0 %
30 år – 50 år	63 %	63 %
Over 50 år	38 %	38 %

Banken er avhengig av tillit frå kundar, offentlege styresmakter, eigenkapitalbeveigarane, långjevarar og samfunnet elles. Det er derfor viktig at verksemda har høg etisk standard. Banken sine avgjerder skal vere styrte av etiske reglar som samsvarer med den allmenne rettsoppfatninga og den rolla Sparebanken har som samfunnsaktør. Ei bevisst haldning og aktivt arbeid for å unngå diskriminering er viktig for å vidareutvikle omdømme som ein attraktiv arbeidsgjevar, og ivareta strategiske målsettingar og forpliktingar knytt til å drive ei berekraftig verksemd.



| FORRETNINGSOMRÅDE OG SAMFUNNSANSVAR

Banken er ein dominerande aktør i Sogn og Fjordane, og vi meiner at tydelege haldningar bidreg til å påverke samfunnet vi er ein del av. Sparebanken ønskjer å skape eit positivt, utviklande og utfordrande arbeidsmiljø. Gjensidig tillit, samarbeid, inkludering, engasjement og open framferd er grunnlaget for å nå dette målet. Alle tilsette har eit ansvar for å skape eit godt arbeidsmiljø, og det er venta at alle tilsette er høflege og omgår kvarandre med omtanke og respekt. Dette for å sikre best mogeleg samarbeid.

Diskriminering skal ikkje skje. Vi skal gje like moglegheiter og like rettar til alle, og hindre diskriminering på grunn av etnisitet, kjønn, alder, religion eller livssyn, seksuell orientering, funksjonsnedsetting, graviditet eller familieplanlegging. Ingen tilsette skal utsette andre for trakassering, medrekna seksuell trakassering. Med trakassering er meint handlingar, unnlatingar, eller ytringar som har som føremål, eller som verkar krenkande, skremmande, fiendtlige, nedverdiggande, eller audmjukande. Med seksuell trakassering er meint ei kvar form for uønskt seksuell merksemd som har som føremål, eller verknad, å vere krenkande, skremmande, fiendtlig, nedverdiggande, audmjukande, eller plagsam. Forbodet omfattar trakassering på grunn av eksisterande, moglege, tidlegare eller framtidige forhold.

Det er ikkje meldt om tilfelle av diskriminering eller trakassering i 2024.

PRINSIPP, PROSEDYRAR OG STANDARDAR FOR LIKESTILLING OG MOT DISKRIMERING

Dei viktigaste styringsdokumenta er strategi, godtgjersleordninga, lønspolitikk, policy for likestilling, mangfald og inkludering, etiske retningslinjer og varslingsrutinar. Prosessane blir ivaretatt og overvaka av HR-avdelinga. I tillegg må alle tilsette årleg stadfeste at dei har lest og sett seg inn i banken sine etiske retningslinjer.

Tilsette har både rett og plikt til å varsle om kritikkverdige forhold. Banken har rutine for korleis slik varsling skal skje. Banken følgjer opp at det vert gjennomført naudsynte tiltak for å få slutt på det aktuelle forholdet, eliminere faren, stoppe trakasseringa og diskrimineringa, eller for å unngå sjukdom relatert til arbeid og arbeidsplass. Reglane skal også verne om tilsette som melder frå om kritikkverdige forhold, fremje openheit og medverke til eit godt ytringsklima i banken.

Banken jobbar aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering gjennom arbeidsmetoden i fire steg: Undersøke risikoen for diskriminering og hinder for likestilling, analysere årsaker, iverksette tiltak, og evaluere resultat frå arbeidet. Arbeidet omfattar alle diskrimineringsgrunnlaga og metoden blir brukt på desse fem områda: rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, forfremjing og utviklingsmoglegheiter, tilrettelegging, og moglegheit for å kombinere arbeid og familieleiv. I tillegg arbeider banken for å hindre trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald.

- Vårt likestillingsarbeid er forankra i banken sin strategi, verktøy og retningslinjer.
- I arbeidet med likestilling er både styret, leiinga, tillitsvalde og tilsette involvert.
- Likestillingsarbeidet blir diskutert med tillitsvalde i SAMU (samarbeidsutvalet til banken), som har møte minimum fire gongar i året
- Det er etablert tilsetjingsutval i tråd med hovudavtala mellom Finans Norge og Finansforbundet. Utvalet skal ivareta omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering knytt til løns- og arbeidsføresetnader.
- Haldningsskapande kommunikasjon både internt og eksternt. Banken er ei stor og viktig verksemd i Sogn og Fjordane, og vi tar eit aktivt standpunkt for å kommunisere arbeidet for likestilling og mangfald.
- Banken legg til rette for tilsette med nedsett funksjonsevne og tilsette med spesielle behov.



SLIK JOBBAR VI FOR Å SIKRE LIKESTILLING OG IKKJE-DISKRIMINERING I PRAKSIS

Arbeidsgjevar har saman med tillitsvalde brukt Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet sitt risikokartleggingsverktøy for å kartlegge risiko, analysert årsaker, og deretter utarbeidd tiltak for implementering i 2024.

- Vi har fokus på likestilling og mangfald i rekruttering. Vi har nulltoleranse for trakassering og diskriminering og arbeider for likebehandling og like moglegheiter i rekrutterings- og utviklingsprosessar.
- Vi har revidert rutina for Tilsetjingsutvalet for å handtere likestilling i vid forstand i tilsetjingsprosessar, for å unngå diskriminering.
- Vi har inngått avtale med Ernst & Young om drift av banken sitt eksterne varslingsmottak.
- I lønsforhandlingar og i lokale lønsoppgjer er likestillingskomponenten viktig. Lønsskilnader blir kartlagt, og vi set kvart år av ein likelønspott for å utjamne lønsskilnader som ikkje kan forklarast med anna enn kjønn.
- Kvinner i fødselspermisjon får lønssamtale på lik linje med dei andre tilsette.
- Lønspolitikken er eit verkemiddel for å unngå urettmessige og tilfeldige lønsskilnader og lønsvurderingar.
- Banken har implementert nye malar og praksis for løns- og utviklingssamtaler, og eigenutvikling er eit viktig tema i desse.
- Banken legg til rette for ein god balanse mellom arbeid og familielev. Vi har lagt til rette for fleksitid og heimekontorløyning, når forhalda tilseier det. Totalt sett ønskjer banken minst mogleg overtidsarbeid.
- Vi har tydelege retningslinjer for å hindre trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald, med tilhøyrande varslingsystem.
- Alle tilsette skal årleg lese og stadfeste banken sine etiske retningslinjer.
- Omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering er elles inkludert i personalpolitikken.
- Banken gjennomfører årleg medarbeidarundersøking der vi mellom anna spør om tilsette har opplevd trakassering eller mobbing på arbeidsplassen.

TILTAK VI PLANLEGG I ÅRET SOM KJEM

- Banken arbeider aktivt for å ha relativt lik fordeling av kjønn på alle stillingsnivå og forretningsområde, og dette vil vi framleis halde fokus på framover.
- Auke den potensielle talentdelen av kvinner på alle nivå i verksemda, ved å fokusere på leiertalent og kvinnelege leiarar på alle nivå.
- Gjennomgå rekrutteringsprosess og -rutine, spesielt til leiarstillingar.
- Ved rekruttering av leiarar vil vi ha som mål å kalle inn både kvinner og menn på intervju.
- Halde fram arbeidet med å kartlegge risikoar for diskriminering og hinder for likestilling. Inkludert gjennomgang av rutine og praksis for rekruttering, og å sjå på fysisk utforming av kontor.

Banken evaluerer arbeidet med likestilling, mangfald og inkludering gjennom at kjønnsbalanse og likeløn på ulike stillingsnivå blir følgd opp årleg, og rapportert i årsrapporten. Banken rapporterer i tillegg på kjønnsbalanse og like-lønn til den nasjonale SHE-indeksen og til Kvinner i Finans Charter. I tillegg oppmodar vi tilsette om å rate banken sitt arbeid med mangfald og likestilling gjennom portalen «Equality Check». Mangfald og likelønn vert jamleg diskutert med tillitsvalde i Samarbeidsutvalet og med banken sitt styre. Banken evaluerer lønspolitikken årleg, også med tanke på å unngå urettmessige og tilfeldige lønsskilnader og lønsvurderingar.

Banken evaluerer arbeidet med ikkje-diskriminering gjennom at det blir rapportert særskilt om etikk, diskriminering og likestilling i årsrapporten. HR-avdelinga har ansvar for at diskrimineringsforbodet vert etterlevd i organisasjonen. HR-avdelinga sørger for at alle tilsette har stadfesta etiske retningslinjer. Eventuelle varslingssaker vert omtalt i risikorapporten som blir lagt fram for styret årleg.

Samfunnsnytt 2024

Vi er SpareBank 1 Sogn og Fjordane


Måndag 4. november 2024 er ein merkedato i bankhistoria vår. Då blei Sparebanken Sogn og Fjordane til SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Namnet er nytt, men folka bak namnet og den nye logoen er dei same. Kundane våre har fått nye kort og ny nett- og mobilbank. Utanom dette er det aller mest som då vi var Sparebanken Sogn og Fjordane.

Vi har dei same rådgjevarane på dei same kontora, og vi er framleis eigd av dei same lokale eigarstiftingane som deler overskotet tilbake til samfunnet.



Stryn var det første kontoret vårt som fekk den nye logoen på veggen.

Framtida skapar vi saman



Kommunestyresalen på Skei er gjort om til ungdomsklubb, og her får ungdommane sjølv utforme korleis det skal sjå ut. Thea, Jardar, Odin og dei andre ungdommane fekk 250 000 kroner frå bankoverskotet til dette.

Kvar einaste dag, året rundt, vert det lagt ned ein stor innsats i lokalsamfunna våre. I 2024 gav vi 125 millionar kroner frå overskotet vårt i gåve- og sponsormidlar i Sogn og Fjordane. Nokre små og nokre store, og felles for alle er at gåvene gjer ein forskjell for dei mange og skapar trivsel og bulyst.

Gåvene er gitt gjennom eigarstiftingane til banken, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga Fjaler, i tillegg til gåver og sponsormidlar direkte frå banken.

For alle gåveutdelingar i 2024, sjekk www.sparebankstiftinga.no og www.ifjaler.no.



Til stades for kundane våre

Gjennom 2024 tok vi imot over 200 000 kontaktpunkt frå privat- og bedriftskundane våre på telefon, e-post og chat. I tillegg har vi hatt fleire hundretals kundemøter, arrangert webinar og vore tilgjengeleg i skranken for kundane våre.

Mats Solheim i Stryn er ein av dei mange dyktige rådgjevarane våre.



Roy Stian Farsund (t.v.) er direktør for bedriftsmarknaden hos oss, og i mai delte han ut ei stor gåve til Tore Frimannslund og Høgskulen på Vestlandet. Pengane gjekk til ein ny mastergrad som vil styrke det lokale næringslivet.

Tett på næringslivet

I 2024 innvilga vi lån og garantiar på over 7 milliardar kroner til næringslivet og fekk over 600 nye bedriftskundar.

6 av 10 aksjeselskap i Sogn og Fjordane er kundar hos oss, som gjer oss til den leiande næringslivsbanken i regionen. Vi har over 40 personar som jobbar med næringsliv i banken, og god bransjekunnskap er noko vi vektlegg. Vi har 12 ulike bransjeansvarlege med lang fartstid i alle sentrale bransjar for kundane våre. Dette er viktig både for å avdekke risiko og for å vere ein god sparringpart for kundane våre. Saman finn vi gode løysingar for kundane våre. Inngangen vår i SpareBank 1-alliansen har sikra oss ei endå større produktbreidde, noko som er positivt motteke blant kundane våre.

Vi har eit robust næringsliv i Sogn og Fjordane. Med eit stabilt rentenivå og lågare inflasjon samanlikna med året før, gav det ein stabiliserande effekt for næringslivet i 2024. Vi ser at bedriftene lukkast med å tilpasse seg eit endra makrobilde, og det viser igjen i banken sine utlån, som auka med 4,5 prosent i 2024. Det er også gledeleg å sjå at det i 2024 var historisk høg etterspurnad etter spareprodukt og dett gav stor volumauke i rente- og aksjefond.

Det er viktig for oss å vere synlege ute blant bedriftskundane våre, og gjennom året har vi både arrangert fleire frukostmøte sjølv, i tillegg til å ha delteke på ulike arrangement og konferansar.

Frå overskotet vårt har det gjennom året blitt gitt nærmare 40 millionar kroner i gåver til ulike prosjekt innanfor næringsutvikling, kompetanse, utdanning og forskning.



DNT Sogn og Fjordane har fått 20 millionar kroner av bankoverskotet til prosjektet «Eg gjekk ein tur på stien». Frå venstre: Trond Teigene (SpareBank 1 Sogn og Fjordane), Yngve Thorsen (Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane), Siv Merethe Stadheim (DNT Sogn og Fjordane) og Gry Thyrrerstrup (DNT Sogn og Fjordane).

Ei gåve til heile Sogn og Fjordane

«Eg gjekk ein tur på stien» blei lansert i 2024. Dette prosjektet har som mål å legge til rette for utvikling av turstiar i heile Sogn og Fjordane.

Det var Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane som tok initiativ til prosjektet, og over ein periode på fire år har dei løyvd 20 millionar kroner til DNT Sogn og Fjordane. Desse pengane vert gitt frå overskotet til SpareBank 1 Sogn og Fjordane.

– Desse pengane gir oss ein unik moglegheit til å skape noko bra og varig saman! Vi må jobbe saman, på tvers av kommunar, frivilligheit og ulike organisasjonar, sa styreleiar i DNT Sogn og Fjordane, Siv Merete Stadheim, då ho fekk overrekket gåva av Trond Teigene, administrerande direktør i SpareBank 1 Sogn og Fjordane.

– Sogn og Fjordane har ein fantastisk natur, og gjennom dette prosjektet vert det endå fleire som får tilgang til den. Det er veldig bra! Dette er eit godt og nøye gjennomarbeidd prosjekt, og det er veldig kjekt og fortent at vi med pengar frå overskotet vårt bidrar til at det vert ein realitet. Vi håpar at dette kan ha ein utløysande effekt der målet er at prosjektet skapar verdiar for 60 millionar kroner, sa Trond Teigene.

Allereie før jul fekk dei første turstiane tildelt midlar, og tildelingane held fram for fullt i 2025.

Sponsoravtalane våre

Vi er sponsor for rundt 50 lag og organisasjonar i heile Sogn og Fjordane. Sponsorarbeidet vårt rettar seg mot ungdom, idrett og kultur.

Askvoll og Holmedal IL	Gloppen handballklubb
Balestrand IL	Hornindal IL Fotball
Breimsbygda IL	Hyllestad IL Fotball
Bremanger IL	Idrettslaget Syril
Dale IL Fotball	Høyang IL
Dale IL Handball	IL Jotun
Eid idrettslag handball	Leikanger skyttarlag
Eikefjord IL	Malakoff Rockfestival
Farnes skyttarlag	Markane idrettslag
Fjøra fotballklubb	Masfjord fotballag
Florø E-sport	NFF Sogn og Fjordane
Florø Fotball	Sandane turn og idrettslag
Florø Seilforening	Skavøypoll IL turngruppa
Florø Sportsklubb handballgruppa	Sogn og Fjordane Skikrins
Florø turn og idrettsforening	Stryn turn og idrettslag
Førde IL	Stryn turn og idrettslag handballgruppa
Førde IL Fotball	Stryn turn og idrettslag turngruppa
Førde IL Langrenn	Sunnfjord Golfklubb
Førde IL Turn	Svelgen Turn og Idrettsforening
Førde Studentidrettslag	Tambarskjelvar IL
Førdefestivalen	Ungt Entreprenørskap Vestland
Førde Volleyballklubb	Våt Moro
Gaular IL	Øvre Årdal Janitsjarkorps
Gloppen friidrettslag	



Sunnfjord Golfklubb er ein av mange vi er på lag med. I juni arrangerte vi familiedag saman.

Styret



LISE MARI HAUGEN

styreleiar

Lise Mari Haugen (1979) bur i Førde og er assisterande kommunedirektør for Sunnfjord kommune. Ho har vore assisterande rådmann i Førde sidan 2010. Haugen har tidlegare vore rådmann både for Askvoll og Hornindal kommune. I 2008 til 2009 jobba ho som Senior associate i PWC. Haugen har ein bachelor i økonomi og administrasjon frå Norges Handelshøyskole og MBA i offentlig revisjon frå Norges Handelshøyskole. Haugen var styremedlem i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane frå 2010 og var styreleiar i same styret frå 2015 til 2023.

Haugen har vore styremedlem i banken frå 2016, og styreleiar sidan mars 2023. Deltatt i 16 av 16 styremøte i 2024.



MAGNY ØVREBØ

nestleiar

Magny Øvrebø (1970) bur på Os og er administrerande direktør i Holberg Fondene. Ho har over 20 års erfaring innan finans frå Skandia, Tryg og Nordea. Øvrebø har styreefaring frå ei rekke selskap spesielt innan eigedom og private equity. Ho er utdanna siviløkonom ved Norges Handelshøyskole og er autorisert finansanalytiker og porteføljeforvaltar ved NFF. Øvrebø har også ein MBA med spesialisering i finans frå Norges Handelshøyskole.

Øvrebø har vore styremedlem i banken sidan mars 2019. Deltatt i 16 av 16 styremøte i 2024.




JOHNNY HAUGSBAKK

styremedlem

Johnny Haugsbakk (1969) bur i Flekke, og er i dag administrerande direktør i teknologi-selskapet Metzum, som han var med å etablere i 2020. Haugsbakk har over 25 års erfaring frå ulike stillingar i kraft- og energibransjen, med kjernekompetanse innan leiing, sal og kommersialisering. I 1999 starta Haugsbakk i teknologiselskapet Elis AS (seinare Enoro AS). Gjennom 18 år var han med å bygge dette selskapet opp til eit konsern med over 300 tilsette i fem land. Haugsbakk har ei brei styreefaring frå ulike selskap lokalt og nasjonalt.

Haugsbakk har vore styremedlem i banken sidan mars 2019. Deltatt i 15 av 16 styremøte i 2024.



KRISTIAN SKIBENES

styremedlem

Kristian Skibenes (1978) bur i Måløy og jobbar som CFO i Fjord Shipping AS. Der jobbar han med økonomi og utvikling opp mot Fjord-konsernet, og har i tillegg ei rekke eksterne styreverv. Skibenes har lang yrkeserfaring, og har tidlegare jobba som CFO i Lefdal Mine Datacenter, dagleg leiar i Fjord Shipping og supervisor i BDO AS Oslo. Han er siviløkonom frå BI Sandvika i 2004 og har mastergrad i rekneskap i rekneskap og revisjon.

Han har vore styremedlem sidan mars 2023. Har deltatt i 14 av 16 styremøte i 2024.




SILJE SKAAR SUNDE

styremedlem

Silje Skaar Sunde (1984) leiar i dag forvaltning og utbygging av energiselskapet BKK AS, og sit i selskapet si leiargruppe. Sunde har tidlegare erfaring som seniorrådgjevar og leiar av avdeling for strategi og berekraft i Eviny AS, samt fleire års erfaring som økonomidirektør i Sunnfjord Energi AS. Sunde har styreefaring frå ei rekke selskap, mellom anna Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Sunde har master i revisjon og rekneskap og master i økonomi og administrasjon frå Norges Handelshøyskole.

Ho har vore styremedlem sidan mars 2024. Deltatt i 11 av 16 styremøte i 2024 (nytt medlem i 2024).

Styret



VEGARD STRAND

styremedlem

Vegard Strand (1971) bur i Dale og er dagleg leiar i Åsen & Øvrelid Utvikling AS. Frå tidlegare har han over 25 års erfaring frå ulike stillingar innan ma. entreprenør- og eigeomsbransjen og forretningsutvikling. Han har m.a. vore dagleg leiar i Fjaler Næringsutvikling, Gravdalkonsernet og Eiendomsmebler 1 Sogn og Fjordane. Strand er styreleiar i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Strand har teknisk og økonomisk utdanning og vart statsautorisert eigeomsmebler i 1997.

Han har vore styremedlem sidan mars 2024.

Deltatt i 12 av 16 styremøte i 2024 (nytt medlem i 2024).



OLE-HERMANN ROGNSØY

styremedlem

Ole-Hermann Rognsøy (1977) bur i Førde og jobbar i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, kor han har vore tilsett sidan 2011. Han er i dag leiar for datadriven kundedialog, men har erfaring frå banken som rådgjevar bedriftsmarknad og forretningsutviklar. Frå tidlegare har han erfaring frå gründerverksemd, og sist som controller i Lantmännen Cerealia Norge. Rognsøy har ein bachelor i økonomi og administrasjon frå Handelshøgskolen BI.

Han har vore styremedlem sidan mars 2024.

Har deltatt i 12 av 16 styremøte i 2024 (nytt medlem i 2024).



HELENE GÅSEMYR

fast møtande varamedlem

Helene Gåsemyr (1991) bur i Sogndal har vore tilsett i banken sidan 2015. Ho jobbar i dag som kundeådgjevar på bedriftsmarknaden, og har tidlegare også erfaring som produksjef. Gåsemyr har ein master i økonomi og administrasjon frå Handelshøgskolen i Trondheim.

Ho blei valt som varamedlem i 2023, og har vore fast møtande vara sidan hausten 2024.

Har deltatt i 4 av 16 styremøte i 2024 (fast møtande vara sidan hausten 2024).



TROND TEIGENE

administrerande direktør

Trond Teigene (1968) er administrerande direktør i SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Det har han vore sidan våren 2016. Han kom frå stillinga som direktør for Strategi og Forretningsutvikling. Teigene har jobba i Sparebanken Sogn og Fjordane sidan 2000. Han sit i styret i SpareBank 1 SamSpar AS, Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA.


Teigene har ein mastergrad i strategisk leiing frå Handelshøgskolen BI.

Deltatt i 16 av 16 styremøte i 2024.



Organisasjonskart

pr. 31. desember 2024



Leiargruppa



TROND TEIGENE
administrerende direktør

Trond Teigene (1968) er administrerende direktør i SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Det har han vore sidan våren 2016 då han kom frå stillinga som direktør for Strategi og Forretningsutvikling. Teigene har jobba i banken sidan 2000. Han sit i styret i SpareBank 1 SamSpar AS, Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA. Teigene har ein mastergrad i strategisk leiing frå Handelshøyskolen BI.



FRODE VASSETH
økonomi- og finansdirektør

Frøde Vasseth (1977) har vore direktør for økonomi og finans sidan 2013. Han kom frå stillinga som direktør for forretningsstøtte. Vasseth har jobba i SpareBank 1 Sogn og Fjordane sidan 2002. Vasseth sit i styret i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS og Eiendomskreditt AS. Han er utdanna siviløkonom og har ein MBA i finans frå Norges Handelshøyskole.



LINDA VØLLESTAD WESTBYE
direktør privatmarknad

Linda Vøllestad Westbye (1979) har vore direktør for privatmarknaden sidan mai 2018. Ho kom frå stillinga som avdelingsdirektør i Lotteri- og Stiftelsestilsynet. Ho har tidlegare og jobba i Landsforeningen for Trafikkskadde og ved Universitet i Bergen. Westbye sit i styret for EiendomsMegler 1 Sogn og Fjordane AS, Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS og Norsk Tipping AS. Ho har ein mastergrad i sosialantropologi frå Universitetet i Bergen.



ROY STIAN FARSUND
direktør bedriftsmarknad

Roy Stian Farsund (1975) har vore direktør for bedriftsmarknaden sidan januar 2021. Han kom frå stillinga som banksjef for bedriftsmarknaden i Sunnfjord. Farsund starta i banken i 2008 og har tidlegare jobba i Nordea. Farsund har ein mastergrad i strategisk leiing frå Handelshøyskolen BI, og sit i styret i SpareBank 1 Finans Midt-Norge AS.



JOHANNE VIKEN SANDNES

kommunikasjonsdirektør

Johanne Viken Sandnes (1983) har vore kommunikasjonsdirektør sidan juli 2022. Før det var ho leiar for marknad og kommunikasjon. Sandnes starta i banken i november 2017, og har tidlegare jobba som kommunikasjonsrådgjevar i TV 2 og i Knowit Experience. Sandnes sit i styret i Framtidsfylket. Ho har ein bachelor frå Høgskulen i Volda, og har starta på Master of management på BI.



EIRIK ROSTAD NESS

HR-direktør

Eirik Rostad Ness (1969) har vore direktør for HR sidan 2017. Han kom frå stillinga som hovudtillitsvald i banken. Han har jobba i banken sidan 2009, og har tidlegare jobba som landssekretær i Norges Røde Kors og rådgjevar i Barne- og familiedepartementet og i Stiftelsestilsynet. Han sit i styret i EiendomsMegler 1 Sogn og Fjordane AS. Han har ein Cand. polit. grad i Samfunnsgeografi frå Universitet i Oslo.



JILL AASEN HOLE

fungerande teknologidirektør

Jill Aasen Hole (1993) var fungerande teknologidirektør frå november 2023 og ut 2024. Dette medan teknologidirektør Reiel Haugland var prosjektleiar for banken sin inntreden i SpareBank 1. Jill starta i banken i 2019, og var dei fire første åra prosjektleiar og forretningsutviklar. Frå 1. januar 2025 er ho tilbake i jobben som forretningsutviklar. Tidlegare har ho jobba som administrativ assistent for administrerande direktør i Coast Seafood i Måløy. Jill er sivilingeniør i industriell økonomi og teknologileiing frå NTNU.



HARALD SLETTVOLL

leiar for risiko og etterleving

Harald Slettvoll (1974) har vore leiar for risiko og etterleving sidan 2017. I perioden 2008-2016 arbeidde han også med risikostyring i banken, i tillegg til at han i seks av åra var dagleg leiar for dotterselskapet Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS. Før han vart tilsett i banken, arbeidde han som høgskulelektor ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Slettvoll tok utdanninga si som samfunnsøkonom ved Universitetet i Bergen.



REIEL HAUGLAND

prosjektleiar SB1 inntreden

Reiel Haugland (1981) har vore direktør for teknologi sidan 2016, men gjekk i 2023 over i stillinga som leiar for prosjektet knytt til banken sin inntreden i SpareBank 1-alliansen. Denne jobben hadde han ut 2024, og er no tilbake i jobben som teknologidirektør. Han starta som trainee i 2007, og sidan det har han mellom anna vore fagsjef forretningsutvikling. Haugland er styreleiar i Førdefestivalen og styremedlem i Sunnfjord Utvikling AS. Han har ein bachelor frå Høgskulen i Volda og ein mastergrad i teknologi og innovasjon frå Norges Handelshøyskole.



Eigarstyring og selskapsleiing

SpareBank 1 Sogn og Fjordane (SSF) gjer med dette greie for prinsipp og praksis for eigarstyring og selskapsleiing, i samsvar med rekneskapslova og Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES) sine tilrådingar. Vi følgjer i hovudsak NUES sine tilrådingar, men i dei tilfella vi gjer avvik er avviket grunngeve og det er gjort greie for korleis vi tilpassar oss.

Rekneskapslova § 2-9, 2. ledd

Nedanfor gjer vi greie for vår tilpassing til rekneskapslova § 2-9. Lova er vedtatt med bokmål som målform og vi gjengir derfor lovteksten på bokmål:

- En angivelse av anbefalinger og regelverk om foretaksstyring som foretaket er omfattet av eller for øvrig velger å følge.**
SpareBank 1 Sogn og Fjordane følgjer norsk lov, mellom anna inkludert gjeldande rekneskapslov. Konsernet følgjer også i hovudsak NUES sine tilrådingar, som det blir gjort greie for under, sjå elles vår kommentar under punkt 1 i NUES si tilråding under.
- Opplysninger om hvor anbefalinger og regelverk som nevnt i punkt 1 er offentlig tilgjengelige.**
NUES sine tilrådingar er tilgjengelege på nues.no. SSF sin etterleving av tilrådingane er gjort greie for i denne artikkelen og vil inngå som ein del av konsernet sin årsrapport.
- En begrunnelse for eventuelle avvik fra anbefalinger og regelverk som nevnt i punkt 1.**
Avvik frå tilrådinga er kommentert punktvis i artikkelen under.
- En beskrivelse av hovedelementene i foretakets, og for regnskapspliktige som utarbeider konsernregnskap eventuelt også konsernets, systemer for internkontroll og risikostyring knyttet til regnskapsrapporteringsprosessen.**
Sjå punkt 10 i NUES-artikkelen under.
- Vedtaksbestemmelser som helt eller delvis utvider eller fraviker bestemmelser i allmennaksjeloven kapittel 5.**
Sjå punkt 6 i NUES-artikkelen under.
- Sammensetningen til styre, bedriftsforsamling, representantskap og kontrollkomité; eventuelle arbeidsutvalg for disse organene samt en beskrivelse av hovedelementene i gjeldende instruksjer og retningslinjer for organenes og eventuelle utvalgs arbeid.**
Sjå punkt 6, 7 og 8 i NUES-artikkelen under.
- Vedtaksbestemmelser som regulerer oppnevning og utskifting av styremedlemmer**
Sjå punkt 8 i NUES-artikkelen under.
- Vedtaksbestemmelser og fullmakter som gir styret adgang til å beslutte at foretaket skal kjøpe tilbake eller utstede egne aksjer eller egenkapitalbevis.**
Sjå punkt 3 i NUES-artikkelen under.
- En beskrivelse av foretakets retningslinjer for likestilling og mangfold med hensyn til kjønn og andre forhold slik som alder, funksjonsnedsettelse og utdannings- og yrkesbakgrunn for sammensetning av styre, ledelses- og kontrollorganer og deres eventuelle underutvalg.**
Inngår i eigen artikkel i årsrapporten.

Norsk tilråding for eigarstyring og selskapsleiing (NUES)


Nedanfor gjer vi greie for korleis SpareBank 1 Sogn og Fjordane (SSF) følgjer opp dei 15 tilrådingane frå Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES). Vi har teke utgangspunkt i tilrådingane av 14. oktober 2021.

Punkt 1: Eigarstyring og selskapsleiing

SpareBank 1 Sogn og Fjordane følgjer tilrådingane frå NUES så langt dei passar for sparebankar med eigenkapitalbevis. Avvik frå tilrådingane er kommentert under dei enkelt punkta i det følgjande.

SSF er ein sparebank og eit finanskonsern. Som bank er vi avhengig av løyve frå styresmakter og tillit frå kundar, investorar og andre interessentar. For å ivareta dette må banken etterleve eit omfattande regelverk og har etablert ein styringsstruktur som skal ivareta dette.

Banken sine prinsipp for eigarstyring og selskapsleiing blir følgd opp gjennom ulike styringsdokument for verksemda. Dette omfattar mellom anna banken sine vedtekter, visjonar og verdiar, styreinstruks, strategiar, retningslinjer og risikorammer. Figuren under viser styrande organ og tilsyn, som er sentrale for eigarstyring og selskapsleiing. Det er gjort nærare greie for dei enkelte organ og deira oppgåver i punkta som følgjer i dette dokumentet.



For å kunne levere på mål og verdiar må banken møte kundar og interessentar på ein ryddig og profesjonell måte, og med høg etisk standard. Alle tilsette i SSF stadfestar årleg at dei kjenner til og rettar seg etter banken sine etiske retningslinjer.

Avvik frå tilråding: Ingen avvik.

Punkt 2: Verksemd

SpareBank 1 Sogn og Fjordane si verksemd går fram av banken sine vedtekter. Banken skal fremje sparing ved å ta i mot innskot og forvalte midlane banken rår over på ein trygg måte. Vidare kan banken utføre bankforretningar og banktenester i samsvar med finansføretakslova, og tilby investeringstenester i samsvar med verdipapirhandelova. Vedtektene er tilgjengelege på banken sine heimesider.

Styret vedtar årleg strategi og finansielle målsetjingar for verksemda. Banken sine overordna mål og strategiar går fram av banken sin årsrapport og er førande for risikorammer og budsjett. Vurdering av risiko og kapital er integrert i banken sine styringsprosessar og strategi.

SSF ønskjer å bidra til ei berekraftig samfunnsutvikling, og har teke berekraft inn i den overordna strategien, og etablert ein eigen strategi for berekraft. Banken har etablert ein eigen berekraftsportal på heimesidene, der berekraftsmål og strategiar med meir er samla.

Avvik frå tilråding: Ingen.



Punkt 3: Selskapskapital og utbytte

Styret vurderer kapital situasjonen gjennom året og særleg i samband med ICAAP, strategi og framlegg til resultatdisponering. Kapital situasjonen blir vurdert opp mot banken sine mål, strategi og risikoprofil, i tillegg til forventningar og lovkrav frå Finanstilsynet og andre tilsynsstyresmakter.

Styret vurderer at SSF er godt kapitalisert i forhold til noverande og forventa framtidige regulatoriske krav, samt banken sin risikoprofil og gjeldande mål og strategiar.

Utbytte

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har som mål å oppnå økonomiske resultat som gir god og stabil avkastning på banken sin eigenkapital. Resultata skal sikre eigarar konkurransedyktig langsiktig avkastning i form av utbytte og verdistinging på eigenkapitalen.

Årsoverskotet vil bli fordelt mellom eigarandelskapitalen og grunnfondskapitalen i samsvar med deira del av eigenkapitalen.

Utbytte og gåvetildelinga vil bli tilpassa forventa resultatutvikling, eksterne rammevilkår og behov for kapital. Det er generalforsamlinga i banken som vedtek det årlege utbyttet basert på framlegg frå styret.

SSF har ikkje børsnoterte eigenkapitalbevis og må i størst mogleg grad bygge eigenkapital gjennom egne resultat. Styret vurderer at banken har god utbyttekapasitet dei neste åra og har som mål å samla dele ut minimum 50 % av resultat pr. år i utbytte og gåver.

SSF har ein høg andel EK-beviskapital (om lag 85 % eigarbrøk) og har opna for å ha høgare utdeling frå eigarandelskapitalen enn frå grunnfondet for å kunne styrke grunnfondet i banken.

Kjøp av egne eigenkapitalbevis

Styret har fullmakt til å kjøpe inntil 10 % av banken sine egne eigenkapitalbevis. Eigenkapitalbevisa kan kjøpast for ein pris pr. eigenkapitalbevis mellom kr 50 og kr 400. Eigenkapitalbevisa kan nyttast til retta sal eller tildeling til tilsette i konsernet og styre- og varamedlem til styret. Fullmakta gjeld fram til neste ordinære generalforsamling.

Kapitalauke

Styret har fullmakt til å utferde fondsobligasjonar, ansvarleg lån og etterstilt gjeld, men har for tida ingen fullmakter til å utferde nye eigenkapitalbevis.

Avvik frå tilråding: Ingen.

Punkt 4: Lik handsaming av aksjeeigarar (eigenkapitalbevis eigarar)

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har ei eigenkapitalbevisklasse. Alle eigenkapitalbevis (EK-bevis) har lik stemmerett og alle eigenkapitalbevis eigarar skal handsamast likt og ha same moglegheit for innflytelse. Banken held seg til finansforetakslova sine reglar for eigar- og stemmerettsavgrensingar så langt desse reglane gjeld for ein sparebank med eigenkapitalbevis. EK-bevis eigarar vel 40 % av representantane til generalforsamling, som er maksimal representasjon som finansforetakslova opnar for. I saker som vedkjem eigarandelskapitalen spesifikt er eigarar av EK-bevis gitt ytterlegare rettar ved at saker som nemnt i vedtektene § 8-1 krev 2/3-del fleirtal også blant representantane vald av EK-bevis eigarane.

Ved auke av eigardelskapitalen skal eksisterande eigarar ha fortrinnsrett med mindre særlege forhold tilseier avvik frå dette. Eit eventuelt slikt avvik frå fortrinnsrett skal grunnjevast.

SSF har etablert ei spareordning i egne eigenkapitalbevis for tilsette og styret. Sidan SSF sine eigenkapitalbevis ikkje er børsnotert, kjøper banken eigenkapitalbevis direkte frå eksisterande eigarar. Det er gjort avtale med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, som største eigar, om slikt kjøp. Avtalen inneber at alle eigarar skal få høve til å selje til same vilkår som Sparebankstiftinga og at andre eigarar kan få fortrinnsrett til å selje inntil 5000 EK-bevis pr. år for å sikre likviditet i eigenkapitalbeviset for eigarar av mindre postar. Tilsette og styre- og varamedlemmar til styret kan årleg kjøpe inntil 1000 EK-bevis i ordninga. For dei første 50 EK-bevis tilsette kjøper pr. år gir SSF den tilsette ytterlegare eitt eigenkapitalbevis pr. kjøpte eigenkapitalbevis. For dei neste 100 EK-bevis tilsette kjøper får dei



ytterlegare eitt eigenkapitalbevis pr. fjerde kjøpte EK-bevis. Tilsette kan med dette få inntil 75 EK-bevis pr. år dei deltek i spareordninga. Desse «ekstrabevisa» blir delt ut to år etter kjøp, under føresetnad av at den tilsette framleis eig dei opphaveleg kjøpte eigenkapitalbevisa og framleis er tilsett i konsernet eller pensjonert. Alle tilsette har også fått tildelt eigenkapitalbevis for ein verdi på kr 13.000 pluss skatt (samla kr 20.000) ved oppstart av spareordning eller ved tilsetjing.

Avvik frå tilråding: Ingen.

- Punkt 5: Aksjar og omsetteligheit**
Banken sine eigenkapitalbevis er fritt omsetjelege. For meir informasjon om stemmerett og deltaking i generalforsamling, sjå punkt 4 og punkt 6.

Avvik frå tilråding: Ingen.

- Punkt 6: Generalforsamling**
Generalforsamlinga er øvste myndigheit i sparebanken og skal sjå til at selskapet verkar innanfor formålet sitt og i samsvar med lov, vedtekter og generalforsamlinga sine vedtak. Generalforsamlinga sine oppgåver og myndigheit går fram av vedtektene § 3-9.

Samansetning og representasjon i generalforsamling skil seg frå aksjeselskap og allmennaksjeselskap. Finansforetaksloven gir føringar for samansetjing og roller og oppgåver for generalforsamlinga i banken. Av banken sine vedtekter går det fram at SpareBank 1 Sogn og Fjordane si generalforsamling har 25 medlemmer. 10 medlemmer og 4 varamedlemmer er valde blant eigenkapitalbevisegarane. 9 medlemmer og 4 varamedlemmer er valde blant innskytarane, og 6 medlemmer og 2 varamedlemmer er valde blant dei tilsette.

Ved forfall til generalforsamling blir varamedlemmer kalla inn. Det er ikkje høve til å møte ved fullmektig eller med rådgjevar.

Innkalling og sakliste med saksdokument blir gjort tilgjengeleg på banken sine heimesider og for generalforsamlinga sine medlemmer og varamedlem 21 dagar før ordinære generalforsamlingsmøte. Banken har ikkje fastsett frist for innkalling i vedtektene og har ikkje noterte verdipapir. Lovfristen er derfor 14 dagar i samsvar med allmennaksjeloven og ved ekstraordinære generalforsamlingsmøte kan styret vurdere kortare innkallingsfrist enn 21 dagar. Protokoll frå generalforsamlingsmøte blir gjort tilgjengeleg på banken sine heimesider.

Styremedlemmer, administrerande direktør og revisor vert også kalla inn til møte, men har ikkje stemmerett. Leiar av generalforsamlinga er også møteleiar.

Eigenkapitalbevisegarane sitt valmøte

Eigenkapitalbevisrepresentantane vel si eiga valnemnd for val av nye representantar til generalforsamlinga. Valnemnda legg fram si innstilling på eit årleg møte, der alle eigenkapitalbevisegarar kan stille og stemme for sine EK-bevis. Kvart EK-bevis gjev ei stemme.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane eig pr. i dag om lag 92 % av banken sine EK-bevis og har som følge av dette moglegheit til å kontrollere val av eigenkapitalrepresentantar til generalforsamlinga. Sparebankstiftinga har offentleggjort sin eigarstrategi (www.sparebankstiftinga.no), og har gjennom denne mellom anna offentleggjort at stiftinga vil gjennomføre nedsal og legge til rette for endra representasjon i generalforsamling ved eventuell børsnotering.

Avvik frå tilråding: SpareBank 1 Sogn og Fjordane held seg til lover og forskrifter som regulerer organisering av generalforsamling i sparebankar, og har med det eit avvik ved at EK-bevisegarane ikkje kan delta i generalforsamling direkte, men via representantar som EK-bevisegarane vel. Utover dette har banken ikkje avvik frå tilråding.



Punkt 7: Valkomit 

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har vedtektsfesta at banken skal ha ei valnemnd for innskytarane og generalforsamlinga sine val og ei valnemnd for eigenkapitalbeveigarane sine val. I tillegg har dei tilsette ei eiga valnemnd for val av sine representantar til generalforsamlinga.

Generalforsamlinga har vedteke instruks for gjennomf ring av val, som ogs  inkluderer krav til kompetansesamansetjing for styret, krav til mangfald og at det enkelte styremedlem og styret samla skal vere eigna til oppg va.

Valnemnd for innskytarar og generalforsamling

Generalforsamlinga vel ei valnemnd med 3 medlemmer og 3 varamedlemmer. Valnemnda skal ha 1 representant for dei innskytarvalde, 1 for tilsettevalde og 1 for dei eigenkapitalbeveigarvalde.

Valnemnda skal f rebu val av medlemmer til generalforsamlinga valde av innskytarane, leiar av generalforsamlinga, leiar, nestleiar og dei andre medlemmene og varamedlemmene til styret utanom tilsettere representantar, samt medlemmer og varamedlemmer til valnemnda.

Valnemnda si tilr ding til generalforsamlinga skal grunngjevast og innstillinga vert sendt ut saman med innkalling til generalforsamling 21 dagar f r m te.

Valnemnd for eigenkapitalbeveigarane

Medlemmer av generalforsamlinga valde av eigenkapitalbeveigarar vel si eiga valnemnd. Valnemnda skal ha 3 medlemmer og 3 varamedlemmer.

Valnemnda f rebur eigenkapitalbeveigarane sitt val av generalforsamlingsmedlemmer med varamedlemmer, samt val av medlemmer og varamedlemmer til valnemnda for eigenkapitalbeveigarane. Valnemnda si tilr ding skal grunngjevast. Valet gjennomf rast p  eigenkapitalbeveigarane sitt eige valm te.

Avvik fr  tilr ding: Medlemmer og varamedlemmer til valnemndene blir valde blant medlemmene i generalforsamling, i samsvar med vedtektene. Medlemmene er uavhengig av styret og leiing, men ikkje uavhengig i forholdet til val til generalforsamling.

Punkt 8: Styret, samansetjing og uavhengigheit

Styret i SpareBank 1 Sogn og Fjordane skal i samsvar med vedtektene vere samansett av 7 til 9 medlemmer, inkludert 2 medlemmer valde av og mellom dei tilsette.

Styret blir vald av generalforsamlinga p  grunnlag av innstilling fr  valkomiteen, med unnatak for dei tilsette sine representantar som blir vald av dei tilsette. Medlemmene blir valde for inntil to  r om gongen og har ei maksimal tenestetid p  12  r (16  r ved kombinasjon av to ulike verv, t.d. 4  r som varamedlem og 12  r som styremedlem). Leiar og nestleiar av styret blir vald av generalforsamlinga i eigne val.

Generalforsamlinga har vedtatt ein instruks for valnemnd som spesifiserer krav til samansetning av styret. Styret skal ha minst 40 % representasjon av b de kvinner og menn. Styret b r vere samansett slik at det kan ivareta b de eigenkapitalbeveigarar, innskytarar, banken sin samfunnsfunksjon, tilsette sine interesser og behovet banken har for kompetanse og mangfald. Det b r takast omsyn til at styret skal fungere godt som kollegium, og styremedlemmene b r vere uavhengig av den daglege leiinga og ha tilstrekkeleg med tid til   ivareta rolla.

Valnemnda skal leggje vekt p  at b de det enkelte styremedlem samla har n dvendig kompetanse, erfaring og kapasitet, og at styret samla oppfyller naudsynste og lovp lagte kompetansekrav. Det er krav til minst ein styremedlem med kvalifikasjonar og erfaring fr  verdipapirmarknaden, ein uavhengig medlem med kvalifikasjonar innan rekneskap eller revisjon som kan delta i revisjonsutval, to uavhengige medlemmer med kvalifikasjonar til   delta i risikoutval og tre medlemmer som kan inng  i godtgjersleutvalet.

Dagleg leiar kan ikkje inng  i styret. Det er heller ingen andre fr  leiinga i banken som inng r i styret. Med unnatak av dei tilsette sine representantar er resten av styret vurdert som uavhengige fr  administrasjonen i banken. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har som st rste eigar uttrykt eit  nskje om   vere representert med eitt medlem i styret i sin eigarstrategi (Eigarstrategi | Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane).



Styret er presentert med alder og bakgrunn på nettsider og i årsrapport og deltaking i styremøte er oppgitt i årsrapport. Styret har høve til å kjøpe egenkapitalbevis gjennom spareordninga som banken har for tilsette og styret. Styret får ikkje rabattar ved kjøp. Styret sitt eigarskap er opplyst i note til årsrekneskapen.

Avvik frå tilråding: Ingen.

Punkt 9: Styret sitt arbeid

Styret har vedteke ein styreinstruks som spesifiserer styret sitt forvaltnings- og tilsynsansvar, kva typar saker som skal handsamast av styret, kva styreutval styret skal ha, korleis innkalling, førebuing, sakshandsaming og protokollering av saker skal vere, samt dagleg leiar sine arbeidsoppgåver og plikter overfor styret. Styret gjennomfører årleg evaluering av eige arbeid og kompetanse.

Inhabilitet, avtalar med nærstående og oppdrag for sparebanken

Styreinstruksen gir føringar for korleis styret og styremedlemer skal handtere eventuell inhabilitet. Eit styremedlem kan ikkje ta del i handsaminga eller avgjere spørsmål som har særleg betydning for eigen del eller nærstående, verken i form av personlege, økonomiske eller andre særinteresser. Styremedlemer skal sjølv melde frå om forhold som kan gjere hen inhabil. Styret avgjer habilitets-spørsmålet utan at den aktuelle styremedlem deltek i avgjersla.

Styret skal godkjenne avtalar mellom banken og eit styremedlem, dagleg leiar eller eigar av egenkapitalbevis. Avtalar som er inngått som ledd i banken si vanlege verksemd til pris og vilkår som er vanleg for slike saker treng ikkje leggest fram for styret. Ved ikkje uvesentlege avtalar som ikkje er inngått som ledd i banken si vanlege verksemd eller til vanlege vilkår bør styret syte for at det ligg føre ei verdivurdering frå ein uavhengig tredjepart. Dersom banken si yting i avtalen har ein verdi på meir enn ein tjuandedel av egenkapitalen i banken skal avtalen leggest fram for generalforsamling for godkjenning.

Styremedlemer, eller selskap som dei er knytte til, bør ikkje ta på seg særskilde oppgåver for banken, eller selskap i konsernet. Dersom dei likevel gjer det, skal heile styret informerast og honoraret for oppdraget skal godkjennast av styret.

Styreutval

Styret har tre utval: risikoutval, revisjonsutval og godtgjersleutval. Alle tre utvala er regulert i vedtektene og har eigne instruksar vedteke av styret som regulerer kva type saker utvalet har ansvar for å førebu til styret. Alle utvala består av tre medlemer valde blant styret.

Revisjonsutval

Revisjonsutvalet skal førebu styret sin oppfølging av rekneskapsrapporteringsprosessen, overvake systema for internkontroll, risikostyring og internrevisjon knytt til rekneskapsprosessen og finansiell rapportering, ha kontakt med revisor om revisjon og informere styret om resultat av lovfesta revisjon, vurdere og overvake revisor sin uavhengigheit og førebu val av revisor. Revisjonsutvalet skal også førebu styret si oppfølging av berekraftsrapportering.

Risikoutval

Risikoutvalet skal førebu styret si vurdering av einskildrisikoar og samla risiko til ei kvar tid, om banken sin ansvarlege kapital er forsvarleg ut frå risikoen og omfanget av verksemda, og om banken sine styrings- og kontrollordningar er tilpassa risikonivå og omfang av verksemda.

Godtgjersleutval

Godtgjersleutvalet skal førebu alle saker som vedkjem banken si godtgjersleordning, inkludert administrerande direktør sine vilkår. Sjå elles punkt 12 i dette dokumentet.

Avvik frå tilråding: Ingen.



Punkt 10: Risikostyring og internkontroll

Risikostyring og internkontrollen til banken skal bidra til at banken når sine strategiske mål gjennom riktig måling, kontroll og prising av risiko, effektiv drift og forsvarleg handtering av risiko. Banken sitt pilar 3-dokument gjer greie for risiko- og kapitalstyring i SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Dokumentet er tilgjengeleg på banken sine heimesider.

Banken har som mål å ha ein moderat til låg risikoprofil. Risikoprofilen ligg til grunn for strategi og risikorammer innanfor banken sine ulike risikoområde.

Avdeling for risikostyring og etterleving er organisert uavhengig av forretningsområda og har ansvar for å sjå til at risikostyring og internkontroll i operative avdelingar er i tråd med lover, reglar og interne rammer og retningslinjer. Avdeling for risikostyring og etterleving rapporterer kvartalsvis til styret og styret går kvartalsvis gjennom banken si utvikling innanfor dei viktigaste risikoområda og har ein årleg gjennomgang av internkontrollen i banken.

Internkontroll finansiell rapportering

Direktør for økonomi og finans har ansvar for banken sin rekneskaps- og økonomifunksjon og er gjennom dette ansvarleg for at finansiell rapportering skjer i samsvar med gjeldande lovgiving, rekneskapsstandardar og banken sine rekneskapsprinsipp, samt at banken har ein effektiv og god internkontroll knytt til dette.

Det er etablert prosessar og interne kontrollrutinar som skal sikre kvaliteten i den finansielle rapporteringa. Dette omfattar fullmaktsreglar, arbeidsdeling, avstemmingar, IT-kontrollar m.m. Internkontrollen knytt til alle vesentlege rekneskapspostar er beskriven og systematisert og opplegget for internkontroll blir jamleg drøfta med styret sitt revisjonsutval.

Som eit ledd i revisjonsarbeidet vurderer også ekstern revisor banken sin internkontroll for finansiell rapportering og inkluderer funn av eventuelle svakheiter og manglar i sin årlege rapport som oppsummerer den finansielle revisjonen. Denne rapporten går både til leiing, revisjonsutval og styret i banken.

Internrevisjon

Internrevisjonen er styret sin reiskap for å sikre overvaking av at risikostyringsprosessen er målretta, effektiv og fungerer som tenkt. Internrevisjonen skal stadfeste at internkontrollen fungerer og at risiko at risikostyringstiltak er tilstrekkelege i forhold til banken sin risikoprofil.

Internrevisor lagar ein årsplan som blir diskutert med leiinga og handsama i risikoutval og vedteken i styret. Internrevisor sine eigne risikovurderingar ligg til grunn for prioriteringane i denne årsplanen. Det blir laga eigne revisjonsrapportar for kvart prosjekt og funn og svakheiter blir gjennomgått med ansvarleg leiar. Risikoutvalet og styret får ein årsrapport som oppsummerer internrevisjonen sitt arbeid og viktigaste funn.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har utkontraktert internrevisjonsoppdraget til eit eksternt revisjons- og rådgjevingsselskap. Det er opna for at dette selskapet også kan levere konsulentoppdrag i tillegg til internrevisjonsoppdraget. Slike oppdrag vert utført i tråd med standard og tilråding som gjeld for internrevisor (IIA).

Avvik frå tilråding: Ingen.

Punkt 11: Godtgjersle til styret

Generalforsamling fastset godtgjersle til styret etter innstilling frå valnemnd. Godtgjersla er ikkje resultatavhengig og styret har ikkje opsjonar eller andre incentivordningar. Styreleiar og nestleiar vert godtgjort særskilt. Styremedlemer som deltek i styreutval får honorar for dette. Ingen av styremedlemene har oppdrag for banken utover styrevervet, med unntak av tilsettere representantane. Honorarsatsar går fram av møteprotokoll for generalforsamling som er offentleggjort på banken sine heimesider og styret sin samla godtgjersle går fram av note til rekneskapen.

Avvik frå tilråding: Ingen.



Punkt 12: Løn og anna godtgjersle til leiande personar

Banken har etablert godtgjersleordning som er handsama av godtgjersleutvalet, godkjent av styret og lagt fram for generalforsamlinga. Fråsegn om fastsetting av løn og anna godtgjersle til leiande tilsette blir offentleggjort saman med sakspapira til generalforsamling og ligg tilgjengeleg på banken sine heimesider.

Banken si godtgjersleordning skal vere i samsvar med banken sine overordna mål, risikotoleranse og langsiktige interesser. Godtgjersla skal medverke til å fremje god styring og kontroll med banken sin risiko og medverke til å unngå interessekonfliktar.

Godtgjersleordninga er enkel og føreseieleleg. Banken nyttar i liten grad variabel løn og leiinga har ingen egne ordningar med resultatløn, opsjonar eller tildeling av eige kapitalbevis eller liknande. Banken har ei felles spareordning i eigen kapitalbevis der leiande tilsette kan delta på lik linje med andre tilsette.

Avvik frå tilråding: Ingen.

Punkt 13: Informasjon og kommunikasjon

Banken skal ha retningslinjer for rapportering av finansiell og annan informasjon som er i tråd med Oslo Børs sine tilrådingar så langt desse passar for ein unotert bank. Retningslinjene skal sikre at investorar og andre interessentar i størst mogleg grad får korrekt, tydeleg relevant og samtidig informasjon.

Banken har egne sider for investorinformasjon der finansiell kalender, års- og kvartalsrapportar, investorpresentasjonar og børsmeldingar blir gjort tilgjengeleg. Styret sine retningslinjer for investorinformasjon er også tilgjengeleg på banken sine heimesider.

Avvik frå tilråding: Ingen.

Punkt 14: Selskapsovertaking

SpareBank 1 Sogn og Fjordane er ein delvis sjøveigd institusjon som ikkje kan bli overteken av andre gjennom oppkjøp utan godkjenning av banken si generalforsamling. Eigarstrukturen i ein sparebank er lovregulert og Finanstilsynet må gi løyve for eigardel over 10 %. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane eig pr. i dag om lag 93 % av eigen kapitalbevisa i SpareBank 1 Sogn og Fjordane og har vedtektsfesta ein minimum eigardel på 67 %. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har i sin eigarstrategi offentleggjort at stiftinga vil redusere sin eigardel og foreslå endring av vedtektene ved ei eventuell børsoptering av eigen kapitalbevisa i banken.

Oversikt over dei største eigarane ligg i notar til kvartals- og årsrapportar.

Avvik frå tilråding: Lovpålagt eigaravgrensing

Punkt 15: Revisor

Ekstern revisor presenterer årleg ein plan for revisjonsarbeidet for revisjonsutvalet. Ekstern revisor møter både i revisjonsutvalsmøte, styremøte og generalforsamling der årsrekneskapen blir handsama. I møte med revisjonsutvalet går revisor gjennom sin tilleggsrapport med fokus på vesentlegheit, risikovurdering, sentrale forhold i revisjonen, innspel og merknader til intern kontroll av finansiell rapportering og kommunikasjon med leiing og eventuelle punkt det har vore usemje om. Revisor har også møte med styret utan at administrasjonen er til stades.

Styret har fastsett retningslinjer for bruk av revisor til andre tenester enn revisjon og revisjonsutvalet har oppfølging på slik bruk. Revisjonsutvalet følgjer også opp revisor sin uavhengigheit.

Avvik frå tilråding: Ingen.



STYRET 2024

Medlemmer

Lise Mari Haugen, Førde (leiar)
Magny Øvrebø, Os (nestleiar)
Silje Skaar Sunde, Førde
Johnny Ivar Haugsbakk, Flekke
Kristian Skibenes, Måløy
Vegard Strand, Dale
Ole Hermann Rognsøy, Førde (tilsett)
Fast møtande vara: Helene Gåsemyr,
Sogndal (tilsett)

GENERALFORSAMLING 2024

Medlemmer frå Nordfjord

Ole Henrik Mølmann, Sandane
Ranveig Årskog, Lote

Medlemmer frå Sunnfjord

Bright Samdal, Eikefjord
Irene Bjørndal, Førde
Christine Nikøy Rogne, Fjaler
Jakob Andre Sandal, Skei i Jølster (leiar)

Medlemmer frå Sogn/Bergen

Anita Nordheim, Høyanger
Tore Thorsnes, Leikanger
Toril Rysjedal Bygnes, Leirvik

Medlemmer tilsette

Harald Slettvoll, Førde
Rune Vosseteig, Førde
Roger Svarstad, Måløy
Marie Heieren, Førde
Ragnhild Helgheim, Byrkjelo
Arne Sæterbakken, Førde

Eigenkapitalbevisegarrepresentantar

Falk Tewes, Vassenden
Ingunn Sognnes, Leirvik
Randi Engen, Guddal
Margunn Selvik Grytten, Kvammen
Marit Lofnes Mellingen, Leikanger
Katrine Myklebust, Måløy
Helge Holm Marøy, Sogndal
Kjartan Habbestad, Flekke
Monika Refvik, Måløy
Jon Rune Heimlid, Stryn

VALKOMITE INNSKYTARVALDE OG STYRET

Medlemmer

Marit Lofnes Mellingen, Leikanger (leiar)
Tore Thorsnes, Leikanger
Roger Svarstad, Måløy

VALKOMITE FOR VAL AV EIGENKAPITALBEVISEIGARREPRESENTANTAR

Medlemmer

Monika Refvik, Måløy, (leiar)
Helge Holm Marøy, Sogndal
Randi Engen, Guddal

Varamedlemmer

1. vara: Jan Nikolai Hvidsten, Førde
2. vara: Hanne Katrine Mundal, Bygstad

Vara for Ole Hermann Rognsøy: Bjørn Egil Holmøyvik, Førde

Varamedlemmer Nordfjord

Espen Walter Gulliksen, Rugsund

Varamedlemmer Sunnfjord

1. vara: Dagrun Kyrkjebø, Førde
2. vara: Tor Einar Erikstad, Holmedal

Varamedlemmer Sogn og Bergen

Anne Kristin Aarskog, Leikanger

Varamedlemmer tilsette

1. vara: Julie Vårdal Heggøy, Dale
2. vara: Tor Ulsten, Florø

Vara eigenkapitalbevisegarrepresentantar

1. vara: Arne Håkon Laberg, Årdal
2. vara: Geir Ståle Støfring, Vassenden
3. vara: Ingvild Rutledal, Måløy
4. vara: Harald Kvame, Naustdal

Varamedlemmer

Christine Nikøy Rogne, Dale
Randi Engen, Guddal
Marie Heieren, Førde

Varamedlemmer

1. vara: Marit Lofnes Mellingen, Leikanger
2. vara: Ingunn Sognnes, Leirvik
3. vara: Jon Rune Heimlid, Stryn



Årsmelding frå styret 2024

Innleiing

Konsernet SpareBank 1 Sogn og Fjordane har eit resultat før skatt på 1.246 millionar kroner i 2024, ein resultatframgang på 138 millionar kroner frå 2023. Dette er det beste resultatet i banken si historie. Eit godt resultat frå finansielle postar og fin vekst i netto renteinntekter er med og forklarar framgangen.

Hovudtrekka i 2024 var:

- Fin vekst i innskot og utlån frå kundar
- God vekst i netto renteinntekter
- Låge tap på utlån
- Auka kostnader som følgje av konvertering og tilpassing til SpareBank 1-alliansen
- Godt resultat frå finansielle instrument
- God soliditet og likviditet
- Vellukka konvertering til SpareBank 1-alliansen
- Det best årsresultatet nokon gong

Styret er godt nøgd med resultatet og aktiviteten i 2024. Banken tok i april 2023 ei svært viktig strategisk avgjersle, om å bli medeigar i SpareBank 1-alliansen. Det har vore høg prosjektaktivitet knytt til dette prosjektet i 2024. Likevel har organisasjonen klart å halde fokus på den daglege drifta og å auke verdiskapinga i banken.

Banken har jobba langsiktig med vekst over fleire år og dette viser igjen i form av auka rentenetto. Banken har god vekst i eit år der kredittveksten har vore fallande og konkurransen er stor. Norges Bank har halde styringsrenta uendra gjennom 2024 med 4,5 %, medan året før var prega av mange renteendringar og stigande renter. Auka rentenivå, og god vekst, gjer at banken har auka rentenettoen med 120 millionar kroner frå 2023 til 2024. Andre inntekter har auka med 223 millionar kroner, hovudsakleg som følgje av framgang for finansielle postar.

I 2024 har det vore ein stor auke i driftskostnadene på grunn av prosjektaktiviteter, stort innslag av eingongs-kostnader og generell løns- og prisvekst. Banken har ein kostnadsvekst på 198 millionar kroner. Høgare pris- og rentenivå var venta å gi utfordringar for ein del bedrifter og hushaldningar, men det er ein relativt liten auke i misleghaldet og betalingsproblema til kundane våre i 2024. Tapskostnadene er følgjeleg låge også i 2024.

I 2024 er det gjennomført eit stort konverterings-prosjekt som følgje av at banken vart medeigar i SpareBank 1-alliansen. Teknisk konvertering til 1-alliansen sine systemløyisingar vart gjennomført i slutten av 2024. Dette har vi klart samtidig som vi har hatt stor fokus på kundane og drifta av banken.

I 2025 blir det viktig å realisere vinstar og å hente ut effektar frå samarbeidet med SpareBank 1-alliansen. Kundane vil merke endringa ved at banken skal formidle 1-alliansen sine produkt for til dømes forsikring, kredittkort, fond og aksjehandel. Styret meiner SpareBank 1 Sogn og Fjordane har eit godt grunnlag for å hevde seg i konkurransen framover. Som medeigar i den største bank-alliansen i Norge er banken sin posisjon styrka.

Verksemd

SpareBank 1 Sogn og Fjordane er ein sjølvstendig sparebank som leverer tenester innan bank, finansiering, forsikring, sparing, pensjon og betalingsformidling. Det primære marknadsområdet er Sogn og Fjordane, men banken har også ei offensiv satsing på privatmarknaden elles i landet.

Hovudkontoret ligg i Førde, og banken har 12 kontor i Sogn og Fjordane og eitt kontor i Bergen, ved utgangen av 2024.

Som ledd i det strategiske samarbeidet med SpareBank 1-alliansen er det er i 2024 gjort endringar i kven banken skal distribuere produkt frå og fleire endringar kjem i 2025. Banken har i løpet av 2024 gått frå å selje forsikringsprodukta til Frende, til å selje Fremtind sine forsikringsprodukt. Som for tidlegare år, formidlar banken leasing og salspantlån frå SpareBank 1 Finans Midt-Norge AS. Banken har i 2024 formidla verdipapirfond gjennom Norne Securities AS, men dette vil bli endra til SpareBank 1 Forvaltning AS tidleg i 2025. I 2024 starta banken med å overføre godt sikra bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS, for å sikre gunstige vilkår for kundane og god lønsemd for banken. Kredittkortportefølja er overført til Kredittbanken ASA og banken distribuerer pensjonsprodukt frå SpareBank 1 Forsikring. Banken er direkte eller indirekte medeigar i dei nemnde produktselskapa i 1-alliansen.

Konsernet SpareBank 1 Sogn og Fjordane inkluderer tre heileigde dotterselskap, i tillegg til morbanken SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Konsernet driv eigedomsmekling gjennom Eiendomsmeidler 1 Sogn og Fjordane AS og konsernet har samla det meste av banken si eigedomsforvaltning i Bankeigedom Sogn og Fjordane AS. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har som formål å kjøpe godt sikra bustadlån frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane, som grunnlag for utferdning av særskilt sikre obligasjonar (OMF). Banken vil framover nytte både Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS og SpareBank 1 Boligkreditt AS.

Resultatrekneskaper


Hovudlinjer 2024 (tal for 2023 i parentes)

- Netto renteinntekter 1.586 mill. kr (1. 466 mill. kr)
- Resultat finansielle instrument 259 mill. kr (34 mill. kr)
- Samla inntekter 2.010 mill. kr (1.667 mill. kr)
- Driftskostnader 744 mill. kr (546 mill. kr)
- Nedskrivning på utlån og garantiar 19 mill. kr (13 mill. kr)
- Resultat før skatt 1.246 mill. kr (1.108 mill. kr)
- Eigenkapitalavkastning 13,8 % (12,6 %)
- Kapitaldekning 20,6 % (21,0 %)
- Forslag til utbytte pr. EK bevis 20,00 kr (25,00 kr). Tilleggsutbytte for 2023 på kr 10,00 utdelt i 4. kvartal 2024
- Foreslått utdelt til utbytte og gåver 408 mill. kr (702 mill. kr inkl. tilleggsutbytte utdelt 4. kvartal 2024)

Resultat

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har eit godt resultat før skatt på 1.246 mill. kr for 2024, ein oppgang på 138 mill. kr frå året før. Etter skatt er resultatet for 2024 på 992 mill. kr, mot 847 mill. kr i 2023. Resultatet etter skatt gir ei EK-avkastning på 13,8 %, mot 12,6 % for 2023. Resultatframgangen skuldast primært eit godt resultat frå finansielle instrument og fin vekst i netto renteinntekter. Samtidig er det ein stor vekst i driftskostnadene og ein mindre auke i tap på utlån og garantiar.

Resultat etter skatt og EK-avkastning i mill. kr



Netto renteinntekter

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 1.586 mill. kr og har auka med 120 mill. kr, eller 8,2 %, samanlikna med 2023. Det har vore fin framgang i kundemarginen det siste året og god vekst i utlån og innskot frå kundar. Finansieringskostnadene har samtidig auka på grunn av oppgang i 3 mnd. Nibor. For å redusere finansieringskostnadene, har banken over tid hatt fokus på å auke andelen obligasjonar med fortrinnsrett, av samla verdipapirgjeld. Dette har bidrege positivt til utviklinga i rentenettoen. Totalt sett er det ein fin utvikling i netto renteinntekter.

Netto renteinntekter i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) viser ein fin oppgang og er på 2,10 % i 2024, mot 2,02 % i 2023.

Netto andre inntekter

Netto andre driftsinntekter for 2024 er på 424 mill. kr, mot 201 mill. kr for 2023. Auken skuldast i hovudsak eit godt resultat frå finansielle instrument.

Netto resultat frå finansielle instrument

Netto resultat frå finansielle instrument i 2024 er på 259 mill. kr, mot 34 mill. kr i 2023. Av resultatet for 2024, kjem 253 mill. kr frå langsiktige aksjeplasseringar og eigarinteresser i felleskontrollerte verksemder, mot tilsvarande 42 mill. kr for 2023. Det positive resultatet frå aksjar kjem primært frå realisering av aksjar i Frende Holding, og verdiendring og resultat frå Samarbeidende Sparebanker. For 2024 er det elles eit negativt resultat på netto 10 mill. kr relatert til resultat og verdiendring frå finansielle instrument (rentepostar), mot eit negativt resultat for året før på 21 mill. kr. For nærmare forklaring sjå note 22.

Provisjonsinntekter

Provisjonsinntektene er på 171 mill. kr og har auka med 1 mill. kr forhold til 2023. Auken skuldast i hovudsak høgare provisjonsinntekter frå betalingstenester og forsikring.

Andre inntekter

Andre inntekter er på 33 mill. kr og har auka med 2 mill. kr frå 2023. Auken skuldast høgare inntekter frå Eigeidomsmeikling.

Provisjonskostnader

Provisjonskostnadene er på 39 mill. kr og har auka med 5 mill. kr frå 2023. Auken skuldast høgare kostnader relatert til betalingsformidling.

Driftskostnader


Driftskostnadene for 2024 er på 744 mill. kr og har auka med 198 mill. kr, eller 36 %, frå 2023. Veksten i kostnadene er påverka av spesielle eingongskostnader knytt til konvertering og tilpassing til SpareBank 1-alliansen, og nye ordinære driftskostnader frå SpareBank 1-alliansen. 2024 har vore prega av både høge eingongskostnader og ein del doble ordinære kostnader. Frå 2025 vil mykje av eingongskostnadane falle vekk og banken jobbar med å kutte doble kostnader, etter kvart som det blir inngått nye avtalar via SpareBank 1-alliansen og gamle avtalar kan seiast opp.

Kostnadsprosentar

Driftskostnadene for 2024 utgjer 0,99 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 0,75 % for 2023.

Driftskostnader i prosent av samla inntekter, eksklusiv resultat frå finansielle instrument, er på 42,5 % for 2024, mot 33,4 % for 2023. Driftskostnader i prosent av samla inntekter, inkludert resultat frå finansielle instrument, er på 37,0 % for 2024, mot 32,7 % for 2023.


Kostnadsprosent



Nedskrivning på utlån og garantiar

Det er i 2024 kostnadsført netto 19 mill. kr i nedskrivning på utlån og garantiar, mot 13 mill. kr for 2023. Nedskrivningane for 2024 er relativt låge. Det er ein auke i nedskrivningar på individuelt vurderte engasjement med 37 mill. kr og samtidig er dei modellbaserte tapsavsetningane reduserte med 18 mill. kr. Nedskrivningane for 2023 utgjør 0,03 % av brutto utlån, mot 0,02 % året før.

Nedskrivning på utlån og garantiar i mill. kr



Skattekostnad

Skattekostnaden for 2024 er på 255 mill. kr og utgjør 20,5 % av resultatet før skatt. I 2023 var skattekostnaden på 261 mill. kr og utgjorde 23,6 % av resultatet før skatt. Årsaka til varierende skattekostnad i prosent, er primært at det meste av resultatet frå aksjar er omfatta av fritaksmetoden. Morbanken har elles ein skattesats på 25 %, medan dotterselskapa har ein skattesats på 22 %.

Dotterselskap

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er 100 % eigd av banken. Selskapet har pr. 31.12.24 utlån til bustadar på i alt 26,0 mrd. kr. Utlåna i selskapet har auka med 0,9 % det siste året. Selskapet har god soliditet, og har ein eigenkapital på 2,4 mrd. kr og ei kapitaldekning pr. 31.12.24 på 21,9 %. Resultat før skatt er på 256 mill. kr i 2024, mot 184 mill. kr for 2023.

Selskapet innhentar rimeleg finansiering til konsernet, gjennom å legge ut obligasjonar med fortrinnsrett. Den strategiske endringa, om å samarbeide med

SpareBank 1-alliansen, inneber at morbanken kjem til å overføre bustadlån til både SpareBank 1 Boligkreditt og til Bustadkreditt Sogn og Fjordane framover.

Bankeigedom Sogn og Fjordane AS

Bankeigedom Sogn og Fjordane AS er eit 100 % eigd dotterselskap og eig dei største bankbygga i konsernet. Resultatet før skatt er negativt med 2,9 mill. kr for 2024, mot eit positivt resultat på 5,7 mill. kr for 2023. Bakgrunnen for det negative resultatet er ombygging av bankbygget i Førde. Ettersom banken leiger midlertidige lokale i eit anna bygg er leigeinntektene til selskapet lågare enn året før og samtidig er kostnadene høgare pga. utgiftsføring av rivingskostnader.

Eiendomsmegler 1 Sogn og Fjordane AS

Eiendomsmegler 1 Sogn og Fjordane AS er 100 % eigd av banken. Driftsinntektene er på 32,9 mill. kr, og er 1,8 mill. kr høgare enn året før. Resultatet før skatt er negativt med 1,2 mill. kr for 2024, mot eit positivt resultat på 1,2 mill. kr for 2023.

Resultat

Resultatet for konsernet etter skatt for 2024 er på 992 mill. kr, mot 847 mill. kr i 2023. Dette gir ei eigenkapitalavkastning på 13,8 % for 2024, mot 12,6 % for 2023. Resultatet for 2024 er godt og skuldast eit spesielt godt resultat frå finansielle instrument og høgare netto renteinntekter. Samtidig er det høg vekst i kostnadene og ein mindre auke i tap på utlån.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har over tid hatt ei tilfredsstillande og stabil eigenkapitalavkastning. Styret er godt nøgd med resultatet og avkastninga.

For morbanken er resultatet etter skatt på 919 mill. kr, mot 832 mill. kr året før.

Disponering av årsresultatet til morbanken

(i heile kroner)	
Resultat etter skatt morbank	918.681.333
Renter til hybridkapitalinvestorar (fondsobligasjon)	- 37.272.145
Til disposisjon	881.409.188

Styret vil legge fram forslag til Generalforsamlinga 21. mars 2024, om følgjande disponering:

Utbytte (kr 20,00 pr. EK-bevis)	388.489.740
Gåver	20.000.000
Utjamningsfond	363.200.932
Anna grunnfondskapital	109.718.516
Sum disponert	881.409.188

Utdelinga til utbytte og gåver med totalt 408 mill. kr utgjør 46,3 % av det disponible resultatet for morbanken og er vurdert som forsvarleg utifrå eigenkapitalsituasjonen.



Balansen

Konsernet har ved utgangen av 2024 ein forvaltningskapital på 77,1 mrd. kr og den har auka med 3,5 mrd. kr, eller 4,8 %, frå 31.12.23. Auken skuldast primært vekst i plasseringar i obligasjonar, investeringar i felleskontrollert verksemd og vekst i utlån til kundar.


Utlån til kundar

Brutto utlån er på 64,7 mrd. kr ved utgangen av 2024. Utlånsvolumet har auka med 0,4 mrd. kr, eller 0,6 %, det siste året. Bakgrunnen for den relativt låge veksten, er overføring av 2,5 mrd. kr i utlån til SpareBank 1 Boligkreditt i slutten av 2024. Inkludert utlån overført til SpareBank 1 Boligkreditt, er det ein utlånsvest på 4,5 %.

Inkludert utlån overført til SpareBank 1 Boligkreditt, er det ein vekst til privatmarknaden, det siste året, på 4,5 % og utlån til bedriftsmarknaden har auka med 4,2 %.

Brutto utlån pr. 31.12.24 er fordelt med 74,9 % til privatmarknaden og 25,1 % til bedriftsmarknaden (inkl. off. sektor). Pr. 31.12.23 var andelen utlån til bedriftsmarknaden på 24,3 %.


Utlån fordelt på sektor



Bedriftsmarknad ■ Privatmarknad

Grafen nedanfor viser utlån til bedriftsmarknaden fordelt på ulike næringer pr. 31.12.24. Utlån til eigedomsdrift utgjør den største delen av utlåna til bedriftsmarknaden, med til saman 5,7 mrd. kr. Dette utgjør nær 35 % av samla utlån til næring. Utlån til fiskeri og havbruk, står for den nest største delen med 2,9 mrd. kr, og utgjør nær 18 % av utlåna til bedriftsmarknaden.

Brutto utlån fordelt på næringer i mill. kr



Nedskrivningar på utlån, garantiar og unyttta trekkrettar


Samla balanseførte nedskrivningar til forventa tap på utlån, garantiar og unyttta trekkrettar ved utgangen av året er på 329 mill. kr, mot 336 mill. kr eitt år tidlegare. Av nedskrivningane pr. 31.12.24 er 281 mill. kr relaterte til utlån. Samla nedskrivningar på utlån i balansen pr. 31.12.24 utgjør 0,43 % av brutto utlån, mot 0,49 % eitt år tidlegare. Nedskrivningar på individuelt vurderte engasjement har auka og samtidig er det ein reduksjon i dei modellbaserte nedskrivningane.

Innskot frå kundar og innskotsdekning

Innskot frå kundar er på 38,6 mrd. kr ved utgangen av 2024 og har auka med 2,8 mrd. kr, eller 7,8 %, det siste året. Innskot frå privatmarknaden har auka med 5,3 % og innskot frå bedriftsmarknaden, inkludert offentleg og finansiell sektor, med 11,7 %.

Innskota pr. 31.12.24 er fordelte med 59,2 % frå privatmarknaden, 34,0 % frå bedriftsmarknaden og 6,8 % frå offentleg/finansiell sektor.

Innskot fordelt på sektor



Off./fin. sektor ■ Bedriftsmarknad ■ Privatmarknad

Innskotsdekninga for konsernet er på 59,7 % pr. 31.12.24, mot 55,7 % pr. 31.12.23.

Verdipapirplasseringar

Felleskontrollert verksemd (FKV)

Banken har i 2024 kjøpt aksjar i SpareBank 1 Samspår AS, Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA og Samarbeidende Sparebanker. Til saman er dei tre selskapa bokført til 887 mill. kr. Selskapa er bokført til eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapa og konsernet sin del av resultatet frå tidspunktet for oppkjøp er på 14,6 mill. kr.

Aksjar m.v.

Utanom felleskontrollert verksemd har banken pr. 31.12.24 aksjar bokførte til 483 mill. kr, mot 734 mill. kr pr. 31.12.23. Porteføljen av aksjar pr. 31.12.24 består av langsiktige strategiske plasseringar. Aksjeposten i Frende Holding AS vart realisert med ein fin vinst i 2024. Den største aksjeposten pr. 31.12.24 er i SpareBank 1 Finans Midt-Norge AS og den er bokført til 137 mill. kr og har samanheng med at banken formidlar salspantfinansiering og leasing gjennom

dette selskapet. Vidare har banken eigarpostar i SpareBank 1 Boligkreditt, bokført til 118 mill. kr, og i SpareBank 1 Betaling AS for 95 mill. kr. Dei to sistnemde postane er investeringar som banken har gjort i slutten av 2024 og er relaterte til samarbeidet med SpareBank 1-alliansen.

Samla verdi av investeringar i selskap i 1-alliansen, bokført under aksjar og som felleskontrollerte verksemder, er på over 1,2 mrd. kr pr. 31.12.24.

Sertifikat og obligasjonar

Plasseringar i sertifikat og obligasjonar er bokførte til 10,0 mrd. kr ved årsskiftet, mot 7,6 mrd. kr pr. 31.12.23. Plasseringane blir nytta i likviditetsstyring og som likviditetsbuffer. Sertifikat og obligasjonar er vurderte til marknadsverdi.

Verdipapirgjeld

Ved utgangen av 2024 har banken sertifikat- og obligasjonsgjeld bokført til 28,2 mrd. kr mot 28,0 mrd. kr pr. 31.12.23. Banken har hatt god tilgang på finansiering i 2024, både frå marknaden for senior obligasjonsinnlån og ved å nytte Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS, til utlegging av obligasjonar med fortrinnsrett.


Eigenkapital og kapitaldekning

Konsernet har pr. 31.12.24 ein eigenkapital på 7,6 mrd. kr, mot 7,3 mrd. kr pr. 31.12.23. SpareBank 1 Sogn og Fjordane har ein eigarandelskapital på 5,2 mrd. kr og ein grunnfondskapital på 0,9 mrd. kr. Det er ikkje utferda nye eigenkapitalbevis i 2024. Konsernet har ein hybridkapital i form av fondsobligasjonar på 500 mill. kr pr. 31.12.24, og den har auka med 50 mill. kr det siste året. Samla eigenkapital har auka med 313 mill. kr, eller 4,3 %, samanlikna med tala pr. 31.12.23. Auken kjem frå resultatet, for det siste året, med frådrag av utdelte utbytter og gåver.

Konsernet har ein ansvarleg lånekapital bokført til 800 mill. kr pr. 31.12.24. Netto ansvarleg kapital, som grunnlag for utreknig av kapitaldekning, er på til saman 7,7 mrd. kr og har auka med 279 mill. kr, eller 3,8 % det siste året. Det er pr. 31.12.24 foreslått utdelt 408 mill. kr til utbytte og gåver, mot tilsvarende 507 mill. kr pr. 31.12.23. I tillegg var det utbetalt 194 mill. kr i tilleggsutbytte i 4. kvartal 2024. Foreslått utdeling til utbytte og gåver er trekt ifrå ved utreknig av ansvarleg kapital.

Konsernet har ein kapitaldekningsprosent pr. 31.12.24 på 20,6 %, mot 21,0 % pr. 31.12.23. Rein kjernekapitaldekning pr. 31.12.24 er på 17,1 %, mot 17,8 % pr. 31.12.23. Styret vurderer eigenkapitalsituasjonen ved utgangen av 2024 som tilfredsstillande.

Grafen viser utviklinga i kapitaldekninga dei fem siste åra:



Vidare drift

Rekneskapan for 2024 er lagt fram under føresetnad av at drifta skal halde fram.

Hendingar etter balansedagen

Det er ingen hendingar etter balansedagen som påverkar den framlagde rekneskapan i vesentleg grad.

Rating

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har pr. 31.12.24 langsiktig rating A1 frå Moody's med stabile utsikter. OMF-programmet til Bustadkreditt Sogn og Fjordane har langsiktig rating Aaa og issuer rating A1.

Eigarstyring og selskapsleiing

Styringa av banken byggjer på norske lover, mellom anna på rekneskapslova og finansføretakslova. Banken følgjer i hovudsak prinsippa for eigarstyring og selskapsleiing, slik dei er formulerte av Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES). Banken har gjort greie for prinsipp og praksis for eigarstyring og selskapsleiing i samsvar med rekneskapslova §3-3b og den norske tilrådinga for eigarstyring og selskapsleiing i eit eige kapittel i årsrapporten.

Eigarstruktur

SpareBank 1 Sogn og Fjordane vart omdanna til eigenkapitalbevisbank i 2010. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har ein eigardel på 92,46 % av eigenkapitalbevisa. Sparebankstiftinga Fjaler har ein eigardel på 5,92 %. Banken eig sjølv 0,30 % av egne eigenkapitalbevis. Andre, i all hovudsak tilsette og styret i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, har ein eigardel på 1,32 %.

Det kan bli aktuelt å vurdere børsnotering av eigenkapitalbevisa, og banken følgjer marknadsutviklinga i tråd med dette.

Internkontroll

Internkontrollarbeidet skal bidra til at banken når dei strategiske måla gjennom effektiv drift og riktig måling, kontroll, handtering og prising av risiko. Internkontrollen er etablert i samsvar med forskrift om kapitalkrav og nasjonal tilpassing av CRR/CRD IV.

Alle operative leiarar har ansvar for å ha effektiv og føremålstenleg internkontroll for å handtere eigen risiko generelt og for finansiell rapportering spesielt. Dette inneber ansvar for å vurdere om verksemda til fagområdet representerer ein risiko for feil i finansiell rapportering. Leiarane skal vurdere risikoen før tiltak, og vurdere risikoreducerande tiltak. For å sikre ein tilfredsstillande attverande risiko skal ein vurdere kontrollbehov og sørje for at risikoen blir tilfredsstillande følgt opp og kontrollert. Dei operative leiarane skal periodisk rapportere kontrollresultata og minst årleg evaluere etterleving og behov for nye tiltak.

Direktør for økonomi og finans har ansvar for banken sin rekneskaps- og økonomifunksjon, og er ansvarleg for finansiell rapportering og internkontroll knytt til dette. Dette inneber også ansvar for å sikre at finansiell rapportering tilfredsstillar lover og reglar til ei kvar tid. Det er etablert prosessar og interne kontrollrutinar, som skal sikre kvaliteten i den finansielle rapporteringa.

Avdeling for risikostyring og etterleving skal sjå til at risikostyring og internkontroll i operative avdelingar er i tråd med lover, reglar og interne rammer og retningslinjer. Periodiske kontrollar og stikkprøver er grunnlaget for kvartalsvis rapportering av status innanfor dei ulike risikoområda. I årleg internkontrollrapport gjennomgår og evaluerer banken status for alle vesentlege risikoforhold, med fokus på kvalitet, utfordringar og forbedringsområde. Styret sitt risikoutval førebur styret si handsaming av dei ulike rapportane. Styret har vedteke instruksar for risikostyrings- og etterlevingsfunksjonen. Det er etablert årshjul for internkontroll som mellom anna set krav til risikovurdering, inkludert risikoreducerande tiltak, gjennomgang av regelverk, kontrollhandlingar, rapportering og stadfesting av internkontroll.

Internrevisor utarbeider årsrapport om risikostyring og internkontroll til administrasjonen og styret. Grunnlaget for rapporten er eigne revisjonsprosjekt. Revisjonsprosjekta inngår i årsplanen som styret vedtek for internrevisjonen.

Ekstern revisor utarbeider årleg ein rapport om resultatet for den finansielle revisjonen. Rapporten inneheld også opplysingar om eventuelle svake punkt og manglar og forslag til tiltak og utbetringar. Dette blir følgt opp av dei ansvarlege einingane og av avdeling for risikostyring og etterleving. Ekstern revisor har også årlege møte med styret, utan at administrasjon er til stades.

Styret fører tilsyn med prosessane for finansiell rapportering, internkontroll, risikostyring og etterleving, og har det overordna ansvaret for at funksjonane fungerer effektivt. Til å støtte seg i dette arbeidet har styret sine eigne utval, Revisjonsutvalet og Risikoutvalet, som førebur sakshandsaming av kvartals- og årsrapportar og ser til at konsernet har ein uavhengig og effektiv ekstern revisjon. Årsrekneskapsen blir fastsett av generalforsamlinga, etter handsaming av styret.

Risiko- og kapitalstyring

Risiko- og kapitalstyringa i banken skal støtte opp under banken si strategiske utvikling. Gjennom kvartalsvis rapportering frå administrasjonen vurderer styret banken sin risiko- og kapitalstatus mot vedteke styringsmål og rammer. Styret evaluerer og vedtek årleg kapitalbehov og kapitalplan gjennom ICAAP-dokumentet. I tillegg blir kredittstrategi, finansstrategi, og rammer for kapitaldekning, kredittisiko, likviditetsrisiko og marknadsrisiko vedteke i styret. Styret har også vedteke dokumentet Risikostyring i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, som gjer greie for gjennomføring og ansvarsdeling i internkontroll- og risikostyringsarbeidet i banken. Styret meiner at banken sine prosessar for risiko- og kapitalstyring fungerer godt.

Banken nyttar standardmetoden for utrekning av kapitalbehov knytt til kredittisiko, og basismetoden for operasjonell risiko. Kapitalbehovet i Pilar 2 blir berekna med metodar som Finanstilsynet har gjort greie for i Rundskriv 3/2022. Det er i tillegg gjort supplerande vurderingar og avsetningar der ein finn dette nødvendig. Sjølv om banken gjer eigne berekningar av kapitalbehovet i Pilar 2, er det likevel Finanstilsynet som fastset det endelege Pilar 2-kravet, som banken må oppfylle. Pilar 2-kravet er ved utgangen av 2024 på 1,8 % av risikovekta berekningsgrunnlag. I løpet av 2025 vil kapitalkravsforordninga CRR3 tre i kraft. Dette vil gi lågare kapitalbinding for kredittisiko, og truleg også for operasjonell risiko.

Risiko og kapitalbehov blir rapportert til styret gjennom kvartalsvise risikorapportar og gjennom ICAAP-rapporten. Gjennom dette har styret kontroll med at banken er tilstrekkeleg kapitalisert og at risikorammane ikkje er brotne. I tillegg gir gjenopprettingsplanen eit godt bilde på gjenopprettingsevna til banken i ein krisesituasjon der måltala for soliditet og likviditet blir brotne. Det er også lagt ned eit betydeleg arbeid for å sikre at banken etterlever krava i krisehandteringsdirektivet som tredde i kraft i 2024.

Gjennom drifta blir banken utsett for risiko på ulike område. Risikobildet er i stadig endring, og nye risikotypar oppstår etter kvart som omgjevnadene og samfunnet endrar seg i form av teknologisk utvikling, klimaendringar, endra kundeåtferd og nye regulatoriske krav.



Kredittrisiko

Kredittstrategien er styret sitt viktigaste instrument i kredittarbeidet, saman med kredittpolitikk, løyving-reglement og løyvingfullmakter. Kredittstrategien skal gjennom konkrete rammer og måltal sikre at banken sine utlån er i samsvar med lover og forskrifter. Rammene og måltala er sett ut frå omsyn til vekst, kvalitet, inntening og konsentrasjonsrisiko, og skal vere med å bidra til tillit i marknaden og sikre grunnlag for banken sitt samfunnsengasjement. Kredittstrategien og risikorammene vert årleg fastsette av styret, og kredittrisikoen blir følgd opp gjennom månadlege rapportar som viser korleis banken etterlever risikorammene. Dersom banken står i fare for å kome i brot med gjeldande rammer, skal administrasjonen setje i verk tiltak.

Styret fastset løyvingfullmakt til administrerande direktør, som kan delegera fullmakt til kredittutval (KU), medlemmer av kredittutvalet og kundeansvarlege. Løyvingfullmaktene er avgrensa med omsyn til engasjementsstorleik og risiko. Ei grunnleggande føring for all kredittgiving er at kreditt berre skal ystast dersom krav til beteningsevne er oppfylt. Manglande evne til å bere lånekostnadene kan ikkje kompenseras med pant, eller anna trygd som gir banken dekning. I slike tilfelle skal kreditt ikkje innvilgast.

Banken skal gjennom kredittinnvilgingsprosessen bidra til omstilling til eit meir klimavennleg og berekraftig samfunn. Vurdering av berekraft er ein integrert del av kredittprosessen mot bedriftskundane i banken. Banken ynskjer å bevisstgjere bedriftskundane om korleis dei blir påverka av klimaendringar, og påverke kundane til handlingar for å redusere risiko og eigne utslepp. Ved høg ESG-risiko for ein kunde eller bransje, skal det utarbeidast kompensierende tiltak, som til dømes auka rente, tilleggsvilkår med konkrete tiltak, eller redusert nedbetalingstid.

Operasjonell risiko

Banken styrer den operasjonelle risikoen gjennom rutineverk og arbeidsprosedyrar. Det er innebygt maskinelle kontrollar i mange av banken sine system, samtidig som det blir gjort manuelle kontrollar i ettertid. Banken har ein eigen strategi for styring av operasjonell risiko. I tillegg er det utvikla ein hendings-database for betre å kunne styre den operasjonelle risikoen, og lære av operasjonelle feil. Hendings-databasen er ein av fleire modular i banken sitt GRC-system.

Internkontrollprosessen, med risikovurdering, risiko-dempeande tiltak og rapportering, er sentral i styringa av operasjonell risiko. Gjennom strategiar og prognosar legg styret og administrasjonen mål for det komande året. Dei ulike fagområda må deretter innrette drifta med tanke på å støtte opp under desse måla. Fagområda gjennomfører risikovurderingar med sikte på å avdekke kva faktorar som kan hindre at måla vert nådde. For vesentlege risikoar skal det

planleggast tiltak og kontrollar, som sikrar at risikoen blir dempa, til eit akseptabelt nivå. Risikobildet med tilhøyrande handlingsplan blir brukt som grunnlag for oppfølging og rapportering gjennom året. Konsernleiinga har eit særleg ansvar for å sjå til at den operasjonelle risikoen blir grundig vurdert i risikovurderingsprosessen, på ulike fagområde, og for at nødvendige tiltak blir iverksette.

Fokuset på operasjonell risiko vil vere høgt gjennom 2025. Konverteringa inn mot SpareBank 1-alliansen har medført at både system, arbeidsprosessar og rutineverk er endra, og dette trekkjer i retning av auka operasjonell risiko. Grundig opplæring og tett oppfølging av både tilsette og leverandørar vil vere viktige element i å redusere den operasjonelle risikoen som oppstår som følge av desse endringane.

Etterlevingsrisiko

Kompleksiteten i regelverket som banken må tilpasse seg til, aukar stadig. Dette set krav både til å setje seg inn i regelverket, tilpasse drifta for å tilfredsstille nye krav, og ofte krevst det også nye tekniske løysingar for å kunne oppfylle krava til rapportering. Banken har investert i slike løysingar, og gjennom prosjekt og dagleg drift blir det gitt opplæring og rettleiing i korleis regelverket skal tolkast. Dette reduserer sannsynet for manglande etterleving av lovverket. Banken har også auka bemanninga for å redusere etterlevingsrisikoen.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko blir styrt og målt innanfor tre hovudområde; renterisiko, aksjerisiko og valutarisiko. Styret har vedteke rammer for banken sin renterisiko, og for banken si eksponering i valutamarknaden. All aksjeeksponering er i strategiske, langsiktige plasseringar.

Renterisikoen er knytt til renteberande verdipapir, rentesikringsavtalar, fastrenteutlån og fastrenteinnskot. Styret vedtek rammer for eksponering innanfor ulike tidsintervall for rentebinding og samla eksponering.

Valutaeksponering er knytt til utanlandsk betalingsformidling, valutabehaldning, valutalån og terminforretningar. Risikoen blir styrt gjennom fastsette rammer for total valutaeksponering og underliggjande rammer for enkeltvalutaer, og blir rapportert på dagleg basis.

IKT-risiko, inkludert cyberrisiko

Finanstilsynet si årlege ROS-analyse viser at finansføretaka arbeider godt med å styrke forsvarsverket sitt mot cyberkriminalitet. Samhandlinga som næringa har gjennom NFCERT hevar kunnskapen om trussel- og risikobildet, og gjer føretaka betre i stand til å handtere digitale truslar og førebegyge uønskete hendingar. Samtidig er det avdekkja sårbarheiter som utgjer ein risiko for alvorlege hendingar i finanssektoren.



SpareBank 1 Sogn og Fjordane overvakar trusselaktivitet retta mot banken både ved bruk av interne overvakingssystem og eksterne kjelder. Banken innhentar kontinuerleg aktuell trusselinformasjon frå kjelder som NFCERT, NSM, SANS Institute med fleire. Banken rapporterer samtidig, og har dialog om, alvorlege hendingar med NFCERT.

Det har vore sentralt for banken å styrke den interne sikkerheitskulturen. Dette blir gjort breitt i organisasjonen gjennom opplæring. SpareBank 1 Sogn og Fjordane har ein IKT-strategi som blir rullert årleg, og som er samordna med ein hovudkontinuitetsplan og underliggande kontinuitetsplanar. Desse blir også oppdaterte årleg. Banken arbeider målretta for å halde tritt med utviklinga av det digitale trusselbildet. I tillegg til prosjekt for å handtere cyberrisikoen, har banken etablert eit dedikert «Årshjul digital sikkerhet» som skal spegle dei regelmessige aktivitetane. Årshjul for digital sikkerheit blir følgt opp og oppdatert løpande i takt med utviklinga innan cybersikkerheit.

Banken sin IKT-infrastruktur består av ein systemportefølje, ei rekkje nettverk og store samlingar data av ulik art og klassifisering. Desse tre delane av infrastrukturen er sikra gjennom fleire forsvarsverk som banken jamleg testar. Gjennom årsplanen for internrevisjon har styret dei siste åra sikra at internrevisor har hatt ekstra fokus på IKT-sikkerheit. Dette er blitt ivareteke av spesialistmiljø sentralt hjå internrevisor (PWC). 1.linja har også på eige initiativ engasjert eksterne konsulentar til å gjennomføre penetrasjonstestar utover det som er gjort gjennom internrevisjonsprosjekta. Det vert også køyrt interne phisingtestar, mot dei tilsette årleg. Bruken av internrevisor og eksterne konsulentar har vore eit viktig ledd i arbeidet med å forbetre arbeidsprosessar og sikkerheit i banken.

Som ein del av kriseberedskapan gjennomfører ein årlege kriseøvingar med IKT-hendingar som tema. I tillegg vert det køyrt større beredskapsøvingar med tema som treff breiare enn berre IKT-området. Banken er i innføringsfasen av eit nytt Information Security Management System - ISMS, som er eit styringssystem for informasjonssikring.

Ressursar frå både IKT og sikringsmiljøet har delteke i ulike samhandlingsarenaer i SpareBank 1-alliansen, sidan sommaren 2024. Banken deltek også i fellesprosjekt, til dømes knytt til implementering av DORA-regelverket. Ressursar frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane tek også leing på teknisk testing på vegner av Samspar-bankane og det er venta at første test vert gjennomført i løpet av første kvartal i 2025.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane tek truslane som cyberrisikoen medfører, på største alvor, og arbeider systematisk med å gjere grep og investeringar som reduserer faren for cyberangrep.

ESG-risiko

ESG-risiko omfattar klima og natur, sosiale forhold og verksemdstyring. Blant desse er klimarisiko den mest sentrale innan ESG-feltet, då den omfattar risiko knytt til klimaendringar som kan påverke både banken sine kundar og banken sjølv. Klimarisiko kan delast inn i fysisk risiko, overgangsrisiko og ansvarsrisiko. Fysisk risiko inkluderer ekstremvêr og temperaturendringar som kan redusere verdien på eigedelar og føre til økonomiske tap. Overgangsrisiko omfattar endringar knytt til politiske, regulatoriske og teknologiske forhold i overgangen til eit nullutsleppssamfunn. Ansvarsrisiko dreier seg om juridisk ansvar, som kan oppstå frå manglande handlingar relatert til klimaendringar.

For å handtere klimarisiko har banken berekraft integrert i strategien og opererer med ein heilskapleg tilnærming på tvers av avdelingar og regionar. Gjennom heile 2024 har banken vidareutvikla tiltak for å dempe risikoen og styrke kunnskapsgrunnlaget internt. Opplæring av tilsette, spesielt innan vurderingar av klimarisiko og ESG-forhold, har vore eit prioritert område. Scenarioanalysar har blitt gjennomført ved å nytte NGFS sine Net Zero 2050- og Current Policies-scenario, for Sogn og Fjordane som marknadsområde.

Måling av klimarisiko er eit sentralt fokusområde. Banken har etablert måleindikatorar og styringsmål for utslepp frå utlånsaktivitetar, basert på ein ny klimaovergangsplan vedteken i 2024. Planen inkluderer målretta tiltak for å redusere klimagassutslepp, særleg innan utlånsverksemda mot privat- og bedriftskundar. Banken gjennomfører no kvartalsvise målingar av fysisk risiko og overgangsrisiko, med spesiell merksemd på energimerkegrad for eigedomar. Detaljert informasjon om klimarisiko er å finne i berekraftsvedlegg i årsrapporten.

Alle tilsette i banken har fått opplæring om berekraft og klimarisiko, med fokus på korleis desse faktorane påverkar banken si verksemd og kundane. Tiltak for å redusere klimarisiko, både gjennom risikovurderingar og konkrete handlingar, er omtalt i banken sin kredittstrategi, TCFD-rapport og klimaovergangsplan. Desse planane gir detaljert oversikt over korleis banken jobbar for å redusere risiko og klimagassutslepp, særleg frå utlånsverksemda.

Framover vil banken fokusere på implementering av SpareBank 1-alliansen sin ESG-modell for kartlegging av risiko for bedriftskundar. Denne overgangen legg grunnlag for betre kartlegging og oppfølging av ESG- og klimarisiko. Banken vil òg vidareutvikle og følgje opp klimaovergangsplanen, inkludert scenarioanalysar og langsiktige tiltak for å sikre at målet om netto null innan 2050 blir oppnådd.



Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risikoen for at banken ikkje klarer å oppfylle pliktene sine og/eller finansiere ein auke i eigdeleane, utan at det oppstår vesentlege ekstrakostnader i form av prisfall på eigedelar som må realiserast, eller i form av ekstra dyr finansiering. Det blir utarbeidd stresstestar, prognoser for likviditetsbehov, og beredskapsplan for bortfall av likviditet for å kunne handtere likviditetsrisikoen. Resultatet av stresstestane og lovkrav knytt til LCR og NSFR er avgjerande for dei krava interne risikorammer set for storleiken på likviditetsreserven til banken. Banken er godt posisjonert i forhold til lovkrava, og ved utgangen av 2024 var LCR 169 % og NSFR på 124%.

Risiko for kvitvasking og terrorfinansiering

Bankar generelt er gjennom tenestesppekteret vurdert å ha høg risiko for kvitvasking og terrorfinansiering. Risikoen kan reduserast gjennom val av produkt, tenester, kundar og kundeaktivitetar, og også gode styrings- og kontrollsystem, rutineverk og opplærings-tiltak. I kampen mot kvitvasking og terrorfinansiering har finansnæringa ei viktig samfunnsrolle. SpareBank 1 Sogn og Fjordane tek dette ansvaret på alvor og arbeider for å sikre god etterleving av regelverket. Antikvitvasking- og antiterrorfinansieringsarbeidet har difor ein sentral plass i strategien til banken. SpareBank 1 Sogn og Fjordane har i all hovudsak bedriftskundar som høyrer heime i gamle Sogn og Fjordane fylke. I privatmarknaden har banken kundar over heile landet, men med storparten av kundemassen i Vestland fylke. Stort innslag av langsiktige kundeforhold og god produktbreidde er med å sikre god kunnskap om kundane, og legg eit godt grunnlag for å handtere kvitvaskings- og terrorfinansieringsrisikoen. Det er avgjerande at heile organisasjonen har god kunnskap om krava i lovverket og eit sterkt fokus på etterleving. Ved gjennomføring av kundetiltak skal tilsette ha profesjonell skepsis til informasjon og dokumentasjon frå kundar og vere merksame på indikatorar på kvitvasking og terrorfinansiering.

Andre risikotypar

I tillegg til risikotypane som er nemnde ovanfor, er banken også utsett for andre typar risiko, som til dømes forretningsrisiko, eigarrisiko, omdømmerisiko og systemrisiko. Vurderingar av desse ligg inne som ein del av den daglege drifta, og styret blir orientert om utviklinga gjennom driftsrapportar, ICAAP og internrevisjonsrapportar.

Kapitalstyring

Gjennom den årlege ICAAP-prosessen vurderer og kvantifiserer ein risikoane banken er utsett for, og set av kapital til dei ulike risikotypane. Kapitalavsetjinga skal vere framoverskodande. Dette inneber at kapitalbehovet skal vurderast ikkje berre ut frå eksponeringane på eit gitt tidspunkt, men også ta omsyn til framtidige planar om vekst, strategiske endringar og val som vil påverke kapitalbehovet. Det skal minimum utarbeidast framskrivingar av den finansielle utviklinga for dei neste tre åra. Som grunnlag for å gjere ei god vurdering av kapitalbehovet, skal det utarbeidast scenarioanalysar som viser korleis negative hendingar påverkar resultat, balanse, likviditet og kapitaldekning.

Med grunnlag i framskrivingane og scenarioanalysane gjer styret ei samla vurdering av om kapitalnivået er tilfredsstillande. Banken skal til ei kvar tid oppfylle lovpålagde kapitalkrav. I tillegg er det viktig at banken har nok kapital til organisk vekst og eventuelle oppkjøp, og til å tilfredsstillte forventningar om utbytte- og gåvetildeling. Om banken får behov for kapitalauke utover det som tilbakehalde overskot frå drifta gir grunnlag for, kan den reine kjernekapitalen aukast gjennom emisjon av eigenkapitalbevis, eller mindre utbytte- og gåvetildelingar. Kjerne- og totalkapitalen kan aukast gjennom fondsobligasjonar og ansvarlege lån.

Balansestyling er også eit viktig verkemiddel i kapitalstyringa til banken. I gjenopprettingsplanen til banken er det gjort analysar som viser effekten ulike balansestyrande tiltak har på soliditet, likviditet og lønsemd, og kor stor kapasitet banken har til å gjere slike tiltak.

Banken har dei siste åra hatt følgjande utvikling i kapitaldekning og kapitalkravsmargin (kapitalkravsmargin = rein kjernekapitaldekning – regulatorisk kapitalkrav):

	31.12.21	31.12.22	31.12.23	31.12.24
Total kapitaldekning	19,44 %	20,15 %	21,03 %	20,63 %
Kjernekapitaldekning	17,66 %	18,39 %	19,04 %	18,47 %
Rein kjernekapitaldekning	16,62 %	17,36 %	17,75 %	17,12 %
Krav rein kjernekapital	12,70 %	13,70 %	15,20 %	15,00 %
Kapitalkravsmargin	3,92 %	3,66 %	2,55 %	2,12 %

Utviklinga i soliditeten er etter styret sitt syn tilfredsstillande. Banken er også godt rusta for å møte framtidige kapitalkrav. Ved innføringa av ny standardmetode for kredittrisiko i 2025 vil kapitaldekninga auke, som følgje av lågare gjennomsnittlege risikovekter på kundeengasjementa.

Organisasjon og tilsette

Arbeidsmiljø og sjukefråvær

SpareBank 1 Sogn og Fjordane gjennomfører årleg medarbeidarundersøkingar som kartlegg trivselen til dei tilsette. I løpet av året gjennomførte vi to undersøkingar; ei større medarbeidarundersøking og ei kortare pulsmåling. Undersøkingane måler medarbeidartilfredsheit og –engasjement, og gir tilsette rom for å gi tilbakemeldingar om korleis dei opplever arbeidssituasjonen knytt til informasjonsflyt, kommunikasjon og oppfølging. Undersøkingane viser at banken har eit godt arbeidsmiljø, samanlikna med nærings- og arbeidslivet generelt. Både medarbeidartilfredsheit og –engasjement er styrka gjennom 2024. Forbettrings- og forsterkingsområde blir følgde opp, både på konsernnivå og i den enkelte avdeling, for å styrke arbeidsmiljøet og sikre gode resultat i framtida.

Banken har sidan 2003 vore IA-bedrift (avtale om inkluderande arbeidsliv). Gjennom avtalen er banken forplikta til å arbeide for å halde sjukefråværet lågt, og å legge til rette for at tilsette, som får redusert funksjonsevne, kan halde fram i arbeidet. Det er ikkje registrert avvismeldingar på skadar som skuldast ulukker, eller arbeidsbelastning i 2024. Det har vore eit høgt fokus på arbeidsmiljøet i banken i 2024. Arbeidsmiljøutvalet i banken har hatt 4 møter i 2024 og handsama 5 saker om arbeidsmiljøet.

Det gjennomsnittlege sjukefråværet var på 4,64 % i 2024, ein auke frå 3,84 % i 2023. Både eigenmeldt fråvær og kortidsfråvær er stabilt. Det er langtidsfråværet som har auka, og banken har fokus på god oppfølging av sjukmelde og tilbyr tilrettelegging, slik at dei som er sjukmelde kan komme raskast mogleg tilbake i jobb. Banken har endra berekningsmåte for sjukefråvær frå og med årsrapporten for 2024. Tala for 2023 er også endra slik at dei kan samanliknast. I tråd med NAV og SSB sine retningslinjer for rapportering av sjukefråvær skal ikkje ferie lenger redusere moglege dagsverk i rapporten. Sjukefråværet blir rekna i prosent av moglege dagsverk, så endringa inneber at sjukefråværsprosenten blir lågare enn tidlegare rapportert (4,21 % i 2023).

Lønn, likestilling og mangfald

Banken har som mål å vere ein av dei mest attraktive arbeidsplassane i Sogn og Fjordane. I det legg vi også eit likestillings- og mangfaldsperspektiv.

Banken er oppteken av å legge forholda til rette for kvinner i leiande stillingar. I styret er fire av åtte medlemmer kvinner. I leiargruppa er det tre kvinner og seks menn, inkludert administrerende direktør. Av dei tilsette er 56 % kvinner og 44 % menn, ei fordeling som er uendra frå 2023. Andelen kvinner med personalansvar har auka til 39 % i 2024 frå 38 % i 2023. Dette er utanfor målet på 40-60 %, og banken jobbar aktivt for å auke andelen kvinner i leiande stillingar. Banken er

tilknytt Kvinner i Finans Charter, og er forplikta til å setje interne mål for kjønnsbalanse på leiarnivå, og til å ha ein person på leiarnivå som får dedikert ansvar for oppfølging av arbeidet med mangfald og likestilling i banken.

Kvinner si løn i % av menn si løn har auka til 90 % i 2024 frå 89 % i 2023. Banken har jobba bevisst med likeløn ved både rekruttering og i lønsoppgjør, og har gjort tiltak for å utjamne lønsskilnader, som ikkje kan forklarast med anna enn kjønn.

Av banken sine 323 tilsette, arbeider 32 tilsette deltid. Av desse er 19 kvinner og 13 menn. Deltidsarbeidet består stort sett av tilsette i 80 og 90 %-stillingar, med unntak av studentar som jobbar deltid på Student-senter, Kundesenter og Bedriftssenter. Det er ikkje dokumentert ufrivillig deltidarbeid i banken. I 2024 hadde banken 22 tilsette i midlertidige stillingar. Av desse er det 9 kvinner og 13 menn. Banken legg til rette for tilsette med nedsett funksjonsevne og tilsette med spesielle behov. Banken vil halde fram arbeidet med likestilling og likeverd på alle nivå.

Ytterlegare informasjon om banken sitt arbeid med organisasjon og HR, og informasjon om likestilling, mangfald og inkludering, samt helse, miljø og sikkerheit, står i kapittelet «Våre dyktige tilsette».

Ytre miljø

Klimaendringar er vår tid si største utfordring. Banknæringsna har eit stort potensiale til å bidra til berekraftig utvikling, og SpareBank 1 Sogn og Fjordane ønsker å gjere ein forskjell. Banken nyttar ikkje innsatsfaktorar eller produksjonsmetodar som direkte forureinar det ytre miljøet. Vi har rutinar for HMS og miljøfokus ved innkjøp og reiseverksemd, og er sertifisert som miljøfyrtårn. Vi stiller strenge krav til oss sjølve for å sikre kontinuerleg redusert miljøbelastning frå eiga verksemd.

I 2023 rapporterte vi klimarekneskapan vår og nytta dette som grunnlag for å setje mål for vidare reduksjon av klimagassutslepp. Vi rapporterer etter GHG-protokollen (Greenhouse Gas Protocol), som er den mest nytta rapporteringsstandarden for berekning av ei verksemd sine utslepp av klimagassar. Banken har om lag 30 faste installerte video-konferanseanlegg, i tillegg til fleire andre effektive kommunikasjonsløyser for dei tilsette. Dette har redusert reiser med bil og fly vesentleg, og auka effektiviteten i organisasjonen totalt sett.

Banken har ein eigen berekraftsstrategi som mellom anna inneheld konkrete tiltak for vår eiga drift, for å redusere eigne utslepp og påverknad på klimaet. Vi har jobba vidare med å kartlegge utslepp i utlånsporteføljen og med å klassifisere utlåna i forhold til klimarisiko. I desember 2023 blei banken medlem av



PCAF (Partnership for Carbon Accounting Financials), noko som gav oss tilgang til ein omfattande utslepps-database og rettleiing. I løpet av 2024 har vi også jobba med å kartlegge endå fleire kategoriar i klimarekneskapet, som følge av vårt medlemskap i PCAF. Dette har gitt oss eit meir komplett klimarekneskap enn tidlegare, og vi kan gjere meir presise berekningar av utslepp knytt til utlånsaktiviteten.

I 2024 nytta vi klimarekneskapet frå 2023 som grunnlag for å utarbeide ein klimaovergangsplan, i samsvar med krava i CSRD og ESRS. Denne planen, som blei vedtatt av banken sitt styre i desember 2024, operasjonaliserer arbeidet vårt med reduksjon av klimagassar på alle relevante område innanfor scope 1, 2 og 3. Planen set mål og delmål mot vårt overordna mål om netto null utslepp i 2050. Berekraftsstrategien og klimaovergangsplanen legg konkrete tiltak for korleis vi skal redusere eigne utslepp og påverknad på klimaet. Som følge av konverteringa til SpareBank 1 og totalrenoveringa av hovudkontoret i Førde, har utsleppa frå eiga drift auka vesentleg i 2024. Antal tenestereiser med fly og hotellovernattingar har auka, og forbruket av straum og mengda avfall har auka som eit resultat av renovasjonsarbeidet.

For ytterlegare informasjon om banken sitt arbeid med berekraft og klima, viser vi til årsrapporten og berekraftsvedlegget med rapportering på klima og miljø, samt klimarisikorrapportering etter CSRD.

Samfunnsansvar

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har tett relasjon til lokalsamfunna i Sogn og Fjordane, og interessefellesskapen mellom Sogn og Fjordane og banken er stort. SpareBank 1 Sogn og Fjordane er den største banken i regionen, og med 6 av 10 aksjeselskap i regionen som kundar er vi også ei viktig finansieringskjelde for næringslivet. Vi ser på det å sikre god og framtidretta aktivitet i bedriftsmarknaden som det viktigaste samfunnsansvaret vårt.

Banken og eigarstiftingane til banken gir betydelege summer fordelt på gåve- og sponsormidlar tilbake til lokalsamfunnet innanfor eit breitt spekter innan kultur, næringsutvikling, idrett og friluftsinisiativ. I 2024 gjekk 140 millionar kroner frå bankoverskotet tilbake til samfunnet gjennom gåver og sponsormidlar.

Gjennom utlånsverksemda kan vi vere med å bidra til ei berekraftig utvikling, og rådgje næringslivet. Ved å gi dei tilsette kunnskap om kor viktig samfunnsansvaret er for næringslivet si framtid, trur vi at vi kan medverke til at bedriftskundar tek eit

sterkare samfunnsansvar. I ei banknæring i stor endring, vert samfunnsansvaret og den lokale merkevarebygginga, gjennom dette arbeidet, meir sentralt enn nokon gong. Vi skal vere ein ansvarleg samfunnsaktør som skal hjelpe kundane våre til å ta berekraftige val. Eit tiltak for å oppnå dette, er å tilby grøne produkt til gunstige vilkår.

Banken sin langsiktige strategi for samfunnsansvaret er:

- Vidareutvikle samfunnsansvaret som ein integrert del av bedriftskulturen og strategiprosessen
- Sikre at samfunnsansvaret vert ein naturleg del av dialogen med kundar og andre interessentar til banken
- Vidareutvikle ein tydeleg samfunnsansvarleg profil for banken

For ytterlegare informasjon om samfunnsansvaret viser vi til «Berekraftsrapport» og «Berekraftsvedlegg» i årsrapporten for 2024 og til nettsida <https://www.sparebank1.no/nn/sogn-fjordane/om-oss/berekraft.html>

Rammevilkår

Høgt rentenivå dei siste åra er venta å påverke økonomien til hushaldningane og bedriftene slik at etterspurnaden etter lån blir relativt låg også i 2025. Låg etterspurnad vil truleg gjere konkurransen tøffare. SpareBank 1 Sogn og Fjordane er ein liten aktør i den nasjonale marknaden og vil jobbe for å oppnå høgare vekst enn marknaden samla sett også framover.

Stordriftsfordelane innan bank og finans har auka dei siste åra. Kapitaldekningsreglar som gir små og mellomstore standarbankar som SpareBank 1 Sogn og Fjordane lågare inntening pr. utlånt krone enn dei større bankane, stadig fleire regulatoriske krav, som både er komplekse og kostnadsdrivande å etterleve, og auka investeringsbehov innan IKT og IKT-sikkerheit gjer det meir krevjande å vere ein frittstående mellomstor bank. I 2025 er det venta nye kapitaldekningsreglar som kan utjamne forskjellane og redusere konkurranseulempene for standardbankar noko, men utanom dette, er det venta at presset for konsolidering til større einingar vil halde fram i banknæringa.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane tok i 2023 ei strategisk avgjersle om å investere i, og bli medeigar i SpareBank 1-alliansen og i 2024 er investeringane gjennomført. Dette var ei viktig avgjersle som har styrka SpareBank 1 Sogn og Fjordane og auka sannsynet for at banken også på lang sikt kan vere ein sterk og sjølvstendig sparebank med hovudkontor i Sogn og Fjordane.



Oppsummering og utsiktene framover

2024 har vore prega av stor usikkerheit. Krigen i Ukraina, høgt rentenivå og aukande prisar gjorde at mange var usikre på utsiktene for 2024. Trass i at prisstigning og auka rentenivå har gjort den økonomiske kvardagen meir krevjande for mange, har økonomien samla sett likevel klart seg betre enn venta. Arbeidsløysa er framleis låg og aktiviteten har så langt halde seg oppe i dei fleste bransjar. Norges Bank har halde styringsrenta uendra gjennom 2024 og prisstigninga er lågare i 2024 enn for 2023. Samstundes blir den geopolitiske uroa opplevd som stor. Det er venta at rentenivået i 2025 går litt ned, men spekulasjonar om importtoll og handelskrig gjer det uvisst kor mykje. Sjølv om økonomien framstår sterkare i starten på 2025 enn for eitt år sidan kan både vedvarande prisvekst, rentenivå og handelsutfordringar skape problem for enkeltbedrifter og hushaldningar. Banken er tett på næringslivet, rustar seg for tøffare konkurranse om kundane og håpar at den geopolitiske situasjonen betrar seg.

For banken vart 2024 eit svært godt år. God vekst og litt høgare rentenivå gjer at vi har fått ein fin utvikling i rentenettoaen, som er vår viktigaste inntektskjelde. Samstundes har banken hatt høge finansinntekter og låge tap. Kostnadsveksten i 2024 vart høg, men mykje av kostnadsauken er forbigående og skuldast i

stor grad konvertering og tilpassing til SpareBank 1-alliansen. I sum får konsernet eit resultat etter skatt på 992 millionar kroner og ein eigenkapitalavkastning på 13,8 %. Resultatet er historisk godt og styret er svært godt nøgd med dette. Det gode resultatet gjer at banken kan dele ut eit bra utbytte og samtidig bygge soliditet. Banken har ved utgangen av året rein kjernekapitaldekning på 17,1 % og total kapitaldekning på 20,6 %. Kapitaldekninga er over gjeldande krav.

I 2024 har banken gjennomført eit stort prosjekt knytt til konvertering til SpareBank 1-alliansen. Samstundes har banken halde fokus på kundane og drifta av banken. Endringsvilje og kompetente medarbeidarar har i 2024 gjort ein stor innsats og er klare for vidare omstilling, utvikling og verdiskaping framover.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane vil framleis ha primær fokus på det geografiske området Sogn og Fjordane for bedriftsmarknaden, men vil som tidlegare også satse vidare på nasjonal vekst i privatmarknaden. Styret vurderer at banken står sterkt rusta til å takle dei utfordringane som måtte komme i 2025 og åra framover.

Styret takkar alle tilsette for ein flott innsats i året som har gått. Styret vil også takke kundar og samarbeidspartnarar for eit godt samarbeid i 2024.

Førde, 04.03.2025

Lise Mari Haugen
styreleiar

Magny Øvrebo
nestleiar

Silje Skaar Sunde

Johnny Haugsbakk

Vegard Strand

Kristian Skibenes

Helene Gåsemyr

Ole-Hermann Rognsøy

Trond Teigene
adm. direktør



Resultatrekneskap

MORBANK				KONSERN	
2023	2024	TAL I MILL. KRONER	Note	2024	2023
2 658	3 247	Renteinntekter	20	4 580	3 789
1 401	1 934	Rentekostnader	20	2 994	2 323
1 257	1 313	Netto renteinntekter		1 586	1 466
167	169	Provisjonsinntekter	21	171	170
34	39	Provisjonskostnader	21	39	34
160	405	Netto vinst frå finansielle instrument	22	259	34
13	12	Andre inntekter	23	33	31
307	547	Netto andre driftsinntekter		424	201
1 564	1 860	Sum inntekter		2 010	1 667
274	324	Lønn og andre personalkostnader	24,25,26	345	294
219	349	Andre kostnader	24	373	229
26	31	Av- og nedskrivning på varige driftsmidler og immaterielle egedelar, og vinst/tap	33,34,35	27	23
519	704	Sum driftskostnader		744	546
1 045	1 157	Resultat før nedskrivning på utlån og garantiar		1 266	1 121
- 6	38	Nedskrivning på utlån og garantiar	15	19	13
1 051	1 118	Resultat før skatt		1 246	1 108
219	200	Skattekostnad	27	255	261
832	919	Resultat for rekneskapsåret		992	847
832	919	UTVIDA RESULTATREKNESKAP			
		Resultat for rekneskapsåret		992	847
0	0	Sum andre innrekna inntekter og kostnader for perioden, etter skatt		0	0
832	919	Totalresultat		992	847
37,10	40,23	Resultat pr. EK-bevis (vekta) i heile kr		43,43	37,79



Balanse

TAL I MILL. KRONER

MORBANK				KONSERN	
31.12.23	31.12.24	Eigedelar	Note	31.12.24	31.12.23
18	12	Kontantar og kontantekvivalentar	0	12	18
3 140	4 035	Utlån til og krav på kredittinstitusjonar/sentralbankar	3,17,28	411	534
38 888	38 381	Utlån til kundar	3,7-16,28	64 412	63 970
7 194	8 283	Sertifikat og obligasjonar	3,29	10 001	7 627
741	916	Finansielle derivat	3,30	417	413
734	483	Aksjar	3,31	483	734
0	880	Investering i tilknyttta selskap og felleskontrollert verksemd	32	889	0
2 212	2 371	Investering i dotterselskap	32	0	0
8	5	Immaterielle eigedelar og goodwill	33	7	9
88	361	Varige driftsmidlar	34-35	131	101
26	31	Utsett skattefordel	27	24	16
124	284	Andre eigedelar	36	289	132
53 173	56 044	Sum eigedelar		77 077	73 556
731	614	Gjeld til kredittinstitusjonar	3,17,28	502	502
35 827	38 756	Innskot frå og gjeld til kundar	3,28,37	38 597	35 796
7 519	6 846	Verdipapirgjeld	3,28,38	28 193	28 040
669	827	Finansielle derivat	3,30	789	614
216	203	Betalbar skatt	27	262	256
0	0	Utsett skatt	27	0	0
333	583	Anna gjeld og avsetningar	39	302	326
705	803	Ansvarleg lånekapital	40	803	705
46 000	48 632	Sum gjeld		69 448	66 240
4 943	5 247	Eigarandelskapital	48	5 247	4 943
798	950	Grunnfondskapital		950	798
476	308	Annan eigenkapital		523	618
450	500	Hybridkapital		500	450
507	408	Foreslått avsett til utbytte og gåver	48	408	507
7 173	7 413	Sum eigenkapital		7 628	7 316
53 173	56 044	Sum gjeld og eigenkapital		77 077	73 556

Førde, 04.03.2025

Lise Mari Haugen
styreleiarMagny Øvrebø
nestleiar

Silje Skaar Sunde

Johnny Haugsbakk

Vegard Strand

Kristian Skibenes

Helene Gåsemyr

Ole-Hermann Rognsøy

Trond Teigene
adm. direktør



Kontantstraumoppstilling

MORBANK			KONSERN		
31.12.23	31.12.24		Note	31.12.24	31.12.23
1 051	1 118	Resultat før skatt		1 246	1 108
961	2 920	Auke/(reduksjon) i innskot frå kundar	37	2 793	953
- 5 596	479	Reduksjon/(auke) i utlån til kundar	9	- 490	- 2 786
29	31	Av- og nedskrivning	34	27	26
- 6	38	Nedskrivning på utlån og garantiar	15	19	13
- 3	0	Tap/(vinst) avgang varige driftsmidlar		0	- 3
- 153	- 216	Betalt skatt	27	- 257	- 187
54	- 14	Andre ikkje kontanttransaksjonar		- 193	42
31	70	Justering for andre postar		- 13	53
- 3 632	4 427	A) Netto likviditetsendring frå operasjonelle driftsaktivitetar		3 132	- 781
		Reduksjon/(auke) i aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning	31	- 629	24
24	- 794	Reduksjon/(auke) i plassering i sertifikat og obligasjonar	29	- 2 364	- 143
82	- 1 079	Investering i varige driftsmidlar, immaterielle eigedelar og goodwill	33-35	- 56	- 41
- 39	- 305	Sal av varige driftsmidlar		0	5
4	0				
72	- 2 178	B) Netto likviditetsendring frå investeringsaktivitetar		- 3 049	- 154
		Auke/(reduksjon) i lån frå kredittinstitusjonar	17	0	- 1
91	- 117	Auke/(reduksjon) i verdipapiringjeld	38	366	796
1 616	- 665	Auke/(reduksjon) i ansvarleg lånekapital	40	98	102
102	98	Auke/(reduksjon) i eigarandelskapital		- 10	- 1
- 560	- 10	Auke i hybridkapital		50	100
100	50	Utbytte og gåveutbetalingar		- 715	- 242
- 242	- 715				
1 667	- 1 359	C) Netto likviditetsendring i finansieringsaktivitetar		- 212	754
- 1 893	890	D) Netto endring likvidar i året (A+B+C)		- 129	- 181
5 051	3 158	Likviditetsbeholdning inngåande bealdning		552	733
3 158	4 048	Likviditetsbeholdning utgåande bealdning		424	552
		Spesifikasjon av likviditetsbeholdning			
18	12	Kontantar og kontantekvivalentar		12	18
3 140	4 035	Innskot i andre finansinstitusjonar og sentralbankar		411	534
3 158	4 048	Sum		424	552



Eigenkapitaloppstilling

	EIGARANDELSKAPITAL										
	Eigen- kapital- bevis	Ut- javn- ings- fond	Eigne eigen- kapital- bevis	Over- kurs	Grunn- fonds- kapital	Gåve- fond	Hybrid- kapital	Fond for ureali- sert vinst	Annan eigen- kapital	Avsett utbytte og gåver	Sum
MORBANK											
Balanse 31.12.22	1 948	2 689	- 3	16	700	0	350	569	0	248	6 518
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	0	0	0	0	0	0	0	0	- 248	- 248
Endring hybridkapital	0	0	0	0	0	0	100	0	0	0	100
Renter hybridkapitalinvestorar	0	0	0	0	0	0	- 28	0	0	0	- 28
Kjøp og sal av egne eigenkapitalbevis	0	0	- 1	0	0	0	0	0	0	0	- 1
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	293	0	0	97	0	28	- 94	0	507	832
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 31.12.23	1 948	2 982	- 3	16	798	0	450	476	0	507	7 173
Balanse 31.12.23	1 948	2 982	- 3	16	798	0	450	476	0	507	7 173
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	- 194	0	0	0	0	0	0	0	- 507	- 701
Tilbakeføring av gåver avsett tidlegare	0	0	0	0	0	19	0	0	0	0	19
Endring hybridkapital	0	0	0	0	0	0	50	0	0	0	50
Renter hybridkapitalinvestorar	0	0	0	0	0	0	- 37	0	0	0	- 37
Kjøp og sal av egne eigenkapitalbevis	0	0	- 10	0	0	0	0	0	0	0	- 10
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	508	0	0	133	0	37	- 168	0	408	919
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 31.12.24	1 948	3 296	- 13	16	931	19	500	308	0	408	7 413



Eigenkapitaloppstilling, framhald

	EIGARANDELSKAPITAL										
	Eigen- kapital- bevis	Ut- jamn- ings- fond	Eigne eigen- kapital- bevis	Over- kurs	Grunn- fonds- kapital	Gåve- fond	Hybrid- kapital	Fond for ureali- sert vinst	Annan eigen- kapital	Avsett utbytte og gåver	Sum
KONSERN											
Balanse 31.12.22	1 948	2 689	- 3	16	700	0	350	569	127	248	6 645
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	0	0	0	0	0	0	0	0	- 248	- 248
Endring hybridkapital	0	0	0	0	0	0	100	0	0	0	100
Renter hybridkapital-investorar	0	0	0	0	0	0	- 28	0	0	0	- 28
Kjøp og sal av egne eigenkapitalbevis	0	0	- 1	0	0	0	0	0	0	0	- 1
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	293	0	0	97	0	28	- 94	15	507	847
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 31.12.23	1 948	2 982	- 3	16	798	0	450	476	142	507	7 316
Balanse 31.12.23	1 948	2 982	- 3	16	798	0	450	476	142	507	7 316
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	- 194	0	0	0	0	0	0	0	- 507	- 701
Tilbakeføring av gåver avsett tidlegare	0	0	0	0	0	19	0	0	0	0	19
Endring hybridkapital	0	0	0	0	0	0	50	0	0	0	50
Renter hybridkapital-investorar	0	0	0	0	0	0	- 37	0	0	0	- 37
Kjøp og sal av egne eigenkapitalbevis	0	0	- 10	0	0	0	0	0	0	0	- 10
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	508	0	0	133	0	37	- 153	59	408	992
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 31.12.24	1 948	3 296	- 13	16	931	19	500	322	201	408	7 628



Eigenkapitaloppstilling, framhald

Forklaringa av dei ulike eigenkapitalsfonda:

Eigarandelskapital:

Eigarandelskapital omfattar kapital som etter vedtektene er knytt til eigenkapitalbevis. Eigarandelskapitalen sin del av resultatet etter skatt, etter frådrag av utbytte og forholdsmessig del av renter til hybridkapitalinvestorar blir tilført utjamningsfondet i forhold til eigarbrøken. Utjamningsfondet kan nyttast til å oppretthalde utbytte til eigarandelbevisegarane, når det er forsvarleg å dele ut utifrå eigenkapitalsituasjonen.

Grunnfondskapital:

Grunnfondskapital omfattar kapital som ikkje er eigarandelskapital. Grunnfondskapitalen sin del av resultatet etter skatt, etter frådrag av avsetning til gâver og forholdsmessig del av renter til hybridkapitalinvestorar, blir tilført grunnfondskapitalen.

Hybridkapital:

Hybridkapital omfattar fondsobligasjon som tilfredstiller krava til å bli definert som eigenkapital og kjernekapital, i forhold til kapitaldekningsreglane. Renter for hybridkapitalen blir fordelt på utjamningsfondet og grunnfondskapitalen etter eigarbrøken og i praksis disponert saman med resultatet.

Fond for urealisert vinst:

Fond for urealisert vinst elles betår av urealisert vinst frå finansielle instrument, der det er ulik verdivurdering mellom IFRS og norske rekneskapsreglar. Mellom anna er urealisert vinst frå aksjar inkludert her.

Annan eigenkapital:

Annan eigenkapital består av opptent overskot frå ulike dotterselskap og udisponert resultat.

Utbytte og gâver:

Forslag til utbytte og gâver står som ein del av eigenkapitalen inntil dei er vedtekne av Generalforsamlinga.



Notar til rekneskapen

- Note 1 Rekneskapsprinsipp
- Note 2 Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar
- Note 3 Klassifisering av finansielle instrument
- Note 4 Segmentrapportering
- Note 5 Risikostyring

- Kredittrisiko**
- Note 6 Kapitaldekning
- Note 7 Risikoklassifisering av utlån til kundar
- Note 8 Engasjement i misleghald og betalingslette
- Note 9 Engasjement fordelt på kundegrupper
- Note 10 Utlån fordelt på geografiske område
- Note 11 Sikkerhetdekning på utlån til kunder
- Note 12 Forklaring av modell for nedskrivning etter IFRS 9
- Note 13 Engasjement fordelt på steg i IFRS 9
- Note 14 Nedskrivning fordelt på steg i IFRS 9
- Note 15 Resultatførte tap på utlån, garantiar og unytta trekkrettar
- Note 16 Makroøkonomiske scenario i modell for nedskrivning etter IFRS 9
- Note 17 Kredittinstitusjonar/sentralbankar – fordringar og gjeld

- Marknadsrisiko**
- Note 18 Marknadsrisiko

- Likviditetsrisiko**
- Note 19 Likviditetsrisiko

- Andre resultatpostar**
- Note 20 Netto renteinntekter
- Note 21 Netto provisjonsinntekter
- Note 22 Netto vinst på finansielle instrument
- Note 23 Andre inntekter
- Note 24 Driftskostnader
- Note 25 Pensjonsansvar
- Note 26 Godtgjersle og liknande
- Note 27 Skattekostnad

- Andre balansepostar**
- Note 28 Verkeleg verdi på finansielle instrument
- Note 29 Obligasjonar, sertifikat og andre renteberande verdipapir
- Note 30 Finansielle derivat
- Note 31 Aksjar
- Note 32 Dotterselskap og tilknytt selskap
- Note 33 Immaterielle egedelar og goodwill
- Note 34 Varige driftsmidlar
- Note 35 IFRS 16 Leigeavtalar
- Note 36 Andre egedelar
- Note 37 Innskot frå kundar
- Note 38 Verdipapirgjeld
- Note 39 Anna gjeld og avsetningar
- Note 40 Ansvarleg lånekapital og fondsobligasjonslån

- Andre opplysningar**
- Note 41 Ekspedisjonsnett
- Note 42 Postar utanom balansen
- Note 43 Nærstående partar
- Note 44 Forventa gjenvinning (eigedelar) og oppgjør (forpliktingar)
- Note 45 Valutaposisjonar
- Note 46 Motrekning
- Note 47 Tvistemål
- Note 48 Eigarandelskapital og eigarstruktur
- Note 49 Sikringsbøkføring



Note 1 Rekneskapsprinsipp

GENERELT

Årsrekneskapen for 2024 for SpareBank 1 Sogn og Fjordane er handsama og vedtatt i styremøte den 4. mars 2025.

Alle beløp i rekneskap og notar er oppgitt i millionar kroner, dersom ikkje anna er oppgitt spesifikt.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har gjeldsinstrument notert på Nordic ABM.

GRUNNLAG FOR UTARBEIDING AV REKNESKAPEN
Konsernrekneskapen og rekneskapen for morbanken for SpareBank 1 Sogn og Fjordane er utarbeidd i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane IFRS. Referansar til «IFRS» skal heretter bety referansar til IFRS® Accounting Standards som er godkjent av EU pr. 31.12.2024.

KONSERNSTRUKTUR

Det har ikkje vore endringar i konsernstrukturen i 2024.

ENDRING I REKNESKAPSPRINSIPP OG NOTEOPPLYSNINGAR

Alle inntekter og kostnader skal som hovudregel først over resultatrekneskapen. Unntak er verknad av endring i rekneskapsprinsipp. Ved grunnleggjande rekneskapsreformer/endringar i rekneskapsprinsipp skal tal for tidlegare år omarbeidast, slik at dei kan samanliknast. Dersom postar i rekneskapen blir reklassifiserte, skal samanlikningstal utarbeidast for tidlegare periodar og visast i rekneskapsoppstillinga.

Konsernet skal i tråd med IAS 8 opplyse kva endringar som har blitt implementert av konsernet i inneverande rekneskapsperiode og kva effektar det har hatt på årsrekneskapen.

ENDRINGAR I EU GODKJENDE STANDARDAR OG TOLKNINGAR

Det har ikkje vore endringar i standardar og/eller tolkingar som har vore relevante for konsernet i 2024.

Estimat

Ved utarbeiding av konsernrekneskapen blir det gjort vurderingar og tatt føresetnader, som påverkar effekten av rekneskapsprinsippa og dermed dei rekneskapsførte beløpa. I note 2 er det gjort nærare greie for vesentlege estimat og føresetnader.

KONSOLIDERING

I konsernrekneskapen inngår morselskapet SpareBank 1 Sogn og Fjordane med dotterselskap og tilknytte selskap. Konsernrekneskapen er utarbeidd som om konsernet var ei økonomisk eining. Ved konsolidering er det brukt einsarta rekneskapsprinsipp for alle selskapa, som inngår i konsernrekneskapen.

Alle vesentlege konserninterne transaksjonar, mellomverande og urealiserte vinstar og tap på transaksjonar mellom selskap, som inngår i konsernet, er eliminert ved konsolidering av konsernrekneskapen.

DOTTERSELSKAP OG TILKNYTTTE SELSKAP/ FELLESKONTROLLERT VERKSEM D

Dotterselskap er definert som selskap der SpareBank 1 Sogn og Fjordane har kontroll gjennom direkte eller indirekte eigarinteresser, eller andre forhold, og ein eigardel på meir enn 50 prosent av aksjekapitalen, som har stemmerett. Normalt reknar SpareBank 1 Sogn og Fjordane med å ha kontroll, når eigarinteressene i eit anna selskap er meir enn 50 prosent, men banken vurderer også om bankkonsernet har faktisk kontroll. Eit dotterselskap blir konsolidert frå det tidspunkt kontroll er overført til bankkonsernet. Selde dotterselskap blir fullkonsoliderte fram til dato for overføring av risiko og kontroll.

Følgjande selskap innfrir kriteria til dotterselskap:

Selskap	Eigar- og stemmedel
Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS	100 %
Bankeigedom Sogn og Fjordane AS	100 %
Eiendomsmegler 1 Sogn og Fjordane AS	100 %

Tilknytte selskap er selskap der SpareBank 1 Sogn og Fjordane har vesentleg innverknad, dvs. kan påverke finansielle og operasjonelle retningslinjer i selskapet, men utan å ha kontroll eller felles kontroll over selskapet. SpareBank 1 Sogn og Fjordane har som føresetnad å ha vesentleg innverknad i selskap der bankkonsernet har ei investering med eigardel på mellom 20 og 50 prosent. Fellekontrollert verksemd er selskap der banken gjennom avtalar utøver kontroll saman med andre eigarar.

Tilknytte selskap og fellekontrollert verksemd blir vurdert etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen.

Selskap som innfrir kriteria til tilknyttta selskap eller fellekontrollert verksemd er:

Selskap	Eigar- og stemmedel
Sogn og Fjordane Fondet	30 %
Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA	21,81 %
Samarbeidende Sparebanker AS	18,37 %
SpareBank 1 Samspår AS	18,07 %

Investeringar i dotterselskap, tilknytte selskap og fellekontrollert verksemd blir vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen.

I samsvar med IFRS 10, skal det gjerast ei vurdering av om konsernet har reell kontroll, som er større enn det eigarposten i selskapa tilseier. Dette er vurdert og konklusjonen er at det har vi ikkje.

FØRETAKSINTEGRASJON

Oppkjøpsmetoden er brukt ved rekneskapsføring av tileigna einingar. Kostpris ved oppkjøp er målt som verkeleg verdi av overtekne eigedelar, utferda eigenkapitalinstrument og overteken gjeld.

Identifiserte kjøpte eigedelar, og overteken gjeld og gjeldsforpliktingar er målt til verkeleg verdi på kjøpsdatoen. Kostpris utover verkeleg verdi, av konsernet sin del av kjøpte eigedelar, blir bokført som goodwill.

Goodwill blir testa for nedskriving årleg, eller hyppigare dersom det føreligg indikasjon på verdifall. Dersom kostpris ved oppkjøp er lågare enn verkeleg verdi av identifiserte eigedelar og forpliktingar, vert differansen inntektsført på transaksjonstidspunktet.

VALUTA

Norske kroner er funksjonell valuta til morselskapet og alle dotterselskapa i konsernet. Norske kroner er også konsernet sin presentasjonsvaluta. På balansedatoen blir pengeposter i utanlandsk valuta rekna om til kursen på balansedatoen, ikkje-pengepostar blir rekna om til historisk valutakurs på transaksjonsdatoen og ikkje-pengepostar vurdert til verkeleg verdi, blir utrekna med valutakurs på dato for verdsetting.

Transaksjonar i valuta blir rekna om til kursen på transaksjonstidspunktet. Verdiendringar, som oppstår som følgje av endringar i valutakursen mellom transaksjonstidspunktet og betalingstidspunktet, blir resultatført.

FINANSIELLE INSTRUMENT

Eit finansielt instrument er ei kontrakt som gir opphav til ein finansiell eigedel, for eit føretak, og ei finansiell plikt, eller eit eigenkapitalinstrument, for eit anna føretak.

Klassifisering og måling etter IFRS 9

Finansielle eigedelar

Klassifisering er basert på om instrumenta blir haldne i ein forretningsmodell både for å ta imot kontraktsmessige kontantstraumar og for sal, og om dei kontraktsfesta kontantstraumane berre er betaling av rente og hovudstol på gitte datoar.

Finansielle eigedelar blir klassifisert i ein av følgjande kategoriar:

- Gjeldsinstrument til amortisert kost
- Gjeldsinstrument til verkeleg verdi med verdiendring mot utvida resultat (FVOCI)
- Gjeldsinstrument, derivat og eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over resultat (FVTPL)
- Eigenkapitalinstrument der det er nytta OCI-opisjon, der instrumenta blir målt til verkeleg verdi mot utvida resultat utan resirkulering

Finansielle eigedelar målt til amortisert kost
Konsernet måler finansielle eigedelar til amortisert kost, dersom følgjande vilkår er oppfylte:

- Den finansielle eigedelen er ein del av ein forretningsmodell, der formålet er å ta imot kontraktsfesta kontantstraumar, og
- Kontraktsvilkåra for den finansielle eigedelen gir opphav til kontantstraumar, som berre består av betaling av hovudstol og renter på gitte datoar

Etterfølgjande måling av finansielle eigedelar målt til amortisert kost blir gjort ved bruk av effektiv rentemetode og er gjenstand for tapsavsetning. Vinst og tap blir ført mot resultat, når eigedelen er frårekna, modifisert eller nedskriven.

Konsernet sine finansielle eigedelar til amortisert kost inkluderer utlån og innskot i andre bankar.

Finansielle eigedeler målt til verkeleg verdi med verdiendringar mot utvida resultat (FVOCI)

Konsernet måler gjeldsinstrument til verkeleg verdi med verdiendring mot utvida resultat, dersom følgjande vilkår er oppfylt:

- Den finansielle eigedelen er ein del av ein forretningsmodell der formålet er både å ta imot kontraktsfesta kontantstraumar og sal,
- Kontraktsvilkåra, for den finansielle eigedelen, gir opphav til kontantstraumar som berre består av betaling av hovudstol og renter på gitte datoar

Gjeldsinstrument målt til verkeleg verdi med verdiendring mot utvida resultat, renteinntekter, omrekningsdifferansar, og tapsavsetningar eller reverseringar, blir innrekna i resultatrekneskapan og berekna på same måte som finansielle eigedelar målt til amortisert kost. Resterande endringar i verkeleg verdi blir innrekna i andre inntekter og kostnader. Ved frårekning blir den akkumulerte endringa i verkeleg verdi, som er innrekna i andre inntekter og kostnader, overført til resultat.

Konsernet nyttar denne kategorien, for utlån som kan bli selt til SpareBank 1 Boligkreditt AS.

Gjeldsinstrument, derivat og eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over resultat (FVTPL)

Følgjande instrument inngår i denne målekategorien:

- Derivat til verkeleg verdi over resultat
- Eigenkapitalinstrument skal som hovudregel her
- Gjeldsinstrument med ein forretningsmodell som tilseier å ta imot kontraktsmessige kontantstraumar frå renter, gebyr og hovudstol, samstundes som det er eit mål å kjøpe og selje papira i porteføljen med kort horisont, for å sikre fortjeneste frå vinstar

SpareBank 1 Sogn og Fjordane nyttar denne kategorien for utlån til kundar med fast rente, sertifikat og obligasjonar, aksjar og derivat. Fastrenteutlåna er som regel rentesikra med derivat eller fastrenteobligasjonsinnlån, som blir vurdert til verkeleg verdi. For å unngå eit rekneskapsmessig misforhold, er også fastrenteutlåna vurdert til verkeleg verdi.

Frårekning av finansielle eigedelar

Ein finansiell eigedel blir frårekna dersom:

- Den kontraktsfesta retten til å ta imot kontantstraumar, frå den finansielle eigedelen, ikkje lenger er til stades, eller
- Konsernet har overført den kontraktsfesta retten til å ta imot kontantstraumar, frå den finansielle eigedelen, eller beheld retten til å ta imot kontantstraumane, frå ein finansiell eigedel, men samtidig forpliktar seg til å overføre rettane til ein motpart; og enten
 - a. Konsernet har overført det vesentlege av risiko og fordelar med eigedelen, eller
 - b. Konsernet har verken overført eller behalde det vesentlege av risikoen og fordelar med eigedelen, men har overført kontrollen over eigedelen

Finansiell gjeld

Finansiell gjeld blir klassifisert i ein av følgjande kategoriar:

- Finansiell gjeld til amortisert kost
- Gjeldsinstrument, derivat og eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over resultat (FVTPL)

Finansiell gjeld til amortisert kost

SpareBank 1 Sogn og Fjordane nyttar denne kategorien for gjeld til kredittinstitusjonar, innskot frå og gjeld til kundar, det meste av eigne utferda renteberande verdipapir og anna finansiell gjeld.

Gjeldsinstrument, derivat og eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over resultat (FVTPL)

Følgjande instrument inngår i denne målekategorien:

- Derivat til verkeleg verdi over resultat
- Eigenkapitalinstrument skal som hovudregel her
- Gjeldsinstrument med ein forretningsmodell, som tilseier å ta imot kontraktsmessige kontantstraumar frå renter, gebyr og hovudstol, samstundes som det er eit mål å kjøpe og selje papira i porteføljen, med kort horisont, for å sikre fortjeneste frå vinstar

SpareBank 1 Sogn og Fjordane nyttar denne kategorien for innskot til kundar med fast rente og derivat.

Nærmare om finansiell gjeld

Finansiell gjeld blir, ved innrekning første gangen, klassifisert som lån og gjeld, eller derivat øymerka som sikringsinstrument i ein effektiv sikring. Derivat blir innrekna første gangen til verkeleg verdi. Lån og forpliktingar blir innrekna til verkeleg verdi, justert for direkte transaksjonskostnader.

Derivat er finansielle forpliktingar, når den verkelege verdien er negativ og blir behandla rekneskapsmessig på tilsvarande måte, som derivat som er eigedelar.

Lån og gjeld

Etter innrekning første gangen vil renteberande lån bli målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rente-

metode. Vinst og tap blir ført i resultatet, når forpliktinga er frårekna. Amortisert kost blir berekna ved å ta omsyn til kostnader mv. relatert til kjøpet, eller kostnader og avgifter som er ein integrert del av den effektive renta. Effektiv rente blir presentert som rentekostnader i resultatrekneskapan.

Forpliktingar er målt til nominelt beløp dersom effekten av diskontering er uvesentleg.

Frårekning av finansiell gjeld

Ei finansiell gjeld blir frårekna, når gjelda er innfridd, kansellert eller utløpt. Når ei eksisterande finansiell gjeld blir erstatta med ei ny gjeld frå same långjevar, når vilkåra er vesentleg endra, eller vilkåra på ei eksisterande gjeld er vesentleg modifisert, blir den opphavelige gjelda frårekna og ei ny gjeld innrekna. Forskjellen i balanseført verdi blir innrekna i resultatet.

Innrekning og frårekning

Eigedelar og gjeld blir innrekna på det tidspunktet konsernet har fått overført dei kontraktsmessige rettane til å ta imot kontantstraumar frå dei finansielle eigedelane, eller tar på seg reelle forpliktingar til å betale kontantstraumar. Førstegongs innrekning er til verkeleg verdi. Normalt vil førstegongs innrekning svare til transaksjonsprisen. Etter førstegongs innrekning blir finansielle instrument målt som forklart nedanfor under «Verdivurdering».

Eigedelar blir frårekna på det tidspunktet tilnærma all risiko og fordelar ved eigarskap til dei finansielle eigedelane er overført til ein annan part.

Når ein finansiell eigedel blir overført skal det vurderast i kva omfang føretaket beheld risiko og fordelar ved eigarskapan til den finansielle eigedelen. I så fall:

- a) Dersom tilnærma all risiko og fordelar ved eigarskap til den finansielle eigedelen er overført til ein anna part, skal føretaket frårekne eigedelen, og innrekne alle rettar og plikter, som oppstod ved overføringa separat, som eigedelar eller plikter.
- b) Dersom føretaket beheld tilnærma all risiko og fordelar ved eigarskap til den finansielle eigedelen, skal føretaket framleis innrekne den finansielle eigedelen.
- c) Dersom føretaket verken overfører eller beheld tilnærma all risiko og fordelar ved eigarskap til den finansielle eigedelen, skal føretaket avgjere om ein framleis har kontroll over eigedelen. I så fall:
 - Dersom føretaket ikkje har behalde kontrollen over den finansielle eigedelen, skal den finansielle eigedelen fråreknast og føretaket skal innrekne separat eigedelar, eller plikter som oppstod, eller som føretaket har behalde ved overføringa
 - Dersom føretaket framleis har kontroll over den finansielle eigedelen, skal føretaket framleis innrekne eigedelen i det omfang føretaket framleis har eit vedvarande engasjement i den finansielle eigedelen



Verdivurdering

Definisjon av verkeleg verdi

Verkeleg verdi er definert som det beløpet ein eigardel kan omsettast for, eller ei plikt kan gjerast opp for, ved ein transaksjon mellom uavhengige partar. Ved utrekning av verkeleg verdi nyttar vi ulike verdsettingsmetodar avhengig av type finansielle instrument og om dei er omsett i ein aktiv marknad eller ikkje. Instrumenta blir klassifisert i eitt av tre verdsettingsnivå avhengig av tilgjengeleg informasjon for verdsetting. (For definisjon av nivå 1, 2 og 3 sjå note 28).

Instrument som blir omsett i ein aktiv marknad

Ein marknad er aktiv, dersom det er mogleg å finne eksterne, prisar eller kursar og desse prisane representerer faktiske og hyppige marknads-transaksjonar. For instrument som blir handla i ein aktiv marknad, nyttar vi den noterte prisen innhenta frå børs, meklar eller eit prissettingsbyrå.

Instrument omsett i ein aktiv marknad gjeld mellom anna finansielle instrument som er børsnoterte eller på annan måte kvotert som t.d. aksjar, obligasjonar og sertifikat. I tillegg gjeld det finansielle derivat som er basert på underliggende kvoterte eller børsnoterte prisar/indeksar/instrument.

Instrument som ikkje blir omsett i ein aktiv marknad Finansielle instrument som ikkje blir omsett i ein aktiv marknad, blir verdsett etter ulike verdsettingsmetodar, som baserer seg på marknadsdata. Når det ikkje finst marknadsdata, eller kvoterte prisar, blir det nytta egne verdsettingsmetodar.

Eigenkapitalinvesteringar i aksjar og andelar, som blir handla i ikkje-aktive marknader, blir verdsett til verkeleg verdi, etter følgjande forhold:

- Pris ved siste kapitalutviding, eller siste omsetning mellom uavhengige partar, justert for endring i marknadsforholda sidan kapitalutvidinga/omsetninga.
- Verkeleg verdi basert på forventa framtidige kontantstraumar for investeringa.

Verkeleg verdi av porteføljen av fastrenteutlån blir utrekna som verdien av forventa kontantstraumar neddiskontert med ei marknadsrente som bygger på ei intern priskalkyle (nærmare forklart i note 2).

Definisjon av amortisert kost

Finansielle instrument, som ikkje blir målt til verkeleg verdi, blir verdsett til amortisert kost og inntektene etter effektiv rentemetode. Den effektive renta blir fastsett ved diskontering av kontraktfesta kontantstraumar innafor forventa løpetid. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr og direkte transaksjonskostnader, som ikkje blir dekkja av kunden, og eventuell restverdi ved utgangen av forventa levetid. Amortisert kost er noverdien av slike kontantstraumar, neddiskontert med effektiv rente.

Bereking av nedskrivning

IFRS 9 sine prinsipp for nedskrivning for tap på finansielle instrument, tar utgangspunkt i at det skal settast av for forventa tap. Dette inneber at vi skal estimere dei framtidige kredittapa uavhengig av om det finst eit objektivt bevis for ei tapshending eller ikkje.

Prinsippa i IFRS 9 for nedskrivning gjeld for finansielle egedelar, som er gjeldsinstrument. I tillegg er også unytta kredittar omfatta. For forklaring av modellen for nedskrivning viser vi til note 12.

Konstatering av tap

Konstatering av tap (dvs. bokføring mot kunden sin konto) skal gjerast når all sikkerheit er realisert og det ikkje er venta at banken vil få fleire innbetalingar på engasjementet. Kravet mot kunden blir følgt opp også etter konstatering, med mindre det er inngått avtale om ettergiving med kunden.

PRESENTASJON I BALANSE OG RESULTATREKNESKAP

Kontantar og fordringar på sentralbanken
Kontantar er definert som kontantar og fordringar på Norges Bank.

Utlån

Utlån blir balanseført, avhengig av motpart, enten som utlån til og krav på kredittinstitusjonar, eller utlån til kundar til amortisert kost, utlån til kundar til verkeleg verdi, eller utlån til kundar med verdiendring mot utvida resultat (OCI). For å forenkle balanseoppstillinga er utlåna til kundar vist netto på ei linje og så er spesifikasjon etter kategoriar vist i note til rekneskapen.

Renteinntekter på finansielle instrument, klassifiserte som utlån, blir inkludert på linja for «Netto renteinntekter» ved bruk av effektiv rentemetode. Effektiv rentemetode er forklart under «Verdimåling til amortisert kost».

Verdiendringar for utlån til amortisert kost og utlån til verkeleg verdi inngår i «Nedskrivning på utlån og garantiar». Den delen av verdiendring på fastrenteutlån som skuldast endringar i rentenivå, inngår i «Netto vinst frå finansielle instrument».

Sertifikat og obligasjonar

Sertifikat og obligasjonar blir styrt og følgde opp til i ein forretningsmodell som tilseier å ta mot kontraktmessige kontantstraumar frå renter, gebyr og hovud-stol, samstundes som det er eit mål å kjøpe og selje papira i porteføljen med kort horisont, for å sikre fortjeneste frå vinstar.

Renteinntekter og -kostnader på sertifikat og obligasjonar inngår i «Netto renteinntekter» basert på effektiv rentemetode. Metoden er beskrevet i avsnittet for amortisert kost.

Andre verdiendringar inngår i «Netto vinst frå finansielle instrument



Aksjar

Aksjar, til verkeleg verdi over resultat
Aksjar, som er vurderte til verkeleg verdi over resultat, inkluderer aksjar, eigenkapitalbevis og aksjefond, som er skaffa med formål om å selje med framtidig vinst. Det meste av aksjeporteføljen er langsiktige strategiske plasseringar. Verdiendringar for aksjar inngår i «Netto vinst frå finansielle instrument».

Finansielle derivat

Eit derivat er eit finansielt instrument med følgjande karakteristikkar:

- Verdien på instrumentet blir endra som eit resultat av endringar i rente, kurs eller pris på eit underliggende objekt
- Instrumentet krev ingen eller liten investering ved etablering
- Instrumentet blir gjort opp på ein framtidig dato

Derivat blir balanseført til verkeleg verdi, når kontrakten blir inngått og deretter løpande til verkeleg verdi.

Finansielle derivat blir presentert som ein eigedel, dersom verdien er positiv og som gjeld, dersom verdien er negativ. Motrekning blir føreteke dersom banken har ein bindande kontrakt med motparten, om å motrekne, og har til hensikt å innfri netto eller realisere eigedelar og forpliktingar samtidig.

Rentebetalningar frå finansielle derivat inngår i «Netto renteinntekter» basert på effektiv rentemetode. Metoden er forklart i avsnitt for amortisert kost. Andre verdiendringar inngår i «Netto vinst frå finansielle instrument».

Gjeld til kredittinstitusjonar og innskot frå kundar
Forpliktingar til kredittinstitusjonar og kundar er rekneskapsført, avhengig av motpart, enten som gjeld til kredittinstitusjonar, eller som innskot frå kundar til amortisert kost, eller innskot frå kundar til verkeleg verdi. Rentekostnader på instrumenta inngår i «Netto renteinntekter» basert på effektiv rentemetode. Andre verdiendringar inngår i «Netto vinst frå finansielle instrument».

For å forenkle balanseoppstillinga, er innskot frå kundar vist samla og så er det gitt nærmare spesifikasjon i note til rekneskapen.

Verdipapirgjeld

Verdipapirgjeld omfattar utferda sertifikat og obligasjonar og er vurdert enten til amortisert kost, eller til verkeleg verdi over resultatet. For å forenkle balanseoppstillinga, er verdipapirgjelda vist samla og så er det gitt nærmare spesifikasjon i note.

Rentekostnader på instrumenta inngår i «Netto renteinntekter» basert på effektiv rentemetode. Andre verdiendringar inngår i «Netto vinst frå finansielle instrument».

Ansvarleg lån

Ansvarleg lån omfattar ansvarleg lånekapital som banken har utferda og er vurdert til amortisert kost. Rentekostnader på instrumenta inngår i «Netto renteinntekter» basert på effektiv rentemetode. Andre verdiendringar inngår i «Netto vinst frå finansielle instrument».

LEIGEAVTALAR

IFRS 16 Leigeavtalar

IFRS 16 gir prinsipp for innrekning, måling, presentasjon og opplysningar om leigeavtalar for begge parter i ein leigeavtale. Standarden krev at leigetakar innrekner eigedelar og plikter, for dei fleste leigeavtalar.

Utleigar skal klassifisere leigeavtalar enten som operasjonelle eller finansielle, og rekneskapsføre dei to typene leigeavtalar ulikt.

Konsernet har innrekna eigedelar og forpliktingar knytt til ein del leigeavtalar og registrert alle aktuelle leigeavtalar i eit eige system. Lengda på leigeavtalane er avgjerande for eigedeler og gjeld.

Leigeforholda, som er tatt med, er i hovudsak leigeavtalar med faste leigekostnader, som husleigeavtalar, og eit mindre antal leasingavtalar av bilar.

Leigeforpliktinga er rekna ut ved å neddiskontere framtidige betalningar og det er nytta ei implisitt rente for leigeforholdet. Ved neddiskontering av leigebeløpa blir det nytta ei effektiv rente som er eit estimat på forventta marginal lånerente. Denne renta vil normalt endre seg, og oppdatert rentesats skal nyttast på nye leigeforhold, ved endring i leigeperiodar og ved andre endringar av eksisterande leigeforhold.

Ved kvart rapporteringstidspunkt, tar vi omsyn til endringar i leigeavtalar, og reknar om forpliktinga og leigerettane.

VARIGE DRIFTSMIDLAR

Materielle eigedelar er vurdert til historisk kostpris inkludert direkte kostnader, med frådrag av akkumulerte av- og nedskrivningar. Når eigedelar blir selde eller avhenda, blir kostprisen og akkumulerte avskrivningar tilbakeført i rekneskapen, og vinst eller tap frå salet/avhendinga blir resultatført. Kostprisen for anleggsmidlar er kjøpsprisen, inkludert skattar/avgifter og direkte oppkjøpskostnader, knytt til å sette anleggsmiddelet i stand for bruk. Utgifter som kjem etter at anleggsmiddelet er tatt i bruk, reparasjon og vedlikehald, blir kostnadsført. I den grad det er nødvendig, blir dei enkelte driftsmidlane splitta opp i komponentar med ulik levetid.

Tomter blir ikkje avskrivne. Med utgangspunkt i kostpris med frådrag av eventuelle restverdiar, blir andre varige driftsmidlar avskrivne lineært, over forventta brukstid innanfor følgjande rammer:



Bygningar	30–50 år
Inventar	7–10 år
Bilar	5 år
Kontormaskiner	5 år
IT-utstyr	3–5 år

IMMATERIELLE EIGEDELAR

IT-system og programvare

Kjøpt programvare blir balanseført til kostpris med tillegg av utgifter, for å gjere programvara klar til bruk. Identifiserte utgifter til eigenutvikla programvare, der det kan påvisast at det er sannsynleg at framtidige økonomiske fordelar dekker utviklingsutgiftene, blir balanseført som immaterielle egedelar. Direkte utgifter kan inkludere utgifter for tilsette som er direkte involvert i programutviklinga, materiell og ein del av relevante administrasjonsutgifter. Utgifter knytt til vedlikehald av programvare og IT-system, blir direkte kostnadsført i resultatrekneskapen. Balanseførte programvareutgifter blir avskrivne over forventta økonomisk levetid, som normalt er 3 år. Vurdering av nedskrivingsbehov følgjer same prinsipp, som omtalt i førre avsnitt.

Goodwill

Goodwill refererer seg til oppkjøp av andre selskap og representerer meirverdiar utover identifiserte egedelar og gjeld. Slike meirverdiar blir testa for nedskrivning ved kvart rapporteringstidspunkt.

VURDERING AV NEDSKRIVINGSBEHOV

Ved kvart rapporteringstidspunkt blir det gjort ei revurdering av om det er indikasjon på verdifall for materielle og immaterielle egedelar. Dersom det ligg føre slik indikasjon, blir restverdien rekna ut. Restverdien er den høgste verdien av egedelen sin verkelege verdi, med frådrag av kostnader ved sal og bruksverdi. Balanseført verdi blir skrivne ned til restverdi, dersom balanseført verdi er høgare enn estimert restverdi.

PENSJONAR

Innskotsbaserte ordningar

Innskotsbaserte pensjonsordningar inneber at konsernet ikkje gir løfte om framtidig pensjon på eit fast nivå, men betalar eit årleg innskot til ei kollektiv pensjonsordning. Den framtidige pensjonen vil vere avhengig av storleiken på innskotet og den årlege avkastninga på pensjonssparinga. Konsernet har ikkje noko ansvar for denne pensjonsordninga utover å innbetale det årlege innskotet. Det er ingen avsetning for påkome pensjonsansvar i slike ordningar. Innbetalingar til innskotsbaserte pensjonsordningar blir kostnadsført direkte i den enkelte rekneskapsperiode.

Pensjonskostnader for året blir ført netto i resultatrekneskapen under posten «Lønn og andre personal-kostnader». For nærmare informasjon om pensjonsordningar viser vi til note 25.

SKATT

Utsett skatt og utsett skattefordel blir balanseført i samsvar med IAS 12 Utsett skatt.

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både betalbar skatt på inntekter og formue, og endring i utsett skatt for perioden. Utsett skatt /utsett skattefordel for morbanken er utrekna med 25 %, på grunnlag av midlertidige forskjellar, som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, ved utgangen av året. For dotterselskapa er det nytta ein skattesats, for utrekning av utsett skatt/utsett skattefordel, på 22 %. Utsett skatt blir rekna ut ved bruk av skattesatsar og skattereglar som gjeld på balansedagen, eller som det er sannsynleg blir vedtekne, og som ein legg til grunn vil gjelde, når den utsette skattefordelen blir realisert eller forpliktinga blir gjort opp. Utsett skattefordel er balanseført utifrå forventningar om skattepliktig inntekt i framtidige år. Utsett skatt og utsett skattefordel i skattekonsernet blir nettoført i balansen.

Betalbar skatt og utsett skatt blir ført mot eigenkapitalen, dersom skatten gjeld postar som i same eller tidlegare periodar er ført mot utvida resultat/eigenkapitalen.

Skattekonsern

Skattekonsernet består av morbanken og dotterselskap der morbanken eig meir enn ni tidelar av aksjane, og har ein tilsvarande del av stemmene på generalforsamlinga.

PERIODISERING AV RENTER OG GEBYR

Renter og provisjonar blir resultatført etter kvart som dei blir opptente eller påløpne.

Urealisert og realisert vinst og tap på rentesikringsforretningar er presentert under «Netto vinst frå finansielle instrument». Rentesikringsforretningar er inngått som økonomisk sikring og reglane for sikringsbokføring blir også nytta.

Gebyr for etablering av låneavtalar inngår i kontantstraumane ved utrekning av amortisert kost, og er inntektsført under «Netto renteinntekter» etter effektiv rentemetode. Gebyr som inngår ved etablering av finansielle garantiar inngår i verdsetting av garantiane og blir inntektsført under «Netto vinst frå finansielle instrument».

Under-/overkurs (event. vinst/tap) som oppstår ved tilbakekjøp av eiga gjeld blir resultatført på tidspunkt for tilbakekjøp og er klassifisert som «Netto vinst frå finansielle instrument».



INNETKTSFØRING

Renteinntekter blir inntektsført ved bruk av effektiv rentemetode. Dette medfører løpende inntektsføring av nominelle renter med tillegg av amortisering av etableringsgebyr. Inntektsføring av renter etter effektiv rentemetode blir gjort både for balansepostar vurdert til amortisert kost og balansepostar vurdert til verkeleg verdi over resultat. Renteinntekter på nedskrivne engasjement blir utrekna etter effektiv rentemetode av nedskrivne verdi.

Alle gebyr relatert til betalingstransaksjonar blir inntektsført løpende. Honorar og gebyr frå sal eller formidling av aksjar, aksjefond, eigedomar som ikkje genererer balansepostar, blir inntektsført når handelen er gjennomført. Meklarprovisjon blir inntektsført, når det er inngått bindande avtale mellom kjøper og seljar og i praksis er dette når bod er akseptert. Kunde-handlar med finansielle instrument, som genererer inntekter i form av marginar og kurtasje, blir inntektsført når handelen er gjennomført. Utbytte frå aksjar blir inntektsført, når utbytte er endeleg vedtatt.

RESTRUKTURERING

Dersom det er vedtatt planar for restrukturering, som endrar omfanget av drifta eller måten verksemda blir driven på, blir det vurdert om det er nødvendig med avsetningar til omstillingstiltak. Dersom utgifter til gjennomføring ikkje bidrar til å auke inntektene i seinare periodar og dei framtidige utgiftene er reelle plikter på balansedagen, blir netto noverdien av forventa framtidige kontantstraumar avsett som gjeld i balansen. Avsetningane blir tilbakeført etter kvart som utgiftene påløper.

KONTANTSTRAUMSOPPSTILLING

Kontantstrumsoppstillinga er utarbeidd i samsvar med den indirekte metode. Resultatet blir justert for verknaden av transaksjonar utan kontantoppgjer, periodisering av framtidige inn- eller utbetalingar knytt til drift, og inntekter eller kostnader knytt til kontantstraumar frå investering eller finansiering.

EIGENKAPITAL

Eigenkapitalen er inndelt i eigarandelskapital, grunnfondskapital, hybridkapital, fond for realisert vinst og annan eigenkapital. Eigarandelskapitalen består av eigenkapitalbevis og utjamningsfond. Grunnfondskapitalen består av grunnfond, anna grunnfondskapital og gåvefond. Fond for realisert vinst er knytt til verdiending på finansielle instrument der prinsipp for verdifastsetting etter IFRS avvik frå prinsippa etter NGAAP. Foreslått gåveutdeling og utbytte er klassifisert som ein del av eigenkapitalen, inntil dei er vedtatt av generalforsamlinga.

Hybridkapital

Hybridkapital inngår i eigenkapitalen og omfattar fondsobligasjonar som banken har utferd, og som kvalifiserer krava til å bli definert som eigenkapital og kjernekapital, etter reglar for utrekninga av kapital-

dekning. Fondsobligasjonane er evigvarande og kan ikkje krevjast innfridd av obligasjonseigarane. Rente-kostnader for hybridkapitalen blir ført mot eigenkapitalen, og fordelt på utjamningsfond og kompensasjonsfond etter eigarbrøken. Skatteeffekten av renter på hybridkapitalen blir ført som redusert skattekostnad over ordinært resultat i tråd med IAS 12 Inntektsskatt.

SIKRINGSBOKFØRING

Konsernet nyttar sikringsbokføring i samband med bokføring av utvalde obligasjonsinnlån med fastrente og derivat, som er tatt opp for å motverke verdisingingar frå dei aktuelle obligasjonsinnlåna.

Sikringsobjekta (obligasjonsinnlån med fast rente) er vurdert til verkeleg verdi med verdiending mot netto resultat frå finansielle instrument, og sikringsinstrumenta (derivata) blir vurdert til verkeleg verdi med verdiending mot netto resultat frå finansielle instrument.

IFRS 9 stiller mellom anna krav om at sikringsobjekta og sikringsinstrumenta skal vere øyremerka, og det skal vere ein nær samanheng i økonomiske karakteristikkar for sikringsobjekta og sikringsinstrumenta. Sikringsforretninga skal vidare kunne målast påliteleg og det er krav om sikringseffektivitet. Om sikringa ikkje lenger oppfyller krava til sikringseffektivitet, skal sikringsbokføringa avsluttast og ei justering som følgje av dette skal amortiserast i resultatrekneskapen. Amortiseringa skal vere basert på ei rekalkulert effektiv rente frå tidspunktet når amortiseringa starta.

Vinst eller tap på sikringsinstrumentet blir innrekna i resultatrekneskapen på linja for netto vinst/tap på finansielle instrument. Vinst eller tap på sikringsobjektet blir ført som ei justering av den balanseførte verdien på sikringsobjektet og innrekna i resultatrekneskapen på linja for netto vinst/tap på finansielle instrument.

HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN

Det skal opplysast om hendingar etter balansedagen i samsvar med IAS 10. Opplysningane omfattar hendingar som ikkje er innrekna i finansrekneskapen, men som er av slik art at det er vesentleg for vurdering av drifta og/eller den finansielle stillinga.

VEDTEKNE REKNESKAPSSTANDARDAR OG ANDRE ENDRINGAR SOM KAN FÅ VERKNAD FOR FRAMTIDIG RAPPORTERING

Relevante standardar og tolkingar som er vedtatt fram til tidspunkt for framlegging av konsernrekneskapen, men der tidspunkt for innføring er fram i tid, er oppgitt nedanfor. Det er konsernet sin intensjon er å implementere dei relevante endringane, når dei blir gjeldande, under føresetnad av at EU godkjenner endringane før utarbeiding av konsernrekneskapen.



IFRS 18 Presentation and Disclosure in Financial Statements

IFRS 18 erstattar IAS 1 Presentasjon av finansrekneskapen. IFRS 18 introduserer nye krav for å forbetre rapportering av økonomiske resultat som:

- Krav om definerte delsummer i resultatrekneskapen
- Krav om å opplyse om måltal som leiinga har definert
- Nye prinsipp for aggregering og disaggregering av informasjon

IFRS 18 trer i kraft frå rekneskapsperiodar som startar 1. januar 2027, men er ikkje vedtatt av EU. Det er muleg å ta i bruk standarden tidlegare. Selskapet vil vurdere konsekvensane av endringane og innføre nødvendig endringar når standarden er vedtatt av EU.

Det er ikkje vedtatt endringar som vil påverke rekneskapen i særleg grad.

Note 2 Viktige rekneskapsestimat og skjønnsmessige vurderingar

Estimat og vurderingar blir gjort løpande og er basert på historisk erfaring og forventningar om sannsynlege framtidige hendingar. Rekneskapsestimat som følgjer av dette vil sjeldan vere heilt i samsvar med endeleg utfall. Estimater som representerer ein vesentleg risiko for store endringar i balanseførte verdiar vert drøfta nedanfor.

Verkeleg verdi på finansielle derivat og andre finansielle instrument

For verdipapir som ikkje er børsnoterte, og der det ikkje er ein aktiv marknad, nyttar konsernet verdsettingsteknikkar, for å fastsette verkeleg verdi. Konsernet vurderer, vel metodar og tar føresetnader som, så langt som mogleg, er basert på marknadsforholda på balansedagen.

Rentepapir

Ved verdsetting av obligasjonar og sertifikat hentar vi inn verddivurderingar frå Nordic Bond Pricing.

Aksjar

Verdivurdering av unoterte aksjar byggjer på siste transaksjonskurs, eller verddivurderingsmetodar. Aksjar, som ikkje har ein ny transaksjonskurs, er verdsett med utgangspunkt i tilgjengeleg rekneskapsinformasjon og prisar på samanliknbare aksjar, der det er relevant.

Rentederivat

Rentederivat er verdsett ved neddiskontering av kontantstraumar basert på swaprentekurva på rapporteringstidspunktet.

Fastrenteutlån og fastrenteinnskot

Verdien av fastrenteutlån- og innskot vert berekna som noverdien av framtidige kontantstraumar. For fastrenteutlån til privatkundar, og alle fastrenteinnskot, nyttar vi ei rentekurve, som er utleia av eit gjennomsnitt av fastrentetilbod hjå konkurrerande bankar, som uttrykk for ei marknadsrente, medan vi for utlån til bedriftsmarknaden reknar ut alternativ innlånskostnad for banken på rapporteringstidspunktet, med tillegg av margin for gjeldande kunde.

Sjå også note 28 «Verkeleg verdi på finansielle instrument».

Låneportefølje i Bustadkreditt Sogn og Fjordane

Morbanken har overført bustadlån til dotterselskapet Bustadkreditt Sogn og Fjordane. Det er inngått fleire avtalar som regulerer forholdet mellom partane. I følgje avtalane er kredittisiko, og rett til avkastning, overført frå morbanken til Bustadkredittføretaket. Utlåna er følgjeleg frårekna i morbanken sin rekneskap. Sjå elles note 43 «Nærstående partar».

Låneportefølje overført SpareBank 1 Boligkreditt Konsernet har overført bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt. I følgje avtalar med selskapet er kreditt-risikoen og rett til avkastning, overført til SpareBank 1 Boligkreditt. Utlåna er følgjeleg frårekna både i morbanken og konsernet sin rekneskap. Morbanken mottar provisjon frå utlåna som er overført.

Nedskrivning på utlån

Modellen for nedskrivning av utlån under IFRS 9 er forklart i detalj i note 12 «Forklaring av modell for nedskrivning etter IFRS 9». I metoden for utrekning av forventa tap (ECL) blir det nytta estimat for sannsynet for misleghald (PD), tap gitt misleghald (LGD) og eksponering ved misleghald (EAD), for alle utlån og unytta kredittar. Det er estimatusikkerheit ved utrekning av forventa tap (ECL), spesielt relatert til fastsetting av PD, men også LGD og EAD.

Uvisse

Måling av forventa tap er kompleks, og leiinga må utøve profesjonelt skjønn for fleire av føresetnadene, som er nytta som input.

For engasjement med modellbasert tap, er usikkerheita i hovudsak knytt til fastsetjing av PD, LGD og EAD. For engasjement i trinn 3, der forventa tap er målt individuelt, er det nytta skjønn ved fastsetjing av føresetnader for framtidige kontantstraumar og verdsetjing av sikkerheiter.

Andre område med estimatusikkerheit er blant anna fastsetjinga av fleire framtidige økonomiske scenario (under dette vektiga av desse), vurdering av vesentleg auke i kredittisiko, og avgjerd for om kriteria for misleghald/kredittforringing er oppfylt.

Stranda eigedelar

Stranda eigedelar vert definert som eigedelar som har redusert eller ingen verdi før utløp av forventa levetid som følgje av endringar i eksterne rammevilkår. Dette inkluderer endring i teknologi, regelverk, marknad eller åtferd. Risiko knytt til denne type verdifall vert tatt omsyn til ved fastsetting av omsetningsverdien av panteobjekta. Risikoen for verdifall på sentrale panteobjekt vert kompensert gjennom kortare nedbetalingstid for slike engasjement. Det er etter banken si vurdering ein svært liten del av porteføljen som er av denne kategorien.

Det er også vurdert potensielle stranda eigedelar innan bustadlånporteføljen med tanke på fysisk risiko. Fysisk risiko kan påverke omsetningsverdien for bustadar negativt. Til dømes kan fare for ras, eller flaum auke risikoen for skade eller gjere det vanskeleg å omsette eigedomar. Det er vår vurdering at sjølv om det eksisterer fysisk risiko i porteføljen, er dette først og fremst ein forsikringsrisiko då bustadane er forsikra

og inngår i naturskadepoolen til dei ulike forsikrings-selskapa. Vår samla vurdering er at det ikkje er behov for ekstra nedskrivning knytt til risiko for stranda egedelar.

Makroøkonomiske scenario

ECL skal bereknast ved vekting av fleire makro-økonomiske scenario. Selskapet har valt tre framtidige makroøkonomiske scenario. Eit forventa scenario med vekt på 50 %, eit pessimistisk makrosenario og eit optimistisk makrosenario, som kvar har vekt på 25 %. Forventa tap vert vekt utifrå utfallet av dei tre scenarioa.

Samanhengen mellom makroøkonomiske parametar og PD har tidlegare blitt gitt av ein modell utvikla av Norsk Regnesentral, der framtidig rentenivå og arbeidsløyse vart nytta til å estimere framtidig misleghaldsnivå for privatkundar. På grunn av den spesielle makroøkonomiske situasjonen vi har vore gjennom, er ikkje modellen godt nok eigna til å predikere det framtidige misleghaldsnivået. Det er difor gjort interne ekspertvurderingar av forventa utvikling i misleghaldsnivået fem år fram i tid, med bakgrunn i effektar frå tidlegare kriser, framskrivingar frå Norges Bank sin Pengepolitiske Rapport og rapport for Finansiell Stabilitet.

Vidare er det gjort bransjejusteringar for sannsynet for misleghald for enkelte næringer. Dette er forklart nærare i note 12.

For meir informasjon om senarioa, og effekt på nedskrivningane, sjå også note 16.

Definisjon av misleghald og betalingslette

Massemarknad og engasjement med pant i bustad
Ein konto vert sett i misleghald dersom kontoen har vore betalingsmisleghalden i meir enn 90 dagar og beløpet ikkje er uvesentleg. Misleghald på ein konto smittar over på alle kunden sine konti i same produkt-gruppe.

Ein kunde vert sett i misleghald dersom kunden har minst ein konto i misleghald som utgjør meir enn 20 % av den totale eksponeringa mot kunden, eller dersom det vert vurdert som usannsynleg at kunden vil vere i stand til å tilbakebetale engasjementet, utan å realisere trygd, (unlikeliness to pay).

Definisjonen på massemarknad er basert på definisjonar etter Basel-regelverket.

Andre engasjement

Ein kunde vert sett i misleghald, dersom minst ein konto er i betalingsmisleghald i meir enn 90 dagar og beløpet ikkje er uvesentleg, eller dersom det vert vurdert som usannsynleg at kunden vil vere i stand til å tilbakebetale engasjementet, utan å realisere trygd, (unlikeliness to pay).

Følgjande årsaker kan føre til «unlikeliness to pay»:

- Individuell nedskrivning på kunden
- Konkurs
- Gjeldsordning
- Restrukturering, betalingslette som reduserer verdien av engasjementet med meir enn 1 %
- Realisering av trygd
- Forventning om konkurs eller betalingsmisleghald

Ein kunde, eller konto i misleghald, har ein karanteneperiode på minimum 3 månader.

Ein kunde, eller konto i misleghald, har karanteneperiode på minimum 12 månader ved restrukturering. Det blir lagt til grunn at misleghaldne engasjement er det same som kredittforringa engasjement som definert i IFRS 9.

Aldersfordelt betalingsmisleghald

Massemarknad og engasjement med pant i bustad
Ein konto vert vurdert å vere i betalingsmisleghald når den er i restanse, eller overtrekk, med eit beløp på minst 1.000 kr og minimum 1 % av kunden sin totale saldo. Betalingsmisleghald på ein konto smittar over på alle kunden sine konti i same produktgruppe. Dersom ein konto med betalingsmisleghald utgjør meir enn 20 % av total eksponering mot kunden, smittar betalingsmisleghaldet over på alle kunden sine konti.

Andre engasjement

Ein kunde vert sett i betalingsmisleghald når minst ein av kunden sine konti er i restanse eller overtrekk med eit beløp på minst 2.000 kr og minimum 1 % av kunden sin totale saldo.

Lengda på betalingsmisleghaldet for ein kunde vert sett tilsvarande kontoen med høgaste tal dagar i betalingsmisleghald.

Betalingslette

Betalingslette er endring i avtalte vilkår som er innvilga som følgje av at kunden har problem med å innfri sine betalingsforpliktingar, og som ikkje ville blitt innvilga dersom kunden var i ein betre økonomisk situasjon. Eit engasjement som ikkje er misleghalde, men som er gitt betalingslette vil ligge i steg 2, medan eit engasjement med betalingslette som er misleghalde, vil ligge i trinn 3.



Note 3 Klassifisering av finansielle instrument

KONSERN	Verkeleg verdi over resultat	Verkeleg verdi over resultat (opsjon)	Verkeleg verdi mot OCI	Amorti- sert kost	Sikrings- bokføring	Eigen- kapital- metoden	Sum
31.12.24							
EIGEDELAR							
Kontantar og kontant- ekvivalentar	0	0	0	12	0	0	12
Utlån til og krav på kreditt- institusjonar/sentralbankar	0	0	0	411	0	0	411
Utlån til kundar	0	6 915	16 034	41 463	0	0	64 412
Sertifikat og obligasjonar	0	10 001	0	0	0	0	10 001
Finansielle derivat	380	0	0	0	38	0	417
Aksjar	483	0	0	0	0	0	483
Investering i tilknytta selskap og felleskontrollert verksemd	0	0	0	0	0	889	889
Sum	862	16 916	16 034	41 886	38	889	76 625
GJELD							
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0	502	0	0	502
Innskot frå og gjeld til kundar	0	4 538	0	34 058	0	0	38 597
Verdipapirgjeld	0	8 420	0	19 774	0	0	28 193
Finansielle derivat	290	0	0	0	499	0	789
Ansvarleg lånekapital	0	0	0	803	0	0	803
Sum	290	12 958	0	55 138	499	0	68 885
MORBANK							
31.12.24							
EIGEDELAR							
Kontantar og kontant- ekvivalentar	0	0	0	12	0	0	12
Utlån til og krav på kreditt- institusjonar/sentralbankar	0	0	0	4 035	0	0	4 035
Utlån til kundar	0	4 527	16 034	17 820	0	0	38 381
Sertifikat og obligasjonar	0	8 283	0	0	0	0	8 283
Finansielle derivat	916	0	0	0	0	0	916
Aksjar	483	0	0	0	0	0	483
Investering i tilknytta selskap og felleskontrollert verksemd	0	0	0	0	0	880	880
Sum	1 399	12 810	16 034	21 868	0	880	52 992
GJELD							
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0	- 56 044	0	0	- 56 044
Innskot frå og gjeld til kundar	0	2	0	0	0	0	3
Verdipapirgjeld	0	2 514	0	1 401	0	0	3 915
Finansielle derivat	477	0	0	0	0	0	477
Ansvarleg lånekapital	0	0	0	1	0	0	1
Sum	477	2 517	0	- 54 643	0	0	- 51 649



Note 3 Klassifisering av finansielle instrument, framhald

	Verkeleg verdi over resultat	Verkeleg verdi over resultat (opsjon)	Verkeleg verdi mot OCI	Amortisert kost	Sikrings- bokføring	Sum
KONSERN						
31.12.23						
EIGEDELAR						
Kontantar og kontant- ekvivalentar	0	0	0	18	0	18
Utlån til og krav på kreditt- institusjonar/sentralbankar	0	0	0	534	0	534
Utlån til kundar	0	3 393	0	60 577	0	63 970
Sertifikat og obligasjonar	0	7 627	0	0	0	7 627
Finansielle derivat	359	0	0	0	54	413
Aksjar	734	0	0	0	0	734
Sum	1 093	11 020	0	61 129	54	73 297
GJELD						
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0	502	0	502
Innskot frå og gjeld til kundar	0	3 469	0	32 327	0	35 796
Verdipapirgjeld	0	3 288	0	19 965	4 787	28 040
Finansielle derivat	287	0	0	0	328	614
Ansvarleg lånekapital	0	0	0	705	0	705
Sum	287	6 757	0	53 500	5 114	65 658
MORBANK						
31.12.23						
EIGEDELAR						
Kontantar og kontant- ekvivalentar	0	0	0	18	0	18
Utlån til og krav på kreditt- institusjonar/sentralbankar	0	0	0	3 140	0	3 140
Utlån til kundar	0	3 393	17 770	17 725	0	38 888
Sertifikat og obligasjonar	0	7 194	0	0	0	7 194
Finansielle derivat	741	0	0	0	0	741
Aksjar	734	0	0	0	0	734
Sum	1 475	10 587	17 770	20 883	0	50 715
GJELD						
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0	731	0	731
Innskot frå og gjeld til kundar	0	3 469	0	32 358	0	35 827
Verdipapirgjeld	0	3 288	0	4 231	0	7 519
Finansielle derivat	669	0	0	0	0	669
Ansvarleg lånekapital	0	0	0	705	0	705
Sum	669	6 757	0	38 026	0	45 451



Note 4 Segmentrapportering

Geografiske segment

Alle segment opererer i Norge.

Allmenn informasjon om segment

Segmenta er gruppert slik som føretaket er organisert.

Finans

- Har ansvar for finansiering og likviditetsstyring

Bedriftsmarked/offentleg/finans

- Tilbyr eit breitt spekter av finansielle produkt og tenester, som ulike typar finansiering, innskot, plasseringar, forsikring, valuta og renteprodukt til små og mellomstore bedrifter, offentleg sektor og finansiell sektor

Privatmarknad inkl. Bustadkreditt

- Tilbyr eit breitt spekter av finansielle produkt og tenester, som ulike typar finansiering, innskot, plasseringar, forsikring, valuta og renteprodukt til privatkundar

Andre

- Består av leveransar av tenester til m.a. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og forvaltning av enkelte eigedomar

Eigedomsmekling

- Tilbyr meklingstenester ved kjøp og sal av eigedomar

Bankeigedom

- Forvaltar dei største eigedomane til konsernet

	Sum konsern	Finans	Bedrifts- marknad/ Off./Fin.	Privat- marknad inkl. Bustad- kreditt	Andre	Eige- doms- mekling	Bank- eige- dom	Elimi- nerte postar
RESULTAT 31.12.24								
Netto rente- og kreditt- provisjonsinntekter	1 586	0	630	955	0	0	1	0
Netto andre driftsinntekter	424	239	62	98	4	33	7	- 19
Sum driftsinntekter	2 010	239	692	1 053	4	33	8	- 19
Driftskostnader	744	21	216	456	26	35	11	- 19
Resultat før nedskrivning på utlån	1 266	218	476	597	- 21	- 1	- 3	0
Netto vinst på varige driftsmidlar	0	0	0	0	0	0	0	0
Nedskrivning på utlån og garantiar	19	0	33	- 13	0	0	0	0
Resultat før skatt	1 246	218	444	610	- 21	- 1	- 3	0
BALANSE 31.12.24								
Netto utlån til og krav på kundar	64 412	0	15 693	48 719	0	0	0	0
Andre eigedelar	12 665	12 160	3 364	4 014	0	23	213	- 7 101
Sum eigedelar	77 077	12 160	19 057	52 733	0	23	213	- 7 101
Innskot frå og gjeld til kundar	38 597	0	15 908	22 848	0	0	0	- 159
Anna gjeld	30 852	9 468	273	25 679	0	9	17	- 4 586
Eigenkapital (inkl. resultat for perioden)	7 628	2 692	2 876	4 206	0	14	195	- 2 356
Sum gjeld og eigenkapital	77 077	12 160	19 057	52 733	0	23	213	- 7 101



Note 4 Segmentrapportering, framhald


	Sum konsern	Finans	Bedrifts- marknad/ Off./ Fin.	Privat- marknad inkl. Bustad- kreditt	Andre	Eige- doms- mekling	Bank- eige- dom	Elimi- nerte postar
RESULTAT 31.12.23								
Netto rente- og kreditt- provisjonsinntekter	1 466	3	592	872	-1	1	0	0
Netto andre driftsinntekter	201	13	64	102	4	31	8	-21
Sum driftsinntekter	1 667	15	656	974	3	32	8	-21
Driftskostnader	546	16	167	339	12	30	2	-21
Resultat før nedskrivning på utlån	1 121	0	489	635	-9	1	6	0
Netto vinst på varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0
Nedskrivning på utlån og garantiar	13	0	-16	29	0	0	0	0
Resultat før skatt	1 108	0	505	606	-9	1	6	0
BALANSE 31.12.23								
Netto utlån til og krav på kundar	63 970	0	15 081	48 889	0	0	0	0
Andre eidedelar	9 585	9 171	2 196	3 643	0	22	46	-5 493
Sum eidedelar	73 556	9 171	17 277	52 533	0	22	46	-5 493
Innskot frå og gjeld til kundar	35 796	0	14 128	21 699	0	0	0	-32
Anna gjeld	30 444	6 427	265	26 983	0	8	7	-3 245
Eigenkapital (inkl. resultat for perioden)	7 316	2 744	2 884	3 851	0	14	39	-2 217
Sum gjeld og eigenkapital	73 556	9 171	17 277	52 533	0	22	46	-5 493

Note 5 Risikostyring

Risikostyring er prosessen med å identifisere, handtere og følge opp risikoane banken er utsett for gjennom drifta. Samla risikoeksponering skal vere i samsvar med banken sin risikoappetitt, og risikostyringa skal støtte opp under dei strategiske måla til banken. Dette skal ein få til mellom anna ved ein sterk organisasjonskultur kjenneteikna av god kunnskap om risikostyring, og god forståing av kva risikoar som er drivande for banken si inntening.

ORGANISERING

Organiseringa av risikostyringsarbeidet er lagt opp rundt tre forsvarslinjer. Forsvarslinjene utgjer banken sin modell for risikohandtering, risikokontroll og etterleving.



Dei ulike forretningsområda i banken utgjer **første forsvarslinje**. I denne linja blir det gjort risikovurderingar og gjennomført risikoreduserande tiltak og kontrollar som skal sikre at banken opererer innanfor lovverk og interne retningslinjer og rammes. Eit viktig prinsipp i risikostyringa er at det er førstelinja som alltid er eigar av risikoane. Både styret og administrerende direktør inngår i førstelinja:

Styret

Styret vedtek mål, strategiar og risikorammer, og har ansvar for å sjå til at banken har effektive og tilstrekkelege system for risikostyring og internkontroll. Styret skal føre tilsyn med dagleg leiing og verksemda elles, under dette sørge for at administrerende direktør regelmessig underrettar styret om verksemda. Styret skal også handsame større kredittsaker som går utover fullmaktene til administrerende direktør.

Styret sitt ansvar og styret sine oppgåver er regulert i eigen styreinstruks. Styret har tre underutval som alle har egne instruksar:

Risikoutvalet er førebuaende organ for styret i handsaming og overvaking av banken si risikoeksponering. Utvalet førebur mellom anna styret si handsaming av kvartalsvise risikorapportartar frå administrasjonen, årleg ICAAP- og ILAAP-rapport, årleg internkontrollrapport, årsrapport og årsplan for internrevisjon og årleg finansstrategi med tilhøyrande risikorammer. Utvalet førebur saker som omhandlar overvaking og styring av banken sine einskilde risikoar og samla risiko, med fokus på om banken sine styrings- og kontrollordningar er tilpassa risikonivået og omfanget av verksemda.

Revisjonsutvalet skal mellom anna overvake og vurdere revisor si uavhengigheit, vurdere og innstille på val av revisor, og å gjennomgå og vurdere rekneskapsrapporteringa til banken. Revisjonsutvalet går gjennom kvartals- og årsrekneskapan med særleg fokus på prinsipp, vesentlege estimat og verddivurderingar inkludert tapsvurderingar, og revisor sitt arbeid. Revisjonsutvalet skal også sikre at instruksen dekkjer banken si berekraftsrapportering.



Note 5 Risikostyring, framhald

Godtgjersleutvalet si oppgåve er å førebu saker om føretaket si godtgjersleordning som skal handsamast i styret. Utvalet skal vere med å sikre at det er samsvar mellom banken sine godtgjersleordningar, overordna mål, risikotoleranse og langsiktige interesser.

Administrerande direktør

Administrerande direktør skal sørge for at risikorammer, strategiar, rutinar og retningslinjer blir implementerte og kommuniserte i organisasjonen. Administrerande direktør har også ansvar for å sjå til at risikostyringa og internkontrollen er effektiv og dokumentert. Instruks for administrerande direktør gir ei fullstendig oversikt over ansvar og oppgåver.

Banken har ulike administrative komitear som har ansvar for å gjere vedtak om prising, likviditets-, balanse- og kredittstyringa i banken.

Kredittutvalet har ulike oppgåver knytt opp til kredittarbeidet i banken. Utvalet kan fatte vedtak i kredittsaker innanfor administrerande direktør si fullmakt eller etter særskild fullmakt frå styret. Utvalet kontrollerer løyvingprotokoll, godkjenner årleg fornying av store engasjement, gjer vedtak om nedskrivningar, og innstiller overfor styret på endringar i kredittpolitikk, løyvingreglement og kredittstrategi. Det høyrer også med til utvalet sine oppgåver å godkjenne endringar i kreditthandbok, retningslinjer og rutinar for kreditthandsaming.

Banken har også ein **kredittkomité** for privatmarknadsområdet, som fattar vedtak i kredittsaker innanfor direktør PM si fullmakt. På saker som går utover fullmakta til direktør PM, innstiller komiteen og sender saka vidare til kredittutvalet.

Priskomiteen skal sikre at banken har ein produktportefølje som er i tråd med risikoappetitten til banken, og som skal bidra til å realisere mål som banken har sett seg i overordna strategiar. Komiteen skal også syte for at porteføljen er prisa slik at banken kan nå måla som er sette for EK-avkastning. Produktstrukturen og prisinga av porteføljen skal sikre god konkurransekraft.

Likviditetskomiteen er eit rådgjevande organ for administrerande direktør i saker som gjeld likviditet og funding, og styring av marknadsrisiko. Komiteen diskuterer også spørsmål knytt til balansestyring og allokering av kapital.

Risiko- og etterlevingsavdelinga er **andrelinjeforsvaret** til banken. Avdelinga skal sjå til at førstelinja opptre slik som retningslinjer og regelverk seier. Avdelinga skal utarbeide risiko- og etterlevingsrapportar til styret, og i tillegg rapportere ved brot på rammer og retningslinjer. Avdeling for risikostyring og etterleving skal vidare involverast i lovpålagde risikovurderingar som skal gjerast ved utforming av nye og vesentlege endringar i produkt, tenester og aktivitetar, under dette utkontraktering.

Leiaren for avdelinga er uavhengig av leiarar med ansvar for risikotaking, og deltek ikkje i avgjerder som direkte relaterer seg til dei ulike driftsområda i banken. Avdelinga rapporterer direkte til administrerande direktør, men har også direkte rapporteringslinje til styret i tilfelle der andrelinja finn det nødvendig eller ynskjeleg. Det er utarbeidd instruksar for risikostyrings- og etterlevingsfunksjonen som er vedtekne av styret.

Internrevisor utgjer **tredje forsvarslinje**, og rapporterer til styret. Internrevisjonen skal kontrollere at finansføretaket er organisert og vert drive på ein forsvarleg måte og i samsvar med gjeldande krav til verksemda. Styret skal organisere og fastsetje retningslinjer for internrevisjonen.

Ekstern revisor er også del av kontroll- og risikostyringssystemet i banken, og gjennomfører den finansielle revisjonen. Eksternrevisor er vald av generalforsamlinga, etter uttale frå revisjonsutvalet i samsvar med lov for finansføretak. Revisor gir årleg si revisjonsmelding til generalforsamlinga, og har gjennom året møte med styret. Revisor utarbeider «brev til leiinga» som blir presentert til styret. I dette brevet vurderer revisor internkontrollen i banken og peikar på mulege område der internkontrollen bør betrast.

Note 5 Risikostyring, framhald

BANKEN SINE RISIKOOMRÅDE

Gjennom drifta blir banken utsett for risiko på ulike område:

Risikoområde	Definisjon
Kredittrisiko	Risiko for tap som følgje av at motparten ikkje har evne eller vilje til å oppfylle betalingspliktene sine overfor banken, og at stilt sikkerheit ikkje dekkjer uteståande fordringar.
Konsentrasjonsrisiko	Risiko for tap som skuldast at ein har store delar av den utlånte kapitalen knytt opp mot einskildaktørar eller mot avgrensa geografiske- eller næringsmessige område.
Likviditetsrisiko	Risiko for at banken ikkje klarer å oppfylle pliktene sine og/eller finansiere ein auke i eigedelar, utan betydelege ekstrakostnader i form av prisfall på eigedelar som må realiserast, eller i form av dyr finansiering.
Marknadsrisiko	Risiko for tap knytt til ugunstige endringar i marknadsprisar på eksponeringar i rente-, valuta- og aksjemarknaden.
Operasjonell risiko	Risiko for tap som skuldast menneskelege feil, manglar i banken sine system, og prosessar eller eksterne hendingar.
Forretningsrisiko	Risiko for uventa inntekts- eller kostnadssvingingar som skuldast andre forhold enn kredittrisiko, konsentrasjonsrisiko, likviditetsrisiko, marknadsrisiko og operasjonell risiko.
Eigarrisiko	Risiko for at banken blir påført negative resultat frå eigarpostar i strategisk eigde selskap, og/eller må tilføre ny kapital i selskapa.
Systemrisiko	Risiko for at finanssystemet blir råka av ustabilitet eller i verste fall bryt saman.
Cyberisiko	Risiko for tap som skuldast enten svikt i teknisk infrastruktur eller bruken av teknologi i bedrifta.
Etterlevingsrisiko	Risikoen for at banken ikkje fullt ut etterlever lover og reglar, og pådreg seg sanksjonar, økonomiske tap eller tap av omdømme som følgje av dette.
Kvitvaskingsrisiko og risiko for terrorfinansiering	Risiko for at banken blir brukt til kvitvasking, dvs. handlingar som sikrar utbyttet frå ulovlege handlingar ved å skjule kvar utbyttet blir av eller kven som rår over det, eller ved å tilslore opphavet til inntekter eller eigedelar. Risiko for at banken blir brukt til å få gjennomført terrorfinansiering, dvs. økonomisk støtte til, eller innsamling av pengar på vegne av personar eller grupper som gjennomfører eller har som føremål å gjennomføre terrorhandlingar.
Berekraftningsrisiko (ESG-rikisiko)	Risikoen for miljømessige (under dette klima- og naturrisiko), sosiale eller styringsmessige forhold påverkar banken si verksemd eller kundar negativt, og fører til økonomiske tapp eller skade på omdømme. Risiko for at drifta til kundane har negativ påverknad på miljø- sosiale- eller styringsmessige forhold.
Omdømmerisiko	Risiko for at omdømmet til banken blir svekka til dømes gjennom manglande etterleving av lovverk, dårleg kommunikasjon mot kundar, bøter frå styresmaktene, eller handlingar som blir oppfatta som uetiske.

 Vi viser til avsnitta *Internkontroll* og *Risikostyring* i styret si årsmelding for meir informasjon om korleis banken driv internkontrollarbeid og styrer dei viktigaste risikotypane.



Note 6 Kapitaldekning

MORBANK			KONSERN	
31.12.23	31.12.24		31.12.24	31.12.23
1 948	1 948	ANSVARLEG KAPITAL	1 948	1 948
- 3	- 13	Eigarandelskapital	- 13	- 3
798	931	Frådrag egne eigarandelskapitalbevis	931	798
16	16	Grunnfondskapital	16	16
2 982	3 296	Overkurs	3 296	2 982
507	408	Utjammingsfond	408	507
476	308	Avsett utbytte/gåver	322	476
0	0	Fond for urealiserte vinstar	233	142
0	19	Annan eigenkapital	19	0
6 723	6 913	Eigenkapital	7 160	6 866
		Annan kjernekapital		
450	500	Hybridkapital	500	450
7 173	7 413	Eigenkapital	7 660	7 316
		Frådrag		
- 26	- 31	Utsett skattefordel	- 24	- 16
- 6	- 215	Øvrige immaterielle egedelar	- 217	- 7
- 113	- 95	Frådrag for eigarskap i andre selskap i finansiell sektor	- 95	- 95
- 19	- 34	Verdjustering for krav om forsvarleg verdsetjing	- 43	- 19
- 507	- 427	Utbytte og gåver	- 427	- 507
0	- 2	Andre frådrag	- 4	0
6 502	6 608	Netto kjernekapital	6 850	6 671
6 052	6 108	Rein kjernekapital	6 350	6 221
		Tilleggskapital		
700	800	Ansvarleg lånekapital	800	700
700	800	Netto tilleggskapital	800	700
7 202	7 408	Netto ansvarleg kapital	7 650	7 371
		BEREKNINGSGRUNNLAG		
		Kredittrisiko		
5	7	Lokale og regionale myndigheiter	7	5
3 046	1 571	Institusjonar	318	274
2 525	2 697	Føretak	2 697	2 512
4 311	3 538	Massemarknadsengasjement	4 317	4 457
13 317	13 816	Engasjement med pant i bustad	23 332	21 924
555	741	Forfalne engasjement	887	783
259	247	Poster med spesiell høg risiko (utviklingsprosjekt eigedom)	247	259
2 874	3 461	Eigenkapitalplasseringar	1 319	1 330
510	614	Obligasjonar med fortrinnsrett	729	535
171	451	Andre engasjement	2	122
27 572	27 142	Sum berekningsgrunnlag kredittrisiko	33 854	32 202
2 221	2 629	Operasjonell risiko	3 075	2 659
308	151	CVA	151	180
30 101	29 922	Samla berekningsgrunnlag	37 080	35 041
4 794	5 014	Overskot ansvarleg kapital	4 683	4 568
		KAPITALDEKNING		
23,93 %	24,76 %	Kapitaldekningsprosent	20,63 %	21,03 %
21,60 %	22,08 %	Kjernekapitaldekning	18,47 %	19,04 %
20,11 %	20,41 %	Rein kjernekapitaldekning	17,12 %	17,75 %
9,89 %	11,67 %	Uvekta kjernekapitalandel	8,38 %	8,84 %

Det er forventa at nytt kapitaldekningsregelverk, som har fått namnet CRR3, vil bli vedtatt og tre i kraft i Norge i løpet av 2025. Estimat syner at det nye kapitaldekningsregelverket, CRR3, ville gitt eit berekningsgrunnlag som er omlag 4 mrd. lågare enn berekningsgrunnlaget pr. 31.12.24 for bankkonsernet SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Dette gjev ein auke i rein kjernekapitaldekning på i overkant av 2 prosentpoeng.



Note 7 Risikoklassifisering av utlån til kundar

Sannsyn for misleghald (PD)

Bankens PD-modellar bereknar sannsynet for at kunden går i misleghald i løpet av dei neste 12 månadene. Ved hjelp av modellane vert alle banken sine kredittengasjement risikoklassifiserte månadleg i risikoklassane A – K, der A er best og K er misleghaldne engasjement. Ut frå dette er engasjementa inndelt i tre hovudgrupper: Låg risiko (PD frå A til D), middels risiko (E-G) og høg risiko (H-K).

Risikoklasse	Sannsyn for misleghald (PD)	
	frå og med	til
A	0,00 %	0,10 %
B	0,10 %	0,25 %
C	0,25 %	0,50 %
D	0,50 %	0,75 %
E	0,75 %	1,25 %
F	1,25 %	2,00 %
G	2,00 %	3,00 %
H	3,00 %	5,00 %
I	5,00 %	8,00 %
J	8,00 %	100,00 %
K	100,00 %	100,00 %

KONSERN	Brutto utlån		Garantiar og unytta trekkrettar		Nedskrivningar	
	2024	2023	2024	2023	2024	2023
Bedriftsmarknad						
Låg risiko (A-D)	10 491	9 143	2 801	2 478	19	25
Middels risiko (E-G)	4 265	5 188	456	875	50	62
Høg risiko (H-K)	1 462	1 290	449	125	194	175
Sum bedriftsmarknad	16 219	15 621	3 706	3 477	264	262

Privatmarknad	Brutto utlån		Garantiar og unytta trekkrettar		Nedskrivningar	
	2024	2023	2024	2023	2024	2023
Låg risiko (A-D)	34 731	33 888	3 639	3 539	8	9
Middels risiko (E-G)	11 935	12 825	271	253	16	21
Høg risiko (H-K)	1 808	1 952	8	10	42	44
Sum privatmarknad	48 474	48 666	3 918	3 803	65	74

MORBANK	Brutto utlån		Garantiar og unytta trekkrettar		Nedskrivningar	
	2024	2023	2024	2023	2024	2023
Låg risiko (A-D)	10 301	8 917	2 771	2 443	26	24
Middels risiko (E-G)	4 189	5 135	455	875	50	62
Høg risiko (H-K)	1 450	1 271	449	125	194	175
Sum bedriftsmarknad	15 940	15 323	3 675	3 442	270	261

Privatmarknad	Brutto utlån		Garantiar og unytta trekkrettar		Nedskrivningar	
	2024	2023	2024	2023	2024	2023
Låg risiko (A-D)	14 681	15 457	1 449	1 475	1	1
Middels risiko (E-G)	7 066	7 496	226	157	7	8
Høg risiko (H-K)	949	883	9	7	24	20
Sum privatmarknad	22 695	23 836	1 684	1 639	32	29



Note 8 Engasjement i misleghald og betalingslette

Forklaring av misleghald og betalingslette er gjort i note 2.

Aldersfordelt betalingsmisleghald

Tabellen under viser engasjement registrert med betalingsmisleghald, der misleghaldet overstig 1.000 kr på ein av kunden sine konti og utgjør minst 1 % av kunden sitt engasjement for personmarknaden. Tilsvarende gjeld for bedriftsmarknaden, men her er beløpsgrensa 2.000 kr.

	Brutto utlån		Garantiar og unytta trekkrettar		Nedskriving	
	31.12.24	31.12.23	31.12.24	31.12.23	31.12.24	31.12.23
KONSERN						
Betalingsmisleghald 11 – 30 dagar	249	83	0	1	5	5
Betalingsmisleghald 31 – 90 dagar	64	56	0	0	2	2
Betalingsmisleghald over 90 dagar	212	204	12	5	68	75
Sum engasjement i betalingsmisleghald over 10 dagar	524	343	12	5	75	82

	Brutto utlån		Garantiar og unytta trekkrettar		Nedskriving	
	31.12.24	31.12.23	31.12.24	31.12.23	31.12.24	31.12.23
MORBANK						
Aldersfordelt misleghald						
Betalingsmisleghald 11 – 30 dagar	226	58	0	1	5	4
Betalingsmisleghald 31 – 90 dagar	40	38	0	0	2	2
Betalingsmisleghald over 90 dagar	156	161	12	5	62	72
Sum engasjement i betalingsmisleghald over 10 dagar	423	257	12	5	68	78

Misleghaldne engasjement

Tabellen under viser engasjement i misleghald.

	Brutto utlån		Garantiar og unytta trekkrettar		Nedskriving	
	31.12.24	31.12.23	31.12.24	31.12.23	31.12.24	31.12.23
KONSERN						
Betalingsmisleghald over 90 dagar	212	204	12	5	68	75
Andre misleghaldne engasjement	477	592	562	23	98	61
Sum misleghaldne engasjement	689	796	574	27	166	135

<i>Betalingsmisleghald over 90 dagar, privatmarknad</i>	112	78	0	0	14	6
<i>Anna misleghald, privatmarknad</i>	276	314	2	3	15	19
Sum misleghald privatmarknad	387	391	2	3	29	25

<i>Betalingsmisleghald over 90 dagar, bedriftsmarknad</i>	100	126	12	4	55	68
<i>Anna misleghald, bedriftsmarknad</i>	202	279	560	19	83	41
Sum misleghald bedriftsmarknad	301	405	572	24	137	109



Note 8 Engasjement i misleghald og betalingslette, framhald

	Brutto utlån		Garantiar og unytta trekkrettar		Nedskriving	
	31.12.24	31.12.23	31.12.24	31.12.23	31.12.24	31.12.23
MORBANK						
Betalingsmisleghald over 90 dagar	156	161	12	5	62	72
Andre misleghaldne engasjement	377	397	562	23	93	50
Sum misleghaldne og tapsutsette engasjement	533	558	574	27	155	122
<i>Betalingsmisleghald over 90 dagar, privatmarknad</i>	57	39	0	0	8	4
<i>Anna misleghald, privatmarknad</i>	175	123	2	3	10	9
Sum misleghald privatmarknad	232	163	2	3	18	13
<i>Betalingsmisleghald over 90 dagar, bedriftsmarknad</i>	100	122	12	4	55	68
<i>Anna misleghald, bedriftsmarknad</i>	202	273	560	19	83	41
Sum misleghald bedriftsmarknad	301	395	572	24	137	109

Betalingslette

Betalingslette er endring i avtalte vilkår som er innvilga fordi kunden har økonomiske vanskar, og som ikkje ville blitt innvilga dersom kunden var i ein betre økonomisk situasjon.

	Brutto utlån		Garantiar og unytta trekkrettar		Nedskriving	
	31.12.24	31.12.23	31.12.24	31.12.23	31.12.24	31.12.23
KONSERN						
Betalingslette som ikkje også er i misleghald	781	600	31	4	10	22
Betalingslette og misleghald	192	284	1	0	22	34
Sum betalingslette	973	884	32	4	32	56
<i>Herav til privatmarknad</i>	649	479	0	0	12	12
<i>Herav til bedriftsmarknad og offentleg forvaltning</i>	324	402	32	4	21	45
Betalingslette fordelt på trinn						
<i>Herav trinn 2</i>	781	600				
<i>Herav trinn 3</i>	192	284				

	Brutto utlån		Garantiar og unytta trekkrettar		Nedskriving	
	31.12.24	31.12.23	31.12.24	31.12.23	31.12.24	31.12.23
MORBANK						
Betalingslette som ikkje også er i misleghald	519	389	31	4	8	20
Betalingslette som også er i misleghald	154	192	1	0	20	29
Sum betalingslette	673	581	32	4	27	49
<i>Herav til privatmarknad</i>	356	181	0	0	7	4
<i>Herav til bedriftsmarknad og offentleg forvaltning</i>	317	401	32	4	21	45
Betalingslette fordelt på trinn						
<i>Herav trinn 2</i>	519	389				
<i>Herav trinn 3</i>	154	192				



Note 10 Utlån fordelt på geografisk område

KONSERN	Brutto utlån		Prosent av brutto utlån	
	2024	2023	2024	2023
Fylker				
Vestland	50 747	51 139	78,4 %	79,5 %
Oslo	4 942	4 775	7,6 %	7,4 %
Østfold	2 119	479	3,3 %	0,7 %
Akershus	1 931	2 994	3,0 %	4,7 %
Møre og Romsdal	1 630	1 527	2,5 %	2,4 %
Rogaland	696	674	1,1 %	1,0 %
Trøndelag	496	478	0,8 %	0,7 %
Vestfold	443	444	0,7 %	0,7 %
Troms	452	268	0,7 %	0,4 %
Innlandet	342	323	0,5 %	0,5 %
Agder	262	233	0,4 %	0,4 %
Nordland	214	169	0,3 %	0,3 %
Buskerud	210	442	0,3 %	0,7 %
Telemark	107	73	0,2 %	0,1 %
Finnmark	101	269	0,2 %	0,4 %
Sum brutto utlån	64 693	64 286	100,0 %	100,0 %

MORBANK	Brutto utlån		Prosent av brutto utlån	
	2024	2023	2024	2023
Fylker				
Vestland	31 580	32 689	81,7 %	83,5 %
Oslo	2 207	2 191	5,7 %	5,6 %
Møre og Romsdal	1 198	1 080	3,1 %	2,8 %
Østfold	925	213	2,4 %	0,5 %
Akershus	872	1 223	2,3 %	3,1 %
Troms	383	200	1,0 %	0,5 %
Rogaland	340	315	0,9 %	0,8 %
Trøndelag	255	217	0,7 %	0,6 %
Vestfold	210	192	0,5 %	0,5 %
Innlandet	176	154	0,5 %	0,4 %
Agder	139	110	0,4 %	0,3 %
Nordland	129	91	0,3 %	0,2 %
Buskerud	100	223	0,3 %	0,6 %
Telemark	60	43	0,2 %	0,1 %
Finnmark	59	218	0,2 %	0,6 %
Sum brutto utlån	38 635	39 159	100,0 %	100,0 %

Note 11 Sikkerheitsdekning på utlån til kundar

Sikringsobjekt i privatmarknaden består i det alt vesentlege av eigeidom. I berekninga nedanfor blir desse verdsett til marknadsverdi gjennom estimat frå Eiendomsverdi AS, verddivurdering frå meklar takstar eller verddivurdering utfrå eigen kjennskap til bustadmarknaden. Verdiberekingane for sikkerheit frå privatmarknaden vurderast kvart tredje år eller oftare.

Når det gjeld bedriftsmarknaden utgjer varige driftsmidlar som eigeidom, pant i skip og konsesjonar eller kvotar hovudtyngda av sikringsobjekt. Det blir også teke pant i omløpsmidlar som faktoring, enkle pengekrav og driftslausøyre, samt anna sikkerheit som realkausjonar, garantiar og forsikringskontraktar. Verdiberekingar for sikkerheiter frå bedriftsmarknaden vurderast minst årleg.

Tabellen nedanfor viser den prosentvise fordelinga av engasjement knytt til ulike nivå for sikkerheitsdekning. Sikkerheitsdekning vert berekna på kundenivå, som sikkerheitsverdi delt på engasjement. Ved sikkerheitsdekning under 100 % er kundens engasjement høgare enn verdien av sikkerheita.

KONSERN	Brutto utlån		Garantiar og unytta trekkrettar		Nedskrivningar	
	2024	2023	2024	2023	2024	2023
Bedriftsmarknad						
Ingen sikkerheit	0	0	0	0	0	0
Sikkerheitsdekning 0 % t.o.m. 100 %	2 541	2 925	1 977	1 135	167	176
Sikkerheitsdekning 100 % t.o.m. 150 %	4 503	5 535	452	1 251	69	59
Sikkerheitsdekning 150 % t.o.m. 200 %	3 596	2 977	330	307	13	16
Sikkerheitsdekning over 200 %	5 578	4 184	947	785	15	11
Sum bedriftsmarknad	16 219	15 621	3 706	3 477	264	262

Privatmarknad	Brutto utlån		Garantiar og unytta trekkrettar		Nedskrivningar	
	2024	2023	2024	2023	2024	2023
Ingen sikkerheit	27	133	5	560	1	2
Sikkerheitsdekning 0 % til 100 %	986	1 178	132	79	8	6
Sikkerheitsdekning 100 % til 150 %	29 224	29 704	1 600	1 372	48	57
Sikkerheitsdekning 150 % til 200 %	13 059	12 755	1 309	1 109	7	8
Sikkerheitsdekning frå 200 %	5 178	4 897	871	683	1	1
Sum privatmarknad	48 474	48 666	3 918	3 803	65	74

MORBANK	Brutto utlån		Garantiar og unytta trekkrettar		Nedskrivningar	
	2024	2023	2024	2023	2024	2023
Ingen sikkerheit	0	0	0	0	0	0
Sikkerheitsdekning 0 % t.o.m. 100 %	2 533	2 916	1 977	1 134	171	176
Sikkerheitsdekning 100 % t.o.m. 150 %	4 389	5 410	440	1 240	71	59
Sikkerheitsdekning 150 % t.o.m. 200 %	3 509	2 851	321	294	13	15
Sikkerheitsdekning over 200 %	5 508	4 146	937	774	15	11
Sum bedriftsmarknad	15 940	15 323	3 675	3 442	270	261

Privatmarknad	Brutto utlån		Garantiar og unytta trekkrettar		Nedskrivningar	
	2024	2023	2024	2023	2024	2023
Ingen sikkerheit	27	132	7	559	1	2
Sikkerheitsdekning 0 % til 100 %	766	903	146	68	5	3
Sikkerheitsdekning 100 % til 150 %	16 456	16 407	806	552	24	22
Sikkerheitsdekning 150 % til 200 %	3 969	4 802	479	316	2	2
Sikkerheitsdekning frå 200 %	1 477	1 592	246	144	0	0
Sum privatmarknad	22 695	23 836	1 684	1 639	32	29

Note 12 Forklaring av modell for nedskrivning etter IFRS 9

Banken har utarbeidd eit rammeverk for å berekne nedskrivningar i samsvar med krava i IFRS 9. Modellen bereknar forventa kredittap (ECL) for alle gjeldskonti, garantiar og unyttta kredittar. Forventa tap er eit forventningsrett estimat basert på fleire framtidige scenario.

I modellen blir låna delt i tre trinn. Når eit lån blir innrekna første gongen, vil det som hovudregel inngå i trinn 1. Dersom kontoen har hatt ein vesentleg auke i kreditttrisikoen, sidan det vart innrekna første gongen, blir det flytta til trinn 2. Misleghaldne engasjement blir allokerte til trinn 3, der definisjonen av misleghald samsvarer med definisjonen nytta i intern risikostyring gitt i note 7. Ein konto skal alltid allokeraast til det høgaste trinnet den kvalifiserer for.

For engasjement i trinn 1 blir det berekna forventa tap for misleghald som oppstår innan 12 månader fram i tid, medan det for engasjement i trinn 2 og 3 blir berekna tap over heile engasjementet si forventa restløpetid.

ECL blir berekna basert på parametarar, som gir eit estimat for eksponering ved misleghald (EAD) og tap gitt misleghald (LGD), i tillegg til sannsynet for misleghald (PD), for kvar periode.

Individuell nedskrivning

Engasjement med observerbare data om hendingar som kan indikere at ein finansiell eigedel er kredittforringa, blir vurdert for individuell nedskrivning. Slike hendingar er mellom anna negativ migrering, overtrekk/restanse på kreditt eller andre misleghaldshendingar. Det same gjeld også der vi gjennom ordinær oppfølging av kunden har kjennskap om negativ utvikling, som gjer det usikkert om kunden kan betale tilbake engasjementet. Som hovudregel blir ikkje engasjement under 4 millionar kroner, eller engasjement til privatmarknaden vurdert for individuell nedskrivning. Engasjement som ikkje blir vurdert for individuell nedskrivning skal likevel vurderast for «unlikelihood to pay» etter kriteria gitt i note 8. Der det vert vurdert som lite sannsynleg at kunden vil vere i stand til å tilbakebetale engasjementet, utan å realisere trygd, blir kunden manuelt styrt inn i misleghald og trinn 3.

Individuelle nedskrivningar vert berekna ved sannsynsvekting av ulike scenario for utfall i saka. Der det er gjort ei individuell nedskrivning vil dette overstyre det modellberekna tapet på engasjementet. Individuell nedskrivning inngår i nedskrivningar i trinn 3.

Sannsyn for misleghald (PD)

Banken har, basert på interne misleghaldsdata, utvikla modellar for å estimere sannsynet for at eit engasjement går i misleghald i løpet av den påfølgjande 12-månadsperioden (12-månads PD). Sannsynet for at eit engasjement går i misleghald i løpet av restløpetida til engasjementet (livstids-PD) vert avleia av 12-månads PD, der ein går ut frå at PD på sikt migrerer mot gjennomsnittleg PD i porteføljen.

Banken har søknadsscore- og åtferdsscoremodellar på kundenivå. Søknadsscoremodellane blir nytta for å rekne ut PD når ein kunde søker om eit lån eller ein kreditt. Åtferdsscoremodellane blir brukt til å berekne PD for alle løpande engasjement ved utgangen av kvar månad. Scoring blir gjort på basis av eksterne og interne parametarar, med ulike modellar for bedrifts- marknad og privatmarknad.

Tap gitt misleghald (LGD)

LGD representerer det banken forventar å tape gitt at eit engasjement går i misleghald og byggjer på komponentane:

- Sannsynet for at eit misleghalde engasjement blir friskmeldt
- Framskriven sikkerheitsdekning for engasjementet
- Forventa gjenvinning av usikra del av engasjementet
- Eksterne kostnader ved realisasjon

I tillegg vert det sett eit nedre golv for tap, dersom kontoen ikkje blir friskmeldt. Dette golvet var pr. 31.12.24 sett til 1 % for kundar innanfor privatmarknad og 2 % for næringskundar. Ein konto blir rekna som friskmeldt dersom kontoen har vore i misleghald og er blitt avslutta utan konstatering av tap.

I berekning av sikkerheitsdekning nyttar vi forventa realisasjonsverdi av underliggjande pant. For bustad-eigedomar er til dømes realisasjonsverdien sett til 50 % av verdiesestimaten. Realisasjonsverdiene blir framskrivne basert på tre framtidsscenario for prisutvikling.

Eksponering på misleghaldstidspunktet (EAD) EAD representerer forventa eksponering mot kunden på misleghaldstidspunktet. For lån der det finst ein kontraktsfesta nedbetalingsplan, blir dette nytta som utgangspunkt for fastsetting av EAD. Det blir gjennomført ei justering, for å ta omsyn til sannsynet for at kunden betaler tilbake lånet raskare enn det som er gitt av nedbetalingsplanen (prepayment). Dette inkluderer sannsynet for at kunden innfrir lånet før avtalt innfringstidspunkt. For kredittar går ein ut frå at heile ramma er trekt opp på misleghaldstidspunktet, mens det for garantiar blir nytta konverteringsfaktorar på 50 % og 100 %.



Forventa levetid

For lån og kredittar i trinn 2, skal ECL bereknast for resterande forventa levetid. For lån og kredittar med ei kontraktsfesta levetid, er dette attståande løpetid på rapporteringstidspunktet. For unytta kredittar, er det lagt til grunn ei forventa levetid basert på gjennomsnittleg observert levetid for avslutta kredittar.

Vesentleg auke i kredittrisiko

Migrering frå trinn 1 til trinn 2 er styrt av definisjonen av vesentleg auke i kredittrisikoen. Det er opp til banken sjølv å setje grensa for vesentleg auke i kredittrisikoen. Regelsettet som vert nytta består av tre element – eit kvantitativt element, eit kvalitativt element og eit back stop. Det kvantitative elementet er hovud-drivaren for migrering frå trinn 1 til trinn 2.

Kvantitativt element: Eit engasjement er vurdert å ha hatt ein vesentleg auke i kredittrisikoen, dersom PD på rapporteringsdatoen er minst dobbelt så stor som forventa PD berekna på innrekningstidspunktet, og endring i PD er minst 0,5 prosentpoeng.

Kvalitativt element: Dersom kunden har betalingslette på minst eitt lån, eller kunden er på banken si overvakingsliste for kundar med auka kredittrisiko, skal alle kontoane til kunden overførast til trinn 2, dersom dei ikkje kvalifiserer til trinn 3.

Back stop: Dersom kontoen er i betalingsmisleghald med meir enn 30 dagar, skal kontoen flyttast til trinn 2 uavhengig av om den oppfyller krava i den kvantitative og den kvalitative testen. Ved betalingsmisleghald over 90 dagar skal kontoen flyttast til trinn 3.

Tabellen under viser årsak til migrering til trinn 2 for låna i banken sin portefølje pr. 31.12.24. Der eit lån oppfyller fleire av kriteria for migrering blir dei rapportert under den kategorien som ligg øvst i tabellen.

	Brutto utlån (mnok)
Årsaker for migrering til trinn 2	
Endring i PD	8.183
Betalingslette	519
Overvakingsliste	359
Under friskmelding frå overvakingsliste	16
Overtrekk/restanse i meir enn 30 dagar	2
Sum brutto utlån i trinn 2	9.079

Unntak for lån med låg kredittrisiko

Finanstilsynet har gjennom tilsynsrapportar peika på at bruk av absolutte grenser for endring i PD for migrering til trinn 2 i realiteten er å rekne som bruk av lågrisikounntaket i IFRS9 og at bankar må sikre at grensa ikkje hindrar rettidig identifisering av lån med auka risiko. Banken reduserte den absolutte grensa frå 0,75 prosentpoeng til 0,5 prosentpoeng i 2023. Tabellen under viser at å fjerne grensa ville pr. 31.12.24 auka nedskrivningane med 2,4 millionar kroner. Banken

vurderer at grensa ikkje har vesentleg effekt på berekna tap og bidreg til å dempe volatiliteten i migrering mellom trinn 1 og 2 mellom periodane.

	Brutto utlån i trinn 2 (mnok)	Total ned- skrivning (mnok)
Effekt av absolutt grense for endring i PD		
Absolutt grense lik 0,5 pp., for migrering til trinn 2	9.079	330,0
Ingen absolutt grense for migrering til trinn 2	12.325	332,4
Endring ved fjerning av absolutt grense	3.246	2,4

Migrering til lågare trinn

Ein konto i trinn 2 kan migrere tilbake til trinn 1, dersom den ikkje lenger oppfyller nokon av dei tre kriteria beskrive ovanfor. Om lånet har vore på selskapet si overvakingsliste, må lånet gjennom ein karanteneperiode på tre månader før det kan bli flytta til trinn 1.

Engasjement som har gått i misleghald vil migrere frå trinn 3 til trinn 1 eller 2, når dei ikkje lengre er misleghaldsmerka og lånet har gått gjennom ein karanteneperiode på tre månader, utan nye misleghaldshendingar.

For kundar som har vore i misleghald som følgje av to eller fleire betalingsletter over ein periode på to år, eller som får overtrekk/restanse over 30 dagar i to årsperioden etter ei betalingslette, gjeld ein karantene på 12 månader.

Frårekning av lån

Eit lån blir vist som frårekna, når lånet er innfridd og lånekontoen avslutta. Dette gjeld både når lånet er betalt tilbake av kunden, eller refinansiert i eigen eller anna bank.

Makrosenario

Som tidlegare nemnt tek banken omsyn til informasjon om framtida, for å kome fram til eit estimat på ECL. Det blir gjort ved å legge til grunn tre makroøkonomiske scenario i berekninga. Eit forventa scenario med vekt på 50 %, eit pessimistisk makrosenario og eit optimistisk makrosenario som kvar har vekt på 25 %. ECL vert vekt utifrå utfallet av dei tre scenarioa.

Samanhengen mellom makroøkonomiske parametar og PD har tidlegare blitt gitt av ein modell utvikla av Norsk Regnesentral, der framtidig rentenivå, arbeidsløyse, konsumprisindeks og oljepris vart nytta til å estimere framtidig misleghaldsnivå. På grunn av den spesielle makroøkonomiske situasjonen vi har vore gjennom, er ikkje modellen godt nok eigna til å predikere misleghaldsnivået dei neste åra. Det er difor gjort interne ekspertvurderingar av forventa utvikling i misleghaldsnivå fem år fram i tid, med bakgrunn i framskrivingar frå Pengepolitisk Rapport.



For engasjement sikra med pant i bustad vert sikkerheitsverdiane i scenarioa framskrivne basert på prognose for bustadprisutvikling frå Pengepolitisk Rapport.

Det er per i dag ikkje tatt inn klimarelaterte scenario i berekninga av forventa tap.

Meir informasjon om makrosenariao er gitt i note 16.

Bransjejustering av sannsyn for misleghald

For definerte næringer eller større kundegrupper der risikoen for misleghald er auka, eller er venta å auke framover, og PD-modellen ikkje godt nok speglar det framtidige sannsynet for misleghald, gir modellen moglegheit for å justere berekna PD med eit flatt tillegg og/eller ei skalering.

- Kunder innan eigeomsutviklingssektoren og bygg og anlegg er PD skalert opp med 30 %, med bakgrunn i oppbremsing i aktivitet i 2024.
- Kunder innanfor havbrukssektoren er skalert opp med 50 %, som følge av auka risiko knytt til miljøhensyn.
- Kunder innanfor fiskeri og fiskeindustri er skalert opp 50 %, med bakgrunn i stor reduksjon av kvotar for 2025 og 2026.
- Kunder innanfor landbrukssektoren er skalert opp 50 % som følge av at overgangsrisikoen i bransjen er vurdert som høg i samband med bankens TCFD-rapport.

Banken sitt Kredittutval vurderer justeringane skjønsmessig kvart kvartal.

Styring og kontroll

Gjennom banken sine rutinar og instruksar er det etablert ein tydeleg arbeidsprosess knytt til fastsetjing av tap. Denne prosessen gir ansvarsdeling mellom ulike avdelingar i banken for høvesvis utvikling og vedlikehald av modellar, utarbeiding av makrosenario, vurdering av scenarioa og gjennomføring av tapsvurderingar.

Endringar i modell for nedskriving i løpet av 2024

Tabellen under viser kva endringar som blei gjort og kva effekt dei enkelte endringane hadde på resultatet på tidspunktet endringa tredde i kraft. Auke i bransjejustering av sannsynet for misleghald på engasjement innafor fiskeri og fiskeindustri gav til dømes ein auke i modellberekna tap på 1,2 millionar kroner, då den blei innført i 3. kvartal 2024. Dette gav ein tilsvarande reduksjon i resultatet på 1,2 millionar kroner.

Endring	Endring tredde i kraft	Effekt på nedskriving
Pessimistisk scenario er gjort strengare	Q1 2024	+ 4,0 mnok
Bransjejustering PD for fiskeri og fiskeindustri med 150	Q3 2024	+ 1,2 mnok
Bransjejustering PD eigeomsutvikling samt bygg og anlegg redusert frå 150 til 130	Q3 2024	- 27,7 mnok



Note 13 Engasjement fordelt på steg i IFRS 9

KONSERN

2024

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Brutto utlån til amortisert kost pr. 01.01.24	50 850	9 254	784	60 888
Overføringer til trinn 1	2 801	- 2 760	- 42	0
Overføringer til trinn 2	- 2 418	2 465	- 46	0
Overføringer til trinn 3	- 132	- 138	271	0
Nye finansielle egedelar utsteda eller kjøpt	13 785	1 904	50	15 739
Finansielle egedelar som er frårekna	- 16 638	- 2 574	- 348	- 19 560
Andre endringar	752	- 26	- 27	699
Brutto utlån til amortisert kost pr. 31.12.24	48 999	8 125	642	57 766
Nedskrivningar på utlån til amortisert kost pr. 31.12.24	37	109	123	269
Netto utlån til amortisert kost pr. 31.12.24	48 962	8 016	519	57 497
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Brutto utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.24	5 926	954	47	6 927
Nedskrivningar på utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.24	3	5	4	12
Netto utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.24	5 923	949	43	6 915
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Brutto utlån pr. 31.12.24	54 925	9 079	689	64 693
<i>Herav til personmarknad</i>	42 744	5 343	387	48 474
<i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i>	12 181	3 736	302	16 219
Nedskrivning på utlån pr. 31.12.24	40	113	128	281
Netto utlån pr. 31.12.24	54 885	8 965	561	64 412
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Unyttta kredittar og garantiar pr. 31.12.24	6 599	451	574	7 624
<i>Herav til personmarknad</i>	3 813	103	2	3 918
<i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i>	2 786	348	572	3 706
Nedskrivning på garantiar og unyttta trekkrettar pr. 31.12.24	5	5	39	49
Netto eksponering for unyttta kredittar og garantiar pr. 31.12.24	6 594	446	535	7 575



Note 13 Engasjement fordelt på steg i IFRS 9, framhald

KONSERN

2023	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Brutto utlån til amortisert kost pr. 01.01.23	51 529	5 692	583	57 805
Overføringar til trinn 1	1 407	- 1 367	- 40	0
Overføringar til trinn 2	- 4 203	4 248	- 44	0
Overføringar til trinn 3	- 120	- 318	438	0
Nye finansielle eigedelar utsteda eller kjøpt	15 515	2 253	35	17 802
Finansielle eigedelar som er frårekna	- 13 402	- 1 610	- 169	- 15 181
Andre endringar	124	356	- 18	462
Brutto utlån til amortisert kost pr. 31.12.23	50 850	9 254	784	60 888
Nedskrivningar på utlån til amortisert kost pr. 31.12.23	58	123	130	311
Netto utlån til amortisert kost pr. 31.12.23	50 791	9 132	654	60 577
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Brutto utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.23	2 880	507	12	3 398
Nedskrivningar på utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.23	2	3	1	5
Netto utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.23	2 878	504	11	3 393
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Samla brutto utlån pr. 31.12.23	53 729	9 761	796	64 286
Herav til personmarknad	42 330	5 945	391	48 666
Herav til næring og offentleg forvaltning	11 399	3 817	405	15 621
Nedskrivning på utlån pr. 31.12.23	60	126	130	316
Netto utlån pr. 31.12.23	53 669	9 635	665	63 970
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Unytta kredittar og garantiar pr. 31.12.23	6 832	421	27	7 280
Herav til personmarknad	3 703	97	3	3 803
Herav til næring og offentleg forvaltning	3 129	324	24	3 477
Nedskrivning på garantiar og unytta trekkrettar pr. 31.12.23	11	4	5	20
Netto eksponering for unytta kredittar og garantiar pr. 31.12.23	6 821	417	22	7 260



Note 13 Engasjement fordelt på steg i IFRS 9, framhald

MORBANK

2024

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Brutto utlån til amortisert kost og verkeleg verdi pr. 01.01.24	29 017	6 198	546	35 760
Overføringar til trinn 1	1 987	- 1 962	- 25	0
Overføringar til trinn 2	- 1 653	1 673	- 19	0
Overføringar til trinn 3	- 116	- 92	208	0
Nye finansielle eigedelar utsteda eller kjøpt	11 114	1 737	50	12 901
Finansielle eigedelar som er frårekna	- 11 252	- 1 684	- 246	- 13 182
Andre endringar	- 1 104	- 250	- 28	- 1 382
Brutto utlån til amortisert kost og verkeleg verdi pr. 31.12.24	27 992	5 619	486	34 098
Nedskrivningar på utlån til amortisert kost og verkeleg verdi pr. 31.12.24	32	99	112	243
Netto utlån til amortisert kost og verkeleg verdi pr. 31.12.24	27 960	5 520	374	33 854

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Brutto utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.24	3 783	707	47	4 537
Nedskrivningar på utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.24	2	4	4	10
Netto utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.24	3 781	703	42	4 527

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Samla brutto utlån pr. 31.12.24	31 776	6 326	533	38 635
Herav til personmarknad	19 788	2 675	232	22 695
Herav til næring og offentleg forvaltning	11 988	3 651	301	15 940
Samla nedskrivning på utlån pr. 31.12.24	34	103	117	254
Samla netto utlån pr. 31.12.24	31 742	6 223	417	38 381

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Unyttå kredittar og garantiar pr. 31.12.24	4 393	393	574	5 360
Herav til personmarknad	1 635	47	2	1 684
Herav til næring og offentleg forvaltning	2 758	346	572	3 675
Nedskrivning på garantiar og unyttå trekkrettar pr. 31.12.24	5	5	39	48
Netto eksponering for unyttå kredittar og garantiar pr. 31.12.24	4 388	388	535	5 311



Note 13 Engasjement fordelt på steg i IFRS 9, framhald

MORBANK

2023

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Brutto utlån til amortisert kost og verkeleg verdi OCI pr. 01.01.23	25 985	3 428	454	29 867
Overføringar til trinn 1	910	- 880	- 30	0
Overføringar til trinn 2	- 2 740	2 758	- 18	0
Overføringar til trinn 3	- 48	- 230	278	0
Nye finansielle eigedelar utsteda eller kjøpt	12 333	1 955	23	14 311
Finansielle eigedelar som er frårekna	- 6 959	- 968	- 140	- 8 066
Andre endringar	- 464	134	- 21	- 351
Brutto utlån til amortisert kost og verkeleg verdi OCI pr. 31.12.23	29 017	6 198	546	35 760
Nedskrivningar på utlån til amortisert kost og verkeleg verdi OCI pr. 31.12.23	42	106	117	265
Netto utlån til amortisert kost og verkeleg verdi OCI pr. 31.12.23	28 974	6 092	429	35 495

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Brutto utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.23	2 880	507	12	3 398
Nedskrivningar på utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.23	2	3	1	5
Netto utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.23	2 878	504	11	3 393

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Samla brutto utlån pr. 31.12.23	31 896	6 705	558	39 159
Herav til personmarknad	20 710	2 963	163	23 836
Herav til næring og offentleg forvaltning	11 186	3 742	395	15 323
Samla nedskrivning på utlån pr. 31.12.23	44	109	118	271
Samla netto utlån pr. 31.12.23	31 852	6 596	440	38 888

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Unytta kredittar og garantiar pr. 31.12.23	4 688	365	27	5 081
Herav til personmarknad	1 592	43	3	1 639
Herav til næring og offentleg forvaltning	3 096	322	24	3 442
Nedskrivning på garantiar og unytta trekkrettar pr. 31.12.23	11	4	5	19
Netto eksponering for unytta kredittar og garantiar pr. 31.12.23	4 678	361	22	5 062



Note 14 Nedskrivning fordelt på steg i IFRS 9

Ved berekning av forventta tap blir låna delt inn i tre trinn i samsvar med krava i IFRS 9. Når eit lån blir innrekna vil det som hovudregel inngå i trinn 1. Dersom engasjementet har hatt ein vesentleg auke i kredittrisikoen sidan det vart innrekna første gongen, blir det overført til trinn 2. Misleghaldne engasjement blir allokert til trinn 3. Der det er gjort ei individuell nedskrivning, vil dette overstyre dei modellberekna tapa på engasjementet. Individuell nedskrivning inngår i nedskrivingar i trinn 3.

KONSERN

2024

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 01.01.24	58	123	130	311
Overføringar til trinn 1	9	- 31	- 3	- 26
Overføringar til trinn 2	- 6	38	- 3	28
Overføringar til trinn 3	- 2	- 4	37	31
Nye finansielle eigedelar utsteda eller kjøpt	16	29	4	49
Finansielle eigedelar som er frårekna	- 21	- 26	- 48	- 95
Endring i modell- og makroparametere	- 8	- 12	- 3	- 23
Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	- 23	- 23
Andre endringar	- 9	- 8	34	17
Nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 31.12.24	37	109	123	269
Nedskrivning på utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.24	3	5	4	12
Samla nedskrivning på utlån pr. 31.12.24	40	113	128	281
<i>Herav til personmarknad</i>	14	22	29	65
<i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i>	26	91	99	216
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 01.01.24	11	4	5	20
Endring i perioden	- 6	1	34	29
Nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 31.12.24	5	5	39	49
<i>Herav til personmarknad</i>	0	0	0	0
<i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i>	5	5	39	48

KONSERN

2023

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 01.01.23	58	136	112	306
Overføringar til trinn 1	2	- 14	- 3	- 15
Overføringar til trinn 2	- 9	54	- 3	42
Overføringar til trinn 3	0	- 28	28	- 1
Nye finansielle eigedelar utsteda eller kjøpt	22	25	2	49
Finansielle eigedelar som er frårekna	- 15	- 31	- 24	- 70
Endring i modell- og makroparametere	- 5	- 25	13	- 17
Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	- 8	- 8
Andre endringar	5	6	14	25
Nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 31.12.23	58	123	130	311
Nedskrivning på utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.23	2	3	1	5
Nedskrivning på utlån pr. 31.12.23	60	126	130	316
<i>Herav til personmarknad</i>	17	31	25	73
<i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i>	43	95	105	243
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 01.01.23	12	8	1	20
Endring i perioden	- 1	- 4	4	0
Nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 31.12.23	11	4	5	20
<i>Herav til personmarknad</i>	1	0	0	1
<i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i>	10	4	4	19



Note 14 Nedskrivning fordelt på steg i IFRS 9, framhald

MORBANK

2024

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på utlån til amortisert kost og verkeleg verdi pr. 01.01.24	42	106	117	265
Overføringar til trinn 1	8	- 25	- 2	- 19
Overføringar til trinn 2	- 5	33	- 2	26
Overføringar til trinn 3	- 2	- 4	35	29
Nye finansielle egedelar utsteda eller kjøpt	15	29	4	48
Finansielle egedelar som er frårekna	- 19	- 20	- 44	- 83
Endring i modell- og makroparametere	- 6	- 11	- 2	- 19
Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	- 23	- 23
Andre endringar	- 1	- 10	30	19
Nedskrivning på utlån til amortisert kost og verkeleg verdi pr. 31.12.24	32	99	112	243
Nedskrivning på utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.24	2	4	4	10
Samla nedskrivning på utlån pr. 31.12.24	34	103	117	254
<i>Herav til personmarknad</i>	2	12	18	32
<i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i>	32	91	99	222

Inngående nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 01.01.24

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 01.01.24	11	4	5	19
Endring i perioden	- 5	1	34	29
Nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 31.12.24	5	5	39	48
<i>Herav til personmarknad</i>	0	0	0	0
<i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i>	5	5	39	48

MORBANK

2023

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på utlån til amortisert kost og verkeleg verdi pr. 01.01.23	48	125	107	280
Overføringar til trinn 1	0	- 2	0	- 2
Overføringar til trinn 2	- 1	4	- 1	3
Overføringar til trinn 3	0	- 1	4	3
Nye finansielle egedelar utsteda eller kjøpt	21	23	1	46
Finansielle egedelar som er frårekna	- 13	- 28	- 22	- 63
Endring i modell- og makroparametere	3	5	6	14
Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	- 8	- 8
Andre endringar	- 16	- 21	30	- 7
Nedskrivning på utlån til amortisert kost og verkeleg verdi pr. 31.12.23	42	106	117	265
Nedskrivning på utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.23	2	3	1	5
Samla nedskrivning på utlån pr. 31.12.23	44	109	118	271
<i>Herav til personmarknad</i>	1	14	13	29
<i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i>	43	95	105	242

Inngående nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 01.01.23

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 01.01.23	11	8	1	20
Endring i perioden	- 1	- 4	4	- 1
Nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 31.12.23	11	4	5	19
<i>Herav til personmarknad</i>	0	0	0	0
<i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i>	11	4	5	19

Note 15 Resultatførte tap på utlån, garantiar og unyttta trekkrettar

KONSERN	2024	2023
Auke/reduksjon i individuell nedskrivning	16	19
Auke/reduksjon i modellbasert forventa tap	- 18	- 13
Konstaterte tap i perioden dekt av tidlegare nedskrivning	23	8
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare individuelle nedskrivningar	3	1
Inngang på tidlegare års konstaterte tap	- 4	- 3
Resultat av nedskrivning for perioden	19	13

Note 16 Makroøkonomiske scenario i modell for nedskrivning etter IFRS 9

Nedskrivningar skal ifølgje IFRS 9-regelverket ta inn forventning om framtidig utvikling i misleghald og tap. Frå 2018 har det vore brukt ein statistisk modell for å beskrive samanhengen mellom forventa utvikling i makroøkonomiske parametar og framtidig misleghaldsnivå. På grunn av den spesielle makroøkonomiske situasjonen dei siste åra, er ikkje modellen lenger godt nok eigna til å predikere det framtidige misleghaldsnivået. Det er difor gjort skjønnsmessige vurderingar av forventa utvikling i misleghaldsnivå og panteverdiar fem år fram i tid, basert på prognosar i Norges Banks Pengepolitiske rapport.

Forventa tap blir berekna basert på vektning mellom tre makroøkonomiske scenario, der scenario 1 er venta scenario. I tillegg blir det nytta eit optimistisk makroszenario (scenario 2) der den norske økonomien går betre enn venta, og eit pessimistisk makroszenario (scenario 3) der den norske økonomien går dårlegare enn venta.

Tabellen under viser dei framtidige scenarioa for beregning av forventa tap pr. 31.12.24.

Framtidig scenario for privatmarknad ved beregning av forventa tap pr. 31.12.24	Misleghaldsnivå/PD målt med utgangspunkt pr. 31.12.2024					Bustadprisar	
	År 1	År 2	År 3	År 4	År 5	Gj. sn. årleg vekst	Vekting av scenario
Scenario 1: Venta scenario privatmarknad	2,00	1,80	1,60	1,40	1,20	5,1 %	50 %
Scenario 2: Optimistisk scenario privatmarknad	1,50	1,35	1,20	1,05	0,86	6,1 %	25 %
Scenario 3: Pessimistisk scenario privatmarknad	2,70	2,43	2,16	1,89	1,62	2,3 %	25 %

Framtidig scenario for bedriftsmarknad ved beregning av forventa tap pr. 31.12.24	Misleghaldsnivå/PD målt med utgangspunkt pr. 31.12.2024					Panteverdiar	
	År 1	År 2	År 3	År 4	År 5	Gj. sn. årleg vekst	Vekting av scenario
Scenario 1: Venta scenario bedriftsmarknad	1,45	1,45	1,35	1,25	1,15	1,5 %	50 %
Scenario 2: Optimistisk scenario bedriftsmarknad	1,23	1,23	1,15	1,06	0,92	3,0 %	25 %
Scenario 3: Pessimistisk scenario bedriftsmarknad	1,96	1,96	1,82	1,69	1,55	- 1,7 %	25 %

Note 16 Makroøkonomiske scenario i modell for nedskrivning etter IFRS 9, framhald

Sensitivitetsanalysar for endring på føresetnader i tapsmodellen etter IFRS 9

Tabellen under viser kor sensitivt banken sitt resultat vil vere for endringar i parametrane vist ovanfor. Dersom vi til dømes hadde lagt nivået for PD i alle scenarioa 10 % høgare over alle 5 åra, ville forventata tap auka med 15 mill. kr. Dette ville gitt ein tilsvarande reduksjon i resultatet før skatt.

	Endring parameter	Endring resultat før skatt
Misleghaldsnivå/PD målt mot utgangspunkt	- 50 %	83
	- 20 %	32
	- 10 %	16
	+ 10 %	- 15
	+ 20 %	- 30
	+ 50 %	- 74
Årleg endring i bustadprisar og panteverdiar	- 5 pp.	- 25
	- 2 pp.	- 9
	- 1 pp.	- 5
	+ 1 pp.	4
	+ 2 pp.	9
	+ 5 pp.	20

Tabellen under viser endring i resultat før skatt ved alternativ vekting av optimistisk og pessimistisk scenario. Dersom det pessimistiske scenarioet til dømes hadde fått 35 % vekt, medan det optimistiske scenarioet hadde blitt vekta med 15 %, ville forventata tap auka med 10 mill. kr. Dette ville gitt ein tilsvarande reduksjon i resultatet før skatt.

Scenario 1	Vekt	Scenario 2	Vekt	Scenario 3	Vekt	Endring resultat før skatt
Venta		Optimistisk		Pessimistisk		
50 %		5 %		45 %		- 20
50 %		15 %		35 %		- 10
50 %		35 %		15 %		10
50 %		45 %		5 %		20
100 %		0 %		0 %		10
0 %		100 %		0 %		41
0 %		0 %		100 %		- 61

Note 17 Kredittinstitusjonar/sentralbankar – fordringar og gjeld

MORBANK			KONSERN	
2023	2024		2024	2023
547	1 443	Utlån til og krav på kredittinstitusjonar/sentralbankar	411	534
2 593	2 592	Utlån og krav utan avtalt løpetid eller oppseiingstid	0	0
		Utlån og krav med avtalt løpetid eller oppseiingstid		
3 140	4 035	Sum utlån til og krav på kredittinstitusjonar, vurdert til amortisert kost	411	534
		Gjeld til kredittinstitusjonar		
229	112	Lån og innskot frå kredittinstitusjonar utan avtalt løpetid eller oppseiingstid	0	0
502	502	Lån og innskot frå kredittinstitusjonar med avtalt løpetid eller oppseiingstid	502	502
730	614	Sum gjeld til kredittinstitusjonar, vurdert til amortisert kost	502	502
		Løpetid		
		Gjenstående løpetid på gjeld til kredittinstitusjonar		
229	112	Betalbar på anmodning/mindre enn 1 måned	0	0
0	0	1-3 månader	0	0
0	0	3 månader – 1 år	0	0
502	502	1-5 år	502	502
730	614	Sum	502	502

Note 18 Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er risikoen for at verdien av egedelar endrar seg på grunn av svingingar i finansmarknaden.

For SSF sin del kan denne risikoen delast i fem:

- Renterisiko er risiko for tap grunna endringar i marknadsrenter
- Kredittspreadsrisiko er risikoen for tap grunna endra prising av kredittrisiko i finansmarknaden
- Valutarisiko er faren for tap som følgje av endring i valutakursar
- Aksjerisiko er risiko for fall i verdien av banken sine aksjar
- Egedomsrisiko er risiko for tap som følgje av endring i egedomsprisane

Marknadsrisikoen vert primært styrt av finansavdelinga i banken, med unntak av valutarisikoen som vert styrt av kapitalmarknadsavdelinga. Banken sine posisjonar blir periodisk rapportert til styret, som også har vedteke risikorammene for marknadsrisiko. Rammene reflekterer at banken i strategi for risikostyring har vedteke at banken skal ha låg marknadsrisiko.

Banken har ikkje handelsportefølje, og skal difor rapportere marknadsrisiko berre under Pilar II. Aksje- og obligasjonsplasseringane bind likevel også kapital i Pilar 1, i form av avsetning til kredittrisiko.

Avsetninga i Pilar 2 følgjer metodane som er gjort greie for i Vedlegg 3 til Rundskriv 3/2022 frå Finanstilsynet. I stor grad baserer metodane seg på stresstesting der ein ser på endringar i marknadstilhøve som påverkar verdien på egedelane negativt.

Samla kapitalbehov	31.12.2024	31.12.2023
Kredittspreadsrisiko	63	59
Aksjerisiko	43	50
Renterisiko	80	60
Valutarisiko	0	0
Egedomsrisiko	8	0
Sum	194	169

Rammene for valutarisiko er låge, og med gjeldande metodikk medfører dette at det ikkje blir gjort netto avsetning til valutarisiko. For egedomsrisiko er dei bokførte verdiane på egedomane til banken lågare enn marknadsverdien, og sjølv med simulerte fall i egedomsprisar på 30 %, slik Pilar 2-berekninga legg opp til, blir avsetninga lik null. I berekning av aksjerisiko er det lagt inn fall i aksjeverdiar på 45 %. Kapitalavsetninga til kredittspreadsrisiko er knytt til fall i verdien på renteberande verdipapir som inngår i likviditetsporteføljen til banken.

Banken er naturleg eksponert for renterisiko. Banken nyttar vanlege rentebytteavtalar til å styre renterisikoen. Banken nyttar korte valutabytteavtalar som vil innehalde element av renterisiko, men har elles ikkje finansiering i utanlandsk valuta, basisswappar, kompliserte derivat eller andre opsjonsstrukturar som kompliserer renterisikomålingane.

Ved utmåling av kapitalavsetning har banken nytta Finanstilsynet sine tilrådingar som består av 6 ulike scenario for faktisk eksponering pluss eit standardscenario for full rammeutnytting. Dei seks scenarioa gir følgjande samla verdiendring for utlån, innlån og swappar, gitt ei momentan renteendring:

	31.12.2024
Parallelt skift opp, 2 %-poeng	- 11
Parallelt skift ned, 2 %-poeng	12
Lange renter opp, 1,5 %-poeng	- 3
Lange renter ned, 1,5 %-poeng	1
Korte renter opp, 3 %-poeng	- 5
Korte renter ned, 3 %-poeng	5

Parallellskifta er på 2 %-poeng for heile rentekurva, endringa i lange renter gjeld for den delen av rentekurva som ligg meir enn 7 år fram i tid, endringa i korte renter gjeld for den delen av rentekurva som går frå 0–2 år. Standardscenarioet for full rammeutnytting vil maksimalt gi eit tap på 80 millionar kroner ved 2 %-poeng renteendring. I kapitalavsetninga er det difor mest relevant å legge til grunn 2 % parallellskift på full rammeeksponering. Dette gir ei kapitalavsetning på 80 millionar kroner.

Note 18 Marknadsrisiko, framhald

I kapitalavsetninga til renterisiko er det også vurdert renterisiko knytt til endringar i rentenetto ved endra rentenivå. Det er estimert at med utgangspunkt i balansen pr. 31.12.2024 vil ein slik renteoppgang gi eit positivt resultatbidrag på 81 millionar kroner etter skatt. Ved ein 2 %-poeng rentenedgang vil effekten bli - 81 millionar kroner etter skatt. Banken er vanlegvis eksponert slik at summen av verdiendringar på swappar, fastrenteinnlån og fastrenteutlån er positiv ved rentefall. Dette inneber at effektane på eigenkapital og rentenetto går i ulik retning. Med grunnlag i denne vurderinga bør kapitalavsetninga på 80 millionar kroner knytt til verdifallet på eigenkapitalen ved full utnyttning av risikorammene vere tilstrekkeleg avsetning til marknadsrisiko.

Note 19 Likviditetsrisiko

KONSERN	< 1	1–3	3–12	1–5		Utan rest-	
Likviditetsrisiko – restløpetid pr. 31.12.24	mnd.	mnd.	mnd.	år	> 5 år	løpetid	Sum
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	7	20	527	0	0	554
Innskot frå/gjeld til kundar	32 259	3 974	2 530	49	0	0	38 811
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir	802	153	8 859	17 366	4 673	0	31 854
Ikkje renteberande gjeld	0	131	131	0	0	302	564
Ansvarleg lånekapital	2	21	262	1 023	395	0	1 702
Unytta trekkrettar og ikkje utbetalte lånetilsegn	6 571	0	0	0	0	0	6 571
Finansielle derivat brutto oppgjer (utbetalingar *)	1 112	275	756	2 149	737	0	5 029
EU sin taksonomi (heretter omtala som taksonomien) er eit klassifiseringssystem som definerer kva økonomiske aktivitetar som kan reknast som miljømessig berekraftige. Dette systemet er ein del av EU sin handlingsplan for berekraftig finans, som siktar mot å leie investeringar mot meir berekraftige økonomiske aktivitetar. Taksonomien set krav til miljømessig yting og siktar mot å redusere risikoen for grønvasking, ved å fastsette klare kriterium for kva som kan sjåast på som berekraftig. Denne reguleringa er sentral for bankar og finansinstitusjonar, som må tilpasse investeringsstrategi og rapporteringspraksis, for å møte dei nye krava.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane si tilnærming til taksonomien

SpareBank 1 Sogn og Fjordane er den største banken i regionen Sogn og Fjordane, og spelar ei viktig rolle i implementeringa av taksonomien. Banken anerkjenner at taksonomien er eit viktig verktøy for å fremje berekraftig finans. Vi integrerer klima- og miljøomsyn i forretningsstrategien og ser dette som ein del av vårt bidrag til målet om netto-null klimautslepp innan 2050. Gjennom vår tilnærming til taksonomien, arbeider vi for å identifisere og støtte investeringar, og lån som bidrar til miljømessig berekraft.

Slik jobbar SpareBank 1 Sogn og Fjordane med taksonomien i dag

SpareBank 1 Sogn og Fjordane er proaktiv i å førebu seg på framtidige krav i taksonomien, sjølv om banken ikkje er pålagt å rapportere etter taksonomien for rekneskapsåret 2024. Vi har starta prosessar for innsamling av data og kartlegging av ESG-risiko, og utviklar grøne finansprodukt. Desse initiativa er i tråd med EU sitt grøne obligasjonsrammeverk og representerer engasjementet vårt for å støtte berekraftige økonomiske aktivitetar.

Slik skal SpareBank 1 Sogn og Fjordane jobbe med taksonomien framover

Framover vil SpareBank 1 Sogn og Fjordane intensivere arbeidet med taksonomien, med rapportering etter taksonomiforordninga frå 1. januar 2026 (for rapporteringsåret 2025). Vi har forplikta oss til å utvikle og tilby berekraftige finansieringsløyningar, og vil arbeide aktivt for å endre kundane sin praksis og åtferd i ei meir berekraftig retning. Vi ser dette som ein strategisk moglegheit til å bidra til grøen omstilling og økonomisk vekst i regionen gjennom berekraftige investeringar.

Vårt engasjement i taksonomien er eit tydeleg teikn på vår overordna strategi for berekraft. Tilnærminga og arbeidet med taksonomien styrkar rolla vår som ei drivkraft for Sogn og Fjordane. Med fokus på både miljømessig og sosial berekraft, er vi godt posisjonert til å møte dei utfordringane og moglegheitene som ligg i framtida.

TCFD-rapport 2024

Task Force on Climate-Related Financial Disclosures (TCFD) tilbyr eit veletablert rammeverk for rapportering av klimarisiko for bankar og finansielle institusjonar. Rammeverket gir konkrete anbefalingar for å rapportere klimarelaterte risikoar og moglegheiter. Føremålet er å gi investorar og andre interessentar innsyn i banken sine potensielle risikoar og moglegheiter i eit endrande klima. Ved å følge TCFD-rammeverket demonstrerer banken sitt engasjement for å adressere klimarisiko og utnytte moglegheiter i ein lågutsleppsøkonomi.

Styring

Styret sitt oppsyn med klimarelaterte risikoar og moglegheiter

Styret i SpareBank 1 Sogn og Fjordane gjennomfører årleg ein strategiprosess som definerer konsernet sine visjonar, mål og tiltak. Gjeldande hovudstrategi, vedteken i desember 2024, blir det vist til måloppnåing av berekraftsstrategien inkludert banken sine forpliktingar til utsleppsreduksjon, og rolla som drivkraft for grøn omstilling og langsiktig konkurransekraft.

Styret vedtar kredittpolitikken og kredittstrategien, medan Kredittutvalet vedtar retningslinjer og policyar for intern risikostyring. Klimarisiko er integrert i desse dokumenta og vert også dekt av Pilar 3- og ICAAP-rapporteringa. Dette sikrar at berekraft er ein del av banken si kjerneverksomd. Styret mottar statusoppdateringar om klimarisiko, inkludert presentasjon av klimarelaterte data i utlånsporteføljen, som energimerking og fysisk risiko. Risikoutvalet rapporterer kvartalsvis og har ansvar for at klimarisikoen er integrert i risikostyringsrammeverket. Kredittutvalet rapporterer kvart halvår og har overordna ansvar for klimarisiko i kredittstrategien.

Ei beskriving av leiinga si rolle i vurderinga og styringa av klimarelaterte risikoar og moglegheiter

Kredittutvalet har hovudansvaret for handtering av klimarisiko knytt til banken sin utlånsaktivitet. Dei rapporterer kvart halvår til styret med vurderingar og oppdateringar om klimarelaterte risikoar og moglegheiter.

Konsernleiinga leier den årlege strategiprosessen og sikrar at klimarisiko og moglegheiter blir integrert i fagavdelingane sine mål og tiltak. Leiinga mottar halvårlege statusrapportar frå berekraftsgruppa, som består av ni tilsette med ansvar for å gjennomføre berekraftstiltak innanfor sine fagmiljø.

Avdeling for risikostyring og etterleving har ansvar for at klimarisiko er inkludert i rammeverket for risikostyring og i styringsdokumenta for risikoområdet. Banken gjennomfører årleg stresstesting av utlånsporteføljen og finansielle framskrivningar, men klimarisiko er ikkje stresstesta endå. Denne strukturen sikrar ei effektiv styring av klimarisiko i heile organisasjonen.

Strategi

Klimarelaterte risikoar og moglegheiter banken har identifisert på kort, mellomlang og lang sikt

Banken har vurdert klimarelaterte risikoar og moglegheiter med fokus på fysisk risiko og overgangsrisiko i utlånsporteføljen. Dei største utsleppskjeldene er knytt til sektorane landbruk, havbruk, fiskeri, bygg og anlegg, eigedom og sjøtransport, som til saman står for kring 65 prosent av utsleppa i banken si utlånsportefølje. Banken har vurdert klimarisiko innan tre tidshorisonar:

Fase	Tidshorison	Beskriving
Kort sikt	1-5 år	Strategiperiode for berekraftsstrategi
Mellomlang sikt	5-10 år	Reflekterer Norge sitt mål om 55 prosent reduksjon i klimagass-utslepp innan 2030
Lang sikt	10-30 år	Reflekterer Parisavtalen sitt mål om nullutslepp innan 2050

Banken har identifisert låg til middels risiko for dei fleste sektorane over kort og mellomlang sikt, medan lang sikt kan medføre høgare risiko grunna usikkerheit knytt til klimapolitikk og teknologiutvikling. Landbruket er vurdert å ha høg overgangsrisiko på lang sikt grunna store krav til utsleppsreduksjon.



Følgande tabell gir ei oversikt over klimarisiko fordelt på sektorar i utlånsporteføljen:

Klimarisiko utlån	tonn CO2e*	Overgangsrisiko			Fysisk risiko		
		ST	MT	LT	ST	MT	LT
Bustadlån	4.100						
Privatkundar	4.100						
Anna	964						
Landbruk	95.192						
Fiskeri/fiskeindustri	78.988						
Havbruk	36.568						
Industri og bergverk	15.755						
Energi	6.851						
Bygg og anlegg	2.400						
Varehandel	2.367						
Transport	12.737						
Hotell og reiseliv	808						
Tenesteyting	41						
Kultur, underholdning og fritidsaktivitetar	534						
Bil	806						
Eigedomsutvikling og næringsseigedom	4.163						
Bedriftskundar	258.174						
Sum total	262.274						

* scope 1 og 2

Låg risiko

Låg/middels risiko

Middels/høg risiko

Høg risiko

Klimarelaterte risikoar og moglegheiter på BM som banken har identifisert på kort, mellomlang og lang sikt

Banken har analysert klimarelaterte risikoar og moglegheiter for BM på kort, mellomlang og lang sikt. På kort og mellomlang sikt er risikoen generelt låg, hovudsakleg fordi banken ikkje finansierer fossil energiproduksjon og har ein utlånsportefølje med låg eksponering mot høgt fossilavhengige industriar, som til dømes utanriks sjøtransport. Dei største sektorane i BM-utlånsporteføljen er eigedom, landbruk, fiske og fangst, samt bygg og anlegg (67 prosent av porteføljen). Overordna er det avdekt låg til middels risiko over alle tidshorisonar. Landbruket har noko overgangsrisiko på kort sikt og middels til høg risiko på lang sikt. Dette er grunna høgt finansiert utslepp, og ein bransje som må igjennom store endringar mot 2050.

På lang sikt er klimarisikoen vurdert som moderat, grunna usikkerheit omkring klimapolitikk og teknologiutvikling sin påverknad på ulike sektorar. Banken vil fortsette å overvake utviklinga og justere kredittvurderingar ved behov.

For å redusere klimarisikoen på BM tilbyr banken *Grønt bedriftslån* og *Grønt landbrukslån*, som stimulerer bedrifts- og landbrukskundar til å gjere investeringar som reduserer klimarisiko og klimagassutslepp. Dette representerer ein klimarelatert moglegheit for banken i handteringa av klimarisiko framover.

Følgande tabell viser utsleppsinformasjon om nærings-eigedomar i banken sin utlånsportefølje:


	Nærings-eigedom
Klimagassutslepp LB (tCO ₂ e)	3 517
Finansierte utslepp LB (tCO ₂ e)	2 217
Utsleppsintensitet (kgCO ₂ e/kvm)	2,57
Utsleppsintensitet (tCO ₂ e/MNOK utlån)	0,57
Sum areal (BRA)	1 366 607
Antall eigedomar	1 001

Klimarelaterte risikoar og moglegheiter på PM som banken har identifisert på kort, mellomlang og lang sikt

Banken sin risikoanalyse for PM-området viser låg klimarisiko i utlånsporteføljen på kort og mellomlang sikt. Over lengre sikt er ein låg til middels risiko identifisert, hovudsakleg grunna risiko for auka ekstremvær og stigande havnivå. Forventningar om strenge reguleringar og energimerkingskrav, samt behov for oppgraderingar til meir energieffektive bustadar, påverkar òg.

Fysisk risiko

Banken har detaljert kartlagt fysisk risiko, som flaum, skred og havnivåstigning, for alle eigedomar som banken har pant i. På kort sikt kan ekstreme vêrhendingar påføre eigedomar skade, med økonomiske kostnader for bustadlånkundane. Dette er likevel ikkje vurdert som grunnlag for auka risiko for banken i eit kortsiktig perspektiv. På mellomlang sikt kan klimaendringar føre til hyppigare og meir intense vêrhendingar. Langsiktig vil risikoen auke, med større trugsar for eit meir ekstremt vêrbilete og auka havnivå. Tabellen under viser banken si kartlegging av fysisk risiko for eigedomar tilknytt utlån.




Dersom hovudbygget på eigedomen vert treft av ein risiko, vil risikoscoren vere høgare. Til dømes vil flaumrisiko som treffer hovudbygget på eigedomen få risikoscore 6. Dersom det er andre bygg på ei tomt, som garasje eller uthus, vil risikoen vere noko lågare. Til dømes kan ein flaum som treffer eit anna bygg på eigedomen gi ei risikoscore 4. I dei tilfella kor tomta er treft, vil risikoscoren vere lågast. Til dømes kan ein flaumrisiko som berre treffer tomta gi ein risikoscore på 1. Disse vurderingane hjelper banken med å gi ei meir nøyaktig risikovurdering for kvar eigedom, basert på kor alvorleg og sannsynleg risikoen er for dei ulike delane av eigedomen.

Overgangsrisiko

Overgangsrisikoen er særleg knytt til energi-effektiviteten og dermed klimagassutsleppa til eigedomar i bustadporteføljene. Denne vert vurdert gjennom energimerkegraden av eigedomar og berekning av finansierte utslepp. På mellomlang til lang sikt representerer bustadar med låg energimerking ein auka overgangsrisiko. Straumprisauke og strengare regulering, som EU sitt bygningsenergidirektiv, aukar risikoen. Bustadar med låg energimerking kan på mellomlang til lang sikt oppleve redusert etter-spurnad, eller verdi, grunna behov for oppgraderingar. I oversikta nedanfor er det presentert fordelinga av energimerker for panteobjekt knytt til utlån og dei finansierte klimagassutsleppa på PM-området.

Fordeling energimerker (offisielle gyldig+utgått og estimerte)



Energiemerke	Antall objekt	Av portefølje
A	313	1,5 %
B	3 266	15,7 %
C	2 529	12,2 %
D	4 058	19,6 %
E	4 068	19,6 %
F	2 695	13,0 %
G	3 736	18,0 %
Utan merke	68	0,3 %


Figur 1 Oversikt over energimerker (offisielle gyldige + utgått og estimerte) av bustadar (einebustad, tomannsbustad, rekkehus og leilegheit) i portefølja pr. 31.12.24.

Bustadeigedom	
Klimagassutslepp LB (tCO ₂ e)	7 434
Finansierte utslepp LB (tCO ₂ e)	4 100
Utsleppsintensitet (kgCO ₂ e/kvm)	2,42
Utsleppsintensitet (tCO ₂ e/MNOK utlån)	0,15
Sum areal (BRA)	3 075 620
Antall eigedomar	20 744

Dei klimarelaterte moglegheitene som banken har identifisert omfattar tilbodet av grøne produkt som grønt bustadlån og klimalån. Desse produkta skal incentivere og motivere kundar til å oppnå eit høgare energimerke og redusere energibruken til eigedomane.

Betydinga av klimarelaterte risikoar og moglegheiter for SpareBank 1 Sogn og Fjordane si drift, strategi og finansielle planlegging

Samanhengen mellom klimarelaterte risikoar, moglegheiter og strategisk og finansiell planlegging er illustrert i figuren under. Deretter vert det skildra korleis dette spelar inn på PM- og BM-området.





Privatmarknad

Med omsyn til klimarisiko har banken mål om å auke graden av energimerka bustadar. Målet har vore 5 mrd. kr i grøne bustadlån og klimalån innan utgangen av 2024, som er skildra i berekraftsstrategien. Vi tilbyr i tillegg sparing og fond med fokus på berekraft.

Bedriftsmarknad

Med auka fokus på klimarisiko, har banken innført strategiske mål og tiltak for BM. Vi utfører klimarisikovurderingar i ein ESG-modell for alle kundar med engasjement over 3 mill. kr. ESG-modellen vert nytta på kundenivå og inneheld bransjespesifikke spørsmål knytt til ESG.

Banken publiserte i 2023 ein policy for samfunnsansvar og berekraft for BM. Policyen definerer banken sin ståstad for arbeidet med berekraft på BM, saman med krav og forventningar til dei ulike bransjane som banken finansierer. Den gir også uttrykk for bransjar og aktivitetar som banken ikkje skal ha utlån til.

Banken har hatt eit mål om 300 mill. kr i grøne næringslån innan utgangen av 2024. Ved utgangen av 2024 var status kring 104 mill. kr. Vi har tidlegare utvida og forbetra kvalifikasjonane for grøne næringslån til å omfatte eit breiare spekter av grøne tiltak og investeringar. Banken vil fortsette arbeidet med vidareutvikling av produkt og tenester for å støtte kundar i den grøne omstillinga i 2025.

Ulike scenario sin potensielle påverknad på banken si drift, strategi og finansielle planlegging, inkludert eit 2-grader-scenario SpareBank 1 Sogn og Fjordane har i samband med sin klimarisikoanalyse gjennomført ein overordna kvalitativ scenarioanalyse for å forstå korleis dei identifiserte overgangs- og fysiske risikoane kan påverke banken si drift og utsleppsreduksjon. Risikoane er vurdert opp mot eit låg- og eit høgutsleppsscenario i tråd med Network for Greening the Financial Systems (NGFS) sine Net Zero 2050- og Current Policies-scenario.

Net Zero 2050-scenariet tar utgangspunkt i at måla i Parisavtalen vert oppnådde, med global oppvarming avgrensa til 1,5 grader og netto null utslepp innan 2050. I dette scenarioet vert det føresett at berekraftsrelaterte reguleringar vert introduserte fortløpande, på ein koordinert måte for å sikre måloppnåing. Karbonfangst og -lagring vert nytta for å forsterke avkarboniseringa, men i avgrensa grad. Scenariet legg òg opp til rask teknologisk utvikling. På eit generelt nivå blir det føresett at kundar og investorar blir meir klimabevisste og etterspør meir berekraftige og klimavennlege produkt. I dette scenarioet er dei fysiske klimarisikoane relativt låge, medan overgangsrisikoen vert vurdert som høg, noko som sannsynlegvis vil få direkte innverknad på banken si drift.

Net Zero 2050 scenario

Overgangsrisiko

EU og Norge har dei siste åra implementert ei rekkje strenge reguleringar som bidreg til å redusere den kortsiktige overgangsrisikoen for banken. Desse reguleringane og endringane kan likevel påverke ulike næringar ulikt, noko banken må vere førebudd på. SpareBank 1 Sogn og Fjordane må investere i interne ressursar og utvikle nye tenester for å omstille sin eigen forretningsdrift, samtidig som banken bidreg til omstilling i sine verdiar og investeringar. Manglande omstilling i bankens portefølje av verdipapir, obligasjonar eller finansierte objekt kan føre til nedskrivningar eller auka forsikringspremiar.

Fysisk risiko

Fysisk risiko held seg relativt låg i dette scenarioet, då temperaturen ikkje vil auke vesentleg. Likevel må SpareBank 1 Sogn og Fjordane vere førebudd på hyppigare og kraftigare ekstremvær ved ein temperaturauke på 1,5 grader, slik som uvêra Hans i 2023 og Jakob i 2024.

Current Policies-scenariet føreset at berre allereie implementerte reguleringar vert haldne ved lag. Fossile energikjelder og høgt energibruk vil framleis dominere det globale biletet. Den aukande mengda klimagassar fører i dette scenarioet til ein utsleppstopp rundt 2080 og global oppvarming på om lag 3 grader. Oppvarminga medfører irreversible endringar i jorda sitt økosystem og klima, som auka havnivå og tap av biologisk mangfald.

Teknologiske endringar vil gå sakte, og bruk av karbonfangst og -lagring vil vere avgrensa. I delar av verda vil vatn bli ein knapp ressurs, og klimarelaterte konflikter vil auke som følge av svekka matsikkerheit og levevilkår. Dette scenarioet fører dermed til høgare fysisk klimarisiko samanlikna med Net Zero 2050-scenariet.



Current Policies scenario

Overgangsrisiko	<p>Gjeldande reguleringar vil på kort sikt føre til auka drifts- og investeringskostnader for banken, grunna behovet for ekspertise og etablering av nye tenester. På lang sikt risikerer banken å gå glipp av urealisert gevinst frå investeringar i grøn omstilling, samt nedskrivning av verdiar og obligasjonar. I verste fall kan dette føre til såkalla «stranda eigedelar», der eigedelar mistar verdi som følge av overgangsrisiko.</p> <p>I Sogn og Fjordane er det særleg fire klimarisikoar som blir rekna som sannsynlege; ekstrem nedbør, regnflom, jord-, flaum- og sørpeskred, samt stormflo.</p> <p>Årsnedbøren i fylket er venta å auke med 15 prosent, med ein markant auke i intensitet og hyppigheit av kraftig nedbør, særleg i områda nær kysten. Auken vil kome gjennom alle årstider. Dei største skadane på bygningar og infrastruktur oppstår ofte som følge av overvatn, som kjem av mykje regn på kort tid. Dersom overvatn ikkje vert teke omsyn til i arealplanlegginga, vil erosjonsfaren auke vesentleg grunna høg vasshastigheit på tette flater. Dette kan føre til store øydeleggingar på lokal infrastruktur, eigedomar, landbruk og fiskerinæring. Risikoen aukar òg for spreing av miljøgifter gjennom avrenning.</p>
Fysisk risiko	<p>Sentrale knutepunkt som Førde, Stryn og Lærdal er særleg utsette for overvatn, noko som kan føre til store materielle skadar og truge den kulturelle arven i regionen. Jord- og flaumskred kan skje over heile regionen, også i sentrale område som Nordfjordeid, Stryn, Førde, Sogndalsfjæra og Lærdal. Slike hendingar kan påverke kritisk infrastruktur, då mykje av denne ligg langs fjordane eller i tunnelar gjennom fjell.</p> <p>I tillegg kan ein vente ei mogleg auke i tørke, isgang og snøskred. Når det gjeld havstiging og stormflo, vil desse få størst verknad langs kysten på Vestlandet. Førde og Lærdal blir rekna som område som vil bli sterkt påverka av stormflo mot slutten av dette hundreåret.</p> <p>Samla sett kan dei fysiske klimarisikoane i dette scenariet føre til betydeleg risiko for SpareBank 1 Sogn og Fjordane si drift, med tap av inntektsgrunnlag, nedskrivning av verdiar og obligasjonar i næringsliv som blir ramma, samt auka drifts- og investeringskostnader. Behovet for å vedlikehalde eller gjenopprette risikoutsette område kan bli omfattande, og i verste fall kan dette føre til «stranda eigedelar.»</p>

Risikostyring

Korleis klimarisiko påverkar ulike risikokategoriar

Klimarisiko er ikkje ein eigen isolert risiko, men ein viktig risikofaktor som påverkar andre risikoområder som kredittrisiko, marknadsrisiko, likviditetsrisiko, operasjonell risiko og forretningsrisiko. Banken har vurdert samanhengen mellom klimarisiko og desse risikokategoriene, samt vurdering av banken sin risiko innanfor tre tidshorisontar.

Current Policies scenario

Overgangsrisiko	Kreditt- risiko	Regulering og endringar i regelverk, forsyningskjeder og kundeåttferd nasjonalt og internasjonalt kan føre til svekka evne til å betene lån, lågare verdi på sikkerheit, noko som kan auke tap for banken.
	Marknads- risiko	Endring i reguleringar, teknologi og kundeåttferd, og skifte mot ein meir berekraftig økonomi kan føre til nedskrivning av verdiar og endre marknadsværdien til investeringar. Dette kan resultere i reprising av aksjar og obligasjonar.
	Operasjonell risiko	Regulatoriske endringar kan krevje at banken gjer store tilpassingar i interne prosessar, risikovurderingar, teknologi og rapporteringskrav. Dette kan auke kostnader, og medføre behov for ekspertise.
	Likviditets- risiko	Overgangsrisiko kan påverke ein bank sin tilgang til kapitalmarknadane ved endring i omdøme og kredittrating, noko som kan auke pris på finansiering. Endringar i lovgjeving og skiftande marknadsåttferd kan redusere verdien av sikkerheit, og dermed redusere verdien på banken sin likviditetsbuffer.
Fysisk risiko (akutt og kronisk)	Forretnings- risiko	Reduserte inntekter som følgjer av manglande omstilling i forretningsmodellen på grunn av endra kundeåttferd og regulering. Høge kostnader til teknologiutvikling og tilpassing for å møte forventningar frå interessentar.
	Kreditt- risiko	Auka tap på kundar og bransjar som er utsett for reduserte verdiar på pantesikkerheit, eigedelar og stranded assets, som følgjer av klimaendringar.
	Marknads- risiko	Hendingar på grunn av klimaendringar, som ekstreme vêrhendingar og naturkatastrofar, kan føre til betydelege tap i verdiar av f.eks. fysiske eigedomar. Dette kan påverke marknadsprisar og volatilitet, og slik auke marknadsrisikoen for finansielle aktørar.
	Operasjonell risiko	Skade på banken sine eigedomar, infrastruktur, innsatsfaktorar og menneske, som følgjer av ekstremvêr og klimaendringar, kan forstyrre dagleg drift og auke operasjonell risiko.
Fysisk risiko (akutt og kronisk)	Likviditets- risiko	Fysiske klimarisikoar som ekstremvêr kan føre til direkte økonomiske tap ved å skade banken sine eigedomar og infrastruktur, og kan krevje investeringar i gjenoppbygging og reparasjon. Kan forstyrre banken si drift, redusere inntekstgenerering, og forverre likviditetsstillinga.
	Forretnings- risiko	Skadar på banken sine fysiske eigedelar og infrastruktur kan forstyrre drifta og auke kostnader. Fysiske klimaeffektar kan ramme banken sine kundar, og dermed påverke banken sine inntekte og tap på lån. Auka forsikringspremiar og dekning for klimarelaterte risikoar kan bli ein økonomisk belastning.

Kreditrisiko

Klimarisiko knytt til kredittrisiko er hovudsakleg relatert til utlån. Privatkundar utgjer 75 % av totale utlån, medan bedriftsmarknaden (BM) står for 25 %. BM-porteføljen består hovudsakleg av små og mellomstore selskap med brei bransjediversifisering. Banken sin policy for samfunnsansvar og berekraft for BM sikrar at vi unngår utlån til bransjar med høge klimagassutslepp.

Vi gjennomfører løpande vurderingar av dei ulike bransjane vi engasjerer oss i, med vekt på både overgangsrisiko og fysisk risiko i kredittvurderingar og kundeoppfølging. For BM nyttar vi ein integrert ESG-modell for vurdering av klimarisiko, der kundar med engasjement over 3 mill. kr blir vurderte minst ein gong i året eller ved vesentlege endringar. Ved høg risiko blir det utarbeidd kompensierende tiltak, som tilleggsvilkår knytt til konkrete tiltak kundane må verksette.

Marknadsrisiko

Klimarisikoen knytt til marknadsrisiko handlar hovudsakleg om avkastning og verdiutvikling av eigedelar og verdipapir, inkludert vurdering av om desse verdiane er berekraftige i samsvar med EU sin taksonomi. Banken prioriterer investeringar i sikre og likvide papir, særleg obligasjonar med fortrinnsrett i bustadlån. Vi vurderer at det er låg sannsyn for at kortsiktige regulatoriske endringar eller at uventa hendingar vil påverke verdien av desse papira. På lengre sikt kan auka behov for investeringar i grøn omstilling påverke faktorar som inflasjon og avkastningskrav, noko som kan ha vesentleg innverknad på dagens økonomiske struktur.

Operasjonell risiko

Klimarisiko knytt til operasjonell risiko i banken er primært relatert til potensielt tap av omdømme og marknadsposisjon grunna manglande tilpassing til eit samfunn med låge utslepp. Dette inneber risiko for feilinvesteringar i teknologi og tap av verdier på grunn av ekstreme klimahendingar.

Banken handterer operasjonell risiko ved å gjennomføre grundig internkontroll og ved å rapportere regelmessig om uønskte hendingar. Vi vurderer risikoen for at overgangsrisiko fører til menneskelege feil, svikt i system og prosessar, eller eksterne hendingar som kan resultere i økonomisk tap, som låg. Likevel kan regulatoriske og marknadsmessige endringar ha større påverknad over tid, særleg om klimapolitikken blir strengare.

Risikoen for at fysisk klimarisiko fører til menneskelege feil, eller svikt i banken sine system og prosessar, eller eksterne hendingar som resulterer i økonomisk tap, er låg. Også her aukar usikkerheita over tid, med potensielle konsekvensar som driftsavbrot, endringar i forsikringsprisar og svingingar i energiprisar.

Likviditetsrisiko

Klimarisikoen knytt til likviditetsrisiko er hovudsakleg relatert til at aktiva i likviditetsporteføljen kan miste verdi eller bli vanskelegare å omsette, samt at prisen og tilgangen på finansiering kan bli påverka. På kort sikt vurderer vi risikoen som låg, men på mellomlang til lang sikt kan taksonomi og andre regulatoriske tiltak føre til at investeringar i større grad må rettast mot grøne alternativ, noko som kan gjere finansiering av ikkje-grøne aktivitetar dyrare. Fysisk klimarisiko har per no liten påverknad på likviditetsrisikoen.

Forretningsrisiko

Klimarisikoen relatert til forretningsrisiko er knytt til potensielt tap av inntekter grunna manglande tilpassing til endra kundeåtfærd og reguleringar. Dette inkluderer kostnader knytt til teknologisk utvikling og tilpassingar for å møte interessentar sine forventningar. Skadar på banken sine fysiske eigedomar og infrastruktur kan òg forstyrre dagleg drift og føre til auka kostnader. På kort sikt er risikoen vurdert som låg, men på lengre sikt kan aukande krav til teknologiutvikling og endringar i kundeåtfærd indikere høgare risiko. Vi må òg vere merksame på potensialet for strengare reguleringar og auka forventningar om etisk åtfærd blant interessentar.

Ei beskriving av prosessane banken nyttar for å identifisere og vurdere klimarelatert risiko

Privatmarknad

Vi overvakar grøne bustadlån, klimalån og elbillån for å identifisere endringar som kan indikere reduksjon av klimarelatert risiko. Data frå Eiendomsverdi gir oss innsikt i eigedomar i PM-porteføljen, inkludert energimerker, oppvarmingskarakterar, byggeår og berekna fossilandel. Vi vurderer fysisk risiko som stigning i havnivå, flaum, skred og overvatn, samt overgangsrisiko gjennom estimert energiforbruk og CO₂-utslepp for kvar eigedom.

Bedriftsmarknad

ESG-modellen er eit sentralt verktøy i vurdering av ESG-risikoen til våre bedriftskundar. Modellen er utvikla i fellesskap i SpareBank 1-alliansen og har som føremål å avdekke kredittrisiko knytt til ESG, der kunden blir skåra på ein skala frå 1 til 10. Spørsmåla i ESG-modellen er tilpassa bransjen kunden opererer i, i tillegg til vurderingar rundt klimarisiko (fysisk risiko og overgangsrisiko), sosiale risikofaktorar (til dømes arbeids-takarrettar og menneskerettar), samt styring og kontroll (governance). ESG-modellen skal vere eit verktøy for rådgjevarane i kundedialogen, dels for ESG-vurderinga sin del, men òg for å diskutere risikobiletet for kunden sin bransje og synleggjere kva tiltak kunden kan gjere for å redusere si eiga ESG-risiko.

Vi har eit krav om klassifisering av ESG-risikonivå for alle engasjement over 3 mill. kr ved bruk av ESG-modell. Risikoklassifisering skal oppdaterast minst ein gong i året og ved vesentlege endringar. Risikonivået blir kategorisert som lågt, medium eller høgt.

Ei beskriving av prosessar for å handtere klimarelatert risiko

Banken har prosessar for å overvake og handtere klimarelatert risiko, både innan eiga verksemd og i forretningsområda. Klimarisiko blir overvaka gjennom årlege målingar av eigne klimautslepp, noko som legg grunnlaget for konkrete mål og strategiar for reduksjon og klimatilpassing. Dette arbeidet bidrar direkte til banken sitt mål om å redusere klimaavtrykket.

For bedriftsmarknaden blir klimarisikoen analysert på kunde- og porteføljenivå ved hjelp av ESG-modellen, medan privatmarknaden nyttar data som energimerker og CO₂-utslepp, for å vurdere fysisk risiko og overgangsrisiko. Desse analysane hjelper banken å identifisere og adressere risiko, samtidig som dei legg grunnlaget for tilpassa tiltak.

Klimarisiko er godt integrert i banken sitt heilskaplege risikostyringsrammeverk og vert handsama som ein del av den strategiske planlegginga. Styret mottar jamlege oppdateringar, og berekraftsgruppa overvakar utviklinga for å sikre samsvar med interne mål, berekraftsstrategien og Parisavtalen. Banken har eit langsiktig fokus på å utvide dette arbeidet til å inkludere naturrisiko, som vil bli ein stadig viktigare del av berekraftsstrategien i framtida.

Mål og metodar

Beskriving av metodane banken nyttar for å vurdere klimarelaterte risikoar og moglegheiter i lys av strategien og prosessar for risikostyring

Privatmarknad

PM nyttar grøne produkt som grønt bustadlån, kimalån og elbillån for å vurdere klimarelaterte moglegheiter og risikoar. Banken overvakar regelmessig formidling av desse produkta. Ved å samanlikne sal av grøne produkt med tradisjonelle ikkje-grøne produkt, får vi ein indikasjon på utvikling og måloppnåing.

Klimarisiko i PM har fått auka merksemd. Data frå Eiendomsverdi gjer det mogleg å vurdere eigedomane i porteføljen si eksponering mot fysisk risiko og overgangsrisiko. Dette inkluderer informasjon om estimerte energimerker for eigedomar som ikkje har offisielle energimerker, og ei kartlegging av kor utsett eigedomane er for fysisk klimarisiko som t.d. overvatn, havnivåstigning, ras, flaum og kvikkleireskred.

Estimerte energimerker på dei eigedomane som ikkje har energimerker frå før, gir banken betre forutsetningar til å forstå eksponeringa av overgangsrisiko med omsyn til strenge klimakrav, som for eksempel EU sitt nye bygningsenergidirektiv. Detaljert informasjon om fysisk risiko forbetrar evna til å ta informerte avgjersler, slik at vi kan tilpasse oss og handle proaktivt i møte med kundane og klimaendringane.

Bedriftsmarknad

Dei finansierte utsleppa i porteføljen er rekna ut etter metodikken til Partnerships for Carbon Accounting Financials (PCAF) og Finans Norge sin rettleiar for berekning av finansierte utslepp. Tabellen under viser ei oversikt over finansierte utslepp for BM-porteføljen, inndelt i bransjar.

Finansierte utslepp (tal tCO ₂ e)	Utlån i mill. kr	Scope 1+2	Vekta data kvalitet	Utsleppsintensitet (tCO ₂ e pr. mill. kr utlån)	Scope 3
Fiskeri/fiskeindustri	2.014	78.988	4,13	39,2	36.992
Havbruk	623	36.568	4,03	58,7	16.607
Hotell og reiseliv	515	808	4,12	1,6	4.405
Industri og bergverk	2.095	15.755	4,04	7,5	33.663
Kultur, underhaldning og fritidsaktivitetar	128	534	4,20	4,2	1.023
Tenesteyting	133	41	4,05	0,3	234
Transport	656	12.737	4,12	19,4	7.098
Varehandel	475	2.367	4,17	5,0	12.895
Energi/Kraft	555	6.851	4,35	12,3	2.614
Eigedomsutvikling	6.142	1.946	4,49	0,3	22.851
Bygg og anlegg	475	2.400	4,18	5,1	28.176
Bil	172	806	4,09	4,7	4.391
Anna	613	964	4,21	1,6	3.057
Landbruk	1.782	95.192	3,00	53,4	146.043
Næringsseigedom		2.217	3,00		2.415
Totalt bedriftsmarknad	16.378	258.174		15,8	322.465

Berekningar viser at banken er mest eksponert for finansierte klimagassutslepp frå landbruk, fiskeri, havbruk og transport, som åleine står for 87 prosent av finansierte utslepp (scope 1+2) på bedriftsmarknaden.

Metode

For eigedomar i privatmarknaden er utsleppa estimert basert på energimerker og estimerte energimerker, som kvalifiserer for PCAF-datakvalitet 3. For eigedomar i bedriftsmarknaden og landbruk er metodeen basert på rettleiar frå Finans Norge nytta til å berekne finansierte utslepp, og desse utsleppstala gir datakvalitet 3. For resterande bransjar er det nytta PCAF-utsleppsfaktorar, som i all hovudsak gir berekningar med datakvalitet 4 (rekneskapstal) eller 5 (balanseverdiar). Vi jobbar kontinuerleg for å betre datakvalitet og har fokus på forbetring i både oppstrøms og nedstrøms verdikjede.

Resultat og vidare arbeid

Dei estimerte utrekingane av finansierte utslepp gir verdifull innsikt i dei bransjane som har dei høgaste utsleppa. Likevel er det stor usikkerheit knytt til dataen, sidan utrekingane er basert på estimerte verdiar. Dette skaper utfordringar i arbeidet med å følge utviklinga og vurdere effektane av tiltak.

For å redusere denne usikkerheita vil banken i 2025 starte eit systematisk arbeid med å hente inn faktiske utsleppstal frå dei største kundane. Dette vil gi eit meir nøyaktig og reelt bilete av dei finansierte utsleppa, og legge eit betre grunnlag for framtidige tiltak og prioriteringar.

Det har vore utfordrande å samanlikne utsleppsdata over tid, då metodikken for berekning av finansierte utslepp har endra seg fleire gonger dei siste tre åra. Dette har gjort det vanskeleg å sjå klare trender eller evaluere effektane av klimatiltak. For å adressere dette vil banken, saman med dei andre bankane i SpareBank 1-alliansen, arbeide for å vidareutvikle felles metodikk for berekning av finansierte utslepp. Dette samarbeidet er venta å gi meir konsistente og samanliknbare resultat.

I tillegg til metodikkarbeidet vil banken halde fram med å bruke dataen til å identifisere dei mest utsleppsintensive sektorane i porteføljen. Innsikta frå dette arbeidet er viktig for banken sitt arbeid med overgangsplan for klima som er publisert i banken sitt berekraftsbibliotek på ssf.no/berekraft.

Eiga drift

Les meir om dette i energi- og klimarekneskap 2024 i berekraftsvedlegget.

Ei beskriving av måla banken nyttar for å handtere klimarelaterte risikoar og moglegheiter og resultat i forhold til mål

Banken har som overordna mål å integrere berekraft i alle aspekt av drifta. Gjennom hovudstrategi og berekraftsstrategi fokuserer banken på å handtere klimarelaterte risikoar og moglegheiter, med mål netto null utslepp innan 2050. Dette inneber endringar i fleire delar av drifta vår.

Privatmarknad

Banken har som mål å tilby eit breitt utval av produkt som fremjar berekraftige investeringar. Over dei siste åra har vi observert ein betydeleg positiv utvikling i sal av grøne produkt. Merk at fram til 31.12.24 har klimalån blitt omgjort til grønt bustadlån etter ei fastsett tid; dette vil frå 2025 bli endra, då klimalån skal bli kalla miljølån – og vil vere eit miljølån-produkt i heile løpetida.

Mål	2021	2022	2023	2024
Vi skal i løpet av 2024 ha 5 mrd. kr i grøne bustadlån og klimalån	Grønt bustadlån: 730 mill. kr Klimalån: 1,5 mill. kr	Grønt bustadlån: 2,60 mrd. kr Klimalån: 7 mill. kr	Grønt bustadlån: 3,95 mrd. kr Klimalån: 12,5 mill. kr	Grønt bustadlån: 3,76 mrd. kr Klimalån: 7,1 mill. kr

Banken har også auka fokuset på berekraft hos kundar og rådgjevarar. Kunderådgjevarar på PM har deltatt i e-læringskurs om klimarisiko. I tillegg har berekraft vore eit viktig tema i fagsamlingar for rådgjevarane, særleg relatert til fond og sparing. Rådgjevarar har òg fått opplæring i energimerking av bustadar, noko som styrkar evna til å gi god rådgjeving på dette området.

Bedriftsmarknad

I BM har banken identifisert dei største klimarelaterte risikoane og moglegheitene i utlånsporteføljen. Dei siste åra har vi lagt stor vekt på utvikling og forfining av ESG- og klimarisikovurderingar i lånesaker. I 2024 har det vore fokus på kvalitet og gjennomføring av ESG-modul på engasjement utan klassifisering. Som følge av banken si konvertering til SpareBank 1 har tidlegare ESG- og klimarisikomodul blitt erstatta av ny ESG-modell i SpareBank 1-alliansen. Tala under viser status pr. 31.10.24 for gamal ESG-modul. Vi har ikkje talgrunnlag frå ny ESG-modell endå.


Basert på risikoanalysar per 31.12.24, fordelar ESG- og klimarisikoen i BM-porteføljen seg slik:

Berekna	Utlån pr.	ESG-score i	ESG-score i	Endring frå 2023 til 2024
	31.12.24	% av utlån pr. 31.12.24	% av utlån pr. 31.12.23	
Svært låg risiko	3 073	16,83 %	11,70 %	5,13 %
Låg risiko	9 876	54,8 %	46,40 %	7,68 %
Moderat risiko	1 847	10,12 %	11,40 %	- 1,28 %
Høg risiko	65	0,36 %	0,10 %	0,26 %
Svært høg risiko	10	0,05 %	0,00 %	0,05 %
Ikkje klassifisert	3 391	18,57 %	30,40 %	- 11,83 %
Totalt	18 262	100 %	100 %	

Vi hadde som mål i berekraftsstrategien å tydeleggjere standpunkta våre, og sette krav og forventningar til kundane våre og oss sjølve, når det gjeld berekraft. I 2024 vedtok styret i banken sin første klimaovergangsplan, som beskriv banken sin plan for korleis vi skal nå målet om netto null utslepp i 2050.

Målet framover er å forsette å styrke og forbetre ESG- og klimarisikovurderingar. I tillegg til dette er oppdatering og opplæring av kunderådgjevarane avgjerande, grunna stadig nye oppdateringar i klimapolitikk nasjonalt og internasjonalt. Vi erkjenner at det framleis er ein veg å gå for å nå måla om 300 millionar kr i grøne bedriftslån og grøne landbrukslån, og banken har vidareført målet i ny berekraftsstrategi for 2025 til utgangen 2026.

Utgreiing for aktsemds- vurderingar



Introduksjon

Openheitslova tredde i kraft 1. juli 2022 og «skal fremme verksemdar si respekt for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i samband med produksjon av varer og levering av tenester». Vidare skal lova «sikre allmenta tilgang til informasjon om korleis verksemdar handterer negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold».

I samsvar med lova skal store bedrifter i Norge «utføre aktsemdsvurderingar i tråd med OECDs retningslinjer for fleirnasjonale selskap. Aktsemdsvurderingane skal utførast regelmessig og stå i forhold til verksemda sin størrelse, verksemda sin art, konteksten verksemda finn stad innanfor, og alvorgraden av og sannsynet for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold».

Føremålet med utgreiinga

Denne rapporten gjer greie for aktsemdsvurderingane som SpareBank 1 Sogn og Fjordane har gjort i perioden 01.01.24 til 31.12.24. Føremålet er å gi relevant informasjon om verksemda og korleis banken arbeider med å førebygge og handtere negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Rapporten gir også informasjon om funna i arbeidet og dei tiltaka som banken har sett i verk.

Menneskerettar og arbeidstakarrettar

Grunnleggande menneskerettar følger mellom anna av FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar frå 1966, FNs konvensjon om sivile og politiske rettar frå 1966 og ILOs kjernekonvensjonar om grunnleggande rettar og prinsipp i arbeidslivet. Når det er anstendige arbeidsforhold i ei bedrift, blir dei grunnleggande menneskerettane og helse, miljø og sikkerheit på arbeidsplassen ivaretekne. Vidare får dei tilsette ei løn som det er mogleg å leve av.

Aktsemdsvurderingar

Banken gjer aktsemdsvurderingar for å kartlegge, førebygge, avbøte og gjere greie for korleis banken handterer faktiske og potensielle negative konsekvensar av vår eiga drift, leverandørkjede og forretningsforbindelsar si verksemd.


SpareBank 1 Sogn og Fjordane følger OECDs retningslinjer for fleirnasjonale selskap for våre aktsemdsvurderingar. Arbeidet med aktsemdsvurderingar er ein kontinuerleg prosess. Aktsemdsvurderingsprosessen er omfattande og omfattar heile konsernet. Vurderingane skal bidra til å adressere forpliktingane til verksemda sine mest vesentlege risikoar.

Ei aktsemdsvurdering skal vere førebyggjande. Hovudføremålet er å unngå å skape eller bidra til negative påverknadar på menneske, miljøet og samfunnet, og å arbeide for å forhindre negative påverknadar direkte knytt til aktivitetar, produkt eller tenester gjennom forretningsforhold (OECD, 2019).

I vårt arbeid legg banken til grunn at aktsemdsvurderingar er:

- førebyggjande, der føremålet er å unngå å forårsake eller bidra til negativ påverknad.
- risikobaserte og bør vere baserte på prioriteringar ut frå alvorsgrada og sannsyn for skade.
- ein pågåande og gjentakande prosess som stadig må forbetrast.

Figuren nedanfor oppsummerer trinna i aktsemdsvurderingar i tråd med OECDs retningslinjer:



Utgreiinga sitt innhald og omfang

Utgreiinga vår er delt inn i to hovuddelar: del 1 om leverandørkjeda og forretningspartnarar og del 2 omfattar våre eigne tilsette.

Dette er ei konsernfelles utgreiing med SpareBank 1 Sogn og Fjordane som morselskap. Om ikkje anna er spesifisert, gjeld innhaldet konsernet som heilskap.

Banken er organisert med eit hovudkontor i Førde, og har 12 regionale kontor med tilbod innan finansiering, plassering, eigedomsmekling og forsikring. Banken tilbyr eit breitt spekter av finansielle produkt og tenester, inkludert lån, innskot, forsikring via Fremtind, leasing og salspantlån frå SpareBank 1 Finans Midt-Norge AS, og verdipapirfond via SpareBank 1 Forvaltning.

Banken er omfatta av openheitslova og offentliggjør utgreiing for aktsemdsvurderingar for tredje gong.

Forankring, retningslinjer, roller og ansvar

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har forankra arbeidet med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i fleire interne og eksterne dokument. Vidare er det fleire dokument som beskriv korleis det operative arbeidet med oppfølging av openheitslova skal vere. Retningslinjer for openheitslova er vedtatt av styret og reviderast årlig.

Styret har det overordna ansvaret for at banken overheld krava i openheitslova og skal sikre at banken bidrar til å fremje grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Det er fleire som har ulikt ansvar i arbeidet med oppfølging av lova. For interne forhold og tilsette er det direktør HR som har overordna ansvar for risikokartlegginga av eiga verksemd. For leverandørar, samarbeidspartnarar og avtaleinngåing er det direktør økonomi og finans som har det overordna ansvaret for gjennomføring av aktsemdsvurderingar.

Innkjøpsansvarleg har ansvar for kartlegging av leverandørar og forretningspartnarar. Det er berekraftansvarleg saman med innkjøpsansvarleg som gjennomfører aktsemdsvurderingane og kontrollerer leverandørar i tråd med vurderingane.

Oversikt over interne og eksterne styringsdokument som gir føringar for korleis banken jobbar med grunnleggande menneskerettar og arbeidsforhold:

- Etsiske retningslinjer (intern)
- Berekraftsstrategi 2022-2024
- Policy for likestilling, mangfald og inkludering
- Godtgjersleordning for SSF
- Etsiske retningslinjer
- HMS-handbok (intern)
- Personalhandbok (intern)
- Rutine for varsling om kritikkverdige forhold (intern)
- Innkjøpsstrategi (intern)
- Policy for samfunnsansvar og berekraft i innkjøp
- Retningslinje Openheitslova (intern)
- Policy for samfunnsansvar og berekraft for bedriftsmarknad
- Marknadsføringspolicy

For meir informasjon om SpareBank 1 Sogn og Fjordane og berekraft:
<https://www.sparebank1.no/nn/sogn-fjordane/om-oss/berekraft.html>

Leverandørar og forretningspartnarar

Å fremje berekraft i innkjøp er ein viktig del av vår ansvarlege og berekraftige verksemd. Vi jobbar aktivt for å unngå negativ påverknad på miljø, sosiale forhold og økonomi gjennom våre innkjøp. Våre retningslinjer krev at alle leverandørar reduserer klimagassutslepp, fremjar effektiv ressursbruk og sikrar gode arbeidsforhold.

Forankring

Arbeidet med openheitslova er godt forankra i våre innkjøpsprosessar og avtalar. Vi krev at leverandørar gir informasjon om sine underleverandørar, følger etiske retningslinjer, rapporterer avvik, rettar avvik, og godtek hevingsrett ved manglande etterleving. Fokusområda inkluderer fagforeiningsfridom, avskaffing av barnearbeid, og rettferdige arbeidsforhold.

Roller og ansvar

Direktør økonomi og finans har det overordna ansvaret for å gjennomføre aktsemdsvurderingar etter openheitslova. Tabellen under viser ansvarsfordeling mellom aktivitetane retta mot leverandørar og forretningspartnarar.

Aktivitet	Ansvarleg
Overordna ansvar	Styret
Ansvaret for å gjennomføre aktsemdsvurderingar	Direktør økonomi og finans
Kartlegging av banken sine leverandørar og forretningspartnarar	Innkjøpsansvarleg
Gjennomføre aktsemdsvurderingane og kontroll av leverandørar	Innkjøpsansvarleg og berekraftansvarleg
Informasjons- og utgreiingsplikt	Kommunikasjonsdirektør i samspel med berekraftansvarleg



Kartlegging og vurdering av risiko for negative konsekvensar i leverandørkjeda og hos forretningspartnarar

Som følge av banken sin inntreden i SpareBank 1-alliansen har det i løpet av 2024 blitt gjennomført ei rekke endringar på leverandørsida. Banken har mellom anna inngått avtale med fleire nye leverandørar, samt avslutta nokre eldre leverandørsamarbeid. Fleire leverandørar og forretningspartnarar er felles på SpareBank 1-alliansenivå. Allianseinngåing utfører aktsemdsvurderingar for desse avtalane og publiserer ei eiga utreiing etter openheitslova.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har ved utgangen av 2024 avtalar med 280 leverandørar og forretningspartnarar. Desse leverandørane dekkjer eit breitt spekter av tenester, inkludert IT, eigedomstenester, forsikring og finansielle tenester. Leverandørkjeda omfattar både lokale og internasjonale aktørar.

Risikoområda er prioritert basert på ein kombinasjon av geografisk plassering, type tenester og produkt, omfang av samarbeid, og tidlegare dokumenterte risikoar. Resultatet av kartlegginga mot slutten av 2024 viste følgjande fordeling av risiko for dei 184 leverandørane som vart vurdert:

Resultat av kartlegging og risikovurdering av banken sine leverandørar og forretningspartnarar (totalt 184)

Høg risiko | 1

Middels risiko 10

Låg risiko 173

0 20 40 60 80 100 120 140 160 180

For å prioritere risikoområda har vi brukt følgjande kriterium: geografisk plassering og grensekryssande leverandørkjede, produktkategori, regulering under norsk lovgjeving, moglegheit og kraft til å påverke, samt relasjon til leverandøren.

